



DET KONGELEGE DIGITALISERINGS-
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2026

Utgiftskapittel: 1–2, 1500–1567, 2445

Inntektskapittel: 4500–4567, 5579, 5607



DET KONGELEGE DIGITALISERINGS-
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2026

Utgiftskapittel: 1–2, 1500–1567, 2445

Inntektskapittel: 4500–4567, 5579, 5607

Innhald

Del I	Innleiande del	7	Kap. 4515 Digitaliseringsorganisasjonen til departementa	54
1	Hovudoppgåver og organisering	9	<i>Programkategori 01.20 Statsforvaltarane</i>	55
			Kap. 1520 Statsforvaltarane	60
2	Hovudprioriteringar	10	Kap. 4520 Statsforvaltarane	65
2.1	Eit digitalisert samfunn for alle	10		
2.2	Ein omstillingsdyktig og effektiv offentlig sektor	18	<i>Programkategori 01.30 Statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning</i>	66
			Kap. 1530 Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga	69
3	Oppfølging av oppmodningsvedtak	22	Kap. 1531 Eigedomar til kongelege føremål	71
3.1	Stortingssesjon 2024–2025	23	Kap. 4531 Eigedomar til kongelege føremål	71
3.2	Stortingssesjon 2023–2024	26	Kap. 1533 Eigedomar utanfor husleigeordninga	72
3.3	Stortingssesjon 2022–2023	27	Kap. 4533 Eigedomar utanfor husleigeordninga	73
3.4	Stortingssesjon 2021–2022	29	Kap. 1534 Erstatningslokale for departementa	73
4	Oversikt over budsjettforslaget	31	Kap. 2445 Statsbygg	73
Del II	Budsjettforslag	35		
5	Nærare om budsjettforslaget ...	37	<i>Programkategori 01.40 Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk</i>	80
Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar	37	Kap. 1540 Digitaliseringsdirektoratet	83	
		Kap. 4540 Digitaliseringsdirektoratet	90	
<i>Programkategori 00.10 Det kongelege hus</i>	37	Kap. 1541 IT- og ekompolitikk	91	
Kap. 1 H.M. Kongen og H.M. Dronninga	38	Kap. 1542 Internasjonalt samarbeid	95	
Kap. 2 H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa	38	Kap. 4542 Internasjonalt samarbeid	97	
		Kap. 1543 Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit	97	
		Kap. 4543 Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit	103	
Programområde 01 Digitalisering og forvaltning	39	Kap. 5579 Sektoravgifter under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet	104	
<i>Programkategori 01.00 Administrasjon</i>	39			
Kap. 1500 Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet	39	<i>Programkategori 01.50 Personvern</i>	105	
		Kap. 1550 Datatilsynet	106	
<i>Programkategori 01.10 Fellestenester for departementa og Statsministerens kontor</i>	42	Kap. 4550 Datatilsynet	108	
Kap. 1510 Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa ...	47	Kap. 1551 Personvernneemnda	108	
Kap. 4510 Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa ...	50	<i>Programkategori 01.60 Statleg arbeidsgivarpolitikk</i>	110	
Kap. 1511 Prosjekt tilknytte nytt regjeringskvartal	50	Kap. 1560 Tariffavtalte avsetningar mv.	111	
Kap. 1512 Diverse fellestenester	51	Kap. 1565 Bustadlånordninga i Statens pensjonskasse	113	
Kap. 1515 Digitaliseringsorganisasjonen til departementa	52	Kap. 4565 Bustadlånordninga i Statens pensjonskasse	114	
		Kap. 5607 Renter av bustadlånordninga i Statens pensjonskasse	115	

Kap. 1566 Yrkesskadeforsikring	115	9	Lønsvilkår o.a. til leiarar i heileigde statlege verksemdar	132
Kap. 4566 Yrkesskadeforsikring	116			
Kap. 1567 Gruppelivsforsikring	116			
Kap. 4567 Gruppelivsforsikring	117			
Del III Omtale av særlege tema	119	10	Likestilling	133
6 Samfunnssikkerheit og beredskap	121	10.1	Likestilling i staten	133
7 Omtale av klima- og miljøpolitikk	125	10.2	Likestilling i verksemdene	135
8 Oppfølging av berekraftsmåla i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet	127	Forslag		138
		Vedlegg		
		1	Pågåande byggeprosjekt der Stortinget har godkjend kostnadsrammene	148
		2	Gjeldande romartalsvedtak frå tidlegare år	149

Tabelloversikt

Tabell 2.1 Nye digitaliseringstiltak i 2026 ...	17	Tabell 10.1 Prosentdelen kvinner og menn i alle leiarstillingar og toppleiarstillingar i statleg sektor 2020–2024	134
Tabell 3.1 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer	22	Tabell 10.2 Tal på årsverk og gjennomsnittleg månadsforteneste for heiltidstilsette 2019–2024	135
Tabell 5.1 Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga – vidareføring	70	Tabell 10.3 Tilstandsrapportering i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementets underliggende verksemdar	136
Tabell 5.2 Ordinære byggeprosjekt – vidareføring	76		
Tabell 5.3 Balansen til Statsbygg	78		
Tabell 5.4 Utviklinga i bustadlånordninga i Statens pensjonskasse	114		

Figuroversikt

Figur 1.1 Organisasjonskart for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet med underliggende etatar og tilknytte verksemdar	9	Figur 2.1 Status for dei 123 tiltaka i digitaliseringsstrategien	11
		Figur 2.2 OECD Digital Government Index, 2022	11
		Figur 5.1 Ressursfordeling per departementsområde for 2024	61



DET KONGELEGE DIGITALISERINGS-
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2026

Utgiftskapittel: 1–2, 1500–1567, 2445

Inntektskapittel: 4500–4567, 5579, 5607

*Tilråding frå Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet 26. september 2025,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

Del I
Innleiande del

1 Hovudoppgåver og organisering

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet blei oppretta med verknad frå 1. januar 2024. Departementet skal sikre eit høgt tempo på digitalisering i Noreg og bidra til å styrkje staten og samfunnet si evne til å utnytte potensialet og handtere utfordringane som digital teknologi skapar. Departementet har eit pådrivaransvar og ei samordningsrolle i dette arbeidet. Befolkningas tillit til bruken av digitale løysingar i det offentlege er avgjerande, og departementet skal arbeide målretta for å sikre at alle skal med, òg digitalt.


Departementet skal gjennom forvaltningspolitikken bidra til god og effektiv styring av fellesskapet sine ressursar og ein betre offentlig sektor til fordel for befolkninga, næringslivet og frivillig sektor. Departementet skal bidra til vidareutvikling av ein effektiv og høgt kompetent statleg sektor.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har ansvaret for fornying av offentlig sektor, digitaliseringspolitikk, elektronisk kommunikasjon

og digital infrastruktur, nytt nødnett, oppfølging av berekraftsmåla, personvern, statleg arbeidsgivarpolitikk, sikkerheit og fellestenester for departementa, overordna ansvar for statlege bygg og statsforvaltarane og budsjettet for kongehuset.

Departementet har etatsstyringsansvaret for Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit, Digitaliseringsdirektoratet, Datatilsynet, Statsbygg, Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa, Digitaliseringsorganisasjonen til departementa, Statsforvaltaren og Statsforvaltarens fellestenester. I tillegg har departementet ansvaret for eigarstyringa av Norid AS, styring og forvaltning av departementet sine løyvingar til Noregs forskingsråd og det administrative ansvaret for Personvernemnda. Vidare får Direktoratet for forvaltning og økonomistyring og Statens pensjonskasse oppdrag frå Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementets organisering i 2026:



Figur 1.1 Organisasjonskart for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet med underliggende etatar og tilknytte verksemdar

2 Hovudprioriteringar

Noreg står overfor ei rekke utfordringar som utgjer bakteppet for regjeringa sine prioriteringar. I tida framover er det venta ein aukande mangel på arbeidskraft i takt med at befolkninga blir eldre. Vi vil få auka behov for helse- og omsorgstenester samstundes som det vil bli relativt færre som kan produsere desse tenestene, og vi vil få større konkurranse om arbeidskrafta. For å møte utfordringane må vi jobbe systematisk på brei front. Vi må få fleire i arbeid, vi må jobbe smartare, bygge kompetanse og vi må ta i bruk ny teknologi. Vi vil truleg òg måtte nedprioritere enkelte oppgåver til fordel for viktigare oppgåver og tiltak.

Dei aller fleste land har sidan 2008 opplevd ein nedgang i produktivitsveksten. Dette gjeld òg Noreg. Dersom vi klarar å snu denne utviklinga og auke produktivitsveksten, kan vi frigjere arbeidskraft utan at omfanget og kvaliteten på tenestene blir redusert. Dette vil redusere underskotet på arbeidskraft og i stor grad sette oss i stand til å handtere problema som følgjer av framtidige demografiske endringar.

Viktige verkemiddel i arbeidet med å auke produktiviteten er innovasjon og bruk av ny teknologi og nye arbeidsmåtar. Digitalisering, bruk av kunstig intelligens og automatisering ved hjelp av robotar (robotisering) kan både auke produktiviteten og løfte kvaliteten på det som blir produsert.

Erfaringane så langt viser at produktivitsgevinstane i hovudsak har blitt nytta til betre tenester, og ikkje færre tilsette eller innsparingar. Framover må produktivitsauken i større grad takast ut i form av færre tilsette eller redusert behov for nyttilsettingar.

Noreg har gode forutsetningar for å lykkast med digitalisering, kunstig intelligens og andre djupe teknologiar. Vi har ei digitalt moden befolkning, ein solid digital infrastruktur, ein sterk og digitalisert offentleg sektor, tilgang på ei rekke


data av høg kvalitet og verdsleiande kompetanse på ei rekke områder som til dømes innan energi, helse og det maritime.

Den enkelte verksemda må kontinuerleg vurdere moglege effektiviseringstiltak. Samstundes må offentleg sektor òg bli flinkare til å jobbe på tvers av sektorar. Vi er gode kvar for oss, men best saman, som det heiter i strategien for departementsfellesskapet *Gode hver for oss. Best sammen*.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har det overordna ansvaret for koordinering av digitaliserings- og forvaltningspolitikken. I pkt. 2.1 gjer vi greie for pågåande og planlagde tiltak for auka digitalisering og bruk av teknologi som kunstig intelligens til det beste for samfunnet. I pkt. 2.2 gjer vi greie for arbeidet med tiltak for å effektivisere forvaltninga.

2.1 Eit digitalisert samfunn for alle

Digitalisering skal bidra til gode tenester for innbyggjarar, næringsliv og frivillig sektor, uansett kvar i landet ein bur. Digitalisering skal òg vere eit verktøy for å jobbe smartare i offentleg sektor. Regjeringa stakar i den nasjonale digitaliseringsstrategien *Fremtidens digitale Norge – nasjonal digitaliseringsstrategi 2024–2030* ut retninga for den vidare digitaliseringa av Noreg. Målet med strategien er at vi skal bli det mest digitaliserte landet i verda innan 2030. Det skal vi oppnå mellom anna gjennom sterkare styring og samordning av politikken, slik at vi utnyttar potensialet i digitaliseringa fullt ut. Ei førebels kartlegging som blei gjennomført før sommaren 2025, viser at regjeringa er godt i gang med arbeidet for å oppnå måla i digitaliseringsstrategien. Av dei 123 tiltaka i strategien er 99 igangsett, 6 fullført og 18 ikkje starta opp, sjå figur 2.1.




Figur 2.1 Status for dei 123 tiltaka i digitaliseringsstrategien

Noreg er eit av verdas mest digitale land. Figur 2.2 viser at OECD sin Digital Government Index¹ plasserer Noreg som det fjerde best digitaliserte blant OECD-landa. Indeksen er sett saman av ei rekke indikatorar for innsatsen styresmaktene har gjort for å bygge det nødvendige grunnlaget for ei samanhengande, menneskeorientert digital omforming av offentleg sektor. På FN sin

E-Government Development Index² finn vi Noreg på 15. plass i verda – tilnærma med same poengsum som Sverige og New Zealand. Om ein samanliknar blant dei europeiske landa i same indeks, ligg Noreg på 9. plass. Danmark ligg på topp i verda, framfor Island og Finland.

¹ Sjå rapporten *Government at a Glance 2025*

² Sjå indikatoren E-Gov Development Index (UN EGDI) – Overall Score



Figur 2.2 OECD Digital Government Index, 2022

Kilde: OECD (2022), Survey on Digital Government 2.0

Noreg er i front i verda på brukarretta digitalisering. Eit viktig aspekt ved brukarretta digitalisering er digitale løysingar som er enkle å bruke og som dekkjer dei reelle behova og ønska til brukaren. Eit anna aspekt er innovasjon for å betre arbeidsprosessar, auka effektivitet og å skape nye moglegheter og tenester. Noreg skårar òg høgt på utbreiing av og kvalitet på digital infrastruktur i internasjonale samanlikningar. Noreg har med andre ord gode føresetnader for å digitalisere for auka velferd, innovasjon, næringsutvikling og verdiskaping over heile landet.

I Meld. St. 31 (2023–2024) *Perspektivmeldingen 2024* blir kamp om arbeidskraft og behov for omstilling løfta fram som viktige samfunnsutfordringar. Regjeringa sin digitaliseringsstrategi speglar dette utfordringsbiletet og peikar mellom anna på ei aldrande befolkning, mangel på kompetent arbeidskraft, miljøutfordringar og sikkerheit. I omstillinga er digitalisering og bruk av ny teknologi sentrale verkemiddel for å løyse fleire av dei samfunnsutfordringane Noreg står overfor, særleg den aukande mangelen på arbeidskraft. Digital omstilling gjer det mogleg å effektivisere offentleg sektor, auke nytta for brukarane og frigjere ressursar.

Regjeringa ønskjer å tilby stadig betre tenester til innbyggjarane og næringslivet. Det er over mange år investert store summar i digitalisering av offentleg verksemd og tenester, og store ressursar går til forvaltning, drift og vedlikehald av den digitale porteføljen. Kunstig intelligens byr på eit nytt stort potensial for meir effektiv bruk av arbeidskraft og for nye og betre tenester frå det offentlege. Store delar av effektiviseringspotensialet ved digitalisering av analoge prosessar er truleg utnytta, men det finst framleis rom for vidare forbetring gjennom meir avansert teknologi og meir radikal omlegging av arbeidsprosessar. Ein vesentleg del av digitaliseringsinvesteringane i dag gjeld utskifting av gamle og utdaterte system. Gammal og utdatert teknologi representerer ein risiko for offentlege tenester, og hindrar både utvikling av nye og forbetring av eksisterande tenester.

Vi må få meir igjen for det vi brukar til digitalisering i tida framover. Når digitalisering gjer det mogleg å frigjere arbeidskraft, må vi sørge for at desse gevinstane faktisk blir realiserte. Vi må sjå etter om det kan jobbast smartare på tvers av sektorar og verksemdar, og ikkje lage løysingar for same behov fleire gongar. Vi må evne å ta i bruk teknologi til å frigjere ressursar og endre tenestekjeder, og til dømes legge til rette for samanhengande tenester.

I digitaliseringsstrategien er forsterka styring og samordning definert som eit strategisk mål. For å nå målet må vi ta i bruk verkemiddel innan organisering, finansiering, regelverk og kompetansebygging. Ressursane må styrast mot dei områda der behovet er størst, og der innsatsen gir størst samfunnsnytte. Det er innført ein ny delprosess i budsjettprosessen der dei ulike forslaga til digitaliseringstiltak sjåast i samanheng og blir målt ut frå modnad, samfunnsøkonomisk gevinst og samsvar med digitaliseringsstrategien og digitaliseringsfaglege krav og føringar. Dette gir viktig kunnskap for å satse på dei riktige digitaliseringstiltaka.

Regjeringa vil sørge for ei heilskapleg, langsiktig og meir strategisk prioritering av digitaliseringstiltak i offentleg sektor. Med utgangspunkt i eit godt kunnskapsgrunnlag om digitaliseringsarbeidet i sektorane skal prioriteringane bygge på faglege tilrådingar, konsistente og transparente kriterium og ha eit fleirårig perspektiv. Målet er å sikre at ressursane blir retta mot dei områda med størst behov og som gir størst samfunnsnytte.

Datasenter og mobil- og breibandnett (elektroniske kommunikasjonsnett) utgjer den digitale grunnmuren i Noreg, og er ein føresetnad for digitale løysingar og tenester på tvers av alle sektorar. Ein sikker, framtidsretta og tilgjengeleg digital grunnmur i heile landet er derfor avgjerande for å nå måla på digitaliseringsområdet. Noreg ligg langt framme i internasjonal målestokk med gode og sikre elektroniske kommunikasjonsnett. Likevel er det behov for betydeleg innsats framover.

Regjeringa har som mål at alle husstandar og verksemdar skal ha tilbod om breiband med hastigheit på minst 100 megabit per sekund (Mbit/s) nedlastingshastigheit og 10 Mbit/s opplastingshastigheit innan utgangen av 2025, og tilbod om minst 1 gigabit per sekund (1 000 Mbit/s) nedlastingshastigheit og 100 Mbit/s opplastingshastigheit i 2030. Utbygginga går raskt og dekningsgraden aukar for kvart år. Tal frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit viser at 99,1 pst. av husstandane hadde tilbod om breiband med minst 100 Mbit/s nedlastingshastigheit ved utgangen av 2024, og dermed er regjeringa nære ved å nå målet om full dekning for denne hastigheita innan utgangen av 2025. Om lag 30 000 nye husstandar har fått eller vil få høgastigheitsbreiband gjennom den offentlege støtteordninga frå 2022 til 2025. Vidare hadde 96,2 pst. av husstandane tilbod om gigabit-breiband ved utgangen av 2024, medan 94,8 pst. av dei aktive verksemdene hadde det. I tettbygde strøk hadde 98,8 pst. av husstandane gigabit-tilbod, medan 82,4 pst. i spreidd-

bygde strøk hadde det. Sjølv om tala er høge, er det framleis betydelege geografiske forskjellar i breibanddekning. Det viktigaste verkemiddelet for å nå alle med raskt breiband er å legge til rette for kommersiell utbygging. Samstundes foreslår regjeringa i budsjettforslaget for 2026 midlar til utbygging i område utan kommersielt grunnlag for utbygging.

Den teknologiske utviklinga går raskt og 5G-utbygginga held fram. Ved utgangen av 2024 hadde 99,7 pst. av husstandane tilbod om 5G der dei bur, og 69,8 pst. av desse med hastigheit på over 100 Mbit/s. Regjeringa vil legge til rette for vidare utvikling og utbygging av mobilnetta der folk bur, jobbar og ferdast, mellom anna gjennom frekvensforvaltninga. Mobilnetta, og særleg 5G, mogleggjer saman med sensorar som kommuniserer med internett (tinga sitt internett, IoT) og kunstig intelligens nye løysingar for auka produktivitet og reduserte klimautslepp i industrien, gjennom forbetring og automatisering av prosessar. Noreg har òg fått eit breibandstilbod frå lågbanesatellittar. Saman med fullføringa av 5G-utbygginga, gir dette auka tilgjengelegheit og bidrar til eit breibandstilbod med god kapasitet mange plasar, særleg i spreiddbygde strøk.

Dekning for (tilbod om):	Dekning ved utgangen av 2024:
100 Mbit/s (husstandar)	99,1 pst.
100 Mbit/s (verksemder)	98,9 pst.
1 Gbit/s (husstandar)	96,2 pst.
1 Gbit/s (verksemder)	94,8 pst.
5G (basisdekning, husstander)	99,7 pst.
5G (100 Mbit/s, husstander)	69,8 pst.

Det er avgjerande for Noregs beredskapsevne at netta er sikre og robuste. Både *Nasjonal sikkerhetsstrategi* og Meld. St. 9 (2024–2025) *Totalberedskapsmeldingen – Forberedt på kriser og krig* vektlegg den store betydninga mobil- og breibandnett har for motstandskraft i krise og krig. Den nye ekomlova, som tredde i kraft frå 2025, legg mellom anna til rette for ei ytterlegare styrking av sikkerheita og robustheita i nett og tenester, og regulerer datasenter for første gang. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit følgjer opp sikkerheit og beredskap både etter ekomlova og sikkerhetslova, mellom anna gjennom tilsyn, pålegg og rettleiing.

Regjeringa la i september 2025 fram *Nasjonal sikkerheitsplan for digital infrastruktur – elektronisk kommunikasjon i fred, krise og krig*. Regjeringa foreslår å auke innsatsen kraftig for å redusere sårbarheiter og heve motstandskrafta i den digitale infrastrukturen. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga til telesikkerheit og -beredskap betydeleg i 2026, til totalt 421,2 mill. kroner. Dette skal mellom anna bidra til å forsere utbygginga av forsterka mobildekning i kommunane for auka beredskap for lokal kriseleing og befolkninga elles. Vidare vil regjeringa auke innsatsen på å styrkje infrastrukturen i sårbare regionar, basert på grundige og systematiske risiko- og sårbarheitsanalysar frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit i samarbeid med ei rekke aktørar. Samla skal midlane til breiband og telesikkerheit og -beredskap bidra til ein tilgjengeleg og sikker digital grunnmur i ein ny sikkerheitspolitisk situasjon, og legge til rette for gode og trygge digitale tenester og løysingar i privat og offentleg sektor.

Sikkerheita og beredskapen knytt til ekominfrastruktur på sokkelen er auka. Fiberforbindelsen til Svalbard er styrka. Det blir foreslått å auke løyvinga til styrka reserveløysing for kommunikasjon til Svalbard, noko som gjer kommunikasjon til og frå Svalbard meir robust. Vidare er løysinga for prioritetsabonnement for brukarar med samfunnsviktige oppgåver oppgradert til 4G og 5G.

Ein annan grunnleggjande føresetnad for gode og trygge digitale tenester og løysingar, inkludert utvikling og bruk av mogleggjerande teknologiar, er datasenter. Datasenter er kritisk digital infrastruktur og datasenter som ligg i Noreg, saman med ein god og robust nasjonal digital grunnmur generelt, legg til rette for at kritiske digitale tenester kan produserast nasjonalt framfor i utlandet. Regjeringa la i juni 2025 fram strategien *Datasenternæringa – ei berekraftig framtidsnæring for det digitale Noreg*, som fokuserer på mål og tiltak for å sikre at datasenternæringa bidrar til verdiskaping og arbeidsplassar, og til eit sikrare og meir førebudd Noreg, og at næringa er berekraftig og bidrar til ei grønare framtid i Noreg. Eit av hovudmåla i den nye datasenterstrategien er at Noreg skal vere attraktivt for dei datasenteretableringane som bidrar til samla verdiskaping, auka sikkerheit og varetaking av norske interesser. Datasenter bidrar til sysselsetting og arbeidsplassar både direkte og indirekte. Datasenteretableringar kan variere i storleik, men i nokre tilfelle kan bygginga av eit datasenter skape fleire hundre arbeidsplassar, som ofte blir fordelt på ulike lokale underleverandørar. Etter at eit data-

senter har komme i drift, bidrar det til sysselsetting ved å skape arbeidsplassar både i sjølve datasenteret og i tilknytning til det, og gjennom det private forbruket blant dei direkte og indirekte syssette. Eventuelt forbruk frå forretningsverksemd knytt til datasenteret bidrar òg.

Ei sterkare samordning på tvers av sektorane vil gi moglegheit for å realisere stordriftsfordelar og meir samanhengande tenester for innbyggjarane og næringslivet. For å lykkast må vi ha strukturar og prosedyrar på tvers som forpliktar til samarbeid og felles prioriteringar. Fleire digitale fellessystem skal bidra til effektiv digitalisering i offentleg sektor, til dømes ID-porten, Digital postkasse til innbyggjarane og Kontakt- og reservasjonsregisteret som skal gi ei samordna og brukarretta digitalisering. Rapporten *Samfunnsøkonomisk utredning av Digitaliseringsdirektoratet sine fellesløsningar* frå Oslo Economics viste at digitale fellesløyser sparte samfunnet for meir enn 993 mill. kroner berre i 2024.

Altinn er ei viktig fellesløyser for digital dialog mellom offentlege etatar, næringsliv og privatpersonar. Altinn bidrar til effektivisering og har gjennom forenkla innrapportering og digital dialog spart næringslivet og offentleg sektor for over 13 mrd. kroner over dei ti siste åra. For å sikre eit framtidsretta og sikkert Altinn, er det etablert eit program, Nye Altinn, med Digitaliseringsdirektoratet, Skatteetaten, Statistisk sentralbyrå og Brønnøysundregistra som skal modernisere Altinn-plattformar. Den nye plattformar skal vareta krava til sikkerheit, regulatoriske rammevilkår, etterleving av personvern og tenesteeigarane sine funksjonelle behov. Programmet skal òg flytte tenester frå Altinn II til den moderniserte plattformar. I dette arbeidet er det viktig å vareta behov for ei forsvarleg drift og forvaltning av løyser. I 2024 blei det vedtatt ei kostnadsramme på 1 267 mill. kroner for heile programmet i programperioden ut 2026, jf. Prop. 104 S (2023–2024) *Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2024* og Innst. 447 S (2023–2024).

Kunstig intelligens har på kort tid satt sitt preg på samfunnet. Teknologien skapar moglegheit og utfordringar vi ikkje har sett tidlegare. Ved hjelp av kunstig intelligens er det mogleg å betre tenester, løyser og arbeidsprosessar. I tråd med målsettingane i regjeringa si digitaliseringsstrategi blir norske verksemdar i både offentleg og privat sektor oppmoda til ta i bruk kunstig intelligens for å realisere potensialet teknologien har for effektivisering, kvalitetsforbetring og innovasjon. Strategien peikar på at kunstig intelligens skal nyttast som eit verktøy for å møte store sam-

funnsutfordringar og styrkje både verdiskaping og tenesteutvikling. Regjeringa har gitt Forskingsrådet i oppdrag å greie ut kor mykje reknekraft Noreg vil trenge dei komande åra, behovet for ein nasjonal infrastruktur og korleis ein nasjonal infrastruktur for reknekraft til forskning, forvaltning og kunstig intelligens bør organiserast og finansierast. Regjeringa foreslår å løyve 90 mill. kroner til realiseringa av eit første steg i denne infrastrukturen, jf. Prop. 1 S (2025–2026) for Kunnskapsdepartementet. Dette er viktig for å styrkje både forskinga, samfunnssikkerheita og konkurransevna til Noreg. Regjeringa har òg initiert arbeidet med å etablere ein nasjonal infrastruktur for trening og tilgjengeleggjing av norske og samiske språkmodellar, inkludert tilgang til nødvendig reknekraft for utvikling og drift av slike grunnmodellar. Denne satsinga blir i 2026 foreslått auka med 45 mill. kroner til ein kompensasjonsordning for rettshavarar til data som modellane skal trenast på, jf. Prop. 1 S (2025–2026) for Kultur- og likestillingsdepartementet.

Regjeringa følgjer den internasjonale utviklinga på kunstig intelligens tett, særleg på regelverksområdet. Det er eit klart mål å innlemme EUs forordning om kunstig intelligens (KI-forordninga) i norsk rett så raskt som mogleg. Regjeringa tar sikte på at forslag til lov om kunstig intelligens (KI-lova), som var på høyring hausten 2025, skal tre i kraft i Noreg samstundes med hovud delen av EUs KI-forordning seinsommaren 2026. For at dette skal skje, må forordninga bli innlemma i EØS-avtalen, noko som krev samtykke frå Stortinget.

Regjeringa vil legge til rette for at Noreg utnyttar moglegheitene som ligg i bruk av ny teknologi, kunstig intelligens og data, til å skape meir verdi, betre tenester og ein sterkare velferdsstat – på ein berekraftig måte. Regjeringa prioriterer derfor å etablere eit myndigheitsapparat for handheving av reglane for kunstig intelligens. Myndigheitsapparatet skal vere etablert og operativt frå tidspunktet ny lov om kunstig intelligens trer i kraft. Regjeringa vil legge til rette for ansvarleg innovasjon med kunstig intelligens, og opprettar KI Noreg – den nasjonale arenaen for ansvarleg innovasjon, utvikling og bruk av kunstig intelligens. KI Noreg skal vere ei eiga eining i Digitaliseringsdirektoratet, og regjeringa foreslår å løyve 10 mill. kroner til KI Noreg. Sjå nærare omtale under programkategori 01.40.

Det er òg viktig å ha gode rammevilkår som støttar deling og bruk av offentlege data. Betre utnytting av offentlege data kan bidra til effektivisering og innovasjon i offentleg sektor, nærings-

utvikling og verdiskaping, og eit opent og demokratisk samfunn. Vidarebruksutvalet leverte den offentlege utgreiinga NOU 2024: 14 *Med lov skal data deles* til departementet i juni 2024. Utgreiinga var på høyring hausten 2024, og regjeringa følgjer no opp utgreiinga og planlegg å legge fram eit lovforslag for Stortinget i løpet av 2025. Lova skal gjere det enklare å finne og ta i bruk offentlege data til å skape betre tenester, meir innovasjon og næringsutvikling.

Nasjonal strategi for eID i offentlig sektor set mål om at alle skal bli inkludert og kunne delta i det digitale samfunnet, mellom anna gjennom gode løysingar for fullmakt og representasjon. Digitaliseringsdirektoratet arbeider med ei digital fullmaktsløysing. Støtte for verjemål i Altinn skal vere klar innan utgangen av 2025, og ein heilskapleg fullmaktsløysing skal etter planen vere klar innan utgangen av 2028. Dette skal legge til rette for at ikkje-digitale brukarar kan la andre representere seg i digitale tenester. I 2026 foreslår regjeringa å løyve 10 mill. kroner til arbeidet med fullmaktsløysinga, noko som vil sikre ferdigstillinga av ein nasjonal, heilskapleg løysing. I tillegg foreslår regjeringa 5 mill. kroner til å gjere ferdig og rulle ut ein teknisk løysing for å utferde MinID i skulen, inkludert å gi opplæring og hjelp til skolepersonell og ungdom så dei kan ta MinID i bruk. Ungdom treng eID mellom anna når dei skal søkje vidaregåande utdanning. Ved å ta i bruk eit tilpassa opplæringsopplegg vil skulen sørgje for å gi elevlar og lærarar kompetanse i trygg bruk av eID og digitale tenester. Tiltaket har grunnlag i vellykka pilotprosjekt i utvalde skular i Oslo. Tildeling av eID til ungdom kan òg nyttast til aldersverifisering i sosiale medium.

Samstundes går det føre seg eit arbeid for å sikre at flest mogleg av dei som ønskjer det kan få eID på høgt sikkerheitsnivå. Dette arbeidet inngår i regjeringa sitt arbeid med å gjennomføre den reviderte eIDAS-forordninga i norsk rett og legge til rette for at staten skal kunne tilby innbyggjarane ei digital lommebok, som mellom anna kan innehalde ein eID på høgt sikkerheitsnivå. Vi blir stadig meir avhengige av digitale løysingar og tenester frå både offentlege og private tenestetilbydarar. Mange av tenestene er avhengige av at det blir samla inn og behandla personopplysningar. Det er avgjerande for innbyggjarane sin tillit til forvaltninga at dei kan stole på at desse opplysningane blir behandla på ein trygg og god måte. Gode digitale løysingar tek vare på brukarane sitt personvern på ein god måte. Offentleg sektor må

ta eit særleg ansvar mellom anna gjennom å sikre innebygd personvern i sine løysingar.

Ny teknologi og digital omstilling gjer det mogleg å effektivisere offentlig sektor, forbetre brukartilpassing og frigjere ressursar. Ved å automatisere rutineoppgåver kan offentlege verksemdar oppretthalde tenestenivået utan å auke bemanninga, og frigjere tilsette til meir krevjande oppgåver, føresett at gevinstpotensialet blir henta ut. Døme på teknologi som kan vere personellsparende, er velferdsteknologi og robotisering av administrative funksjonar.

Digitaliseringsdirektoratet har arbeidd eksperimentelt med utvikling av ein kunnskapsassistent som nyttar kunstig intelligens. Målet er å utnytte opne data ved hjelp av den offentlege dokumentsamlinga Kudos, som er utvikla av Direktoratet for forvaltning og økonomistyring. Kunnskapsassistenten vil gi nye måtar å arbeide med kunnskapsutvikling i offentlig sektor. Det er inngått ei intensjonsavtale med Digitaliseringsorganisasjonen til departementa for å undersøkje og planlegge utprøving av kunnskapsassistenten i departementa og vurdere mogleg skalering.

Regjeringa har tatt viktige grep for å legge til rette for deling og bruk av offentlege data. Ei utgreiing frå vidarebruksutvalet blir no følgd opp slik at det skal bli enklare å finne og ta i bruk offentlege data.

Regjeringa arbeider for å beskytte norske brukarar, særleg barn og unge, på nett. Regjeringa har sendt forslag til lov om digitale tenester på høyring. Den nye lova vil gjennomføre EUs forordning om digitale tenester (DSA) i norsk rett. Lovforslaget skal sikre at norske forbrukarar får auka beskyttelse på nett. DSA skal førebygge ulovlege og skadelege aktivitetar på internett og motvirke spreing av desinformasjon.

Regjeringa har òg sendt på høyring forslag til lov om aldersgrense for bruk av sosiale medium. Her foreslår regjeringa å innføre ei absolutt aldersgrense på 15 år for bruk av sosiale medium, og at det regulerast i eigen lov. Hensikta er å beskytte barn og unge mot moglege skadeverknader ved bruk av sosiale medium, mellom anna kriminalitet.

Regjeringa arbeider òg for rammevilkåra for utviklinga av internett langs andre spor. I juni 2025 arrangerte Noreg Internet Governance Forum. I gjennomføringa av arrangementet blei verdiar som menneskerettar, ytringsfridom og personvern haldne høgt.

Om lag 1,6 mrd. kroner til nye digitaliseringstiltak i 2026

Regjeringa foreslår ei offensiv satsing på digitalisering, og opprettheld eit høgt digitaliserings-tempo. Budsjettforslaget til regjeringa inneber om lag 1,6 mrd. kroner til nye digitaliseringstiltak i 2026, jf. tabell 2.1. Regjeringa sitt forslag til satsingar og omprioriteringar vil gjere det mogleg å realisere digitaliseringstiltak som vil bidra til forenkling og effektivisering i offentleg sektor, betre offentlege tenester og auka IT-sikkerheit.

Budsjettforslaget viser at regjeringa satsar stort på digitalisering på tvers av alle sektorar.

Dei seinare åra har det blitt investert betydelege summar over statsbudsjettet til digitalisering. Dette gjeld både investeringar i nye og betre tenester til innbyggjarar og næringsliv, betre og meir effektive prosessar i, og mellom, offentlege etatar, så vel som – og ikkje minst – erstatning og utbetring av gamle og utdaterte system for å sikre fortsett funksjonalitet, ta ned risiko ved digitale angrep og legge til rette for vidare utvikling av digitale tenester. Digitale løysingar krev òg mykje ressursar i verksemdene knytte til forvaltning, drift og vedlikehald.

Ei rekke prosjekt blir gjennomførte innanfor dei gjeldande budsjetttrammene til verksemdene. I tillegg til dei nye digitaliseringstiltaka omtalte i tabellen og nedanfor, blir allereie vedtekne digitaliseringssatsingar på fleire sentrale område vidareførte.

Her er eit utval pågåande og gjennomførte tiltak som synleggjer breidda i digitaliseringa:

Schengen IT-systema er ein del av Noreg sine forpliktingar gjennom Schengen-avtala og Dublin-avtala. Systema skal styrkje grensekontroll, informasjonsdeling og sikkerheit i Schengen-området. Schengen IT-systema inkluderer informasjonsdelingsplattforma Schengen Information System (SIS), visumregister, fingeravtrykkregister, interoperabilitet, inn- og utreisesystem og framreisesystem. Samla kostnadsramme er på om lag 3,6 mrd. kroner.

Digitaliseringsprogrammet Fremtidens innkreving og ny innkrevingslov (frå 2026) skal gjere

innkreving enklare og meir effektivt for innbyggjarar, verksemdar, stat og kommune. I perioden 2022–2025 har det blitt løyvd 1,9 mrd. kroner til programmet.

Det statlege teknologiselskapet Entur skal gjere det enklare å velje kollektivtransport i heile Noreg. I perioden 2022–2025 har det blitt løyvd over 500 mill. kroner til selskapet. Målet er at dei reisande skal få ein enklare og meir saumlaus reisekvardag, og at aktørane i transportsektoren skal få betre data som grunnlag for å styre trafikk, utnytte kapasitet, handtere avvik og forbetre transportplanlegginga.

På ungdomsportalen ung.no kan barn og unge finne tilpassa informasjon, bruke spørjetenesta for å få svar på det dei lurar på eller finne ulike hjelpe-tenester på chat eller telefon. Dei kan òg bruke sjølvhjelpetenester eller digitale tenester som Helsestasjon for ungdom, gjennom tenesta «Hjelp nær deg». DigiUng og ung.no er eit breitt samarbeid mellom fleire departement og har resultert i at barn og unge lettare får informasjon dei treng og at nye tenester er tilgjengeleg via ung.no.

Kunnskapssektorens datafellesskap blei oppretta i 2022 og har i den siste fireårsperioden blitt finansiert med totalt 65 mill. kroner. Programmet har som mål å betre tilhøva for delinga og bruk av data innanfor kunnskapssektoren og mellom kunnskapssektoren og andre sektorar. Meir vida-rebruk og gjenbruk av data skal mellom anna betre vilkåra for forskning, gi effektiviseringsgevinstar og betre grunnlaget for politiske avgjersler.

Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana og Norsk helsearkiv på Tynset (Arkivverket) har bygd opp berekraftige kompetansemiljø for digitalisering av norsk kulturarv. I 2025 blei løyvinga til Nasjonalbiblioteket og Arkivverket auka med 20 mill. kroner kvar til å opprette om lag 20 nye arbeidsplassar i Mo i Rana og opptil 15 nye arbeidsplassar på Tynset for at verdifull kulturarv kan bli digitalisert og gjort tilgjengeleg i eit raskare tempo. Digitaliseringa er avgjerande for at kulturarvmateriale ikkje skal gå tapt for ettertida. Satsinga bidrar òg til å sikre statlege arbeidsplassar i distrikts-Noreg. Dette er godt nytt for lokalmiljøa på Tynset og i Mo i Rana.

Tabell 2.1 Nye digitaliseringstiltak i 2026

Departement	Kort omtale av tiltaket	Forslag (i mill. kr)
DFD	Telesikkerheit og beredskap	421,2
NFD	Secure Connectivity	184,9
AID	Prosjekt 5 – modernisering av pensjons- og uføreområdet i Arbeids- og velferdsetaten	114,0
DFD	Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt (tilsegnssramme)	113,5
DFD	Nytt nødnett	100,0
SD	Statens vegvesen – drift og forvaltning av nye IT-system og -infrastruktur, og auka sikkerheit mot digitale angrep	100,0
FIN	Fremtidens tollbehandling	90,0
KD	Nasjonal infrastruktur for tungrekning	90,0
KDD	Fellesløysingar for geografisk infrastruktur	47,0
KD	Modernisering av IT-systema i Lånekassen	45,0
KUD	Vederlagsordning for bruk av opphavsrettsleg beskytta materiale i trening av norske og samiske språkmodellar	45,0
DFD	Utbygging av høghastigheits breiband	34,1
AID	Automatiske trekk av fagforeiningskontingent i ytingar i Arbeids- og velferdsetaten	30,0
DFD	Ny KI-lov, tilsyn, regulatorisk sandkasse og KI Noreg	30,0
JD	Forprosjekt for nasjonal skyteneste	30,0
KDD	Forenkle og digitalisere plan- og byggesaksprosessane	25,0
BFD	Digitale tilsynsverktøy – forbrukarvernet til barn	15,0
DFD	Digital inkludering	15,0
BFD	Nytt saksbehandlingssystem for familievernet	13,0
AID	Eit enklare Nav – systemutvikling	10,0
JD	Digitalisering i domstolane	10,0
Sum		1 562,7

¹ Medfinansieringsordninga dekkjer berre halve investeringskostnaden, resten må søkjarverksemda finne rom for innanfor eiga ramme. Løyvinga til medfinansieringsordninga i 2026 vil kunne utløyse offentlege digitaliseringsinvesteringar med samla budsjett på minst 227 mill. kroner.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til telesikkerheit og -beredskap betydeleg i 2026, til totalt 421,2 mill. kroner. Sjå nærare omtale på side 13.

Nedanfor følgjer ein kort omtale av enkelte av dei andre tiltaka i tabellen. Tiltaka er nærare omtalt i budsjettproposisjonane til dei enkelte departementa.

Regjeringa foreslår å løyve 47 mill. kroner til vidareutvikling av Kartverkets fellesløysingar for

geografisk informasjon. Forslaget inneber ei løyving på 489 mill. kroner over 5 år til modernisering av løysingane. Desse løysingane understøtter sentrale samfunnsfunksjonar som sikkerheit og beredskap, klima og miljø, plan- og byggesaksbehandling, samferdsle og privat næringsverksemd. Moderniseringa vil gi betre datakvalitet, gjere det enklare for brukarar å ta i bruk og dele geografisk data, og IT-sikkerheita vil auke. Tiltaka

ket vil gi meir effektiv saksbehandling, betre klimatilpassing, styrka beredskapsevne hos Forsvaret og sivile beredskapsmyndigheiter og auka innovasjon i privat sektor.

Regjeringa foreslår å løyve 45 mill. kroner til ein vederlagsordning for bruk av opphavsrettsleg beskytta materiale i trening av norske og samiske språkmodellar. Midlane skal gå til ei avtale mellom Nasjonalbiblioteket og Mediebedriftenes Landsforening om vederlag for at Nasjonalbiblioteket kan bruke aviser til å trene språkmodellar. Satsinga heng saman med oppdraget Nasjonalbiblioteket fekk av regjeringa i 2025 om å trene, oppdatere og gjere tilgjengeleg norske og samiske språkmodellar. Oppdraget er sentralt i etableringa av ein nasjonal infrastruktur for kunstig intelligens, som er eitt av tiltaka i digitaliseringsstrategien.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til Forbrukartilsynet med 15 mill. kroner for å styrkje tilsynet med forbrukarvernet til barn i digitale medium med bruk av digitale tilsynsverktøy. Tiltaket er sentralt i regjeringa sitt arbeid med å sikre barn og unge ein trygg digital oppvekst, og følgjer opp regjeringa si gjennomgang av forbrukarvernet til barn i digitale medium.

Regjeringa foreslår 380 mill. kroner over to år til auka kapasitet på tungrekning, som ein del av tiltaket om nasjonal infrastruktur for tungrekning. Infrastrukturen skal ta utgangspunkt i vidareutvikling av Sigma2 og byggast opp gradvis, med første fase i perioden 2026–2027. 90 mill. kroner blir foreslått løyvd i 2026, og same beløp vil bli foreslått vidareført i 2027-budsjettet. 200 mill. kroner blir foreslått tildelt gjennom øyremerking av tilsegnsskranna for 2026-budsjettet på Kunnskapsdepartementets tilskuddspost til Forskningsrådet. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Kunnskapsdepartementet.

Regjeringa foreslår ein auke på 184,9 mill. kroner til norsk deltaking i EUs nye program for sikker satellittbasert myndigheitskommunikasjon (Secure Connectivity). Programmet skal sørje for sikker og robust satellittbasert breibandkommunikasjon globalt, med låg forsinking og høg kapasitet. Tenestene skal betre tilgangen til sikre kommunikasjonstenester i mellom anna Europa, Arktis, Atlanterhavet og Afrika. Sjølv om tenesteporteføljen enno ikkje er fastsett, kan programmet skildrast som eit europeisk nødnett med eit breitt spekter av moglegheter – til dømes for Forsvaret, beredskapsetatar, ambassadar og kommunikasjon med installasjonar på norsk sokkel. Deltaking i Secure Connectivity inneber òg deltaking i GOVSATCOM-komponenten i EUs romprogram,

som er eit system for fordeling av kapasitetar frå Secure Connectivity og eksisterande satellittkommunikasjon.

2.2 Ein omstillingsdyktig og effektiv offentlig sektor

Regjeringa ønskjer ein sterk og effektiv offentlig sektor som gir innbyggjarane gode tenester, valfridom og medverknad. Regjeringa sitt mål for offentlig sektor er å oppnå meir velferd og mindre administrasjon, meir lokal fridom og mindre detaljstyring. Alle skal ha tilgang til tilpassa velferdstenester av god kvalitet gjennom det offentlege tilbodet.

Offentleg sektor sysselset om lag ein tredel av arbeidstakarane i Noreg. Det er nesten dobbelt så mykje som gjennomsnittet i OECD. Når så store delar av arbeidskrafta og dei andre ressursane i økonomien blir nytta av stat og kommunar, får ressursbruken i offentlig sektor stor betydning både for økonomisk utvikling, produktivitet og velferd.

Innbyggjarundersøkinga frå 2024 viste at tilliten til offentlege styresmakter framleis er på eit høgt nivå i Noreg, sjølv om den har gått noko ned sidan 2021. OECD peikar på tillit både som ein drivkraft for effektiv forvaltning og som eit mål på kor godt offentlig sektor lykkast. Når folket har høg tillit til forvaltninga, til dømes til at sensitive data blir handsama forsvarleg, er det enklare å levere effektive og brukarretta tenester. Samstundes blir innbyggjarane sin tillit til styresmaktene påverka både av kor godt dei offentlege tenestene fungerer i kvardagen og av kor godt politikarane evnar å løyse store samfunnsutfordringar. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring vil publisere resultatane frå ei ny innbyggjarundersøking i 2026.

Tillitsreforma er regjeringa sitt prosjekt for å skape ein enda betre offentlig sektor for både tilsette og innbyggjarar. Ein sektor der fagfolk får bruke kompetansen sin, og der innbyggjarane møter tenester som er tilpassa deira behov. Tillitsreforma er eit svar på dei utfordringane offentlig sektor står overfor. Det handlar om behov for arbeidskraft, effektiv ressursbruk og digitalisering. Den norske modellen med eit sterkt partsamarbeid er ein strategisk fordel for Noreg i omstillinga vi står framfor. Partssamarbeidet skal òg framover vere ein berebelke i arbeidet med tillitsreforma.

Det er dei enkelte departementa som skal sørje for at tillitsreforma blir følgt opp i praksis i sektorane sine. Digitaliserings- og forvaltningsdepar-

temenet har ansvaret for å sette rammene og vere pådrivar i arbeidet. Regjeringa si tillitsreform skal ha eit langsiktig perspektiv. Dette er ikkje ei reform som skal rullast ut og avsluttast – det er ein ny måte å tenkje styring og leiing på i offentleg sektor.

I arbeidet er regjeringa oppteken av utvikling nedanfrå gjennom å bruke kompetansen til medarbeidarane. Ved å utvikle nye modellar for styring, finansiering, leiing og samordning vil offentleg sektor kunne omstille seg og innovere raskare. I dette arbeidet bidrar Digitaliseringsdirektoratet, Direktoratet for forvaltning og økonomistyring og Design og arkitektur Norge (DOGA) med innsikt, kompetanseheving og verkemiddel for innovasjon.

Det offentlege tenestetilbodet blir styrt gjennom budsjettrammer, men òg gjennom føringar, krav og reguleringar som påverkar korleis oppgåver kan løysast og ressursar kan brukast. Det kan vere bemanningsnormer, kompetansekrav, krav om organisering, prosess- og saksbehandlingskrav, individuelle rettar eller rapporteringskrav. Kvart krav kan ha si gode grunngiving, men når nye krav og rettar blir vedtekne, blir dei sjeldan sett i samanheng.

Forsøksordninga for kommunar og fylkeskommunar som regjeringa inviterte til i 2023, kan bidra til å teste ut smartare organisering av kommunane sine oppgåver og verksemd. Ordninga følgjer opp tidlegare oppmodingsvedtak frå Stortinget om å legge til rette for etablering av frikommuneforsøk etter inspirasjon frå Danmark. Kommunal- og distriktsdepartementet koordinerer forsøksordninga, som er ein del av tillitsreforma, i samarbeid med departementa og KS.

Framover vil regjeringa, med bakgrunn i erfaringane frå arbeidet med tillitsreforma så langt, utvikle ein ny plattform for arbeidet. Det er behov for tydelegare styringssignal frå departementa slik at arbeidet med tillitsreforma får nødvendig prioritet. Vidare vil det bli ei sterkare kopling til digitaliserings- og effektiviseringsarbeidet. Det vil òg bli sett i gang tiltak for betre måling og evaluering undervegs, slik at vi får kunnskap om kva som verkar og kan justere kursen etter behov.

Velferdsstaten står overfor store utfordringar i åra framover, mellom anna fordi vi blir fleire eldre og det vil bli knappare tilgang på arbeidskraft. Dei økonomiske rammene vil bli mindre romslege og statlege verksemdar står overfor store og krevjande omstillingar. Å utnytte potensialet som ligg i innovasjon og digitalisering er avgjerande for å realisere moglegheiter for auka produktivitet,

verdiskaping og utvikling av nye forretningsmoglegheiter.

Samstundes har staten viktige og komplekse samfunnsoppdrag, som inneber krevjande avvegingar i tråd med både fagleg skjønn og skiftande politiske prioriteringar. For at statlege verksemdar skal klare å levere tenester med høg kvalitet, er det avgjerande at dei har dyktige og initiativrike leiarar og velkvalifiserte medarbeidarar. God tenesteproduksjon og vellykka omstillingstiltak må derfor sjåast i nær samanheng med vidareutvikling av arbeidsgivarpolitikken.

Regjeringa arbeider for at alle som kan og vil jobbe, skal få høve til det. Dette krev at staten har evne til å rekruttere dyktige medarbeidarar, utvikle og halde på dei etter at dei er tilsette, og sikre kompetanseutvikling for både yngre og eldre arbeidstakarar. Arbeidsgivarpolitikken skal bidra til at staten har løns- og arbeidsvilkår som legg til rette for at verksemdene klarer å utnytte den arbeidskrafta som er tilgjengeleg i samfunnet. Dei statlege verksemdene må ta sin del av ansvaret for å legge til rette for arbeidsinkludering. Knappare tilgang på arbeidskraft gjer at inkludering berre blir viktigare i åra framover.

Verksemdene må møte kompetansebehova for framtida, med leiarar som er tydelege i utøvinga av arbeidsgivarrolla. Dei må òg legge til rette for godt partssamarbeid, tillitsbasert leiing og medverknad for dei tilsette. I 2024 presenterte Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet *Grunnlag for god leiing i staten*, eit strategisk dokument som uttrykker klare forventingar til leiarar i statleg sektor. Departementet har òg lansert *Arbeidsgiverstrategi 2024–2027*, som skal støtte statlege verksemdar i arbeidet med å behalde, utvikle og rekruttere kompetente medarbeidarar. I lys av dei demografiske endringane og den raske teknologiske utviklinga, blir det stadig viktigare å legge til rette for at kompetansen til tilsette kan brukast på tvers av statleg sektor og mellom verksemdar.

På oppdrag frå Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet blei rapporten *Generativ KI i statlige virksomheter* lagt fram våren 2025. Rapporten viser at statlege verksemdar er godt i gang med å teste ut kunstig intelligens, men at det er behov for ein meir heilskapleg og strategisk tilnærming, og ein plan for å ta ut gevinstar. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet innhentar regelmessig kunnskap som er relevant for utvikling av arbeidsgivarpolitikken i staten. Dei siste åra har departementet gjennomført prosjekt om mellom anna berekraft, staten som arbeidsgivar, seniorpolitikk, inkludering og integrering. Fleire av prosjekta er

gjennomførte i samarbeid med dei sentrale partane i staten.

I det offentlege er det eit stort tal innkjøparar spreidde på statlege verksemdar, fylkeskommunar og kommunar. Mange av innkjøparane er små, og det er store gevinstar ved å samordne innkjøpa. Då kan det offentlege oppnå lågare prisar, frigjere administrative ressursar og sikre betre etterleving av regelverket.

Statens innkjøpssenter i Direktoratet for forvaltning og økonomistyring blei etablert for å effektivisere og profesjonalisere offentlege anskaffingar. Innkjøpssenteret inngår og forvaltar felles innkjøpsavtaler på vegne av staten. Det er om lag 190 statlege verksemdar som er obligatorisk omfatta av ordninga. Statens innkjøpssenter har inngått 1 965 felles innkjøpsavtaler for staten innan 18 avtaleområde i regjeringsperioden. Dei legg til rette for at staten reduserer innkjøpskostnader med om lag 350 mill. kroner i året. I tillegg kjem ein rekke andre positive verknader: Reduserte transaksjonskostnader for leverandørar og verksemdene til staten, klima og miljø, annan berekraft og samfunnsomsyn og regelverks-etterleving. Konkurransesforhold er forventet å vere uendra. Løyvinga til Statens innkjøpssenter blir foreslått auka med 18,1 mill. kroner, som legg til rette for fleire gevinstar, jf. Prop. 1 S (2025–2026) for Finansdepartementet.

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring har òg etablert marknadsplassen for skytenester som eit tiltak for å forenkle anskaffingane av skytenester, støtte digital omstilling, auka sikkerheit og etterleving av regelverk. Marknadsplassen forhandlar fram skybaserte tenester som skal vere tilgjengelege for innkjøparar i statlege verksemdar, fylkeskommunar og kommunar. Det har vore stor etterspørsel etter tenestene frå marknadsplassen med over 400 tilslutta offentlege verksemdar frå stat, fylkeskommunar og kommunar. Prosessane som marknadsplassen gjennomfører, fører til auka kvalitet og betre kontraktsvilkår, samstundes som konkurransesituasjonen i marknaden blir styrkt. Marknadsplassen vil vere eit viktig verkemiddel for å avgrense ein venta sterk auke i offentlege kostnader knytt til skytenester og programvare.

Regjeringa oppnemnde i august 2022 eit utval (Støstadutvalet) som vurderte alternative løysingar til kommersiell drift for den delen av dei skattefinansierte velferdstenestene som blir levert av private, kommersielle aktørar. Støstadutvalet sin hovudrapport, NOU 2024: 17 *Kommersiell og ideelle aktørers rolle i fellesskapets velferdstjenester*, har vore på offentlig høyring. Utvalet har mellom

anna lagt fram forslag til juridisk definisjon og registrering av ideelle aktørar i offentlig finansierte velferdstjenester. Regjeringa er i gang med å følge opp utgreiinga.

Regjeringa har gjort det klart at bruken av konsulentar i staten skal reduserast på område der det ligg til rette for å bygge opp intern kompetanse. Tala frå statsrekneskapen for 2024 viser at regjeringa har lykkast med å snu ei negativ utvikling med aukande konsulentutgifter. Frå 2021 til 2024 har konsulentutgiftene reelt gått ned med 1,28 mrd. kroner (9,1 pst.). Konsulentutgiftene i 2024 utgjorde 7,7 pst. av dei totale lønskostnadane. Dette er ein reduksjon frå 10 pst. i 2021. Verksemdene skal rapportere om bruken av konsulentar i årsrapportane for 2025.

Noreg har forplikta seg til å jobbe målretta for å nå berekraftsmåla innan 2030. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har ansvaret for å koordinere det nasjonale arbeidet med berekraftsmåla, og la i juni 2025 fram Meld. St. 35 (2024–2025) *Norges arbeid med bærekraftsmålene – Status, utfordringer og veien videre*. Meldinga vektlegg særleg dei områda der Noreg har størst forbedringspotensial, og trekker fram pågåande arbeid og prosessar for å vise kva regjeringa gjer for å betre måloppnåinga. Ein viktig del av meldinga er å synleggjere samanhengen mellom arbeidet med berekraftsmåla og sentrale samfunnsutfordringar.

Noreg har eit solid utgangspunkt for å nå mange av berekraftsmåla. Noreg ligg særleg godt an på mål relatert til infrastruktur, energi, utdanning, likestilling og velfungerande institusjonar. Samstundes fører særleg den høge levestandarden vår og det materielle forbruket vårt til klare utfordringar for ei berekraftig utvikling. Dette gjeld særleg delmål knytte til ernæring, ressursforbruk, avfallshandtering, klima, natur og samanhengen mellom økonomisk vekst og miljøøydeleggingar.

I samband med meldingsarbeidet etablerte regjeringa Noregs første nasjonale folkepanel for å få råd om korleis vi kan få ned forbruket vårt og samstundes leve gode liv.

Statsforvaltarane skal arbeide for best mogleg samarbeid mellom kommunar, fylkeskommunar og statleg verksemd i fylket. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet styrkjer samordningsrolla til statsforvaltarane gjennom å forenkle og forbetre styringa. Dei ulike departementa som styrer statsforvaltarane, er oppmoda om å fastsette færre og meir overordna krav til styring og rapportering, å gi fleire felles oppdrag og meir lik og felles utforming av styringskrava. Departe-

menta må òg sjå til at omfanget av oppgåvene er i samsvar med løyvingane på sine fagområde.

Regjeringa ønskjer auka kostnadseffektivitet i bygge- og eigedomsverksemda i statleg sektor. Statsbygg arbeider målretta med å forsterke prosjektstyringa og med å redusere kompleksitet, arealbruk og kvadratmeterprisar i byggeprosjekt. Ei betre utnytting av bygningsmassen kan redusere behovet for nybygg og bidra til lågare klimavtrykk og ressursbruk.

Etter løn er kostnadane til husleige den største driftskostnaden i staten. Leigeutgiftene staten har til kontorlokale i marknaden, utgjer i dag om lag 6 mrd. kroner per år. Det er eit mål å redusere desse utgiftene med 15 pst. frå 2020 til 2029. For å hente ut det identifiserte sparepotensialet er det viktig å finne nye og meir kostnadseffektive lokale.

Bruk av Statsbygg som rådgivar, og koordinering og standardisering av leigeforholda til staten, har allereie gitt store reduksjonar i leigeutgiftene. Frå 2022 til 2024 har rådgiving frå Statsbygg bidratt til å redusere statens leigeforpliktingar med over 1 mrd. kroner fordelt på 45 statlege verksemder.

Byggetrinn 1 i nytt regjeringskvartal, som vil gi dei innflyttande departementa forsvarleg sikkerheit, blir ferdigstilt i 2025. Statsministerens kontor og seks departement vil i 2026 flytte ut av eksisterande departementsbygg og inn i dei nye lokala. Samlokalisering av departementa i nytt regjeringskvartal vil legge til rette for nye arbeidsformer og tettare samspel mellom einingar og departement. Lokala skal bidra til trivsel, effektivitet og produktivitet for medarbeidarane. Det nye regjeringskvartalet vil forsterke departementsfellesskapet si evne til å samarbeide på tvers for å løyse komplekse samfunnsoppdrag.

For å utløyse potensialet i det nye regjeringskvartalet er det viktig med sikre og effektive digitale fellestenester med rett kvalitet. Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa skal i nytt regjeringskvartal levere fleire nye tenester innan service og sikkerheit – mellom anna servicetorg, eksternt kontrollsenter for post og varer på Mastemyr og sikker teknisk infrastruktur. Digitaliseringsorganisasjonen til departementa skal gjennom arbeidet i Program Felles IKT etablere ein felles sikker, funksjonell, kostnadseffektiv og moderne IKT-løysing for behandling og deling av informasjon for Statsministerens kontor, alle departementa, Noregs utanriksstasjonar og Trygging- og serviceorganisasjonen til

departementa. Digitaliseringsorganisasjonen til departementa skal i nytt regjeringskvartal levere nye digitale fellestenester og vere ein strategisk digitaliseringspartner for departementsfellesskapet.

På ein del område bidrar organisering av fellestenester til meir effektiv oppgåveløysing. Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa og Digitaliseringsorganisasjonen til departementa leverer høvesvis administrative fellestenester og digitale fellestenester til departementa. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring leverer løns- og/eller rekneskapstenester til 92 pst. av alle statlege verksemder.

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring har i år fått i oppdrag å gjennomføre eit kunnskapsarbeid om statlege fellestenester i løpet av 2025. Arbeidet skal bidra til kunnskap om eksisterande tenester, kvalitet og omfang, organisering og styring, kostnadsfordelingsmodellar med meir.

Kommunal- og distriktsdepartementet og Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har samarbeidd om ei kartlegging av behovet for fellestenester for underliggende verksemder. Det er særskilt verksemder med under 100 tilsette som opplever sårbarheit på det administrative området.

Ein spissa områdegjennomgang om samordning av administrative tenester i departementa blei levert i mai 2025. Det blei utgreidd kva for administrative tenester i departementa som – heilt eller delvis – kan eigne seg som fellestenester. Rapporten gav tilrådingar om auka bruk av fellestenester innan områda HR, informasjonsforvaltning, sikkerheit og kontorstøtte og servicetenester. Vidare gav rapporten tilrådingar om ein ny styringsmodell for fellestenester i departementsfellesskapet og om val av kostnadsdelingsmodell (finansiering). Regjeringa har avgjort at det skal etablerast fellestenester på alle dei fire fagområda, med enkelte justeringar samanlikna med tilrådingane i områdegjennomgangen. Det skal òg etablerast ein ny styrings- og avgjerdsmodell for dei administrative tenestene i departementsfellesskapet, i tråd med forslaget i områdegjennomgangen. I tillegg skal ansvaret for regjeringa sitt representasjonsanlegg (dagens representasjonsanlegg og lokala i nytt regjeringskvartal) samlast i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har ansvaret for og skal lede arbeidet med å etablere fleire fellestenester.

3 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor er ei oversikt over oppfølging av oppmodingsvedtak under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Oversikta omfatar alle vedtak frå stortingssesjonen 2024–2025 og alle vedtak frå tidlegare sesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 216 S (2024–2025) meinte

ikkje var følgde opp ferdig. I tabellen nedanfor blir det òg opplyst om departementet planlegg at rapporteringa knytt til oppmodingsvedtaket no blir avslutta eller om departementet vil rapportere konkret på vedtaket òg i budsjettproposisjonen for neste år.

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (Ja/Nei)
2024–2025	86	Registreringsordning for ideelle velferdsaktørar	Nei
2024–2025	87	Ny lov om registrering av ideelle velferdsaktørar	Nei
2024–2025	493	Sløkking av 2G-nettet	Ja
2024–2025	615	Prioritere dei med funksjonshemming i stillingsutlysingar	Ja
2024–2025	639	Prioritere å forsterke infrastruktur og sikre redundans	Ja
2024–2025	641	Verksemder med ansvar for viktige og kritiske samfunnsfunksjonar	Ja
2024–2025	1087	Gjennomgang av instruks om handtering av bygge- og leigesakar i statleg sivil sektor	Ja
2023–2024	501	Forbod mot åtferdsbasert marknadsføring retta mot barn og unge	Ja
2023–2024	625	Inkludere fleire med funksjonshindringar og hol i CV-en i arbeidslivet i staten	Ja
2023–2024	718	Forbod mot utvinning av kryptovaluta	Ja
2022–2023	196	Konsekvensar ved eit norsk forbod mot atferdsbasert reklame	Ja
2022–2023	197	Lagring av biometriske data frå sosiale medieplattformer	Ja
2022–2023	583	Tilgjengeliggjering av data ved inngåing av offentlege kontraktar	Ja
2021–2022	35 nr. 42	Auka openheit i verksemda til private tilbydarar av offentlig finansierte velferdstenester	Ja
2021–2022	35 nr. 43	Krav om organisering i sjølvstendig rettssubjekt for selskap som leverer offentlig finansierte velferdstenester	Ja

3.1 Stortingssesjon 2024–2025

Registreringsordning for ideelle velferdsaktører

Vedtak nr. 86, 5. desember 2024

«Stortinget ber regjeringen i løpet av inneværende stortingssesjon fremme forslag om en registreringsordning for ideelle velferdsaktører.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 1 S (2024–2025) for budsjettåret 2025 – Statsbudsjettet (Gul bok) og Innst. 2 S (2024–2025).

Regjeringa er i gang med å følgje opp utgreiinga frå Støstad-utvalet, NOU 2024: 1 *Definisjon og registrering av ideelle velferdsaktører*. Eit sentralt forslag i utgreiinga er at det skal etablerast ei registreringsordning for ideelle velferdsaktører. Regjeringa arbeider med lovgrunnlaget for registreringsordninga gjennom ei eiga lov om registrering av ideelle velferdsaktører. Arbeidet skal òg avklare kva statleg myndigheit som skal vere registerfører, kva oppgåver og ansvar registermyndigheita skal ha og korleis sjølvje registreringsordninga skal innrettast. Støstad-utvalet var ikkje satt opp som eit lovutval, og i arbeidet må fleire rettslege problemstillingar avklarast. Arbeidet har høg prioritet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Ny lov om registrering av ideelle velferdsaktører

Vedtak nr. 87, 5. desember 2024

«Stortinget ber regjeringen utarbeide forslag til ny lov om registrering av ideelle velferdsaktører, som også inkluderer en juridisk definisjon av ideelle velferdsaktører. Lovproposisjonen fremmes for Stortinget i løpet av inneværende stortingssesjon.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 1 S (2024–2025) for budsjettåret 2025 – Statsbudsjettet (Gul bok) og Innst. 2 S (2024–2025).

Ei registreringsløyising og ei lov om registrering av ideelle velferdsaktører må sjåast i samanheng, og arbeidet må skje parallelt. Regjeringa er i gang med å følgje opp utgreiinga frå Støstad-utvalet, NOU 2024: 1 *Definisjon og registrering av ideelle velferdsaktører*, gjennom eit arbeid med ei ny lov om registrering av ideelle velferdsaktører, som

inkluderer ein juridisk definisjon av ideelle velferdsaktører. Støstad-utvalet var ikkje satt opp som eit lovutval, og i arbeidet må fleire rettslege problemstillingar avklarast. Arbeidet har høg prioritet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Sløkking av 2G-nettet

Vedtak nr. 493, 6. mars 2025

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre en konsekvensutredning for å få en oversikt over hvilke systemer av betydning for sikkerhet og beredskap som ikke vil virke etter at 2G-nettet slukkes.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Frank Edvard Sve, Morten Stordalen, Helge André Njåstad, Tor André Johnsen, Morten Wold, Bengt Rune Strifeldt, Sivert Bjørnstad og Sylvi Listhaug om å utsette sløkking av 2G-nettet, jf. Dokument 8:23 S (2024–2025) og Innst. 147 S (2024–2025).

Telia har planlagt ei gradvis sløkking av sitt 2G-nett frå hausten 2025. Telenor vil vente med å slukke sitt nett til utgangen av 2027. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet ga i tildelingsbrevet for 2025 Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit i oppdrag mellom anna å kartlegge viktige løysingar/funksjonar som framleis var avhengige av 2G og forsikre seg om at aktørane som er ansvarlege for desse løysingane/funksjonane har ein plan for overgang til anna og framtidsretta teknologi. Med bakgrunn i Stortingets vedtak nr. 493, 6. mars 2025 bad departementet Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit om å gjennomføre ei konsekvensutgreiing. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har innhenta informasjon frå aktørar i statleg, kommunal og privat sektor, og leverte rapport for utgreiinga 1. juli 2025. Denne viser at det ikkje er avdekt tilhøve som tyder på at det kan oppstå uhandterlege konsekvensar for system av betydning for sikkerheit og beredskap ved at Telia startar å slukke sitt nett.

Dette tilseier at ei gradvis og kontrollert sløkking av Telias 2G-nett kan gjennomførast frå hausten 2025. Ei gradvis regional sløkking gir grunnlag for å avdekke eventuelle uventa konsekvensar på kontrollert vis og moglegheit til å gjere målretta avbøtande tiltak.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Prioritere dei med funksjonshemming i stillingsutlysingar

Vedtak nr. 615, 6. mai 2025

«Stortinget ber regjeringen sikre at utlysninger av stillinger i statens virksomheter utformes slik at stillingens krav og ansettelsesprosessen kan prioritere funksjonshemmede. Regjeringen bes også arbeide sammen med kommuner og fylkeskommuner for tilsvarende praksis i deres stillingsutlysninger.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 33 (2023–2024) *En forsterket arbeidslinje – flere i jobb og færre på trygd* og Innst. 150 S (2024–2025).

Regjeringa arbeider for at statlege verksemdar skal kunne føre ein inkluderande rekrutteringspraksis og eit mangfaldig arbeidsliv. Det er gitt fleire reglar og iverksett fleire tiltak som skal støtte opp under dette. Det er utarbeidd ei mangfaldserklæring som mange statlege verksemdar tar inn i stillingsutlysinga når dei lyser ut ledige stillingar. Mangfaldserklæringa signaliserer at alle er ønskte som søkjarar til ledige stillingar, og at eventuell nedsett funksjonsevne ikkje er ei hindring. Det er gitt reglar om at minst ein kvalifisert søkjar som oppgir å ha funksjonsnedsetting skal innkallast til intervju. Personar som oppgir å ha funksjonsnedsetting kan tilsettast dersom dei er tilnærma like godt kvalifiserte som den best kvalifiserte søkjaren. Dette er reglar om positiv særbehandling, og som det blir opplyst om i utlysinga på rekrutteringsportalane som statlege verksemdar brukar. Regelen om at minst ein kvalifisert søkjar som oppgir å ha funksjonsnedsetting skal innkallast til intervju skal bidra til at søkjarar med funksjonsnedsetting skal få synleggjort kompetansen sin, og at kompetansen deira skal bli reelt vurdert opp mot kvalifikasjonskrava i utlysinga.

Kvalifikasjonsprinsippet som gjeld for tilsettingar i staten blir styrt av kvalifikasjonskrava verksemdene stiller i utlysinga. Kvalifikasjonskrava i utlysinga avgjer derfor vurderinga av kven av søkjarane som er best kvalifisert, og moglegheita til å gjere bruk av positiv særbehandling ved tilsettinga. Regjeringa oppfordrar statlege verksemdar til å gå kritisk gjennom kva for kvalifikasjonskrav som er nødvendige for dei enkelte stillingane, og til ikkje å stille høgare krav enn nødvendig. Unødvendig høge krav kan verke ekskluderande, og vil særleg kunne ramme personar med til dømes funksjonsnedsetting, som kan støyte på særskilde barrierar i arbeidslivet og i rekrutteringsproses-

sar. Oppfordringa til statlege verksemdar om å vurdere kritisk kva for kvalifikasjonskrav som er nødvendig for kvar enkelt stilling blei formidla til dei statlege verksemdene under arbeidsgivarkonferansen i staten i september 2025. Alle statlege verksemdar var invitert til konferansen. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet vil halde fram med å formidle dette i ulike forum framover, som i ulike seminar og møter med statlege verksemdar.

Traineeprogrammet i staten for personar med høgare utdanning og nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en er ei av satsingane til staten på inkludering. Traineeprogrammet i staten fungerer slik at ordinære stillingar blir lyste ut som del av programmet, og berre personar med høgare utdanning og funksjonsnedsetting eller hol i CV-en kan søkje. Stillingane i programmet er midlertidige stillingar, men det er moglegheit for fast tilsetting i verksemda utan at stillinga må lysast ut dersom vedkommande er kvalifisert for arbeidet.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har hatt dialog med KS om dei ulike verkemidla for inkludering og erfaringar i statleg og kommunal sektor. Denne dialogen vil halde fram i regjeringa sitt vidare arbeid for at fleire personar med nedsett funksjonsevne skal bli tilsett i staten.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Prioritere å forsterke infrastruktur og sikre redundans

Vedtak nr. 639, 6. mai 2025

«Stortinget ber regjeringen prioritere å forsterke infrastruktur og sikre redundans i en form og størrelsesorden som følger av digitaliseringstakten, samfunnets avhengighet av ekom og risiko- og trusselbildet i samfunnet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 9 (2024–2025) *Totalberedskapsmeldingen* og Innst. 242 S (2024–2025).

Gjennom å få på plass den nye ekomlova med forskrifter som tredde i kraft i starten av 2025, stiller regjeringa strengare krav til tilbydarane til sikkerheit og beredskap enn tidlegare. Ekomforskrifta stiller mellom anna krav til styringssystem for sikkerheit, risiko og sårbarheitsvurderingar, grunnsikring og skadeavgrensingstiltak, sikringsplanar, beredskapsplanar og øvingar. Vidare er ei rekke selskap i sektoren underlagt sikkerheitslova og ytterlegare sikkerheitskrav. Dette rammeverket er viktig for å bidra til å oppnå føre-

målet med oppmodingsvedtaket, men det er behov for auka innsats. Regjeringa la i september 2025 derfor fram ein nasjonal sikkerheitsplan for digital infrastruktur. Sikkerheitsplanen følgjer opp den nasjonale sikkerheitsstrategien og totalberedskapsmeldinga, og er nødvendig som følgje av digitaliseringa si betyding i det norske samfunnet og risiko- og trusselbiletet. Gjennom sikkerheitsplanen og ei foreslått dobling av løyvinga til tele-sikkerheit og -beredskap, prioriterer regjeringa å styrkje den digitale infrastrukturen gjennom ei lang rekke tiltak. Takta på tiltak som fungerer bra, mellom anna programmet for forsterka ekom og dei regionvise risiko- og sårbarheitsanalysane med tilhøyrande tiltak, blir auka. Dette inneber at om lag 100 kommunar etter planen får forsterka ekom innan 2030 og at det kan bli gjennomført risiko- og sårbarheitsanalysar i heile landet. I tillegg blir det sett i gang ei lang rekke nye tiltak, mellom anna ytterlegare forsterkingar av reserve-straum i mobilnetta og pilot for å gjenopprette mobildekning med transportable basestasjonar.

Departementet meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgd opp.

Verksemder med ansvar for viktige og kritiske samfunnsfunksjonar

Vedtak nr. 641, 6. mai 2025

«Stortinget ber regjeringen følge opp at virksomheter med ansvar for viktige og kritiske samfunnsfunksjoner inkluderer bortfall av ekom i sine risiko- og sårbarheitsanalyser og reduserer egen sårbarhet ved å anskaffe nødvendige reserveløsninger.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 9 (2024–2025) *Totalberedskapsmeldingen* og Innst. 242 S (2024–2025).

Verksemder med ansvar for viktige og kritiske samfunnsfunksjonar har eit ansvar for å vurdere risiko- og sårbarheiter og iverksette tiltak for styrka sikkerheit og beredskap. Bortfall av ekom er eit viktig område å inkludere i desse analysane.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit gir råd til offentlege og private verksemder om digital sikkerheit og beredskap, mellom anna gjennom arbeidet med årlege risiko- og sårbarheitsvurderingar for ekomsektoren (EkomROS). Målgruppa for EkomROS er myndigheiter, aktørar i ekomsektoren og i sektorar der elektronisk kommunikasjon har betyding for eige sikkerheits- og beredskapsarbeid, til dømes kommunar, fylkes-

kommunar, statsforvaltarane og private og offentlege verksemder.

I den nye nasjonale sikkerheitsplanen for digital infrastruktur som blei lagt fram i september 2025 har regjeringa prioritert arbeidet med råd om digital eigenberedskap. Regjeringa vil styrkje arbeidet med digital eigenberedskap for å vareta kommunikasjon og samhandling ved hendingar oppover i krisespennet, og utarbeide råd for digital eigenberedskap for offentlege og private verksemder. Råda skal peike på moglege tiltak for å oppretthalde viktige og kritiske samfunnsfunksjonar og nødvendig kommunikasjons- og samhandlingsbehov ved hendingar, i krise og i krig.

Vidare inneheld sikkerheitsplanen tiltak knytt til reduksjon av sårbarheit ved bruk av reserveløysingar. Mellom anna vil regjeringa at verksemder som har ansvar for eller understøttar kritiske samfunnsfunksjonar vurderer å skaffe satellittbaserte reserveløysingar for digital kommunikasjon i kriser og krig. Dette vil bli følgd opp vidare i gjennomføringa av sikkerheitsplanen.

Departementet meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgd opp.

Gjennomgang av instruks om handtering av bygge- og leigesakar i statleg sivil sektor

Vedtak nr. 1087, 13. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen, på bakgrunn av Riksrevisjonens undersøkelse, jf. Dokument 3:8 (2024–2025), igangsette en gjennomgang av instruks om håndtering av bygge- og leiesaker i statlig sivil sektor for å redusere risikoen for at det inngås leieavtaler med ulovlige forpliktelser for staten.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 3:8 (2024–2025) *Riksrevisjonens undersøkelse av statlige virksomheters leieavtaler for lokaler i markedet* og Innst. 494 S (2024–2025).

Med bakgrunn i saka om låneopptak hos Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) har departementet starta prosessen med å gå gjennom bygge- og leigesaksinstruksen. Av det som blir vurdert å ta inn i instruksjonen er at Statsbygg er obligatorisk rådgivar ved leige i marknaden. Statsbygg har mellom anna etablert ei standard leigeavtale, som vil redusere risikoen for ulovlege forpliktingar. Statsbygg jobbar òg systematisk i leigemarknaden for å få til fleksible og økonomisk fordelaktige avtaler for staten. Det er viktig at departementa tar ansvaret dei har for leigeavtaler som underliggande verksemder inngår. Ei tydeliggjering av

ansvaret vil bidra til betre kontroll med dei avtalene som blir inngått. Aktiv involvering frå departementa vil bidra til ei betre oversikt over lokalbruken og gi eit godt grunnlag for styring av verksemdene sin lokalbruk.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

3.2 Stortingssesjon 2023–2024

Forbod mot åtferdsbasert marknadsføring retta mot barn og unge

Vedtak nr. 501, 5. mars 2024

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med implementering av forordningen om digitale tjenester om å sikre et forbud mot adferdsbasert markedsføring rettet mot barn og unge.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Olaug Vervik Bollestad, Dag-Inge Ulstein og Kjell Ingolf Ropstad om ei verifiserbar aldersgrense for sosiale medium og regulering av innhald og reklame retta mot barn, jf. Dokument 8:247 S (2022–2023) og Innst. 191 S (2023–2024).

Då Digital Services Act (DSA) var under utarbeiding i EU, fremja regjeringa ein posisjon frå Noreg der regjeringa mellom anna foreslo eit forbod mot åtferdsbasert marknadsføring retta mot barn og unge. I forordninga som er vedtatt i EU ligg det inne eit forbod mot åtferdsbasert reklame til mindreårige basert på profilering ved bruk av personopplysningsane deira, når plattformen med rimeleg sikkerheit kan fastslå at mottakaren av tenesta er mindreårig.

DSA er ei indre marknadsregulering, og er EØS-relevant og aktuell for innlemming i EØS-avtala. Ei eventuell nasjonal gjennomføring av forordninga vil krevje lovendring. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sende utkast til lov om digitale tenester på offentleg høyring i juli 2025, og dette legg til rette for at lova, inkludert eit forbod mot åtferdsbasert reklame mot mindreårige, kan tre i kraft og at DSA vil gjelde i Noreg frå sommaren 2026.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Inkludere fleire med funksjonshindringar og hol i CV-en i arbeidslivet i staten

Vedtak nr. 625, 7. mai 2024

«Stortinget ber regjeringen igangsette et arbeid for å utrede ytterligere og sterkere tiltak for å inkludere flere mennesker med funksjonshindre og flere mennesker med hull i CV-en i arbeidslivet i staten, inkludert tiltak i statens arbeidsgiverpolitikk samt tiltak for å bygge ned samfunnskapte funksjonshindre og diskriminering, og komme tilbake til Stortinget med forslag innen utgangen av vårsesjonen 2025.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Henrik Asheim, Anna Molberg, Aleksander Stokkebø, Mudassar Kapur, Sveinung Rotevatn og Dag-Inge Ulstein om å innføre inkluderingsmål i statleg og kommunalt arbeidsliv, jf. Dokument 8:105 S (2023–2024) og Innst. 289 S (2023–2024).

Oppmødingsvedtaket er følgt opp i Prop. 146 S (2024–2025) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2025* der regjeringa informerte om at arbeidet med å inkludere fleire personar med nedsett funksjonsevne og personar med hol i CV-en i arbeidslivet i staten skal styrkast gjennom aktiv formidling av dei moglegheitene statlege verksemdar har til å føre ein inkluderande rekrutteringspraksis, og leite etter kompetanse i heile befolkninga.

Regjeringa vil òg arbeide for at statlege verksemdar i samband med utlysing av ledige stillingar går kritisk gjennom kva krav som blir stilte til kvalifikasjonar. Regjeringa meiner det er viktig at verksemdene, samstundes som dei skal søkje etter den kompetansen som er nødvendig for å løyse samfunnsoppdraget, ikkje stiller unødvendige krav som kan verke ekskluderande, særleg for enkelte utsette grupper.

Regjeringa vil revitalisere traineeprogrammet gjennom aktiv promotering overfor dei statlege verksemdene for å gjere det betre kjent og auke bruken. Traineeordninga skal òg evaluerast. Evalueringa skal munne ut i enkelte tilrådingar knytte til korleis programmet kan nyttast meir.

Sjølv om faste heile stillingar er eit viktig mål, vil Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet undersøkje om utlysing av deltidsstillingar i større grad kan bidra til at menneske med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en kan bli tilsette i staten. Enkelte i målgruppa kan ha behov for dette. Der- som moglegheit for deltid blir synleggjort i utlysinga, vil departementet sjå om det kan bidra til at

fleire i målgruppa søker og kan bli tilsette i staten.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Forbod mot utvinning av kryptovaluta

Vedtak nr. 718, 6. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen utrede et forbud mot utvinning av kryptovaluta i Norge og komme tilbake til Stortinget senest i forbindelse med fremleggelsen av statsbudsjettet for 2025.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Birgit Oline Kjerstad og Lars Haltbrekken om konsesjon på datasentre, jf. Dokument 8:106 S (2023–2024) og Innst. 383 S (2023–2024).

I Prop. 1 S (2024–2025) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet blei det informert om at regjeringa har ein klar intensjon om å avgrense utvinning av kryptovaluta mest mogleg, og at regjeringa har sett i gang eit arbeid for å vurdere handlingsrommet for korleis dette kan gjerast.

Utvinning av kryptovaluta er kraftkrevjande, og kastar lite av seg i lokalsamfunnet i form av arbeidsplassar og inntekter. Noreg er eit attraktivt land for utvinning av kryptovaluta på grunn av kombinasjonen av låge kraftprisar, fornybar kraft, eit stabilt kraftsystem og eit kjølig klima, noko som betyr lågare kostnader til kjøling. Kraftprisen er ein viktig lokaliseringsfaktor for kryptoaktørar.

Regjeringa har fått gjort ei brei vurdering av handlingsrommet for regulering av utvinning av kryptovaluta, mellom anna eit generelt forbod mot utvinning av kryptovaluta. Basert på dei EØS-rettslege vurderingane, meiner regjeringa at det er vanskeleg per no å sjå at grunnlaget for å innføre eit generelt forbod mot utvinning av kryptovaluta er til stades. Mindre inngripande ordningar enn eit generelt forbod vil vere lettare foreinleg med Noreg sine EØS-rettslege plikter enn eit totalforbod.

Regjeringa har av den grunn i staden utgreia eit mindre inngripande tiltak i form av eit mellombels forbod mot lokalisering av datasenter som i all hovudsak driv med kraftkrevjande utvinning av kryptovaluta. Tiltaket, som blei presentert i regjeringa sin nye datasenterstrategi i juni 2025, vil vere ei statleg planforskrift heimla i plan- og bygningslova. Forskrifta vil kunne innrettast slik at den legg til rette for at slike datasenter enten må få godkjenning frå Kommunal- og distriktsdepartementet som øvste planmynde, eller at det

berre kan byggast dersom ein godkjend kommunal arealplan opnar for det ut frå krav gitt i den statlege planforskrifta. Statlege planforskrifter er juridisk bindande reglar og blir vedtekne som kongelege resolusjonar. Utforminga og effektane av ei slik ordning må utgreiast nærmare. Det same gjeld forholdet til EØS-retten. Kommunal- og distriktsdepartementet vil utgreie eit slikt forbod.

Målet med tiltaket er å frigjere kraft, nettkapasitet og areal til andre føremål. Vi må sikre oss at tiltak er effektive og treff utvinning av kryptovaluta. På same tid må ikkje tiltaka råke datasenter som er nødvendige for den ønskede digitaliseringa av samfunnet. Det er avgjerande for næringa å ha føreseielege og hensiktsmessige rammevilkår. Datasenter er ein viktig del av den digitale infrastrukturen og ein kritisk føresetnad for all digitalisering. Det er usikkert kor stort omfanget av kryptoutvinning vil vere i Noreg framover. Registreringsplikta i den nye datasenterforskrifta skal gjere det enklare å få oversikt, følgje med på utviklinga og føre tilsyn med datasenter, medrekna dei som vinn ut kryptovaluta.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

3.3 Stortingssesjon 2022–2023

Konsekvensar ved eit norsk forbod mot atferdsbasert reklame

Vedtak nr. 196, 12. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvilket handlingsrom Norge har til å regulere digitale tjenester utover reguleringen i Digital Services Act og Digital Markets Act, med tanke på å vurdere konsekvenser ved et norsk forbud mot reklame som er basert på masseinnsamling av personopplysninger, sporing og profilering av enkeltpersoner på digitale plattformer. Vurderingen skal omfatte både innhenting, bruken og eventuelt salg/utlevering av personopplysningene.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby, Sveinung Rotevatn, Ingvild Wettrhus Thorsvik, Grunde Almeland og Alfred Jens Bjørlo om betre personvern på sosiale media, jf. Dokument 8:167 S (2021–2022) og Innst. 100 S (2022–2023).

Departementet er opptatt av ein god digitaliseringspolitikk som tar vare på både personvernet

og næringsinteresser. Det pågår for tida eit arbeid med å gjennomføre både Digital Services Act (DSA) og Digital Markets Act (DMA) i norsk rett. Regjeringa prioriterer dette arbeidet høgt og tar sikte på å legge fram lovforslag våren 2026. DSA er totalharmoniserande innanfor sitt område. Dette inneber at landa ikkje kan fastsette strengare eller meir vidtgåande krav nasjonalt enn dei krava som følgjer av DSA, med mindre DSA sjølv, eller eventuelt andre EU-rettsakter, opnar for det. Det er svært usikkert om Noreg har høve til å regulere atferdsbasert marknadsføring ut over det som følgjer av DSA. Når DSA blir innlemma i EØS-avtala og gjennomført i norsk rett vil det gjelde strengare krav til atferdsbasert marknadsføring på nett. Det blir forbode å rette adferdsbasert, eller målretta, reklame mot mindreårige. Regelverket legg særleg vekt på å verne barn og unge mot skadeleg innhald og å førebygge at barn utviklar avhengigheit. I tillegg til eit forbod mot atferdsbasert marknadsføring retta mot barn, inneheld regelverket eit generelt forbod mot å vise atferdsbasert reklame basert på sensitive personopplysningar, til dømes opplysningar om legning, etnisitet og religion. DSA inneheld òg reglar om at det skal vere mogleg for brukarane å kjenne att reklame når dei ser det, og at det skal opplysast om kven som står bak reklamen, kven som har betalt for han, og kvifor ein blir vist ein bestemt reklame.

Dessutan inneheld DSA eit forbod mot såkalla manipulativt design. Dette skal hindre at plattformer utformar nettsider slik at dei «lurer» brukarane til å samtykke til noko dei eigentleg ikkje vil.

Gjennomføring av DSA i norsk rett vil gi norske forbrukarar eit godt vern mot atferdsbasert reklame. Regjeringa meiner vi no må sjå effekten av desse tiltaka før vi vurderer ytterlegare tiltak.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgd opp.

Lagring av biometriske data frå sosiale medieplattformer

Vedtak nr. 197, 12. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen utrede omfanget av og utfordringene rundt lagring av biometriske data fra norske forbrukere på sosiale medieplattformer.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby, Sveinung Rotevatn, Ingvild Wettrhus Thorsvik, Grunde Almeland og Alfred Jens Bjørlo

om betre personvern på sosiale media, jf. Dokument 8:167 S (2021–2022) og Innst. 100 S (2022–2023).

Biometriske data er i personvernforordninga art. 4 nr. 14 definert som «personopplysningar som stammer fra en særskilt teknisk behandling knyttet til en fysisk persons fysiske, fysiologiske eller atferdsmessige egenskaper, og som muliggjør eller bekrefter en entydig identifikasjon av nevnte fysiske person, f.eks. ansiktsbilder eller fingeravtrykksopplysninger». Personopplysningar om ein person sine fysiske, fysiologiske eller atferdsmessige eigenskapar, til dømes eit bilete, er i seg sjølv ikkje biometriske opplysningar. For å falle inn under definisjonen, må opplysningane bli behandla slik at eigenskapane blir målt og kategorisert på ein måte som eintydig identifiserer personen.

Dei fleste tilbydarar av sosiale medieplattformer er etablerte utanfor Noreg. Departementet har ikkje heimel til å pålegge desse selskapa å gi informasjon om si behandling av personopplysningar. For å kunne svare på Stortinget sitt oppmødingsvedtak, bad departementet derfor Datatilsynet om bistand. Tilsynet blei bede om å hente informasjon om innsamling og behandling av biometriske data frå eit utval av dei mest brukte sosiale media. I tilbakemeldinga frå Datatilsynet gjer dei greie for at heller ikkje dei kan pålegge dei sosiale media etablert utanfor Noreg å gi informasjon utanom i tilsynssamanheng. Datatilsynet har likevel bidratt med den informasjonen dei har som kan kaste lys over saka.

Etter det Datatilsynet kjenner til, og ut frå personvernerklæringane til selskapa, behandlar verken TikTok, Grindr eller Snapchat biometriske opplysningar. Tinder kan behandle biometriske opplysningar til verifisering av bilete for å bekrefte at brukaren er den vedkomande gir seg ut for å vere. Dette er ei valfri teneste som brukarane må samtykke til. Tilsynet opplyser vidare at Meta lar brukarar av deira teneste «Meta Verified» slå på ein type profilovervaking som bruker biometriske opplysningar til å finne og fjerne falske profiler som bruker bileta deira til svindel. Dette er ein valfri teneste som alle kan betale for, men den er først og fremst retta mot influensarar og andre kjente personar. Meta hadde tidlegare dessutan ei teneste som kunne kjenne att ansiktsbilete og foreslå kven som var avbilda på foto som blei lasta opp på Facebook, slik at ein kunne «tagge» dei i biletet. Denne tenesta har Meta fjerna i EØS-landa. Ut over dette opplyser tilsynet at dei ikkje kjenner til at Meta behandlar biometriske opplysningar om sine brukarar.

Med grunnlag i den informasjonen Datatilsynet har gitt til departementet i anledning oppmodingsvedtaket, meiner departementet det ikkje er grunn til å tru at dei sosiale medieplattformene behandlar biometriske data om norske forbrukarar, slik dette er definert i personvernregelverket, i særleg monn. I den grad det skjer, er det all grunn til å tru at det skjer med grunnlag i samtykke frå brukarane sjølve. I lys av dette, er det departementet si vurdering at dei sosiale medieplattformene si behandling av biometrisk informasjon om norske forbrukarar ikkje utgjer nokon utfordring for brukarane sitt personvern.

Departementet har gjort nærare greie for oppfølginga av oppmodingsvedtaket i Meld. St. 34 (2024–2025) *Datatilsynets og Personvernemndas årsrapportar for 2024*, og meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

Tilgjengeliggjering av data ved inngåing av offentlege kontraktar

Vedtak nr. 583, 13. april 2023

«Stortinget ber regjeringen stille krav om at data gjøres tilgjengelig ved inngåelse av offentlige kontrakter, der det vurderes hensiktsmessig.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Linda Hofstad Helleland, Nikolai Astrup, Anne Kristine Linnestad og Heidi Nordby Lunde om datadreven industri, jf. Dokument 8:73 S (2022–2023) og Innst. 238 S (2022–2023).

Statens standardavtaler (SSA) er dei mest brukte kontraktane når det offentlege inngår avtaler om kjøp av IT- og konsulenttenester. Som ein del av oppfølginga av Meld. St. 22 (2020–2021) *Data som ressurs – datadreven økonomi og innovasjon*, fekk Direktoratet for forvaltning og økonomistyring i 2022 i oppdrag å vurdere om det var behov for endringar i SSA-ane for å legge betre til rette for deling og gjenbruk av data. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring utarbeidde ein rapport med forslag til tiltak, som mellom anna inneheld forslag om endringar i enkelte kontraktsmalar, kombinert med betre rettleiing i bruken av desse. Det er komplekse problemstillingar knytte til gjennomføringa av dei nødvendige endringane i kontraktsmalane, og arbeidet har derfor teke lengre tid enn først planlagt. I 2025 har Direktoratet for forvaltning og økonomistyring fått i oppdrag å følgje opp forslaga frå den nemnde rapporten, og dette skal gjerast i samanheng med direktoratet si større gjennomgang og vidareutvikling av alle

SSA-ane. Endringane skal vere gjennomførte innan utgangen av 2025.

Departementet meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

3.4 Stortingssesjon 2021–2022

Auka openheit i verksemda til private tilbydarar av offentleg finansierte velferdstenester

Vedtak nr. 35 nr. 42, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige tiltak for å sikre økt åpenhet og transparens i virksomheten til private tilbydere av offentlig finansierte velferdstjenester, herunder et offentlig register over alle private virksomheter som leverer offentlig finansierte velferdstjenester.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Problemstillingane har blitt utgreia som ein del av Støstad-utvalet sitt arbeid. Utvalet la fram delrapporten NOU 2024: 1 *Definisjon og registrering av ideelle velferdsaktører* i januar 2024. Sluttrapporten, NOU 2024: 17 *Kommersielle og ideelle aktørers rolle i fellesskapets velferdstjenester*, blei levert i august 2024. Begge rapportar har vore på offentleg høyring og er no til oppfølging i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Departementet viser til rapportering på oppmodingsvedtak nr. 86, 5. desember 2024 og oppmodingsvedtak nr. 87, 5. desember 2024.

Departementet meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

Krav om organisering i sjølvstendig rettssubjekt for selskap som leverer offentleg finansierte velferdstenester

Vedtak nr. 35 nr. 43, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede forslag om å stille krav til at selskaper som leverer offentlig finansierte velferdstjenester, organiseres i egne rettssubjekter hvor det ikke er tillatt å drive annen virksomhet enn offentlig finansierte velferdstjenester.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Støstad-utvalet har hatt som ein del av mandatet sitt å vurdere korleis kommersielle aktørar kan regulerast strengare. Eit krav om organisering av slik verksemd som sjølvstendig rettssubjekt, er eitt av fleire døme på tiltak som utvalet har vurdert i NOU 2024: 17 *Kommersielle og ideelle aktørers rolle i fellesskapets velferdstjenester*. Rap-

porten har vore på offentleg høyring og er til behandling i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Departementet viser til rapportering på oppmodingsvedtak nr. 86, 5. desember 2024 og oppmodingsvedtak nr. 87, 5. desember 2024.

Departementet meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

4 Oversikt over budsjettforslaget

Utgifter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
	Det kongelege hus				
1	H.M. Kongen og H.M. Dronninga	279 250	303 869	294 197	-3,2
2	H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa	12 292	12 956	13 513	4,3
	<i>Sum kategori 00.10</i>	<i>291 542</i>	<i>316 825</i>	<i>307 710</i>	<i>-2,9</i>
	Sum programområde 00	291 542	316 825	307 710	-2,9
	Administrasjon				
1500	Digitaliserings- og forvaltnings- departementet	439 332	431 005	445 059	3,3
	<i>Sum kategori 01.00</i>	<i>439 332</i>	<i>431 005</i>	<i>445 059</i>	<i>3,3</i>
	Fellestenester for departementa og Statsministerens kontor				
1510	Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa	1 209 071	853 660	929 622	8,9
1511	Prosjekt tilknytte nytt regjeringskvartal	557 514	754 642	1 049 767	39,1
1512	Diverse fellestenester	161 738	179 054	1 071 369	498,3
1515	Digitaliseringsorganisasjonen til departementa		770 248	1 231 295	59,9
	<i>Sum kategori 01.10</i>	<i>1 928 323</i>	<i>2 557 604</i>	<i>4 282 053</i>	<i>67,4</i>
	Statsforvaltarane				
1520	Statsforvaltarane	2 302 158	2 510 679	2 661 203	6,0
	<i>Sum kategori 01.20</i>	<i>2 302 158</i>	<i>2 510 679</i>	<i>2 661 203</i>	<i>6,0</i>
	Statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning				
1530	Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga	5 335 536	7 176 981	6 386 613	-11,0
1531	Eigedomar til kongelege føremål	65 525	87 104	89 881	3,2
1533	Eigedomar utanfor husleigeordninga	58 355	63 708	105 007	64,8
1534	Erstatningslokale for departementa			154 050	100,0

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
2445	Statsbygg	7 965 143	7 477 548	5 322 515	-28,8
	Sum kategori 01.30	13 424 559	14 805 341	12 058 066	-18,6
Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk					
1540	Digitaliseringsdirektoratet	1 177 478	1 250 150	1 325 998	6,1
1541	IT- og ekompolitikk	480 977	578 477	88 513	-84,7
1542	Internasjonalt samarbeid	464 299	369 308	466 869	26,4
1543	Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit	485 767	492 538	847 151	72,0
	Sum kategori 01.40	2 608 521	2 690 473	2 728 531	1,4
Personvern					
1550	Datatilsynet	83 146	84 979	91 622	7,8
1551	Personvernemnda	2 669	2 858	4 150	45,2
	Sum kategori 01.50	85 815	87 837	95 772	9,0
Statleg arbeidsgivarpolitikk					
1560	Tariffavtalte avsetningar mv.	287 239	276 600	311 000	12,4
1565	Bustadlånordninga i Statens pensjonskasse	32 911 451	7 663 000	7 262 000	-5,2
1566	Yrkesskadeforsikring	97 824	95 000	95 000	0,0
1567	Gruppelivsforsikring	266 663	260 000	260 000	0,0
	Sum kategori 01.60	33 563 177	8 294 600	7 928 000	-4,4
	Sum programområde 01	54 351 885	31 377 539	30 198 684	-3,8
	Sum utgifter	54 643 427	31 694 364	30 506 394	-3,7

Inntekter fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
	Fellestenester for departementa og Statsministerens kontor				
4510	Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa	226 494	88 413	90 147	2,0
4515	Digitaliseringsorganisasjonen til departementa		33 800	36 466	7,9
	Sum kategori 01.10	226 494	122 213	126 613	3,6
	Statsforvaltarane				
4520	Statsforvaltarane	57 083	92 431	95 759	3,6
	Sum kategori 01.20	57 083	92 431	95 759	3,6

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
Statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning					
4531	Eigedomar til kongelege føremål	178			0,0
4533	Eigedomar utanfor husleigeordninga	5 531	5 570	5 771	3,6
	Sum kategori 01.30	5 709	5 570	5 771	3,6
Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk					
4540	Digitaliseringsdirektoratet	354 623	352 972	392 457	11,2
4542	Internasjonalt samarbeid	3 495	3 335	3 529	5,8
4543	Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit	583 941	887 434	583 946	-34,2
5579	Sektoravgifter under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet	265 931	295 614	312 377	5,7
	Sum kategori 01.40	1 207 990	1 539 355	1 292 309	-16,0
Personvern					
4550	Datatilsynet	-82 840			0,0
	Sum kategori 01.50	-82 840			0,0
Statleg arbeidsgivarpolitikk					
4565	Bustadlånordninga i Statens pensjonskasse	14 508 244	15 546 000	17 245 000	10,9
4566	Yrkesskedeforsikring	84 718	89 000	97 000	9,0
4567	Gruppelivsforsikring	143 030	146 000	149 000	2,1
5607	Renter av bustadlånordninga i Statens pensjonskasse	4 078 392	3 944 000	3 663 000	-7,1
	Sum kategori 01.60	18 814 384	19 725 000	21 154 000	7,2
Sum programområde 01		20 228 820	21 484 569	22 674 452	5,5
Sum inntekter		20 228 820	21 484 569	22 674 452	5,5

Del II
Budsjettforslag

5 Nærare om budsjettforslaget

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar

Programkategori 00.10 Det kongelege hus

Utgifter under programkategori 00.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
1	H.M. Kongen og H.M. Dronninga	279 250	303 869	294 197	-3,2
2	H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa	12 292	12 956	13 513	4,3
	Sum kategori 00.10	291 542	316 825	307 710	-2,9

Innleiing

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har ansvaret for løyvingane til Kongehuset. I tillegg til

løyvingane under kap. 1 H.M. Kongen og H.M. Dronninga og kap. 2 H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa, er følgjande midlar foreslått brukt til kongelege føremål i 2026:

(i 1000 kr)	
<i>Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet</i>	
Kap. 1531 Eigedomar til kongelege føremål	89 558
<i>Utanriksdepartementet</i>	
Kap. 104 Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet	8 790
<i>Forsvarsdepartementet</i>	
Diverse kapittel (H.M. Kongens adjutantstab)	4 800
Kap. 1720 Sjøforsvaret (Kongeskipet og K/B Stjernen)	58 000
<i>Justis- og beredskapsdepartementet</i>	
Kap. 441 Oslo politidistrikt (eskortetenesta)	Oppgis ikkje

Kap. 1 H.M. Kongen og H.M. Dronninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Apanasje	14 768	15 565	16 234
50	Det kongelege hoff	258 482	268 304	277 963
51	Særskilde prosjekt ved Det kongelege hoff	6 000	20 000	
	Sum kap. 1	279 250	303 869	294 197

Post 01 Apanasje

Løyvinga dekker personlege utgifter for H.M. Kongen og H.M. Dronninga, medrekna utgifter til drift og vedlikehald av egne eigedomar.

Det blir foreslått å løyve 16,2 mill. kroner.

Post 50 Det kongelege hoff

Det kongelege hoff er H.M. Kongen sin organisasjon, som skal støtte H.M. Kongen og Kongefamilien. Det kongelege hoff førebur og legg til rette for Kongefamilien sin offisielle verksemd, og utfører andre nødvendige støttande funksjonar.

Løyvinga blir brukt til Kongehuset sine utgifter til offisielle oppgåver og drift av organisasjonen, mellom anna løn for alle tilsette. Løyvinga skal òg dekke utgifter til jamleg indre vedlikehald og utvikling av dei statlege kongelege eigedomane, Det kongelege slott, Bygdø kongsgard (hovudhuset m/sidebygning og park) og Oscars-hall slott.

Det kongelege hoff rapporterer gjennom sin årsrapport på bruken av dei årlege løyvingane,

der òg årsrekneskap og revisorberetning kjem fram. Det kongelege hoff beheld disposisjonsretten til utbetalte midlar dersom årsrekneskapen viser eit positivt driftsresultat, og det har ansvaret for å dekke eit eventuelt negativt årsresultat. Det kongelege hoff rapporterer gjennom sin årsrapport på kor mykje av arbeidstida til dei tilsette som brukast til forvaltningsoppgåver, som mellom anna innhenting av tilbod og oppfølging av prosjekt på dei private kongelege eigedomane. Større/verdiaukande tiltak på dei private kongelege eigedomane blir finansierte av private midlar og blir utført av eksterne aktørar.

Det blir foreslått å løyve 278 mill. kroner.

Post 51 Særskilde prosjekt ved Det kongelege hoff

I 2025 blei det løyvd 20 mill. kroner til anskaffing av sarkofag for H.M. Kongen og H.M. Dronninga i det kongelege gravkapellet på Akershus festning.

Det blir ikkje foreslått ei løyving på posten for 2026.

Kap. 2 H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Apanasje	12 292	12 956	13 513
	Sum kap. 2	12 292	12 956	13 513

Post 01 Apanasje

Løyvinga skal dekke kronprinsparet sine personlege utgifter, medrekna utgifter til drift og vedlikehald av egne eigedomar.

Det blir foreslått å løyve 13,5 mill. kroner.

Programområde 01 Digitalisering og forvaltning

Programkategori 01.00 Administrasjon

Utgifter under programkategori 01.00 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
1500	Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet	439 332	431 005	445 059	3,3
	Sum kategori 01.00	439 332	431 005	445 059	3,3

Innleiing

Programkategorien omfattar utgifter til drift og administrasjon av Digitaliserings- og forvaltnings-

departementet, og utgifter til felles forskings- og utgreiingsoppgåver innanfor departementet sine fagområde.

Kap. 1500 Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	252 059	237 765	250 149
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	36 089	59 099	46 952
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	563		
50	Forskningsmidlar til Noregs forskingsråd m.m.	101 200		
51	Gjennomstrøymingsmidlar til forskingsinstitutt	48 437	50 278	
70	Diverse føremål, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	984	623	570
71	Forskningsmidlar til Noregs forskingsråd, <i>kan overførast</i>		83 240	95 300
72	Grunnløyving forskingsinstitutt			52 088
	Sum kap. 1500	439 332	431 005	445 059

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker i hovudsak løn, husleige og andre faste driftsutgifter i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2025 blei løyvinga auka med 2 mill. kroner for å sikre at departementet har tilstrekkeleg med ressursar og tilgang på kompetanse til å følge opp gjennomføringa av nytt regjeringsskift. Det blir

foreslått å auke løyvinga med 4 mill. kroner til heilårsverknaden i 2026.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 654 000 kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 1605, post 01 til varige kostnader knytt opp mot tenesteleveransen frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring for rekneskaps- og lønstenester.

I samband med at departementet overtar ansvaret for tenestereiser til politisk leing for departementet blir det foreslått å auke løyvinga med 1 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på Statsministerens kontor sitt kap. 21, post 01.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 427 000 kroner mot ein tilsvarende auke av kap. 1605 Direktoratet for forvaltning og økonomistyring, post 01 Driftsutgifter til styrking av Statens innkjøpssenter til arbeidet med nye felles innkjøpsavtaler for staten.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 195 000 kroner mot ein tilsvarende auke av kap. 1515, post 01 til drift og forvaltning av ny EØS- og Schengen-notatbase.

Samla blir det foreslått å løyve 250,1 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4500, post 01, jf. forslag romartalsvedtak.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Løyvinga dekker Digitaliserings- og forvaltningsdepartementets behov for kjøp av statistikk, data, utreiingar, evalueringar og formidling av kunnskap og gjennomføring av mellombels tiltak og prosjekt.

Løyvinga blei i 2024 i hovudsak nytta til prosjekt innafor områda arbeidsgivarpolitikk, lov-arbeid, berekraftsarbeid, KI-utvikling, sikker teknisk infrastruktur og nytt regjeringskvartal.

I 2025 blei løyvinga auka med 34 mill. kroner til sikker teknisk infrastruktur i nytt regjeringskvartal. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 12,5 mill. kroner til dette føremålet i 2026.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 125 000 kroner mot ein tilsvarende auke av kap. 1620 Statistisk sentralbyrå, post 01 Driftsutgifter til finansiering av eit rettleingsmiljø for forsøk i offentleg forvaltning.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,2 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av kap. 1551, post 01 til styrking av saksbehandlingskapasiteten i sekretariatet til Personvernemnda.

Samla blir det foreslått å løyve 47 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga blei i 2024 brukt på nødvendig IKT-utstyr som følgje av at departementa på felles IKT-plattform i større grad arbeider på Nasjonal BEGRENSET Plattform.

Post 50 Forskingsmidlar til Noregs forskingsråd m.m.

Løyvinga blei flytta til post 71 i 2025, sjå omtale under post 71.

Post 51 Gjennomstrøymingsmidlar til forskingsinstitutt

Løyvinga har dekt Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sitt behov for langsiktig kunnskapsoppbygging i regi av Noregs forskingsråd, via gjennomstrøymingsmidlar. Forskingsrådet er frå 2025 bruttobudsjettert, og det blir derfor foreslått å flytte løyvinga til ny post 72.

Post 70 Diverse føremål, kan overførast, kan nyttast under post 21

Løyvinga dekker kontingentar og enkelståande tilskot med namngitt mottakar, som ikkje høyrer naturleg inn under andre budsjettpostar.

Løyvinga skal dekke årleg kontingent for Services of General Interest (SGI Europe) på om lag 295 000 kroner.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 250 000 kroner til dekning av tilskot til utgifter som Den Nasjonale Støttegruppa etter 22. juli har til vakt-hald under dei årlege minnemarkeringane på Utøya.

Samla blir det foreslått å løyve 570 000 kroner.

Post 71 Forskingsmidlar til Noregs forskingsråd, kan overførast

Noregs forskingsråd er eit forvaltningsorgan som er underlagt Kunnskapsdepartementet. Forskingsrådet har fem mål:

- Auka vitskapleg kvalitet.
- Auka verdiskaping i næringslivet.
- Møte store samfunnsutfordringar.
- Eit velfungerande forskningssystem.
- God rådgiving.

Måla er felles for alle departementa. Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å samordne styringssignala frå departementa og har i samarbeid

med departementa og Forskingsrådet utarbeidd systemet for departementa si styring av Forskingsrådet.

Løyvinga skal dekke Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sitt behov for langsiktig kunnskapsoppbygging i regi av Forskingsrådet.

Rapport

Demokratisk og effektiv styring, planlegging og forvaltning (DEMOS) var eit tiårig program som blei avslutta i 2024. Prosjekta i DEMOS retta seg spesifikt mot å bygge kompetente forskarmiljø som kan hevde seg internasjonalt. Temaområda var offentleg sektor, både på statleg, regionalt og kommunalt nivå, og forholdet mellom nivåa.

Finansieringa av IKTPLUSS har bidratt til å nå måla i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning med fokus på målet om auka verdiskaping i næringslivet og målet om å møte store samfunnsutfordringar innanfor område som helse, digital sikkerheit og samfunnssikkerheit. Forskingsrådet sin strategiske IKT-portefølje, IKT og digital innovasjon, IKTPLUSS, dekker alle tema, sektorar og næringsområde.

Samla måloppnåing for Forskingsrådet i 2024 blir omtalt i Kunnskapsdepartementet sin budsjettproposisjon.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Posten blir budsjettert med tilsegnssramme, tilsegnssfullmakt og løyving. Tilsegnssramma er summen av nye tilsegn som kan givast i budsjettåret og er den relevante størrelsen for å vurdere aktiviteten på ordninga. Løyvinga dekker den delen av tilsegner gitt i budsjettåret som ein forventar å utbetale same år, og tilsegn frå tidlegare år som ein antar kjem til utbetaling dette budsjettåret. Tilsegnssfullmakta viser staten sine forpliktingar ved utgangen av året, det vil seie den delen av gitte tilsegn som enno ikkje er utbetalt.

Det blir foreslått å løyve 95,3 mill. kroner.

Det blir foreslått ei tilsegnssfullmakt på 256,6 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak. Løyvinga og tilsegnssfullmakta gir ei tilsegnssramme på 117,3 mill. kroner.

Post 72 (ny) Grunnløyving forskingsinstitutt

Løyvinga dekker Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sitt behov for langsiktig kunnskapsoppbygging i regi av Noregs forskingsråd, via gjennomstrøymingsmidlar. Gjennomstrøymingsmidlar er definert som grunnløyving som går via Forskingsrådet til forskingsinstitutt og løyving til vitensenter.

Løyvinga inkluderer finansiering av Simula Research Laboratory. Løyvinga inkluderer ei grunnfinansiering og finansiering av forskings-sentera for robuste nett (CRNA), Simula UiB og Effektiv Digitalisering i Offentlig Sektor (EDOS). I 2024 var departementet sitt bidrag til Simula 48,4 mill. kroner, fordelt på ei grunnløyving på 23,2 mill. kroner og støtte til CRNA, Simula UiB og EDOS. CRNA publiserte i 2024 mellom anna den årlege rapporten om norske mobilnett og ei rekke forskingsartiklar i internasjonale tidsskrift, og ved utgangen av året rettleia senteret fire doktorgradstudentar og to postdoktorar. Simula UiB utdannar kryptologar. I 2024 publiserte Simula UiB ei rekke forskingsartiklar, og per 31. desember 2024 rettleia senteret sju doktorgradstudentar og fem postdoktorar. EDOS skal framskaffe og spreie kunnskap om korleis offentleg sektor kan lykkast betre med å sikre gevinstar av digitaliseringsinvesteringar og unngå kostnadsoverskridingar. I 2024 publiserte EDOS ei rekke artiklar i internasjonale tidsskrift, og senteret rettleia tre doktorgradsstudentar ved utgangen av året.

Det er ein føresetnad for å få stønad frå departementet at evalueringar blir gjennomførte jamleg og at resultata er gode. Det blei slutført evalueringar der Simula blei vurdert i slutten av 2024 og tidleg i 2025, og resultata er svært gode.

Det blir foreslått å løyve 52,1 mill. kroner.

Programkategori 01.10 Fellestenester for departementa og Statsministerens kontor

Utgifter under programkategori 01.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
1510	Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa	1 209 071	853 660	929 622	8,9
1511	Prosjekt tilknytte nytt regjeringskvartal	557 514	754 642	1 049 767	39,1
1512	Diverse fellestenester	161 738	179 054	1 071 369	498,3
1515	Digitaliseringsorganisasjonen til departementa		770 248	1 231 295	59,9
	Sum kategori 01.10	1 928 323	2 557 604	4 282 053	67,4

Inntekter under programkategori 01.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
4510	Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa	226 494	88 413	90 147	2,0
4515	Digitaliseringsorganisasjonen til departementa		33 800	36 466	7,9
	Sum kategori 01.10	226 494	122 213	126 613	3,6

Innleiing

Programkategorien omfattar løyvingar til Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa, Digitaliseringsorganisasjonen til departementa og arbeidet med nytt regjeringskvartal.

Mål for programkategorien

1. Departementa mottek sikre og effektive fellestenester med riktig kvalitet
2. Eit sikkert og effektivt nytt regjeringskvartal

Mål 1 Departementa mottek sikre og effektive fellestenester med riktig kvalitet

Gode, sikre og effektive felles administrative tenester er ein føresetnad for at departementa skal kunne vareta rolla som sekretariat for politisk leing. Felles løysingar, samling av kompetanse, standardisering og digitalisering gir sterke fagmiljø, auka effektivitet og betre kvalitet i oppgåveutføringa. I tillegg gir det stordriftsfordelar som kostnadseffektiv drift og forvaltning. Derfor er det viktig å halde fram arbeidet med utvikling av felles administrative tenester. Dette kjem òg fram

av den reviderte strategien for departementsfellesskapet, *Gode hver for oss. Best sammen*.

Viktige fellessatsingar i departementsfellesskapet i tida framover er mellom anna arbeidet til Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa og Digitaliseringsorganisasjonen til departementa med å sette i drift nye fellesfunksjonar, -tenester og infrastrukturar. Dette som følgje av den gjennomførte områdegjennomgangen om samordning av administrative tenester i departementa, jf. omtale nedanfor, og innflytting i nytt regjeringskvartal byggetrinn 1, jf. omtale under mål 2. Vidare er arbeidet med å følgje opp Departementsakademiet i Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa viktig. Departementsakademiet utviklar og tilbyr relevante kompetansetilbod over eit breitt spekter for alle tilsette i departementa. Topptilbodet i akademiet er ein erfaringsbasert master i offentleg forvaltning som blir levert av Universitetet i Bergen og Noregs Handelshøgskole.

Revidert strategi for departementsfellesskapet

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sette i januar 2025 ned ei prosjektgruppe som fekk i oppdrag å «grunngi og fremje forslag til ein revidert, heilskapleg strategi for departementsfellesskapet». Revisjonen skulle ta utgangspunkt i dagens strategi *Gode hver for oss. Best sammen*. (2021–2025), men òg ta omsyn til nyare utviklingstrekk i samfunnet. Rapporten til prosjektgruppa med forslag til strategi blei overlevert i mai, og den reviderte strategien blei deretter fastsett av Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i september.

Namnet og ambisjonane i strategien *Gode hver for oss. Best sammen*, blir vidareført. Analysen er oppdatert og konkluderer med at kjente samordningsutfordringar forsterkar seg. Teknologiutviklinga, mangel på arbeidskraft, klimautfordringar og ein alvorleg sikkerheitssituasjon utfordrar departementa i stadig større grad.

Strategien peikar på at departementa skal «vareta forvaltningsverdiane, etterleve embetspliktene og hjelpe regjeringa slik at prioriterte samfunnsutfordringar blir løyst». Strategien understrekar at departementsfellesskapet arbeider både for at regjeringa samla, men òg den enkelte statsråd, skal lykkast. Derfor må departementa både kvar for seg og i fellesskap jobbe smartare, bruke ressursane på tvers og evne å tiltrekke seg relevant kompetanse.

Strategien har tre mål:

1. *Samordna utvikling og gjennomføring av politikk*

Vi skal gi regjeringa relevante og heilskaplege avgjerdsgrunnlag, og vere godt samordna i gjennomføringa av politikken. Skal vi lykkast, må vi kombinere sektorfaglegheit, tverrfaglegheit og vilje til å finne felles løysingar.

2. *Eit effektivt og einskapleg departementsfellesskap*

Vi skal bruke dei samla ressursane våre effektivt. Departementa skal lære av kvarandre og ha både einskaplege og fleksible arbeidsmåtar. Vi vil ta i bruk ny teknologi på ein smart og ansvarleg måte.

3. *Attraktive arbeidsplassar med kompetente medarbeidarar og leiarar*

Vi skal arbeide heilskapleg og strategisk med å utvikle, behalde og rekruttere fagleg dyktige medarbeidarar og vareta eit godt arbeidsmiljø. Fleire medarbeidarar og leiarar i departementa skal få moglegheita til å jobbe fleire stader i fellesskapet.

Måla skal nåast gjennom å:

- samarbeide godt om både utvikling, finansiering og gjennomføring av politikk
- effektivisere arbeidsprosessar og bruke teknologiske moglegheiter
- utvikle og bruke kompetansen i heile departementsfellesskapet
- etablere fleire fellesarenaer for departementa
- bygge solid kunnskap for å kunne utvikle departementsfellesskapet vidare

Etablering av fleire fellestenester for departementsfellesskapet

Regjeringa varsla i Prop. 21 S (2024–2025) *Endringar i statsbudsjettet 2024 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet* at ho i samanheng med innflytting i nytt regjeringskvartal vil vurdere kva for tenester det er tenleg å organisere som fellestenester. Regjeringa bestemte hausten 2024 å sette i gang ein områdegjennomgang for å få avklart om det er føremålstenleg å organisere fleire administrative fagområde som fellestenester. Auka bruk av fellestenester har vore eit mål for regjeringa både i inneverande og tidlegare strategiperiode for departementsfellesskapet.

Utgangspunktet til regjeringa er at samordning av administrative tenester kan gi betre koordinering av tenestene i det nye regjeringskvartalet, meir effektiv ressursbruk og redusert areal-

behov. På sikt kan samordning òg gi ytterlegare gevinstar knytte til sterkare fagmiljø og stordriftsfordelar som kan danne grunnlag for vidareutvikling av tenestene, både når det gjeld effektivisering, automatisering og betre kvalitet.

Rapporten frå områdegjennomgangen, som blei gjennomført våren 2025, gir tilrådingar om auka bruk av fellestenester innan områda HR, informasjonsforvaltning, sikkerheit, kontorstøtte og servicetenester. Vidare gir rapporten tilrådingar om ein ny styringsmodell for fellestenester i departementsfellesskapet og om val av kostnadsdelingsmodell (finansiering).

Regjeringa har hausten 2025 avgjort at det skal etablerast fellestenester på alle dei fire administrative fagområda, med enkelte justeringar samanlikna med tilrådingane frå områdegjennomgangen. Det skal òg etablerast ein ny styrings- og avgjerdsmodell for dei administrative tenestene i departementsfellesskapet, i tråd med forslaget frå områdegjennomgangen. I tillegg skal ansvaret for representasjonsanlegget til regjeringa (dagens representasjonsanlegg og lokala i nytt regjeringskvartal) samlast under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, Tryggingsserviceorganisasjonen til departementa og Digitaliseringsorganisasjonen til departementa skal, i tett samarbeid med Statsministerens kontor og dei andre departementa, jobbe med å gjennomføre endringane gjennom hausten 2025, i 2026 og inn i 2027. Omstillingsprosessen skal leggst opp på ein måte som varetar dei tilsette på ein god måte. Overfor dei tilsette og dei tillitsvalde vil det bli lagt stor vekt på god informasjon, involvering og medverking.

Felles IKT for departementa

Program for felles IKT-tenester i departementsfellesskapet, frå no av omtalt som Programmet, skal gi Statsministerens kontor, alle departementa, Noregs utanriksstasjonar, Tryggingsserviceorganisasjonen til departementa og Digitaliseringsorganisasjonen til departementa ei felles sikker, funksjonell, kostnadseffektiv og moderne IKT-løysing for behandling og deling av informasjon. Programmet gjennomføringsperiode varer fram til hausten 2027.

Frå 1. juli 2025 blei ansvaret for eigarstyringa av Programmet endra frå eit delt ansvar mellom Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og Forsvarsdepartementet, til at heile ansvaret, inkludert budsjettmidlar, blei lagt til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Programmet er frå

1. juli 2025 organisatorisk plassert i Digitaliseringsorganisasjonen til departementa.

I tillegg til å etablere ei felles sikker, funksjonell, kostnadseffektiv og moderne IKT-løysing, har Programmet støtta Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i etableringa av Digitaliseringsorganisasjonen til departementa. Verksemda blei etablert 1. januar 2025 og har ansvaret for levering av IKT- og digitale tenester til departementsfellesskapet. Digitaliseringsorganisasjonen til departementa skal levere plattformtenester og applikasjonar for forvaltning av ugradert skjermingsverdig og ugradert informasjon. Hovudføremålet med verksemda er å samle fagkompetansen på IKT, og legge til rette for ei sikker og effektiv drift og forvaltning med kvalitet og brukarvenlegheit i samsvar med beste praksis.

Digitaliseringsorganisasjonen til departementa signerte sommaren 2025 tre kontraktar for det vidare arbeidet mot ei felles IKT-plattform for departementsfellesskapet:

- Kontrakt for etablering og drift av ei ny felles IKT-plattform.
- Kontrakt for å støtte i omlegging frå eksisterande plattformer til ny plattform.
- Kontrakt for tilgang til allmenne skytenester.

For å nå målet med Programmet om ei felles, sikker, funksjonell, kostnadseffektiv og moderne IKT-plattform, blir det etablert ei hybridløysing basert på kjøp frå tredjepart. Ei hybridløysing inneber at plattformen vil bestå av tre delar med ulike krav til beskyttelse. Ein del vil handtere ugradert skjermingsverdig informasjon, ein vil handtere ugradert informasjon som er etablert i eige datasenter, og ein vil legge til rette for tilgang til offentlege skytenester. Dette vil sikre at informasjon kan sikrast på rett måte i tråd med den faktiske verdien til informasjonen. Programmet gjennomførast med ein smidig metodikk for å sørje for at ein kan gjere endringar i løysinga undervegs, og for at den endelege løysinga er i tråd med faktiske føresetnadar og den teknologiske utviklinga.

I 2025 startar Programmet etableringa av den nye plattformen i samarbeid med valde leverandørar. Iverksetting av drift og tilgjengeleggjing for brukarar på den nye felles IKT-plattformen er planlagt i løpet av 2026. Parallelt med dette startar det tredje og siste endringstrinnet i Programmet. Siste endringstrinn skal sørje for nødvendige justeringar og stabilisering av ny løysing, samstundes som dagens tre plattformer som driftast av Digitaliseringsorganisasjonen til departementa vil

sanerast. I tillegg vil det bli gjennomført ulike avslutningsaktiviteter før Programmet avviklast.

Etter kontraktsinngåingar sommaren 2025 og arbeidet som følgjer av dette framover, vil vi få eit tydelegare bilde av dei totale kostnadane for Programmet, og Programmets kostnadsoverslag vil på dette grunnlag reviderast. Dei reviderte kostnadsoverslaga vil vere gjenstand for kontrollpunkt tre med ekstern kvalitetssikrar i overgangen mellom 2025 og 2026. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet vil òg kome tilbake med vurderingar av kostnader for varig drift og forvaltning av den nye felles plattformen frå 2028.

Mål 2 Eit sikkert og effektivt nytt regjeringskvartal

Bygginga av nytt regjeringskvartal starta i januar 2021. Samlokaliseringa av departementa i nytt regjeringskvartal vil legge til rette for nye arbeidsformer og tettare samspel mellom einingar og departement. Lokala skal vere med på å styrkje departementsfellesskapet si evne til å samarbeide på tvers og løyse komplekse samfunnsoppdrag.

Byggetrinn 1 består av bygging av A- og D-blokka, rehabilitering av Høgblokka (H-blokka), kjellar, og etablering av uteområde og perimetersikring. I tillegg er det arbeid på Ring 1, etablering av energiløysing og sikker teknisk infrastruktur, og erverv av eigedom i samband med bygginga. Arbeida med byggetrinn 1 blir ferdig i 2025. I 2026 vil Statsministerens kontor og seks departement flytte inn i nytt regjeringskvartal.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har saman med Statsbygg, Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa og Digitaliseringsorganisasjonen til departementa planlagt sluttfasen av byggetrinn 1. Dette inneber mellom anna å planlegge for sjølv flytteprosessen og sørge for god drift i departementa gjennom flytteperioden. Forslag om tilbakeføring av dei innleigde erstatningslokala blir omtalt under programkategori 01.30.

I 2025 starta arbeida med byggetrinn 2, del I, som består av C-blokka, kjellarareal, rehabilitering av Møllergata 13, 13b og 15, og vestre del av parken over Ring 1. Arbeida med byggetrinn 2, del I skal etter planen vere ferdig mot slutten av 2029. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet legg opp til at anleggsområde og byggegjerdet skal innrettast på ein slik måte at dei er til minst mogleg hinder for naboar og Oslos befolkning, samstundes som dei legg til rette for trygg og effektiv gjennomføring av byggeprosjektet.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet legg til grunn ei tett oppfølging og stram kost-

nadsstyring av prosjekt nytt regjeringskvartal. Departementet gjennomfører ein årleg, ekstern kvalitetssikring av kostnader og usikkerheit, som sist blei gjennomført våren 2025. Statsbygg og den eksterne konsulenten Dovre meiner at forventast sluttkostnad for byggetrinn 1 er godt innanfor kostnadsramma på 24,7 mrd. kroner (i prisnivå per 1. juli 2026) som er godkjend av Stortinget.

Prosjekteringa av byggetrinn 2, del II, som gjeld vidare bruk og rehabilitering av G-blokka, blei starta i 2022. Det skal arbeidast vidare med å prosjektere ei modernisert løysing for G-blokka som oppfyller krav til sikkerheit og aukar arealeffektiviteten i bygget, samstundes som byggets verneverdiar blir varetatt. Det blir foreslått å løyve 140 mill. kroner til vidare prosjektering av G-blokka, jf. omtale under programkategori 01.30.

I Prop. 21 S (2024–2025) varsla regjeringa at aktivitetsbasert arbeidsplasskonsept og 70 pst. dekningsgrad for arbeidsplassar for langtidsopphald i nytt regjeringskvartal ikkje var nok til å innplassere 4 100 tilsette i byggetrinn 1 og 2. Eit av tiltaka som skulle vurderast for å løyse det samla arealbehovet til departementa i nytt regjeringskvartal på best mogleg vis, var å bruke eksisterande bygg framfor å bygge nytt. Statsbygg har no vurdert at kostnadane ved å bruke eksisterande bygg vil bli betydeleg høgare enn å bygge nytt. Dette skyldast at eksisterande bygg må byggast om for å tilfredsstille krava til sikring av departementsbygg, at perimetersikringa må utvidast og at drifta av dei eksisterande bygga blir dyrare, ettersom dei ikkje er like godt utforma til føremålet. Den mest kostnadseffektive måten å dekke arealbehovet til departementa på er derfor å bygge nytt.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet kartlegg tal på tilsette i departementa for å sikre riktig dimensjonering av nytt regjeringskvartal. Tal frå departementa viser at det i 2025 er rett i underkant av 4 200 tilsette som skal innplasserast. Som omtalt under mål 1 varsla regjeringa i Prop. 21 S (2024–2025) at ho i samanheng med innflytting i nytt regjeringskvartal vil vurdere kva for tenester det er tenleg å organisere som felles-tenester, og som del av dette er det gjennomført ein områdegjennomgang. Målet er at samordning av tenester skal gi betre koordinering, meir effektiv ressursbruk, og på sikt ytterlegare gevinstar knytte til sterkare fagmiljø. Arbeidet med å følgje opp områdegjennomgangen og etablere fleire felles-tenester kan òg gi redusert arealbehov ved at Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa eller Digitaliseringsorganisasjonen til departementa skal løyse administrative oppgåver

som departementa løyser i dag. Nytt regjeringskvartal dimensjonerast derfor framleis for 4 100 tilsette.

Regjeringa arbeider for å løyse det totale arealbehovet i nytt regjeringskvartal på ein så areal- og kostnadseffektiv måte som mogleg. Etter kvart som avklaringane for G-blokka ligg føre og effekten av oppfølginga av områdegjennomgangen er kjent vil siste byggetrinn – byggetrinn 3 – dimensjonerast tilpassa dette. Om det i siste byggetrinn er behov for å bygge eitt eller to nybygg, avheng av avklaringar for G-blokka og oppfølginga av områdegjennomgangen. Samstundes vil det innebære betydelege kostnader å trekke dei vidare arbeida ut i tid, og dermed utsette ferdigstilling av regjeringskvartalet. Regjeringa foreslår derfor å løyve 100 mill. kroner i 2026 til forprosjektering av siste byggetrinn, jf. omtale under programkategori 01.30. Parken i nytt regjeringskvartal prosjekterast i byggetrinn 2, del I, men austre del vil byggast i siste byggetrinn. Samla forprosjekteringskostnader for siste byggetrinn er estimert til 300 mill. kroner, og forprosjektet er forventast ferdig i 2027.

Arbeidet med sikker teknisk infrastruktur blei starta i 2014, jf. Prop. 93 S (2013–2014) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2014*. Første fase av sikker teknisk infrastruktur var ferdig i 2019. Andre fase er forsinka og forventast ferdigstilt mot slutten av 2025. I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2025 blei kostnadsramma auka frå 2,5 mrd. kroner til 3,2 mrd. kroner (i prisenivå per 1 juli 2025). Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet følgjer prosjektet tett i sluttfasen med sikte på å ferdigstille prosjektet innanfor kostnadsramma som er godkjend av Stortinget.

Regjeringskvartalet vil bruke sjøvatn som energiforsyning. Arbeidet med energiløysinga blei starta i 2019 og er ferdig i 2025. Stortinget har slutta seg til ei kostnadsramme for prosjektet på 3,3 mrd. kroner i prisenivå per 1. juli 2026. Forventa sluttkostnad er 2,2 mrd. kroner i same prisenivå.

Stortinget vedtok i statsbudsjettet for 2023 ei startløyving og kostnadsramme for ombygging av Hammersborg- og Vaterlandstunnelen (Ring 1), jf. Prop. 1 S (2022–2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet og Innst. 16 S (2022–2023). Ring 1 skal byggast om for å tilfredsstille krav til sikkerheita i nytt regjeringskvartal. Prosjektet blir gjennomført i regi av Statens vegvesen, i nært samarbeid med Statsbygg. I samband med Stortingets behandling av Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet*

2023, jf. Innst. 490 S (2022–2023), blei kostnadsramma til prosjektet sett til 3,6 mrd. kroner (i prisenivå per 1. juli 2024). Statens vegvesen signerte kontrakt med entreprenør i juni 2024, og anleggsarbeida starta opp sommaren 2024. Prosjektet er venta opna for trafikk i 2027.

Eit viktig sikkerheitstiltak for nytt regjeringskvartal er etableringa av eit eksternt kontrollsenter for post og varer på Mastemyr i Nordre Follo kommune, for leveransar innanfor ytre perimeter. Eksternt kontrollsenter for post og varer vil etter planen vere klart for bruk frå hausten 2025. Det same gjeld etableringa av ein trafikkkontrollsentral for kontroll av trafikk innanfor perimeteret for nytt regjeringskvartal.

Kunnskapsdepartementet er oppdragsgivar for det permanente 22. juli-senteret i nytt regjeringskvartal. Prosjektet fekk startløyving i samband med Stortingets behandling av statsbudsjettet for 2022, jf. Prop. 1 S (2021–2022) for Kunnskapsdepartementet og Innst. 12 S (2021–2022). Planen er at senteret blir opna i 2026. Nærare omtale er gitt i Prop. 1 S (2025–2026) for Kunnskapsdepartementet.

Våren 2025 blei «En opprettholdelse» av Matias Faldbakken utpekt som vinner av konkurransen om å utforme den nasjonale minnestaden etter 22. juli 2011 i regjeringskvartalet. Regjeringa foreslår at etablering av prosjektet blir starta opp i 2026, med ei kostnadsramme på 75 mill. kroner, jf. omtale under programkategori 01.30. Minnestaden skal etter planen stå ferdig i 2026.

Kunst i offentlege rom har ansvaret for kunstprosjektet i nytt regjeringskvartal. Fleire kunstnarar er valde til å bidra med store verk, til dømes i «pyramiderommet» i A-blokka. Eksisterande kunst vil òg bli brukt i nytt regjeringskvartal, som til dømes kunstverket Grass Roots Square som er flytta til Einar Gerhardsens plass. Det såkalla samhandlingsstrøket i nytt regjeringskvartal, eit fellesområde for alle departementa, vil i stor grad bli utsmykka med eksisterande kunst.

Forslag om løyvingar til bygging av nytt regjeringskvartal i 2026 blir omtalt under kap. 1511 og programkategori 01.30.

Berekraftsmåla

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa leverer mange ulike fellestenester som trefler fleire av berekraftsmåla, mellom anna mål 11 om berekraftige byar og lokalsamfunn og mål 12 om ansvarleg forbruk og produksjon. Verksemda koordinerer arbeidet til departementsfelleskapet for miljøvenleg drift. Departementsfelleskapet

har vedtatt felles miljøpolicy og miljømål for å redusere avfall, auke kjeldesorteringa, gjennomføre meir miljøvenlege innkjøp og redusere flyreiser. Eit viktig område som verksemda bidrar til er arbeidet med innovasjon og sirkulær økonomi innan avfallsområdet.

Fleire berekraftsmål er relevante for arbeidet med nytt regjeringskvartal som Statsbygg gjer. Statsbygg har over tid arbeidd systematisk med berekraft, sjå omtale under programkategori 01.30.

Kap. 1510 Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	920 003	675 367	774 261
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	76 110		
22	Fellesutgifter	129 026	146 048	131 988
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	72 509	21 578	12 333
46	Sikringsanlegg og sperresystem, <i>kan overførast</i>	11 423	10 667	11 040
	Sum kap. 1510	1 209 071	853 660	929 622

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa skal levere sikre og effektive fellestenester med riktig kvalitet til departementa og Statsministerens kontor. Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa skal levere fellestenester og fellesløyningar innanfor fire hovudområde – vakt, resepsjon-, og sikkerheitstenester, HR-tenester, fasilitetstenester og innkjøps- og omsettingstenester – som regulerast ut frå tenesteskildringar. Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa skal, gjennom Departementsakademiet, i samarbeid med departementa og andre fagmiljø i staten, utvikle og tilby relevante kompetansetilbod til leiarar og medarbeidarar i departementsfellesskapet.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekkjer utgifter til løn og andre driftsutgifter for Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa. I tillegg dekkjer løyvinga utgifter til fellestenester for departementa og Statsministerens kontor.

Rapport

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa si viktigaste utviklingsaktivitet i 2024 har vore knytt til førebuingar av nye tenester i det nye regjeringskvartalet. Arbeidet har omfatta utvikling av tenestekonsept, utarbeiding av instruksar

og retningslinjer, planlegging, testing, etablering og iverksetting av tenester. I tillegg blei det sett i gang tiltak for å legge til rette for opplæring og informasjon til departementa som førebuing til innflytting, som blir vidareført i 2025.

Opprettinga av Digitaliseringsorganisasjonen til departementa har hatt høg prioritet. Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa har bidratt med betydelege ressursar for å sikre at Digitaliseringsorganisasjonen til departementa, både teknisk og organisatorisk, blei operativ frå 1. januar 2025. Som eit ledd i dette arbeidet har Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa utvikla nye administrative tenester for Digitaliseringsorganisasjonen til departementa innanfor mellom anna HR, arkiv, løn, rekneskap og økonomistyring. 160 tilsette frå Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa si avdeling for digitale tenester blei overførte til Digitaliseringsorganisasjonen til departementa 1. januar 2025.

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa har bidratt i arbeidet til Program for felles IKT-tenester i departementsfellesskapet. I tillegg har etaten etablert ny løysing for synkronisering av e-post for departementa.

Frå august 2024 fekk Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa ansvar for omsetting av EU-regelverk, Schengen-regelverk og språkvask for Utanriksdepartementet, Statsministerens kontor og i enkelte tilfelle for Det konge-

lege hus. Oppgåvene og dei tilsette blei overførte frå Utanriksdepartementet.

Departementsakademiet blei etablert hausten 2023, og har på kort tid blitt ei sentral eining i departementsfellesskapet for formidling og oppbygging av forvaltningskunnskap og kultur. Akademiet har òg blitt ein møteplass og plattform for kompetanseutvikling. Det har vore eit viktig element i oppfølginga av departementsstrategien *Gode hver for oss. Best sammen. (2021–2025)*.

Statens Servicesenter i Engerdal, som er ein del av Tryggingss- og serviceorganisasjonen til departementa, fekk i 2024 to nye kundar. Dei har inngått ei avtale om leveranse av sentralbordteneste til Digitaliseringsorganisasjonen til departementa og Direktoratet for eksportkontroll og sanksjonar, som starta opp frå 1. januar 2025. Senteret har i 2024 utvikla tenesta til Helsedirektoratet til òg å omfatte bestilling av møterom for eksterne, oppfølging av masseutsendingar av digital post og kontroll av teksting av filmar som Helsedirektoratet publiserer.

For å kunne møte etterspørselen innanfor HR-området har Tryggingss- og serviceorganisasjonen til departementa styrkt kapasiteten innanfor rekruttering, kompetanse, arbeidsrett og personvern.

I 2024 hadde Tryggingss- og serviceorganisasjonen til departementa ansvar for reinhaldet av om lag 195 000 kvadratmeter. Reinholdstenesta har halde fram satsinga på auka kompetanse, testing og implementering av ny teknologi og bruk av miljøvenlege løysingar. Satsinga bidrar til ei meir sosialt, økonomisk og miljømessig berekraftig reinholdsteneste. Sjukefråværet i tenesta har halde seg på eit vedvarande lågt nivå, og ligg godt under gjennomsnittet for både offentlege og private reinhaldsverksemdar i Noreg.

Vakt- og resepsjonstenestene i Tryggingss- og serviceorganisasjonen til departementa har døgnkontinuerleg handtering av hendingar for å sikre departementa sine objekt og byggeplassen til det nye regjeringskvartalet. Det har i 2024 vore ei rekke større og mindre demonstrasjonar som er handterte i samråd med objekteigar, det enkelte departement og politiet der det har vore nødvendig. Hovudvekta av demonstrasjonane har vore retta mot Utanriksdepartementet og Finansdepartementet i samband med situasjonen i Gaza. Deretter kjem markeringar mot ulike departement i samband med klima- og miljøsaaka.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Tryggingss- og serviceorganisasjonen til departementa skal:

- tilby fleksible, sikre, skalerbare og kostnads-effektive tenester som varetar behovet til regjeringa, Statsministerens kontor og departementa
- saman med Digitaliseringsorganisasjonen til departementa, etablere, drifte og forvalte heilskaplege og saumlause tenester for departementa
- vareta objektsikkerheita for departementa sine verdiar
- bidra i oppfølginga av strategien for departementsfellesskapet *Gode hver for oss. Best sammen*.
- fullføre etableringa av og igangsette drift av aktiviteten på eksternt kontrollsenster for post og varer på Mastemyr og ny trafikkkontrollsenster i regjeringskvartalet
- etablere nye administrative tenester i departementa som det er tenleg å organisere som fellestenester
- i samråd med styringsgruppa for effektiv informasjonsutveksling mellom regjeringa og Stortinget og stortingsadministrasjonen, føre vidare arbeidet med å effektivisere lovprosessen

Det blir foreslått å auke løyvinga med 39 mill. kroner for å dekke praktiske bindingar i Tryggingss- og serviceorganisasjonen til departementa i samband med at verksemda skal sette i drift nye fellesfunksjonar, fellestenester og infrastruktur i nytt regjeringskvartal, byggetrinn 1. Dette omhandlar drift av sikker teknisk infrastruktur, eksternt kontrollsenster for post og varer og trafikkkontrollsenster i nytt regjeringskvartal og mellombelse kostnadar for Tryggingss- og serviceorganisasjonen til departementa som følgje av etablering av nytt regjeringskvartal.

Tryggingss- og serviceorganisasjonen til departementa har ein pressa driftssituasjon. For å sikre tilstrekkeleg handlingsrom til å gjennomføre nødvendige driftsaktivitetar, er det behov for å omdisponere nokre generelle utviklingsmidlar. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 10 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon av post 45, jf. omtale under post 45.

Det er behov for å flytte husleigemidlar frå fellesareal for departementa til interne areal disponert av Tryggingss- og serviceorganisasjonen til departementa, slik at fordelinga blir korrekt. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 18,9 mill.

kroner mot ein tilsvarende reduksjon av post 22, jf. omtale under post 22.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 5 mill. kroner for å dekke varige kostnader til forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av det igangsette effektiviseringsarbeidet «Effektivisering av lovprosessen – Magnus».

Det blir foreslått å auke løyvinga med 5,5 mill. kroner for å sikre at etaten har tilstrekkeleg kapasitet og tilgang på kompetanse til å følgje opp resultata av områdegjennomgangen om samordning av administrative tenester til departementa.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 65 000 kroner som følgje av flytting av midlar for lisensar frå Digitaliseringsorganisasjonen til departementa, jf. omtale under kap. 1515, post 01.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 750 000 kroner som følgje av flytting av midlar for samiske omsettingar frå Digitaliseringsorganisasjonen til departementa, jf. omtale under kap. 1515, post 01.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2,5 mill. kroner som følgje av at det ikkje lenger er behov for husleigemidlar til Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa for å leige lokale i Grubbegata 14.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 419 000 kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 1605, post 01, til varige kostnader knytt opp mot tenesteleveransen frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring for rekneskaps- og lønstenester.

Samla blir det foreslått å løyve 774,3 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4510, postane 02 og 03, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga har dekt delar av IKT-tenestene som Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa har levert til departementa på felles IKT-plattform. Frå 2025 er ansvaret for IKT-tenestene til departementa overført til Digitaliseringsorganisasjonen til departementa, jf. omtale under kap. 1515, post 21.

Post 22 Fellesutgifter

Løyvinga dekker husleige og andre fellesutgifter for fellesareal for departementa og avtala til statsforvaltninga med Kopinor.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 18,9 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av løyvinga på post 01, jf. omtale under post 01.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 426 000 kroner mot ein tilsvarende auke av løyvinga til Digitaliseringsorganisasjonen til departementa, jf. omtale under kap. 1515, post 01. Endringa omhandlar fordeling av priskompensasjon mellom dei to verksemdene.

Samla blir det foreslått å løyve 132 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga dekker utgifter til investeringar, vedlikehald, utskifting av utstyr og utviklingskostnader til tenesteleveransar innanfor hovudområda vakt, resepsjon-, og tryggingstenester, HR-tenester, fasilitetstenester og innkjøps- og omsettingstenester.

Rapport

Løyvinga har mellom anna blitt brukt til oppgradering av IKT-plattformen Depnet/U, ny løysing for e-postsynkronisering, ny hovudruter for video-signal, prosjekt for IKT i nytt regjeringskvartal, etablering av eksternt kontrollsenter for post og varer på Mastemyr, modernisering av utstyr til felles møterom for departementa, vidareutvikling av dokument frå regjeringa til Stortinget, flytting av DepMedia til nye lokale, database for toppleiarrekruttering, pilot for verktøy basert på KI i anskaffingsprosessen, elektronisk pasientjournal og dessutan reinhalds- og trykkerimaskiner.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 10 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke av løyvinga på post 01, jf. omtale under post 01.

Det blir foreslått å løyve 12,3 mill. kroner.

Post 46 Sikringsanlegg og sperresystem, kan overførast

Løyvinga dekker utgifter til vedlikehald av elektroniske sikringsanlegg og sperresystem i regjeringsbygga. Løyvinga skal bidra til at tekniske sikringssystem og sperresystem støttar opp under felles grunnsikring for departementsbygningane i regjeringsbygga.

Rapport

Frå 2022 begynte investeringar i sikringsanlegg i nytt regjeringskvartal å erstatte investeringar i noverande regjeringskvartal. I nytt regjeringskvartal skal Statsbygg vareta eit heilskapleg forvaltningsansvar av alle departementsbygg, inkludert fysiske og elektroniske tryggingstiltak. Trygging- og serviceorganisasjonen til departe-

menta skal drifte, halde ved like og utvikle installasjonane som dei opererer og brukar.

Løyvinga blei i all hovudsak brukt til investeringar og vedlikehald av elektroniske tryggingssystem, kameraovervaking og teknisk sikringsutstyr og dessutan vedlikehald av køyretøysperrerr.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått å løyve 11 mill. kroner.

Kap. 4510 Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
02	Diverse inntekter	86 708	45 376	47 010
03	Brukarbetalingar	139 786	43 037	43 137
	Sum kap. 4510	226 494	88 413	90 147

Post 02 Diverse inntekter

På posten blir det ført betaling for standard- og tilleggstenester til Høgsterett, Statsbygg, 22. juli-senteret, Regjeringsadvokaten, Digitaliseringsorganisasjonen til departementa og driftsinntekter for Statens servicesenter i Engerdal. Inntekter frå Statsbygg er i hovudsak betaling for bidrag inn i prosjekt nytt regjeringskvartal. Storleiken på beløpet varierer med arbeidet i prosjekta.

Det blir foreslått å løyve 47 mill. kroner.

Post 03 Brukarbetalingar

På posten blir det ført brukarbetaling for tilleggstenester til departementa og Statsministerens kontor.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av løyvinga til Digitaliseringsorganisasjonen til departementa, jf. omtale under kap. 4515, post 02.

Det blir foreslått å løyve 43,1 mill. kroner.

Kap. 1511 Prosjekt tilknytte nytt regjeringskvartal

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
25	Prosjektstyring, <i>kan overførast</i>	3 846	4 642	4 767
30	Ombygging av Ring 1, <i>kan overførast</i>	553 668	750 000	1 045 000
	Sum kap. 1511	557 514	754 642	1 049 767

Post 25 Prosjektstyring, kan overførast

Løyvinga skal dekke innkjøp av fagleg hjelp og utgreiingar til departementet sitt arbeid med nytt regjeringskvartal, for å sikre god styring av pro-

sjektet. Det omfattar mellom anna vurderingar av sikkerheitsspørsmål og prosjektstyring.

I 2024 blei løyvinga brukt til gjennomføring av ekstern kvalitetssikring av styringsunderlag i prosjektet, arbeid med sikringsrisikoanalyse og peri-

meterkontroll og hjelp til styringa av prosjektet i departementet.

Det blir foreslått å løyve 4,8 mill. kroner.

Post 30 Ombygging av Ring 1, kan overførast

Løyvinga skal dekke kostnader for ombygginga av Hammersborg- og Vaterlandstunnelen (Ring 1), for å vareta nødvendig sikkerheit for nytt regjeringskvartal.

I 2024 blei løyvinga i hovudsak brukt til anskaffinga av samspillskontrakten, andre førebuingar til anleggsstart og oppstart av anleggs-

arbeida. Løyvinga blir i 2025 i hovudsak brukt til å vidareføre anleggsarbeida, inkludert enkelte tilleggsarbeid knytte til byggetrinn 1 av nytt regjeringskvartal som blir utført av Statens vegvesen av praktiske og anleggstekniske årsaker, jf. Prop. 22 S (2023–2024) og Prop. 21 S (2024–2025). Samferdselsdepartementet er oppdragsgivande departement overfor Statens vegvesen som er ansvarleg byggherre.

I 2026 vil løyvinga bli brukt til å vidareføre anleggsarbeida. Prosjektet er venta opna for trafikk i 2027.

Det blir foreslått å løyve 1 045 mill. kroner.

Kap. 1512 Diverse fellestenester

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter			1 046 776
23	Husleige for fellesareal m.m.	124 057	134 742	24 593
27	Sak- og arkivløyising, <i>kan overførast</i>	37 681	44 312	
	Sum kap. 1512	161 738	179 054	1 071 369

Post 01 (ny) Driftsutgifter

Løyvinga skal dekke husleige for nytt regjeringskvartal. Når første byggetrinn er fullført vil nytt regjeringskvartal bestå av A-blokka, D-blokka, H-blokka, eksternt kontrollsenter for post og varer, sikker teknisk infrastruktur og anlegg for energiforsyning.

Det blir foreslått å løyve 115 mill. kroner for å dekke kapitalkostnader for sikker teknisk infrastruktur fase 1, mot ein tilsvarende reduksjon på post 23, slik at alle kostnader til husleige for nytt regjeringskvartal løyvast over same post.

Samla blir det foreslått å løyve 1 046,8 mill. kroner.

Post 23 Husleige for fellesareal m.m.

Løyvinga skal dekke husleige for ledige areal i departementslokala, utgifter til erstatningslokale og andre følgjekostnader knytte til regjeringslokala.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 115 mill. kroner, jf. omtale under post 01.

Det blir foreslått å løyve 24,6 mill. kroner.

Post 27 Sak- og arkivløyising, kan overførast

Løyvinga skal dekke utgifter for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og Digitaliseringsorganisasjonen til departementa til innføring av ny sak- og arkivløyising for Statsministerens kontor og departementa.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har stansa vidare innføring av ny sak- og arkivløyising fordi den nye løysinga skulle leggst på den nye felles IKT-plattform, som tidlegast er klar i 2027. Inntil ny felles IKT-plattform er på plass, må departementa framleis bruke dagens sak- og arkivløyisingar. Departementet vurderer kva som bør gjerast på lenger sikt når ny felles IKT-plattform er klar. På kort sikt er det behov for nødvendige tilpassingar og oppgraderingar av dagens løyisingar.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 44,3 mill. kroner, jf. omtale under kap. 1515, post 22.

Kap. 1515 Digitaliseringsorganisasjonen til departementa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter		374 691	466 729
21	Særskilde driftsutgifter		78 957	81 799
22	Større IKT-/digitaliseringsprosjekt, <i>kan overførast</i>			657 747
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		316 600	25 020
Sum kap. 1515			770 248	1 231 295

Digitaliseringsorganisasjonen til departementa skal levere sikre og effektive digitale fellestenester med riktig kvalitet til departementa og Statsministerens kontor. Verksemda skal levere plattformtenester og applikasjonar for forvaltning av ugradert skjermingsverdig og ugradert informasjon.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker utgifter til løn og andre driftsutgifter for Digitaliseringsorganisasjonen til departementa. I tillegg dekker løyvinga utgifter til digitale fellestenester for departementa og Statsministerens kontor.

Rapport

Digitaliseringsorganisasjonen til departementa har som nyoppstarta verksemd ingen årsrapport for 2024. 1. januar 2025 overtok etaten eigarskapet og ansvaret for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av IKT-plattform Depnet U, Utanriksdepartementet si IKT-plattform, og Justis- og beredskapsdepartementet si IKT-plattform. Løyvinga blei i desse verksemdene brukt til forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av plattformene.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Digitaliseringsorganisasjonen til departementa skal:

- tilby fleksible, sikre, skalerbare og kostnadseffektive digitale tenester som varetar behovet til regjeringa, Statsministerens kontor og departementa

- vidareutvikle verksemda til å bli ein strategisk digitaliseringspartner for departementsfellesskapet
- saman med Tryggingss- og serviceorganisasjonen til departementa, etablere, drifte og forvalte heilskaplege og saumlause tenester for departementa
- med Program for felles IKT-tenester, etablere ei ny felles, funksjonell, sikker, kostnadseffektiv og moderne IKT-løysing for behandling og deling av digital informasjon, internt og eksternt, for departementa og Statsministerens kontor
- bidra i arbeidet med nytt regjeringsskvartal, mellom anna gjennom klargjering av IKT-tenester i nytt regjeringsskvartal
- bidra i arbeidet med å styrkje departementsfellesskapet si evne til å samarbeide på tvers og løyse komplekse samfunnsoppdrag

Det blir foreslått å auke løyvinga med 61,1 mill. kroner for å dekke praktiske bindingar i Digitaliseringsorganisasjonen til departementa i samband med at verksemda skal sette i drift nye fellesfunksjonar, fellestenester og infrastrukturar i nytt regjeringsskvartal, byggetrinn 1. Dette omhandlar drift av sikker teknisk infrastruktur og forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av ugradert og låggradert audiovisuelt møteromutstyr og anna IKT-utstyr.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 11 mill. kroner for å sikre at etaten har tilstrekkeleg kapasitet og tilgang på kompetanse til å følgje opp resultata av områdegjennomgangen om samordning av administrative tenester til departementa. Løyvinga skal òg dekke nye ressursar i etaten for å styrkje administrative støttefunksjonar og satsinga på mellom anna digitalisering og KI i departementa.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 8,4 mill. kroner som følgje av rammeoverføringar av midlar til drift og forvaltning av ny EØS- og Schengen-notatbase frå departementa.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 426 000 kroner som følgje av fordeling av priskompensasjon frå Tryggingss- og serviceorganisasjonen til departementa, jf. omtale under kap. 1510, post 22.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 65 000 kroner som følgje av flytting av midlar for lisensar til Tryggingss- og serviceorganisasjonen til departementa, jf. omtale under kap. 1510, post 01.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 750 000 kroner som følgje av flytting av midlar for samiske omsettingar til Tryggingss- og serviceorganisasjonen til departementa, jf. omtale under kap. 1510, post 01.

Samla blir det foreslått å løyve 466,7 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4515, postane 01 og 02, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga skal dekke delar av IKT-tenestene som Digitaliseringsorganisasjonen til departementa skal levere til departementa på dagens felles IKT-plattform.

Det blir foreslått å løyve 81,8 mill. kroner.

Post 22 (ny) Større IKT-/digitaliseringsprosjekt, kan overførast

Løyvinga skal dekke utgifter til store IKT- og digitaliseringsprosjekt som Digitaliseringsorganisasjonen til departementa skal utføre for departementsfellesskapet.

I 2026 skal løyvinga brukast til prosjekt for IKT i nytt regjeringskvartal, Program for felles IKT-tenester i departementsfellesskapet og forprosjekt for felles system for arkivering og saksbehandling for departementa.

Det blir foreslått å løyve 117,5 mill. kroner til prosjekt for IKT i nytt regjeringskvartal, mot ein tilsvarende reduksjon av post 45, jf. omtale under post 45. Prosjektet skal få på plass nødvendig IKT-utstyr i nytt regjeringskvartal byggetrinn 1. Løyvinga skal dekke kostnader knytte til resterande arbeid med etablering av kommunikasjonsinfra-

struktur, flytting og reetablering av datasenter, etablering av delte og personlege IKT-tenester og felleskostnader i nytt regjeringskvartal, byggetrinn 1.

Det blir foreslått å løyve 494,7 mill. kroner til Program for felles IKT-tenester i departementsfellesskapet, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 1700, post 22. Den foreslåtte løyvinga til programmet er i tråd med den opphavlege planen for løyvingar frå gjeldande kostnadsramme, vedtatt gjennom Stortinget si behandling av Prop. 1 S (2024–2025) for Forsvarsdepartementet, jf. Innst. 7 S (2024–2025).

Det blir foreslått å løyve 45,5 mill. kroner til felles system for saksbehandling og arkivering for departementa, jf. omtale under kap. 1512, post 27. Løyvinga skal dekke nødvendige oppgraderingar av eksisterande system og vidare arbeid med utgreiing av ny sak- og arkivløyving. Løyvinga skal òg dekke kostnader knytte til etaten sitt arbeid med å følgje opp resultata av områdegjennomgangen om samordning av administrative tenester til departementa, mellom anna arbeidet med ein felles strategi for informasjonsforvaltning.

Samla blir det foreslått å løyve 657,7 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga skal dekke utgifter til investeringar, vedlikehald, utskifting av utstyr og utviklingskostnader til tenesteleveransar innanfor digitale tenester. Løyvinga skal brukast til investeringar, vedlikehald og utskifting av utstyr innanfor områda der Digitaliseringsorganisasjonen til departementa leverer tenester til departementsfellesskapet.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 6,8 mill. kroner som følgje av at det resterande arbeidet med oppgradering av IKT-plattformen for 13 departement blei ferdigstilt i 2025.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 172,1 mill. kroner som følgje av at delar av prosjekt for IKT i nytt regjeringskvartal blei ferdigstilt i 2025.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 117,5 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på post 22, jf. omtale under post 22.

Samla blir det foreslått å løyve 25 mill. kroner.

Kap. 4515 Digitaliseringsorganisasjonen til departementa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Diverse inntekter		600	622
02	Brukarbetalingar		33 200	35 844
	Sum kap. 4515		33 800	36 466

Post 01 Diverse inntekter

På posten blir det ført betaling for standard- og tilleggstenester til Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa, 22. juli-senteret og Statsbygg. Storleiken på beløpet varierer med arbeidet i prosjekta.

Det blir foreslått å løyve 622 000 kroner.

Post 02 Brukarbetalingar

På posten blir det ført brukarbetaling for tilleggstenester til departementa og Statsministerens kontor.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,5 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon av løyvinga til Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa, jf. omtale under kap. 4510, post 03.

Det blir foreslått å løyve 35,8 mill. kroner.

Programkategori 01.20 Statsforvaltarane

Utgifter under programkategori 01.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
1520	Statsforvaltarane	2 302 158	2 510 679	2 661 203	6,0
	Sum kategori 01.20	2 302 158	2 510 679	2 661 203	6,0

Inntekter under programkategori 01.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
4520	Statsforvaltarane	57 083	92 431	95 759	3,6
	Sum kategori 01.20	57 083	92 431	95 759	3,6

Innleiing

Statsforvaltaren er Kongen og regjeringa sin representant i fylket og skal arbeide for at Stortinget og regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer blir følgt opp. Statsforvaltaren sitt ansvar er fastsett i instruksen for statsforvaltarane.

Regjeringa har gitt statsforvaltaren eit særleg ansvar for regional samordning innan samfunnsikkerheit og beredskap.

Statsforvalterens fellestenester leverer administrative tenester som støtter opp under samfunnsoppdraget til statsforvaltarane.

Mål for programkategorien

1. Nasjonal politikk er kjent og iverksett
2. Statleg verksemd er godt samordna på regionalt nivå
3. Rettstryggleiken er einskapleg varetatt

Mål 1 Nasjonal politikk er kjent og iverksett

Statsforvaltaren utfører sektoroppgåver på sentrale samfunnsområde på vegne av fleire departe-

ment. Departementa har direkte instruksjonsmyndigheit overfor statsforvaltaren på sine ansvarsområde. Som sektormyndigheit skal statsforvaltaren gjennom rettleiing, dialog, kontroll og tilsyn med kommunane, fylkeskommunane og andre offentlege og private tenesteleverandørar medverke til å sette i verk nasjonal politikk.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Statsforvaltaren skal gjennom tilsyn, klagesaksbehandling og tiltak som styrkjer kompetansen, bidra til at kommunane varetar sitt ansvar for dei sosiale tenestene i Nav-kontoret på ein god måte og at kommunane yter forsvarlege sosiale tenester som oppfyller krav i regelverket. Statsforvaltaren skal bidra til at Nav-kontora i samsvar med føremålet til lova gir konkrete, individuelle vurderingar i alle saker, medrekna vurderingar som særleg varetar behovet til barna. Statsforvaltaren skal òg vere ein pådrivar for god tilgjengelegheit til dei sosiale tenestene.

Statsforvaltaren skal gjennom tilsyn, klagesaksbehandling og rettleiing med integrerings-

lova bidra til at kommunane tilbyr flyktningar eit godt kvalifiseringstilbod i tråd med regelverket.

Barne- og familiedepartementet

Statsforvaltaren skal bidra til at utsette barn og unge blir følgde opp og får samordna og heilskaplege kommunale tenester.

Statsforvaltaren skal vere ein pådrivar og legge til rette for at kommunane prioriterer tiltak for å motverke og førebygge fattigdom blant barnefamiliar.

Statsforvaltaren skal bidra til at kommunane varetar ansvaret for å avdekke og førebygge vald og overgrep, og har ei viktig rolle i å støtte og rettleie kommunane i deira tverrsektorielle, valdsførebyggjande arbeid.

Statsforvaltaren skal følgje opp kompetanse-tiltak i barnevernet. Dei skal bidra til å identifisere og motivere barnevernstenester med behov for kompetanseheving og rettleiing og informere om relevante tilbod. Vidare skal statsforvaltaren støtte kommunane med å etablere og følgje opp dei kommunale læringsnettverka, legge til rette for dialog mellom barnevernsleiing og administrativ leiing i kommunane gjennom å fasilitere dialogmøte. Statsforvaltaren skal òg bidra til å styrkje styring og leiing i barnevernet, mellom anna gjennom oppfølging av nettverk for barnevernsleiarane og gjennom å informere om og motivere til deltaking i leiarutviklingsprogram i regi av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir).

Tilsyn er viktig for kvalitet og tryggleik i barneverntenestene. Tilsynet skal støtte opp under den leiing og styring som er nødvendig for å sikre at tenestene møter behova til barna.

Helse- og omsorgsdepartementet

Statsforvaltaren skal bidra til å sette i verk nasjonal politikk i helse- og omsorgstenestene, gjennom å gjere regelverksendringar, forventningar og tiltak i proposisjonar og meldingar kjent for kommunane.

Statsforvaltaren skal vere pådrivar for eit styrka kunnskapsbasert og tverrsektorielt folkehelsearbeid på lokalt og regionalt nivå, mellom anna gjennom råd og rettleiing til kommunar og fylkeskommunar.

Statsforvaltaren skal støtte opp under målet om gode og likeverdige helse- og omsorgstenester gjennom heile livsløpet, bidra til å implementerer gjeldande strategiar og handlingsplanar i helse- og omsorgstenestene, og dessutan rettleie om faglege råd og tilrådingar for tenestene.

Statsforvaltaren skal ha god oversikt over tilstand, utviklingstendensar og utviklingsbehov innanfor heile spekteret av helse- og omsorgstenester og folkehelsearbeidet i fylket. Basert på oversikta skal statsforvaltaren gi råd og rettleiing overfor aktørar i fylket og nasjonale styresmakter.

Departementet legg til grunn dei overordna måla for helse- og omsorgspolitikken slik dei går fram av Helse- og omsorgsdepartementets Prop. 1 S, som overordna prioriteringar innanfor statsforvaltaren sin rolle som iverksettar på området.

Tilsyn er eit viktig verkemiddel for å følgje opp om tenestene og folkehelsearbeidet har kvalitet, verknad og tryggleik som følgje av regelverket og overordna styringskrav. Førebyggjande tilsyn skal vere risikobasert med søkjelys på leiing, styring og internkontroll. Oppfølging av uønskte hendingar og tilsynssaker skal hjelpe fram tenestene sin eigen aktivitet for å rette forholda.

Justis- og beredskapsdepartementet

For å bidra til å auke motstandskrafta til samfunnet skal statsforvaltaren rettleie kommunar i å førebygge og førebu handtering av hendingar som truer grunnleggjande samfunnsfunksjonar og verdiar, i fred, krise og krig. Samspelet mellom kommunal beredskapsplikt og kommunanes samfunns- og arealplanlegging er viktig i dette arbeidet. Statsforvaltaren skal sørge for at klimaendringar, sikkerheitspolitisk situasjon og endringar som følgje av overgang til nye energiformer gis merksemd i samfunnssikkerheitsarbeidet.

Statsforvaltaren skal bidra inn i arbeidet med å vidareutvikle eit konsept for beskyttelse av sivilbefolkninga og dei enkelte sivile beskyttelsestiltaka på sentralt nivå. Statsforvaltaren skal òg støtte Sivilforsvaret og andre aktørar inn i deira beredskapsplanlegging lokalt og regionalt.

Klima- og miljødepartementet

Statsforvaltaren er viktig for iverksettinga av nasjonal klima- og miljøpolitikk. Statsforvaltaren skal bidra til å ta vare på natur og økosystem, redusere utslepp av miljøgifter og næringsstoff i naturen, og sørge for at klima- og miljøomsyn blir varetatt i samfunns- og arealplanlegging. Embeta har eit breitt spekter av oppgåver knytte til å sette i verk nasjonal klima- og miljøpolitikk, mellom anna utøving av forvaltningsstyresmakt, formidling av kunnskap og rettleiing til kommunar, næringsliv og andre aktørar.

Kommunal- og distriktsdepartementet

Det er eit overordna nasjonalt mål at kommunane utviklar ei berekraftig og sunn økonomiforvaltning. Statsforvaltaren skal halde fram med å arbeide aktivt med kommuneøkonomi og prioritere oppfølginga av kommunar i ROBEK og andre kommunar i økonomisk ubalanse.

Statsforvaltaren skal vareta heilskap og effektivitet i areal- og samfunnsplanlegginga, jf. *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027*. Statsforvaltaren skal òg bidra til å identifisere tiltak for meir effektive planprosessar og betre plankvalitet.

Statsforvaltaren skal bidra til sosialt berekraftige lokalsamfunn gjennom å rettleie kommunane til å ta bustadsosiale omsyn i planlegginga.

Statsforvaltaren skal vere ein ressurs for bygdevekstpilotane i arbeidet med handlingsplanar, og rettleie ved behov. Statsforvaltaren skal òg utforske samarbeidsformer og tidleg dialog med kommunane i aktuelle prosessar. Statsforvaltaren skal samarbeide med pilotkommunane om konkretisering og gjennomføring av tiltak i handlingsplanane, i tråd med føremålet med ordninga.

Kunnskapsdepartementet

Statsforvaltaren skal formidle og legge til rette for barnehage- og skuleeigarar si iverksetting av nasjonal politikk, under dette innhaldet i barnehagelova, opplæringslova, læreplanverket og rammeplanar for barnehage og SFO, og endringar i desse.

Statsforvaltaren skal støtte barnehage- og skuleeigarar i arbeidet med lokal kompetanseutvikling. Dette inneber at statsforvaltaren skal forvalte tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnsopplæring og støtte, legge til rette for og stimulere barnehage- og skuleeigarar i arbeidet med lokal kompetanseutvikling.

Statsforvaltarane skal følgje opp kommunar med kvalitetsutfordringar gjennom oppfølgingsordninga. Oppfølgingsordninga skal bidra til at kommunar med svake resultat innanfor opplæring over tid, får hjelp til å skapa betre læringsmiljø og læringsresultat for elevane i kommunen.

Statsforvaltaren skal arbeide for å sikre ei trygg og sikker gjennomføring av eksamen, gjennom oppfølging av sensorar og klagebehandling.

Statsforvaltaren skal følgje opp kommunar og fylkeskommunar som har utfordringar med barnehage- og skulemiljø, og skal årleg identifisera og rekruttera nye deltakarar til Læringsmiljø-

prosjektet, og dei skal følgja opp deltakarar som allereie har vore med i prosjektet.

Statsforvaltaren skal tilpassa arbeidet til risikoen og behovet til kommunane, og prioritere kommunar med kapasitets- og kvalitetsutfordringar.

Landbruks- og matdepartementet

Statsforvaltaren er statleg sektorstyresmakt regionalt, og kompetansesenter for kommunane på landbruksområdet. I rolla som kompetansesenter bidrar statsforvaltaren til at nasjonal politikk blir gjennomført, og at kommunane blir medvetne i dei samla rollene og ansvara sine som landbruksstyresmakt. God forvaltning og kontroll av økonomiske og juridiske verkemiddel utgjer ein viktig del av oppfølginga av kommunane.

Statsforvaltaren bidrar til eit berekraftig skogbruk med konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder, og sørgjer for at prioriteringane til regjeringa av skogtiltak i klimasamanheng blir følgde opp.

Statsforvaltaren er sentral i å sette i verk jordbrukspolitikken, gjennom forvaltning av verkemiddel og dialog med næring, kommunar og regionalt verkemiddelapparat. Statsforvaltaren bidrar til at klimaavtala med jordbruket blir følgd opp gjennom vidareformidling av kunnskap om det samla klimagassutsleppet frå jordbruket, innsats knytt til utsleppsreduksjonar og opptak og lagring av karbon.

Statsforvaltaren er førstelinje for reindriftsnæringa, og gir råd og rettleiing for å legge til rette for auka produksjon og lønsemd i næringa. Statsforvaltaren er reindriftsfagleg kontaktpunkt, og bidrar til effektiv og kunnskapsbasert forvaltning av reindrifta.

Mål 2 Statleg verksemd er godt samordna på regionalt nivå

Statsforvaltaren er det einaste regionale organet med fullmakt til å ta initiativ til samordning overfor andre statlege etatar på same nivå. Oppgåva er i hovudsak grunngitt ut frå eit ønske om ei effektiv statsforvaltning og omsyn til brukarar, og handlar om staten si evne til å realisere nasjonale mål på tvers av nivå og sektorar, og samordning av staten si styring av kommunane.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Statsforvaltaren skal, mellom anna gjennom tilsyn og tiltak som styrkjer kompetansen, bidra til at dei

sosiale tenestene i Nav-kontoret gir heilskaplege og koordinerte tenester for den enkelte brukar. Dei skal samarbeide med andre velferdstenester der det er nødvendig for brukarane. Dette gjeld òg for barn og unge som har behov for eit samansett tenestetilbod.

Statsforvaltaren skal bidra til samarbeid mellom stat, fylkeskommunar og kommunar i arbeidet med busetting av flyktningar. Enkelte statsforvaltarar deltek i Nasjonalt utval for busetting av flyktningar. Utvalet blir leia av Integrerings- og mangfaldsdirektoratet.

Barne- og familiedepartementet

Statsforvaltaren er pådrivar for samarbeid og samordning mellom kommunar, fylkeskommunar, sektorar, tenester og institusjonar som arbeider for og med barn og unge og familiane deira. Statsforvaltaren har ei viktig rolle i å følgje opp kommunar med stor risiko for svikt i tenestene. Statsforvaltaren skal sørge for at barnekonvensjonen blir lagt til grunn i dette arbeidet. Forebygging av at barn og unge blir utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem, jf. barnevernslova § 15-1, er eit kommunalt ansvar på tvers av alle sektorar og tenester. Statsforvaltaren skal sørge for at kommunen tar eit heilskapleg ansvar, mellom anna ved at ansvaret til kommunane for forebygging blir gjort tydeleg for alle relevante tenester.

Tilsyn med barneverntenester skal ha vekt på tenestene sitt samarbeid med helsetenesta og andre velferdstenester for å bidra til at barn får nødvendige tenester av rett kvalitet og tryggleik.

Statsforvaltaren skal bidra til eit heilskapleg krisesentertilbod av god kvalitet, med eit velfungerande system for internkontroll.

Helse- og omsorgsdepartementet

Statsforvaltaren har ei viktig rolle som regionalt ledd i beredskapsarbeidet i sektoren. Statsforvaltaren skal bidra til koordinering og samordning. Rolla er viktig, mellom anna for å hjelpe kommunar med tilgang på tilstrekkeleg personell.

Statsforvaltaren skal etablere regionale forum for koordinering av relevant planverk og tiltak ved atomhendingar. Statsforvaltaren skal bidra til å vareta omsynet til god folkehelse i regional og kommunal planlegging.

Statsforvaltaren skal bidra til at innbyggjarane opplever samanhengande og samordna tenester, både internt i helse- og omsorgstenestene og på tvers av velferdstenestene.

Rapportar frå det forebyggjande tilsynet til statsforvaltarane er av vesentleg betydning for god kunnskap om kvalitet i tenesta. Det bør vere særleg merksemd retta mot overgangar og samarbeid mellom tenestene, både på individ- og systemnivå.

Justis- og beredskapsdepartementet

Statsforvaltaren skal legge til rette for felles arenaer og aktivitetar med andre regionale totalforsvars- og samfunnssikkerheitsaktørar, både offentlege og private. Dette gjeld både som del av det forebyggjande arbeidet og i beredskapsplanlegging for handtering av hendingar med store tverrsektorielle konsekvensar.

I totalforsvarsåret 2026 er forventningane til statsforvaltaren sitt ansvar for samordning av beredskapsplanlegging regionalt i forbindelse med krav om beredskapsplanar for oppfølging av nasjonalt beredskapssystem og øving av desse, forsterka.

Klima- og miljødepartementet

I samarbeid med andre statlege aktørar skal statsforvaltaren bidra til at kommunane planlegg for berekraftig arealutnytting og til at kommunane og næringslivet reduserer klimagassutsleppa og den samla sårbarheita i samfunnet for klimaendringar. Statsforvaltaren skal sørge for at klima- og miljøomsyn blir varetatt i alle sektorar, og at kommunane legg dei statlege planretningslinjene for klima- og energi, og arealbruk og mobilitet til grunn i planprosessar.

Kommunal- og distriktsdepartementet

Statsforvaltarane skal fortsette å samordne statleg tilsyn med kommunesektoren for å sikre koordinerte, effektive og lærande tilsyn.

Statsforvaltaren skal bidra til framtidsretta areal- og samfunnsplanlegging ved å gi eit heilskapleg bilete av staten sine forventningar og krav i planlegginga. Statsforvaltaren skal bidra til at oppfølging av nasjonale mål og ambisjonar blir tilpassa regionale og lokale forhold ved å samordne statlege motsegner før dei blir fremja for kommunane.

Statsforvaltaren skal bidra til regionalt samarbeid om ein forsterka innsats for dei som ikkje sjølv klarer å skaffe seg og behalde ein eigna bustad. Målet er at ingen skal vere bustadlaus. Bustadlaus skal raskt få tilbod om ein varig bustad.

Statsforvaltaren skal legge til rette for koordinert dialog mellom samarbeidspartar i bygdevekest-avtala i sin region, og aktuelle statlege etatar gjennom handlingsplanarbeidet, og avklare behov for ytterlegare styringssignal til bestemte statlege etatar i dialog med departementet. Som samarbeidspart i avtala skal statsforvaltaren støtte kommunane i tråd med føremålet med ordninga.

Kunnskapsdepartementet

Statsforvaltaren skal støtte og legge til rette for at utsette barn og unge blir følgt opp og får samordna og heilskaplege offentlege tenester.

Landbruks- og matdepartementet

Statsforvaltaren samarbeider med anna regional statleg forvaltning, fylkeskommunar og kommunar i gjennomføringa av landbruks- og matpolitikken. Gjennom dette arbeidet bidrar statsforvaltaren til oppfølging av jordvernstrategien. I tillegg bidrar statsforvaltaren til å legge til rette for at reindriftsinteressene blir tatt hand om i planprosessar og utbyggingssaker, og som leiar av beredskapsutvala i reindrifta.

Mål 3 Rettstryggleiken er einskapleg varetatt

Statsforvaltaren er klagemyndigheit for kommunale enkeltvedtak og tilsynsmyndigheit etter særlovgevinga. Tilsyn skal sikre at innbyggjarane får oppfylt sine rettar til nødvendige tenester. Statsforvaltaren skal utføre disse myndighetsoppgåvene med mest mogleg lik og einskapleg praksis.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Statsforvaltaren skal føre tilsyn med dei sosiale tenestene for å bidra til at brukarane får rettane sine oppfylt, og for å styrkje føresetnadene til tenesta for å gjennomføre forbetnings- og kvalitetsarbeid, under dette sikre at omsynet til medverknaden til barna og barna sitt beste blir varetatt. Statsforvaltaren er klageinstans for enkeltvedtak treft etter sosialtenestelova.

Statsforvaltaren skal føre tilsyn med kommunane si oppfylting av plikter etter integreringslova, og er klageinstans for enkeltvedtak treft etter integreringslova med tilhøyrande forskrift. Statsforvaltaren skal rettleie kommunane og fylkeskommunane om deltakarane sin rett til å klage.

Barne- og familiedepartementet

Statsforvaltaren skal føre tilsyn med barnevernstenesta, og særleg følgje opp kommunar med store utfordringar på barnevernområdet, med råd og rettleiing og bruk av aktuelle tilsynsverkemiddel. Statsforvaltaren skal føre tilsyn med barneverninstitusjonar i tråd med volumkrava i tilsynsforskrifta. Frå 1. januar 2026 skal statsforvaltaren òg ta i mot og behandle meldingar om dødsfall, livstruande hendingar og seksuelle overgrep som involverer barn som har barnevernstiltak utanfor heimen. Dette vil gi dei verdifull informasjon inn i tilsynsarbeidet deira.

Statsforvaltaren skal føre tilsyn med at kommunane oppfyller pliktene etter krisesenterlova, føre tilsyn med familievernkontora, og behandle lovpålagte oppgåver knytt til ekteskapslovgevinga, heilagdagsfredlova, trussamfunnslova og gravplasslova. Statsforvaltaren skal òg bidra med å gi opplysningar om biologisk opphav og innsyn i adopsjonssaker gjort før 1999.

Helse- og omsorgsdepartementet

Statsforvaltaren er kontroll- og klagemyndigheit for enkeltvedtak og tilsynsmyndigheit etter særlovgevinga. Tilsyn skal bidra til at innbyggjarane får oppfylt sine rettar til nødvendige tenester, uavhengig av kvar i landet ein bur. Dei skal bidra til forbetring av tenestene, og til at svikt blir førebygd, avdekt og følgd opp.

Justis- og beredskapsdepartementet

Verjemålsforvaltninga jobbar for rettstryggleiken til personar som treng støtte til å handtere sine økonomiske og personlege rettar og plikter. Statsforvaltaren er lokal verjemålsmyndigheit og skal behandle saker etter verjemålslova med tilhøyrande forskrifter i fyrste instans, og utlendingslova kapittel 11 A med tilhøyrande forskrifter. Statsforvaltaren har òg ansvaret for opplæring av og tilsyn med verjer i sitt område.

Statsforvaltaren behandlar saker i første instans etter rettshjelpslova med tilhøyrande forskrifter. Statens sivilrettsforvaltning er klageinstans og skal som etatsstyrar av statsforvalterne på rettshjelpsområdet bidra til å sikre ein mest mogleg einsarta praksis og god kompetanse på rettsfeltet.

Klima- og miljødepartementet

Statsforvaltaren skal følgje opp verksemdar innanfor område der dei er forureiningsstyresmakt, og sjå til at løyva er oppdaterte i samsvar med nytt regelverk. Statsforvaltarane skal sikre likebehandling og einskapleg praksis slik at konkurransevilkåra for industrien blir tilnærma like i heile landet. Arbeidet med konsesjonsbehandling og tilsynsaktivitet er gebyrbelagd etter prinsippet om at forureinar betaler.

Kommunal- og distriktsdepartementet

Statsforvaltaren skal rettleie kommunar, folkevalde og private i kommunelova og tilhøyrande forskrifter.

Statsforvaltaren behandlar saker etter plan- og bygningslova både i første instans og i klagesaker over vedtak fatta i kommunen. Statsforvaltaren skal i si saksbehandling bidra til å sikre at måla for plan- og bygningspolitikken blir varetatt på best mogleg måte. Statsforvaltaren skal òg rettleie kommunar, private partar, næringslivet og eventuelt andre brukarar i plan- og bygningslovgivinga.

Statsforvaltaren skal behandle klagesaker etter lov om kommunane sitt ansvar på det bustad-sosiale feltet.

Kunnskapsdepartementet

Statsforvaltaren skal arbeide for å sikre rettstryggleiken til barn, unge og vaksne innanfor barnehage- og opplæringsområdet. Statsforvaltaren har ansvar for tilsyn, klagebehandling og rettleiing på opplæringslova og barnehagelova. Stats-

forvaltaren gjer òg vedtak i handhevingsordninga for skulemiljøsaker. Desse verkemidla skal bidra til at alle får barnehage- og opplæringstilbodet dei har rett på.

Barnehage- og skulemiljø og individuell tilrettelegging er område med særskilt stor konsekvens for kvar enkelt dersom rettane blir brotne. Desse to områda skal derfor vere høgast prioriterte i arbeidet til statsforvaltarane. Samstundes skal statsforvaltarane ha merksemd på arbeidet frå kommunane og fylkeskommunane med internkontroll, ettersom dette er ein viktig føresetnad for at rettane til den enkelte blir varetatt.

Landbruks- og matdepartementet

Statsforvaltaren sørgjer for at system for kontroll og oppfølging av inntekts- og velferdspolitiske verkemiddel blir følgde, og sikrar likebehandling, rettstryggleik og kvalitet i lov- og tilskotsforvaltninga på landbruks- og matområdet.

Statsforvaltaren har system for internkontroll av tilskot til reindriftsnæringa, gjennomfører offentleg teljing av rein og skal aktivt følgje opp brot på reindriftslova og grensereinbeitelova.

Berekraftsmåla

Statsforvaltaren er ein sentral bidragsytar på fleire fagområde som støtter opp under berekraftsmåla. For å sikre ei balansert sosial, økonomisk og miljømessig utvikling skal statsforvaltarane bidra til at berekraftsmåla er godt kommuniserte, og til at dei ligg til grunn for den kommunale og fylkeskommunale planlegginga.

Kap. 1520 Statsforvaltarane

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	2 252 275	2 418 248	2 565 444
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	49 883	92 431	95 759
	Sum kap. 1520	2 302 158	2 510 679	2 661 203

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekke ordinære løns- og driftsutgifter for statsforvaltarane og Statsforvaltarens

fellestenester. Løyvinga skal medverke til forsvarleg gjennomføring av oppgåvene frå 14 departement.


Rapport

På det administrative området har embeta og Statsforvaltarens fellestenester fulgt opp gevinstrealiseringsplanen for statsforvaltarane. Planen blei laga i samband med endringar i statsforvaltaranes geografiske struktur og gjeld i perioden 2020–2026. Det er per 2024 realisert årlege innsparingar på 29 mill. kroner. Frå 2024 til 2025 auka

effektiviseringskravet med 10 mill. kroner og av dette blei 5 mill. kroner ført tilbake til statskassa.

I 2024 blei det vedteke ein strategi for digitalisering og IKT hos statsforvaltarane for perioden 2024–2028. Utover hausten 2024 blei det utarbeidd konkrete tiltak for implementering frå 2025.

For utfyllande rapportering, sjå dei respektive fagdepartementa sine fagproposisjonar.



Figur 5.1 Ressursfordeling per departementsområde for 2024

Dei administrative utgiftene blir fordelt på departementa etter deira relative storleik. Det same gjeld Statsforvaltarens fellestenester. Kategorien «Andre» inneheld Samferdselsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Kultur- og likestillingsdepartementet, Forsvarsdepartementet og Utanriksdepartementet. Merk at utgiftene til verjemål med ca. 240 mill. kroner er overførte frå kap. 469 til kap. 1520 i 2024.

Statsforvaltarens fellestenester

Statsforvaltarens fellestenester er ansvarleg for dokumentforvaltning, IKT og større innkjøp hos statsforvaltarane. I 2024 har Statsforvaltarens fellestenester arbeida for å styrkje si rolle som ein påliteleg og innovativ tenesteleverandør for statsforvaltarane og deira oppdragsgjevarar. Statsforvaltarens fellestenester har òg prioritert å forsterke og forbetre informasjonssikkerheita i tenestene.

Prioriteringar

I 2025 har det vore eit arbeid for å kartlegge ressurssituasjonen på statsforvaltarane, og det er avdekka avvik mellom statsforvaltarane sine oppgåver og ressursar på nokre fagområde. Det er laga ein rapport med forslag til moglege tiltak for å redusere avvika. I 2026 skal fagdepartementa og statsforvaltarane følgje opp rapporten med tiltak.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Statsforvaltaren skal vere ein pådrivar for god tilgjengelegheit til dei sosiale tenestene ved Nav-kontoret, medrekna akutte førespurnader. Statsforvaltaren skal òg bidra til at kommunen gjer konkrete og individuelle vurderingar i samsvar med føremålet i sosialtenestelova. I tillegg skal statsforvaltaren vere ein pådrivar for at det blir gitt råd og rettleiing etter lova, irekna økonomisk rådgiving etter § 17. Statsforvaltaren skal òg bidra til at dei sosiale tenestene i Nav-kontoret sikrar heilskaplege og koordinerte tenester for den enkelte brukar.

Statsforvaltaren skal vidare bidra til at alle som fyller vilkåra for deltaking i kvalifiseringsprogrammet får tilbod om program, og medverke til at tiltak i aktivitetsplikta for sosialhjelpsmottakarar under 30 år og andre aktivitetskrav blir individuelt tilpassa og retta mot arbeid eller utdanning for kvar enkelt tenestemottakar. Statsforvaltaren skal

og bidra til å vareta og styrkje barneperspektivet i dei sosiale tenestene. Statsforvaltaren skal bidra i planlegging og gjennomføring av program for førebyggjande sosialt arbeid og heilskapleg førebyggjande innsats lokalt.

Statsforvaltaren skal framleis gjennomføre førebyggjande tilsyn på sosialtenesteområdet i så stor grad som mogleg. Risikovurderingar skal ligge til grunn for innretting av tilsyn. I 2026 skal statsforvaltarane gjennomføre ein landsomfattande tilsynsaktivitet som følgjer opp tidlegare tilsyn med Nav-kontora sitt ansvar for å vareta barns behov når familien søker økonomisk stønad. Nav-kontora skal gjennomføre eigenvurdering av praksis og sette i gang forbedringstiltak dersom dei avdekkjer svikt.

Statsforvaltaren skal prioritere å føre tilsyn med kommunane si etterleving av integreringslova og å rettleie kommunane i integreringsarbeidet.

Barne- og familiedepartementet

Statsforvaltaren skal støtte opp under plikta kommunane har til å samarbeide og samordne velferdstenestene både på systemnivå og overfor kvart enkelt barn og ungdom. Statsforvaltaren skal følge med på korleis kommunane handterer plikta til å avgjere kva for ei kommunal velferdsteneste som skal vareta koordineringsansvaret i kvar enkelt sak der det ikkje er klarleik eller semje om dette.

Statsforvaltaren skal framleis gjennomføre førebyggjande tilsyn i så stor grad som mogleg. Risikovurderingar skal ligge til grunn for innretting av tilsyn.

Den landsomfattande tilsynsaktiviteten om barnevernet sitt arbeid med undersøkingar vil fortsette i første halvdel av 2026. Dei vedtatte forslaga i Prop. 83 L (2024–2025) *Endringer i barnevernsloven mv. (kvalitetsløftet i barnevernet)* gir statsforvaltaren auka oppgåver med tilsyn, oppfølging og kontroll. Ein ny heimel gir institusjonane tilgang til innsyn i kommunikasjonen og aktiviteten til barnet ved bruk av elektroniske kommunikasjonsmiddel. Dette gir meirutgifter for statsforvaltaren knytt til kontroll med korleis institusjonane handterer dette og behandling av eventuelle klager på slike vedtak. Lovendringa gir òg ein ny heimel til å opprette kommunale butiltak som eit frivillig hjelpetiltak i barnevernet. Det blir stilt krav om at statsforvaltaren skal føre tilsyn når dei har heildøgnbemannning, tilsvarande som for barnevernsinstitusjon.

Statsforvaltaren skal vere pådrivar for at kommunane implementerer endringane i krisesenterlova som blei vedtatte av Stortinget 16. juni 2025, jf. Prop. 122 L (2024–2025) *Endringer i krisesenterlova (tydeleggjering av det kommunale ansvaret og grunnlag for behandling av personopplysningar m.m.)* og Innst. 439 L (2024–2025).

Helse- og omsorgsdepartementet

Statsforvaltaren skal i samarbeid med relevante kompetansesentre gi rettleiing og bistand til kommunane innan psykisk helse, rus og vald, og har ei sentral rolle i arbeidet med implementering av opptrappingsplanar, strategiar og reformer på området.

Statsforvaltaren skal bidra til at pasientar, brukarar og pårørande skal oppleve ei samanhengande helse- og omsorgsteneste. Statsforvaltaren skal hjelpe og støtte kommunane i deira arbeid med å implementere tiltak frå Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024–2027, og prioritere tiltak innanfor verkemiddel og innsatsområde i nasjonalt fagleg rammeverk for betre pasient- og brukartryggleik. Statsforvaltaren skal hjelpe til i arbeidet i helsefellesskapa.

Statsforvaltaren skal hjelpe kommunane i arbeidet med å møte utfordringane i allmennlegetenestene inkludert legevakt. Statsforvaltaren skal hjelpe og støtte kommunane i deira arbeid med strategisk kompetanseutvikling og planlegge for å møte dei venta demografiutfordringane. Statsforvaltaren skal mellom anna forvalte tilskotsordningar som er etablert for å støtte kommunane i å nå sentrale målsettingar, og arbeide for forsvarleg drift og innovasjon på helse- og omsorgsfeltet.

Statsforvaltaren skal rettleie kommunane i planarbeid basert på vurdering av risiko og sårbarheit, organisering og leiing av helseberedskap og helseberedskapen sin plass i den samla kommunale beredskapen. Statsforvaltaren skal vidare bidra til at kommunar og helseføretak samordnar beredskapsplanane sine. Statsforvaltaren deltar i arbeidet til de nasjonale helseberedskapsutvala.

Statsforvaltarane er heilt sentrale i det omfattande, pågåande strategi- og utviklingsarbeidet for tilsyn i framtida, som mellom anna inneber arbeidet med digitalisering og kvalitetsindikatorar.

Statsforvaltaren skal halde fram med å gjennomføre førebyggjande tilsyn i så stor grad som mogleg. Risikovurderingar skal ligge til grunn for innretting av tilsyn.

I behandlinga av saker om mogleg svikt i tenestene skal statsforvaltaren velje dei tilsyns-

aktivitetane som i størst mogleg grad bidrar til auka kvalitet og tryggleik. Ansvaret for verksemdene for å førebygge, avdekke og rette opp brot av helselovgevinga skal vektleggast.

Det har vore ein stor auke i talet på rettsklager og auka restansar hos statsforvaltarane, og særleg stor hos nokre embete. Arbeidet med å behandle og prioritere rettsklager skal følgjast opp.

Helsetilsynet har vedtatt ei satsing på tilsyn på helse- og omsorgstenester til eldre med ulike typar tilsynsaktivitetar og eit metodemangfald over tid.

I 2024 blei det gjennomført tilsyn med bruken av medisindispenserar hos heimebuande eldre. I 2026 blir det gjennomført landsomfattande tilsynsaktivitetar med tema varetaking av grunnleggjande behov hos heimebuande eldre. I 2026 startar landsomfattande tilsyn med spesialisthelsetenesta med tema delirium (akutt forvirring) hos eldre pasientar.

Statsforvaltarane skal føre tilsyn med meldeplikta til barnevernet etter ein rettleiar som Statens helsetilsyn og Utdanningsdirektoratet har samarbeidd om.

Statsforvaltarane skal føre felles tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap etter rettleiar som Helsetilsynet og Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap har utarbeidd.

Justis- og beredskapsdepartementet

Gitt den sikkerheitspolitiske situasjonen skal statsforvaltaren vidareføre si aktive samordningsrolle og bidra til at totalforsvarsarbeidet integrerast på regionalt og lokalt nivå. Statsforvaltaren er ein sentral bidragsytar i arbeidet med å vidareutvikle eit konsept for beskyttelse av sivilbefolkninga og sivile beskyttelsestiltak.

Statsforvaltaren er ein viktig pådrivar i og tilretteleggjar for arbeidet med å utarbeide planer for hendingar med store tverrsektorielle konsekvensar på regionalt og lokalt nivå.

Statsforvaltaren skal rettleie kommunar i å førebygge og førebu handtering av hendingar som truer grunnleggjande samfunnsfunksjonar og verdier. Klimaendringar, sikkerheitspolitisk situasjon og endringar som følgje av overgang til nye energiformer skal gis merksemd i samfunnssikkerheitsarbeidet.

Utviklinga av verjemålsfeltet vil fortsette i 2026 for å sikre høg kvalitet og effektiv oppgåveløysing. Auka samarbeid mellom statsforvaltarane skal bidra til lik og effektiv behandling av oppgåvene etter verjemålslova. Statsforvaltaren skal i 2026

særleg legge vekt på oppfølging av verjer og sørge for at dei har tilstrekkeleg kompetanse og god rolleforståing. Personar med verje skal få ønska og behova sine varetatt.

Endringane i rettshjelpsregelverket inneber ein ny modell for økonomisk behovsprøving og ei ny digital løysing. Endringane er rekna å medføre at talet på hushald som blir omfatta av ordninga aukar frå 16 til 33 pst. Vidare er rettshjelpsordninga utvida til å omfatte rettshjelp til innsette i fengsel i fleire sakstypar etter straffegjennomføringslova. Desse regelendringane er av stor betydning for statsforvaltarane, ved deira rettleiingsplikt knytt til den nye digitale løysinga og som sentral aktør i handteringa av eit auka tal på saker etter nytt regelverk.

Klima- og miljødepartementet

Statsforvaltaren er viktig for å løyse klima- og naturkrisene. Statsforvaltaren skal bidra til å redusere klimagassutslepp og tilpasse samfunnet til eit endra klima, jobbe for eit økosystem i god tilstand og ta vare på den mest trua naturen, og bidra til å redusere utslepp av miljøgifter og næringsstoff i naturen. Statsforvaltaren skal prioritere arbeid med å vareta klima- og miljøomsyn på tvers av sektorar, og særleg prioritere å bidra til at kommunane tar klima- og miljøomsyn i plansaker.

Kommunal- og distriktsdepartementet

Mange kommunar opplever ein krevjande økonomisk situasjon. Embeta har derfor fått ei auka løyving på 15 mill. kroner frå 2025 til tettare og hyppigare oppfølging av kommunar i ubalanse.

Statsforvaltarane skal følgje opp ansvaret sitt etter plandelen i plan- og bygningslova slik det kjem fram under dei tre måla for programkategorien. Statsforvaltaren fungerer som statleg tilsynsmakt i plansystemet og sikrar at kommunal planlegging følgjer nasjonale retningslinjer gjennom motsegn til arealplanar som bryt med statleg politikk. Når kommunar ikkje tar motsegn til følgje, meklar statsforvaltaren mellom lokale og nasjonale interesser. Dei fleste konflikter blir løyste utan at sakene må sendast til departement. Statsforvaltaren handhevar òg byggesakslova gjennom tilsyn og klagebehandling.

Kunnskapsdepartementet

Rettstryggleiken til barn og unge utgjer den største delen av statsforvaltaren sitt arbeid på barnehage- og opplæringsområdet. Statsforvaltaren

skal arbeide førebyggjande og systematisk for å sikre at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø, og at alle barnehagebarn har eit trygt og godt barnehagemiljø. Statsforvaltaren skal òg arbeide for å sikre at alle elevar får god læring, utvikling og danning.

I 2026 skal statsforvaltaren halde fram med å støtte kommunar og fylkeskommunar sitt arbeid med opplæringslova med forskrifter. Dette skal gjerast gjennom rettleiing og tilsyn, i tillegg til klagebehandling. Som del av tilsynsarbeidet skal statsforvaltaren gjennomføre felles nasjonalt tilsyn. Alle tilsyn skal vere innretta og gjennomførte på bakgrunn av ei risikovurdering slik at tilsyna er treffsikre og effektive. Statsforvaltarane må følgje opp risiko for brot på regelverket fortløpande. Tilsyn som verkemiddel skal brukast der risikovurderingane tilseier det.

I 2026 trer nytt system for heilskapleg kompetanse- og karriereutvikling i kraft. Statsforvaltaren vil ha ansvar for formidling og forvaltning av den nye ordninga. Dette omfattar å stimulere til partnarskapen til kommunane med universitets- og høgskulesektoren, og å forvalte samarbeidsforum.

I tillegg til arbeidet med opplæringslova og lokal kompetanseutvikling, skal statsforvaltaren ha særleg merksemd på kommunane sitt arbeid med barnehagemiljø. Statsforvaltarane skal òg ha særskild merksemd på retten til vidaregåande opplæring for elevar og vaksne, rett til opplæring for nykomne flyktningar og trygg gjennomføring av eksamen.

Landbruks- og matdepartementet

Statsforvaltaren skal bidra til at regjeringa sin jordvernstrategi med eit forsterka jordvernmål blir følgd opp. Statsforvaltaren skal framleis legge vekt på arbeidet med tilskotsforvaltning og kontroll på heile landbruksområdet, der skogbruk og reindrift skal vere del av arbeidet.

Statsforvaltaren skal stimulere til god oppslutning om klima-, natur- og miljøtiltaka i jordbruket, implementere ny kunnskap i arbeid med miljøverkemidla og bidra til at kunnskap når ut til kommunane og jordbruksnæringa.

Statsforvaltaren i Trøndelag, Nordland og Troms og Finnmark har ei viktig oppgåve i å legge til rette for at kommunane har kunnskap om reindrift, og kan vareta reindriften i arealplanlegging. Statsforvaltaren skal ha dette som ei prioritert oppgåve i 2026, og skal i samarbeid med Landbruksdirektoratet bygge opp sin kunnskap om arealforvaltning.

Budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 5 mill. kroner med grunnlag i gevinstrealiseringsplanen for statsforvaltarane. Dette gjeld utgifter til dokumentforvaltning, IKT-utgifter og nokre administrative funksjonar. Planen blir avslutta i 2026. Då reknar ein med at gevinstane frå samanslåinga i 2019 og opprettinga av Statsforvaltaren felles tenester er tatt ut.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 40,5 mill. kroner i 2026 til arbeid på helsefeltet. Statsforvaltarane si kapasitet til klagebehandling, tilsyn og rettleiing blir styrkt for å handtere den veksten ein har hatt i saksmengd dei siste åra, som har gitt auka saksbehandlingstid. Vidare vil ny meldeordning for alvorlege hendingar i helse- og omsorgstenesta tre i kraft frå 1. juli 2026. Det blir òg foreslått at behandlinga av pasientreiseklagesaker blir effektivisert, og at saksbehandlinga blir samla hos Statsforvaltaren i Vestland.

Det blir foreslått å styrkje Statsforvaltaren i Troms og Finnmark med 1,5 mill. kroner for etablering, fast nærvær og regionalt beredskapsarbeid med utgangspunkt i ein statleg samlingsstad i Kirkenes for ulike statlege sektorars arbeid med sivil motstandskraft og sivilt militært samarbeid i nordområda.

Kommunane i Aust-Finnmark har avgrensa ressursar til å vareta det systematiske arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap. Det er utfordrande å oppfylle lovpålagde krav. Denne utfordringa har ei større nasjonal sikkerheitspolitisk betyding i Aust-Finnmark enn i dei fleste andre delar av landet. Regjeringa foreslår å styrkje beredskapsarbeidet i kommunane i Aust-Finnmark med 6 mill. kroner. Sjå òg omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Justis- og beredskapsdepartementet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2,5 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på Barne- og familiedepartementets kap. 846, post 62 for å finansiere statsforvaltarane nye meldeplikt etter forslag til ny lov om undersøkingar av offentlege verksemders arbeid i saker om drap, vald, overgrep og omsorgssvikt mot barn.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 4,1 mill. kroner for å kompensere for meirutgifter knytte til endringar i barnevernslova. Det blir tatt sikte på at lovendringane trer i kraft høvesvis 1. januar 2027 og 1. juli 2026, og i forkant blir midlane brukt til førebuing, planlegging og utforming av dei nye oppgåvene.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 18 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap.

2530, post 71 for å styrkje statsforvaltarens tilsyn ved barnevernsinstitusjonar.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,5 mill. kroner til Statsforvaltaren i Troms og Finnmark mot ein tilsvarande reduksjon i Utanriksdepartementets kap. 118, post 21 for vidareføring av miljøprosjekt i nord, som Klima- og miljødepartementet har det faglege ansvaret for.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 691 000 kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 1605, post 01 til varige kostnader knytte opp mot tenesteleveransen frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring for rekneskaps- og lønstenester.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 100 000 kroner som følgje av innsparing knytt til meir effektive leigekontraktar for statlege verksemder.

Samla blir det foreslått å løyve 2 565,4 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 4520, post 02, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga skal dekke løns- og driftsutgifter for tidsavgrensa oppgåver hos statsforvaltaren, finansiert av departement, direktorat, tilsyn og andre verksemder. Dette gjeld mellom anna handlingsplanar og ulike typar prosjekt. Løyvingane blir førte til inntekt på kap. 4520, post 01, medan utgiftene blir førte på kap. 1520, post 21 når dei oppstår.

Det blir foreslått å løyve 95,8 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 4520, post 01, jf. forslag til romartalsvedtak.

Kap. 4520 Statsforvaltarane

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Inntekter ved oppdrag	45 778	92 431	95 759
02	Diverse inntekter	11 305		
	Sum kap. 4520	57 083	92 431	95 759

Post 01 Inntekter ved oppdrag

På posten blir det ført inntekter frå andre som gir statsforvaltaren og Statsforvaltarens fellestenester oppdrag eller prosjekt. Midlane gis frå departement, direktorat, tilsyn eller andre verksemder. Utgiftene som desse inntektene skal dekke, blir ført på kap. 1520, post 21.

Det blir foreslått å løyve 95,8 mill. kroner.

Post 02 Diverse inntekter

På posten blir det ført refusjonar av ordinære driftsutgifter på kap. 1520, post 01 frå andre statsforvaltarar, andre statlege verksemder eller andre organisasjonar.

Programkategori 01.30 Statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning

Utgifter under programkategori 01.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
1530	Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga	5 335 536	7 176 981	6 386 613	-11,0
1531	Eigedomar til kongelege føremål	65 525	87 104	89 881	3,2
1533	Eigedomar utanfor husleigeordninga	58 355	63 708	105 007	64,8
1534	Erstatningslokale for departementa			154 050	100,0
2445	Statsbygg	7 965 143	7 477 548	5 322 515	-28,8
	Sum kategori 01.30	13 424 559	14 805 341	12 058 066	-18,6

Inntekter under programkategori 01.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
4531	Eigedomar til kongelege føremål	178			0,0
4533	Eigedomar utanfor husleigeordninga	5 531	5 570	5 771	3,6
	Sum kategori 01.30	5 709	5 570	5 771	3,6

Innleiing

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har ansvar for bygge- og eigedomspolitikken i statleg sivil sektor. Departementet har ansvar for reglar og retningslinjer for korleis staten sine byggeprosjekt og leige av lokale skal gjennomførast. Det enkelte departement er ansvarleg for anskaffingar av lokale i sin sektor. I statleg sivil sektor er det potensial for ei meir samla tilnærming til leige av lokale, byggeprosjekt og eigedomsforvaltning.

I byggeprosjekt der Statsbygg er byggherre, koordinerer departementet den budsjettmessige oppfølginga av prosjekta frå oppstart til ferdigstilling.

Departementet skal legge til rette for at Statsbygg kan forvalte og utvikle eigedomane på ein god måte. Statsbygg forvaltar ein stor del av eigedomsmassen til staten og hjelper andre statlege verksemdar i utgreiing av lokalbehov og ved leige av lokale i marknaden.

Mål for programkategorien

1. Statlege verksemdar har effektive og berekraftige lokale som støttar verksemdenes føremål
2. Statleg eigedomsforvaltning er verdibevarende, berekraftig og effektiv

Mål 1 Statlege verksemdar har effektive og berekraftige lokale som støttar verksemdenes føremål

Statlege verksemdar får råd om berekraftige og kostnadseffektive løysingar som er tilpassa deira behov

Lokale er ein viktig innsatsfaktor og skal vere tilpassa føremåla og funksjonen til verksemdene. Det er viktig å utvikle staten sine lokale på ein måte som tilfredsstillar behova på kort og lang sikt. Berekraftige lokale er mellom anna kjenteikna av låge klimagassutslepp, positiv påverknad på lokalsamfunnet og anstendige forhold for dei som arbeider med eigedomen. Statsbygg skal i rådgivinga si følgje gjeldande statlege retningslinjer og legge vekt på mellom anna fleksibiliteten, miljøkvalitetane og kostnadane til lokala, og deira potensielle innverknad på lokal by- og områdeutvikling.

Departementa skal styre eigedomsporføljen i sin sektor med sikte på å utnytte dei samla areala til staten best mogleg. Dette vil redusere ressursbruken og behovet for nybygg. Statsbygg legg til rette gjennom mellom anna databasen Statens lokale, analyser og porteføljeoversikter for at departementa kan drive god styring av eigedomsporføljen.

Det er eit mål å redusere leigeutgiftene med 15 pst. frå 2020 til 2029. Det har allereie gitt staten store reduksjonar i leigeutgiftene at Statsbygg har blitt brukt som rådgivar og at leigeforholda i staten er koordinerte og standardiserte. I 2024 inngjekk staten 19 nye leigekontraktar med Statsbygg som rådgivar. Desse har gitt ein samla reduksjon i leigeutgifter for staten på 401 mill. kroner i noverdi, berekna for levetida til kontraktane på ti år. For å ta ut det identifiserte potensialet for innsparing er det viktig å søkje kostnadseffektive lokale. Samstundes aukar leigekostnadane i marknaden med den generelle kostnadsauken i samfunnet. Det vil påverke moglegheita for ytterlegare effektivisering.

Etableringa av samhandlingsplattforma statensinnleie.no har ført til ein vesentleg meir effektiv framgangsmåte for leige av lokale. Vidare blir det arbeidd med å innføre eit tilsvarande system for tomtesøk i marknaden, noko som vil effektivisere arbeidet både for tilbydarar og Statsbygg.

Statsbygg starta opp elleve eigedomsutgreiingar og fem konseptvalutgreiingar i 2024. I alle utgreiingar blir det vurdert bruk eller ombruk av eksisterande bygningssmasse. Dei tilrådde kon-

septa inneber meir arealeffektive løysingar med lågare klimagassutslepp enn referansealternativa.

Statlege byggeprosjekt blir gjennomført kostnadseffektivt og til avtalt tid og kvalitet

Statsbygg har dei siste fem åra (2020–2024) ferdigstilt 62 byggeprosjekt til ein sluttkostnad tilsvarande samla kostnadsrammer. I 2024 arbeidde Statsbygg med 64 byggeprosjekt, og 10 blei ferdigstilte. Dei største prosjekta som blei ferdigstilte var Helgasetr ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) og Studentsamskipnaden i Gjøvik, Ålesund og Trondheim, fagskulen for brann- og redningspersonell og samlokalisering av Det samiske nasjonalteateret Beavivå og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino.

Staten har på noverande tidspunkt eit historisk høgt nivå på investeringar i statlege føremålsbygg, inkludert fleire megaprojekt. Det er ei prioritert oppgåve for Statsbygg at òg dei største investeringane blir gjennomførte i samsvar med avtalt kvalitet, kostnad og tid, og leverer på effekt- og resultatmål. Statsbygg har derfor, mellom anna, sett i gang ei forskningssatsing for betre megaprojekt i regi av Prosjekt Norge, saman med andre store byggherrar.

Fleire grep skal auke kostnadseffektiviteten i bygge- og eigedomsvirksomma i statleg sivil sektor. Statsbygg jobbar målretta med å styrkje prosjektstyringa og med å redusere kompleksitet, arealbruk og kvadratmeterprisar i byggeprosjekta. Arbeidet med standardisering, gjennom til dømes arealretteleiar for barnevernsinstitusjonar, er eit anna døme på tiltak for å auke kostnadseffektiviteten i byggeprosjekt. Føremålet er å oppnå effektiviseringsgevinstar frå forenkla design og prosjektering, samstundes som ein sikrar funksjonelle lokale for etatane.

Byggekostnadsveksten har vore høg samanlikna med den generelle prisutviklinga i økonomien dei siste åra. Høg lønsvekst bidrar indirekte til auka vekst i materialkostnadane. Vidare vil høge energiprisar og høge kostnadar til utsleppskvotar presse opp prisane på stål relativt til varer med lågare karbonavtrykk. Auka tollsattar kan påverke materialkostnadane framover.

Arbeidsløysa i bygge- og anleggsmarknaden fall noko mot slutten av 2024, trass låg aktivitet og auka tal på konkursar. Lite arbeidskraft når aktiviteten aukar igjen, kan føre til ytterlegare lønsvekst og auka arbeidskraftkostnadar.

Mål 2 Statleg eigedomsforvaltning er verdi-bevarande, berekraftig og effektiv

Statsbygg er den største eigedomsforvaltaren i statleg sivil sektor. Eigedomsforvaltninga omfattar forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av eigedomar som inngår i husleigeordninga i staten. I tillegg forvaltar Statsbygg dei statlege kongelege eigedomane under kap. 1531 Eigedomar til kongelege føremål og kulturhistoriske eigedomar under kap. 1533 Eigedomar utanfor husleigeordninga.

I statleg sivil sektor er det òg verksemdar som forvaltar den bygningsmassen dei sjølv brukar. Alle eigedomsforvaltarane i statleg sivil sektor skal vareta den statlege eigedomsmassen på ein berekraftig og kostnadseffektiv måte. Ei auka utnytting av eksisterande bygningsmasse kan redusere behovet for nybygg og bidra til redusert klimafotavtrykk og ressursbruk.

Føringane og krava til Statsbygg si eigedomsforvaltning blir vurderte som godt tatt hand om i 2024. Det blei gjennomført vedlikehald og påkostningar for 1,48 mrd. kroner. Vedlikehaldet utgjorde 521 kroner per kvadratmeter for eigedomar i husleigeordninga. Statsbygg har ein godt vedlikehalden eigedomsportefølje, med unntak av fengselsporteføljen og enkelte kulturhistoriske eigedomar.

Statsbygg gjennomfører rullerande tilstandsanalysar på eigedomane som forvaltast. Sidan 2019 har det blitt gjennomført tilstandsanalysar for om lag 98 pst. av total bygningsmasse.

For å effektivisere drifta og forbetre kvaliteten har Statsbygg over mange år jobba med å effektivisere eigedomsdrifta. Det er mellom anna gjennomført målretta kompetansetiltak for å sikre ei effektiv og heilskapleg eigedomsforvaltning. Over tid har driftskostnader per kvadratmeter blitt redusert og forvaltningsareal per driftsårsverk auka.

Fengselseigedomane blei overførte til Statsbygg i 2009. I perioden 2009–2024 er det gjennomført vedlikehaldstiltak for om lag 2,9 mrd. kroner på fengselseigedomane. Vedlikehaldet har redusert risikoen for uønskt stenging av soningsplassar. Arbeidet med utskifting av gammal og utrangert bygningsmasse bidrar til betre sikkerheits- og soningsforhold og meir effektiv drift. Likevel er det framleis eit betydeleg vedlikehaldsetterslep i porteføljen, og arbeidet vil halde fram. Kriminalomsorgsdirektoratet og Statsbygg har på oppdrag frå Justis- og beredskapsdepartementet utarbeidd ein rapport om fengselskapasiteten i framtida. Rapporten er eit kunnskapsgrunnlag og eit første steg mot ein overordna plan for fengselsporteføl-

jen med mål om meir effektiv bruk av statlege midlar og betre forhold for innsette og tilsette.

Statsbygg forvaltar ei rekke verna bygg og eigedomar klassifiserte som kulturhistoriske, sjå omtale under kap. 1533. Forvaltning, drift og vedlikehald blir utført i nært samarbeid med verne- styresmaktene.

Staten avhendar fast eigedom der det statlege behovet fell bort og det ikkje er andre grunnar for statleg eigarskap. I 2024 selde Statsbygg eigedomar med ein netto salsgevinst på 96,1 mill. kroner.

Berekraftsmåla

Fleire berekraftsmål er relevante for bygge- og eigedomsverksemda. Statsbygg samarbeider med andre statlege aktørar for meir seriøsitet og mot arbeidslivskriminalitet, jf. mål 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst. Delar av byggenæringa har utfordringar med useriøse aktørar. I samarbeid med næringa jobbar Statsbygg med å etablere rutinar og verktøy for å førebygge og avdekke brot på regelverk og seriøsitetskrav. Statsbygg jobbar målretta med tiltak mot useriøse aktørar og stiller strenge krav i kontraktane om mellom anna faglærde, lærlingar og faste tilsettingar. I 2024 hadde Statsbygg 13 lærlingar. Syv lærlingar deltok i drifta av bygg, med læretida på eigedomane, og seks i IKT-drift.

Statsbygg gir råd om lokalisering som skal bidra til mål 11 om berekraftige byar og lokalsamfunn. Dei gir òg råd om løysingar i bygga som kan bidra til mål 7 om rein energi til alle og mål 13 om å stoppe klimaendringane.

I 2024 var dei totale klimagassutsleppa til Statsbygg på 140 906 tonn CO₂-ekvivalentar. Dette er ein reduksjon på 26,6 pst. sidan 2020. Denne reduksjonen har kome samstundes som aktiviteten i perioden har auka vesentleg. I 2024 har ein sett store effektar av tidlegare iverksette tiltak for klima. Endringar i miljøstyring og -oppfølging av byggeprosjekt har ført til at ein større del av byggeprosjekta får klimamål frå ansvarleg departement og får utarbeidd klimagassrekneskap. I 2020 gjaldt det 52 pst. av porteføljen, og i 2024 gjaldt det 69 pst. Utslepp frå energibruk har gått ned med 29 pst. mellom 2020 og 2024, inkludert alle eigedomar i Noreg og utlandet. Dette er ein konsekvens av den samansette effekten av investering i reduksjon i kjøpt energi, energieffektiviseringstiltak, driftsoptimalisering og overgang til reinare energikjelder.

Bygge- og eigedomsverksemda i Statsbygg skal òg bidra med å bevare og auke naturmang-

faldskvalitetar, jf. mål 15 om livet på land. Eit nytt heilskapleg arbeid med natur, Naturløftet, blei starta våren 2024. Arbeidet i 2024 har fokusert på å betre kunnskapsgrunnlaget og risikovurderingane for natur i alle verksemdsområde. Statsbygg si kartløyising har blitt utvida til å inkludere grunnlagsdata om natur frå offentlege kartverk, og Statsbygg har no oversikt over naturareal i eigedomsporteføljen på fastlandet.

Statsbygg er i rute med å oppnå at eigedomane, unntatt fengsla, skal vere universelt utforma innan 2025. Det blir ikkje arbeidd vidare

med universell utforming på enkelte kulturhistoriske eigedomar, der kostnadane blir svært høge.

Statsbygg er ein pådrivar for digitalisering og innovasjon. Det går føre seg fleire digitaliseringsprosjekt for å effektivisere arbeidsprosessane, auke kvaliteten på leveransar, betre sikkerheita og redusere klimapåkjenninga.

Forventa effektar av det pågåande utviklingsarbeidet er frigjort tid til verdiskapande arbeid, riktigare prioriteringar og læring frå og erfaring med bruk av teknologi som kunstig intelligens.

Kap. 1530 Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>	8 495	15 000	60 000
31	Igangsetting av byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>	175 814		
33	Vidareføring av byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>	4 168 372	5 246 500	4 150 000
36	Kunstnarisk utsmykking, <i>kan overførast</i>	48 098	56 181	54 613
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	934 757	1 859 300	2 122 000
	Sum kap. 1530	5 335 536	7 176 981	6 386 613

Løyvingane på kapittelet gjeld byggeprosjekt der Statsbygg er byggherre, mens oppdragsgivarane har ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av bygningane etter at dei er ferdigstilte.

Post 30 Prosjektering av bygg, kan overførast

Løyvinga dekkar midlar til prosjektering av byggeprosjekt fram til fullført forprosjekt.

I 2024 blei løyvinga brukt til rehabilitering av Nationaltheatret.

Det blir foreslått å løyve 15 mill. kroner til vidareføring av prosjektering for rehabilitering av Nationaltheatret og 45 mill. kroner til prosjektering av nytt universitetsmuseum ved Universitetet i Tromsø.

Samla blir det foreslått å løyve 60 mill. kroner.

Post 31 Igangsetting av byggeprosjekt, kan overførast

Løyvinga dekkar midlar til oppstart av nye byggeprosjekt utanfor husleigeordninga.

I 2024 blei det løyvd midlar til igangsetting av eitt byggeprosjekt, NTNU Campussamling. I 2025 blei det ikkje løyvd midlar til igangsetting av byggeprosjekt utanfor husleigeordninga.

Det blir ikkje foreslått løyving på posten.

Post 33 Vidareføring av byggeprosjekt, kan overførast

Løyvinga dekkar midlar til vidareføring av prosjekt som Stortinget tidlegare har vedtatt å starte opp. Løyvinga skal sikre best mogleg framdrift i prosjekt under oppføring.

I 2024 blei det brukt 4 168,4 mill. kroner på posten. Dei største prosjekta var nytt livsvitskapsbygg, Vikingtidsmuseet, begge ved Universitetet i Oslo og Norsk havteknologisenter i Trondheim.

Tabell 5.1 viser prosjekt på kap. 1530 der bygging blir vidareført i 2026.

Tabell 5.1 Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga – vidareføring

(i mill. kr)					
	Oppstart	Forventa ferdig	Kostnads- ramme per 1.7.2026 ¹	Forventa forbruk t.o.m. 2025	Forslag 2026
<i>Prosjekt under Kunnskapsdepartementet:</i>					
UiO, Nytt livsvitskapsbygg	2018	2026	13 611,0	11 137,1	1 800,0
UiO, Vikingtidsmuseet	2020	2027	4 107,1	2 746,6	350,0
NTNU Campussamling	2024	2030	8 257,8	1 055,8	1 200,0
<i>Prosjekt under Nærings- og fiskeridepartementet:</i>					
Norsk havteknologisenter	2022	2030	5 774,9	2 245,0	800,0
Samla forslag post 33					4 150,0

¹ Då prosjekta blei starta opp inngjekk kunstnarisk utsmykking i kostnadsrammene. Kostnadsrammene over er utan midlar til kunstnarisk utsmykking, då det er KORO som disponerer midlane til kunstnarisk utsmykking, jf. kap. 1530, post 36. Kostnadsrammene inneheld forventa prisvekst frå 1.7.2025 til 1.7.2026.

Statsbygg kan fordele midlane på posten mellom dei ulike prosjekta, avhengig av framdrift og likviditetsbehov for det enkelte prosjekt i 2026.

Det blir foreslått å løyve 4 150 mill. kroner.

Post 36 Kunstnarisk utsmykking, kan overførast

Posten inneheld midlar til kunstnarisk utsmykking i statlege bygg under oppføring, og for byggeprosjekt på kap. 2445 Statsbygg. Løyvinga blir disponert av Kunst i offentlege rom (KORO) som gjennomfører kunstprosjekta. Kostnadar til kunstnarisk utsmykking blir ikkje tatt inn i grunnlaget for husleigeutrekninga.

Det blir foreslått å løyve 54,6 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga gjeld der Statsbygg får i oppdrag å prosjektere og hjelpe til med anskaffingane av brukarutstyr til byggeprosjekta. Det inkluderer òg brukarutstyr til byggeprosjekt på kap. 2445 Statsbygg. Løyvinga gjeld òg nødvendige sikringstiltak på Nationaltheatret for å sikre drift. Eit brukarutstyrsprosjekt er eit separat prosjekt med eigne økonomiske rammer, og er ikkje del av byggeprosjektet, sjølv om delar av prosjekta normalt er tett integrerte. Oppdragsdepartementet er ansvarleg for gjennomføring av brukarutstyrsprosjektet, og i dei tilfella Statsbygg hjelper til i anskaffingane.

I dei tilfella der Statsbygg støttar oppdragsdepartementet og brukar i anskaffingane, må oppdragsdepartementet fremje forslag om slik fullmakt og eventuelt delegere denne til Statsbygg.

Rapport

I 2024 blei midlane brukte til å skaffe brukarutstyr for nytt livsvitskapsbygg og Vikingtidsmuseet, begge ved Universitetet i Oslo, Norsk havteknologisenter, fagskulen for brann- og redningspersonell, samlokalisering av Det samiske nasjonalteateret Beavváš og Samisk vidaregåande skule og rein-driftsskule i Kautokeino, brukarutstyr for nytt regjeringskvartal byggetrinn 1 og brukarutstyr for NTNU Campussamling. I tillegg er siste avdrag av sluttoppgjer for NMBU campus Ås utbetalt. Vidare blei midlane brukte til prosjektering av samlokalisering av Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet i Bergen, brukarutstyr for RiddoDuottarMuseat i Karasjok og sikringstiltak på Nationaltheatret.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Løyvingane til brukarutstyr blir foreslått vidareførte med 700 mill. kroner til nytt livsvitskapsbygg og 150 mill. kroner til Vikingtidsmuseet, begge ved Universitetet i Oslo, 43 mill. kroner til byggetrinn 1 av nytt regjeringskvartal, 5 mill. kroner til byggetrinn 2, del I av nytt regjeringskvartal, 1 200 mill. kroner til Norsk havteknologisenter, 12 mill. kroner til NTNU Campussamling og

6 mill. kroner til samlokalisering av Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet i Bergen. I tillegg blir det foreslått 6 mill. kroner til å videreføre arbeidet med nødvendige tiltak på Nationaltheatret. Sjå Prop. 1 S (2025–2026) for Kunnskapsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartemen-

tet, Kultur- og likestillingsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet for ytterlegare omtale av prosjekta.

Samla blir det foreslått å løyve 2 122 mill. kroner.

Kap. 1531 Eigedomar til kongelege føremål

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	32 782	42 667	43 889
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	32 743	44 437	45 992
	Sum kap. 1531	65 525	87 104	89 881

H.M. Kongen har disposisjonsrett til Det kongelege slott, hovudhuset på Bygdø kongsgard med sidebygning og park, Oscarshall slott, Stiftsgården i Trondheim og Gamlehaugen i Bergen. Ved Stiftsgården og Gamlehaugen har Statsbygg ansvaret for bygningar, interiør og utandørsanlegg. Ved eigedomane i Oslo har Statsbygg ansvaret for ytre vedlikehald, tekniske installasjonar og større vedlikehaldsarbeid, medan Det kongelege hoffet har ansvaret for innvendig vedlikehald og parkanlegg. Eigedomane representerer store kulturhistoriske verdiar. Det kongelege hoffet og Statsbygg har eit nært samarbeid med Riksantikvaren om forvaltning av eigedomane.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker utgifter til forvaltning, drift og vedlikehald av dei statlege kongelege eigedomane, som H.M. Kongen har disposisjonsrett til. Dette skjer i nært samarbeid med Det kongelege hoffet.

Frå 2025 har Statsbygg overtatt ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av pullertar og motoriserte portar som blei etablerte i regi av Det kongelege hoffet, som del av tryggingssprosjektet ved dei kongelege eigedommane. Posten blei auka med 10 mill. kroner til føremålet.

Det blir foreslått å løyve 43,9 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga dekker utgifter til restaurerings- og rehabiliteringsarbeid ved eigedomane.

I 2024 blei midlane i hovudsak brukte til prosjektering for utbetring av slottsplassen, restaurering av tverrrfløy og istandsetting av Stallgarden ved Det kongelege slott. I tillegg er løyvinga brukt til å dekke kostnadar til restaurering på Gamlehaugen.

I 2026 vil løyvinga brukast på tiltak på Det kongelege slott, Gamlehaugen og Stiftsgården.

Det blir foreslått å løyve 46 mill. kroner.

Kap. 4531 Eigedomar til kongelege føremål

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Ymse inntekter	178		
	Sum kap. 4531	178		

Post 01 Ymse inntekter

Inntekta i 2024 gjeld publikumsinntekter frå omvisingar på Gamlehaugen.

Kap. 1533 Eigedomar utanfor husleigeordninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	26 327	28 708	29 507
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	32 028	35 000	75 500
	Sum kap. 1533	58 355	63 708	105 007

Kapittelet omfattar forvaltning av kulturhistoriske eigedomar utanfor den statlege husleigeordninga. Samla bygningsareal er om lag 32 000 kvadratmeter og inkluderer Håkonshallen og Rosenkrantzårnet på Bergenhus festning, Munkholmen, Austråttborgen, Grotten, Bjørgan prestegard, staten sine eigedomar etter Røros koparverk, Villa Stenersen, Klemenskirken, Stavern fort på Citadelløya, Sjømennenes minnehall, fjell- og øydestover, Bygdøy kongsgard og den nasjonale minnestaden etter 22. juli på Utøyakaia.

Statsbygg skal utøve fagleg godt vedlikehald av eigedomane i nært samarbeid med vernestyresmaktene. Det er konstatert betydeleg vedlikehaldsetterslep ved fleire av eigedomane. Statsbygg utarbeider jamleg tilstandsanalysar og har ein plan for ei berekraftig kulturminnefagleg sikring av porteføljen i ein tiårsperiode (2020–2029). Det er frå 2019 satt av 35 mill. kroner årleg til ekstraordinært vedlikehald og oppgradering av bygningsmassen, jf. Prop. 1 S (2018–2019) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker utgifter til forvaltning, drift og vedlikehald av bygningsmassen.

I 2024 blei det utført vedlikehaldstiltak ved mellom anna Stavern fort på Citadelløya, Munkholmen, Austråttborgen, Mollisjok fjellstue og Bygdø kongsgard.

Det blir foreslått å løyve 29,5 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 4533, post 02, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga dekker utgifter til restaurerings- og rehabiliteringsarbeid ved eigedomane.

I 2024 blei det utført restaurerings- og rehabiliteringsarbeid mellom anna på Håkonshallen og på eigedomane på Bygdøy (Hengsenga), Villa Stenersen og Munkholmen.

I 2026 blir det foreslått ei løyving på 35 mill. kroner til restaurerings- og rehabiliteringsarbeid ved eigedomane. Løyvinga skal mellom anna gå til rehabilitering av bygningsmassen på Bygdøy kongsgard, Villa Stenersen, Munkholmen og Stavern fort på Citadelløya.

I tillegg blir det foreslått å løyve 40,5 mill. kroner til Nasjonal minnestad etter 22. juli i regjeringskvartalet. Våren 2025 blei «En opprettholdelse» av Matias Faldbakken utpekt som vinner av konkurransen om å utforme den nasjonale minnestaden etter 22. juli 2011 i regjeringskvartalet. Regjeringa foreslår at etablering av prosjektet blir starta opp i 2026 med ei kostnadsramme på 75 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak. Minnestaden skal etter planen stå ferdig i 2026.

Samla blir det foreslått å løyve 75,5 mill. kroner.

Kap. 4533 Eigedomar utanfor husleigeordninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
02	Diverse inntekter	5 531	5 570	5 771
	Sum kap. 4533	5 531	5 570	5 771

Post 02 Diverse inntekter

På posten førast i hovudsak inntekter frå parke-
ring ved Bygdøy kongsgard. Det blir foreslått å
løyve 5,8 mill. kroner.

Kap. 1534 Erstatningslokale for departementa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter			154 050
	Sum kap. 1534			154 050

Etter angrepet 22. juli 2011 har staten leigd erstat-
ningslokale til enkelte departement og Tryggings-
og serviceorganisasjonen til departementa.

Post 01 (ny) Driftsutgifter

Løyvinga dekker tilbakeføringskostnadar av sik-
ringstiltak som blei oppretta i og rundt erstat-
ningslokala for departementa.

Det blir foreslått å løyve 154,1 mill. kroner.

Kap. 2445 Statsbygg

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
24	Driftsresultat	-334 642	-364 642	-397 642
30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>	363 479	111 000	302 300
31	Igangsetting av ordinære byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>	324 549	500 000	
32	Prosjektering og igangsetting av brukarfinansierte byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>	340 676	277 000	277 000
33	Vidareføring av ordinære byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>	5 520 454	4 489 802	3 640 059

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
34	Vidareføring av brukarfinansierte byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>	676 305	850 000	850 000
39	Renter på byggelån, <i>kan overførast</i>	707 440	900 000	231 000
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	292 307	368 869	381 779
49	Kjøp av eigedomar, <i>kan overførast</i>	74 575	345 519	38 019
Sum kap. 2445		7 965 143	7 477 548	5 322 515

Statsbygg er organisert som ei forvaltningsbedrift og forvaltar 2,9 mill. kvadratmeter bygningsmasse, fordelt på 2 142 bygningar. Verksemda har om lag 900 årsverk, fordelt på hovudkontoret i Oslo og fire lokalkontor og driftspersonale på eigedomane. Kap. 2445 Statsbygg inneheld både drifts- og investeringsbudsjett. Post 24 Driftsresultat er driftsinntekter med frådrag av driftskostnader og kapitalkostnader, og overføringar til og frå reguleringsfondet. Investeringsbudsjettet, postane 30 til 49, inneheld løyvingar til prosjektering, bygging, kjøp av eigedom, og dessutan renter på byggelån.

Byggeprosjekta blir finansierte etter to ulike modellar, ordinære og brukarfinansierte byggeprosjekt. Ordinære byggeprosjekt blir fremja for

Stortinget med forslag til kostnadsramme for kvart enkelt prosjekt og moglegheit for heil eller delvis husleigekompensasjon for brukaren. Kostnadsrammene for prosjekta blir rekna ut med basis i gjennomført forprosjekt og fastsett på eit nivå som inneber at ein med 85 pst. sannsyn skal greie å halde dei. Investeringa for brukarfinansierte byggeprosjekt blir finansiert gjennom husleige som blir dekt innanfor brukaren si eksisterande økonomiske ramme. Desse prosjekta blir behandla etter forenkla prosedyrar i tråd med eiga fullmakt frå Stortinget, jf. forslag til romartalsvedtak. Statsbygg har ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av alle byggeprosjekt under kap. 2445 Statsbygg etter at dei er ferdigstilte.

Post 24 Driftsresultat

(i 1 000 kr)				
Underpost	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
24.1	Driftsinntekter	-6 932 687	-6 558 000	-7 996 000
24.2	Driftsutgifter	2 678 194	2 848 358	2 807 358
24.3	Avskrivningar	1 789 337	1 655 000	2 281 000
24.4	Renter av statens kapital	1 608 776	1 690 000	2 510 000
24.6	Til reguleringsfondet	521 738		
Sum post 24		-334 642	-364 642	-397 642

Driftsbudsjettet til Statsbygg skal dekke alle utgifter til forvaltning, drift og vedlikehald, utskiftingar ved eigedomane, og dessutan avskrivningar og renter av statens kapital.

Underpost 24.1 Driftsinntekter

Inntektene består i hovudsak av husleige. Husleiga dekker forvaltning, drift, vedlikehald, utskiftingar av eigedomane, avskrivningar og avkasting på investert kapital. I tillegg blir det rekneskaps-

ført netto inntekter frå sal av eigedom, fakturerte rådgivingstenester og inntekter frå andre oppdrag på denne underposten.

Underpost 24.2 Driftsutgifter

Driftsutgiftene består i hovudsak av forvaltning, drift og vedlikehald av eigedomsmassen og administrasjon og løn.

Underpost 24.3 Avskrivningar

Alle eigedelar blir avskrivne lineært. Normal avskrivningstid for nybygg er 60 år. Tekniske anlegg og andre særskilde bygningskomponentar har kortare avskrivningstid. Avskrivningane blir førte som ei driftsutgift i Statsbygg og blir utlikna av ei tilsvarende inntekt på Finansdepartementets kap. 5491 Avskrivning på statens kapital i statens forvaltningsbedrifter, post 30 Avskrivningar, for å vise staten sine totale kostnader basert på konstantprinsippet.

Underpost 24.4 Renter av statens kapital

Rentene førast som ei driftsutgift i Statsbygg, og motsvarast av ei tilsvarende inntekt på Finansdepartementets kap. 5603 Renter av statens kapital i statens forvaltningsbedrifter, post 80 Renter av statens faste kapital.

Underpost 24.5 Til investeringsføremål

Posten gjeld avsetning til investeringsføremål. Posten blir brukt når investeringar ut over løyving blir finansierte frå drifta, til dømes kjøp av eigedom.

Underpost 24.6 Til reguleringsfondet

Føremålet til reguleringsfondet er å utjamne variasjonar i driftsinntekter og -utgifter mellom år. Fondet skal òg dekke utgifter ved skadetilfelle på eigedomane. For at fondet skal verke slik det er meint, er det viktig å halde det på eit tilstrekkeleg nivå. Stortinget har slutta seg til at reguleringsfondet over tid bør vere om lag 1 pst. av balansen, jf. Innst. 16 S (2021–2022). Ved utgangen av 2024 utgjorde reguleringsfondet 1 459 mill. kroner, mens balansen var om lag 71 mrd. kroner. Departementet kan godkjenne overskriding av årlege løyvingar på investeringspostane ved bruk av midlar frå fondet. Det gjeld både tilførsel av likviditet for å halde optimal framdrift i byggeprosjekt

under arbeid, og kjøp av eigedom på kap. 2445 Statsbygg, jf. forslag til romartalsvedtak.

Det blir foreslått eit driftsresultat på 397,6 mill. kroner, ein auke på 33 mill. kroner.

Post 30 Prosjektering av bygg, kan overførast

Løyvinga dekker utgifter til prosjektering av prioriterte ordinære byggeprosjekt fram til fullført forprosjekt.

I 2024 blei midlane brukte til vidare prosjektering av nytt Oslo fengsel, samlokalisering av Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet i Bergen, byggetrinn 2, del I i nytt regjeringskvartal, Troll forskingsstasjon og Riddoudtarmuseet.

Det blir foreslått 22,3 mill. kroner til vidare prosjektering av Troll forskingsstasjon og 25 mill. kroner til vidare prosjektering av samlokalisering av Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet i Bergen. I tillegg blir det foreslått 15 mill. kroner til nytt kvinnefengsel på Austlandet.

Det blir foreslått 100 mill. kroner til prosjektering av resterande arealbehov i nytt regjeringskvartal og 140 mill. kroner til prosjektering av byggetrinn 2, del II, G-blokka, i nytt regjeringskvartal.

Samla blir det foreslått å løyve 302,3 mill. kroner.

Post 31 Igangsetting av ordinære byggeprosjekt, kan overførast

Posten dekker utgifter til oppstart av nye byggeprosjekt innanfor husleigeordninga.

I 2024 blei det løyvd midlar til ny tinghusløyving i Bergen og hybelbygg ved fagskulen for brann- og redningspersonell. I 2025 blei det løyvd midlar til vidare framdrift i prosjektet med nytt regjeringskvartal, byggetrinn 2, del I, jf. omtale under post 33 og omtale under mål 2 for programkategori 01.10.

Det blir ikkje foreslått løyving på posten.

Post 32 Prosjektering og igangsetting av brukarfinansierte byggeprosjekt, kan overførast

Løyvinga dekker midlar til prosjektering og igangsetting av brukarfinansierte byggeprosjekt på oppdrag frå departementa. Departementet har i eit eige rundskriv utarbeidd retningslinjer for gjennomføring av brukarfinansierte byggeprosjekt.

Det blir foreslått å løyve 277 mill. kroner.

Post 33 Vidareføring av ordinære byggeprosjekt, kan overførast

Løyvinga dekker midlar til vidareføring av byggeprosjekt som Stortinget tidlegare har vedtatt å starte opp. Midlane skal sikre best mogleg framdrift i pågåande prosjekt.

Rapport

I 2024 blei det brukt 5 520,5 mill. kroner på posten. Dei største prosjekta var nytt regjeringskvartal byggetrinn 1, energiløysing for nytt regjeringskvartal, 22. juli-senteret, fagskulen for brann- og redningspersonell, blått bygg ved Nord universitet, Oslo fengsel, Ullersmo avdeling og samloka-

lisering av Det samiske nasjonalteateret Beaivváš og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Karasjok. I tillegg blei midlane brukte til prosjekter i avslutnings- og reklamasjonsfase som mellom anna nybygg for Nasjonalmuseet, nytt museumsbygg for Saemien Sijte på Snåsa, rehabilitering av tekniske anlegg ved Ila fengsel og forvaringsanstalt, nytt sikringsmagasin for Nasjonalbiblioteket i Rana og byggearbeid ved R5 og R6 i regjeringskvartalet og regjeringa sitt representasjonsanlegg.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Tabell 5.2 viser prosjekt på kap. 2445 Statsbygg som er under bygging i 2026.

Tabell 5.2 Ordinære byggeprosjekt – vidareføring

(i mill. kr)					
	Oppstart	Avtalt ferdigstilling	Kostnadsramme per 1.7.2026 ¹	Forventa forbruk t.o.m. 2025	Forslag 2026
<i>Bygg under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet:</i>					
Energiløysing for nytt regjeringskvartal	2019	2025	3 316,5	2 055,4	117,7
Nytt regjeringskvartal, byggetrinn 1	2021	2025	24 683,2	20 500,3	1 195,0
Nytt regjeringskvartal, byggetrinn 2, del I	2025	2029	8 609,8	991,1	1 000,0
<i>Bygg under Justis- og beredskapsdepartementet:</i>					
Fagskule for brann- og redningspersonell, hyblar	2024	2025	466,4	384,0	10,0
Oslo fengsel, Ullersmo avdeling	2023	2026	673,9	469,4	24,6
Bergen tinghus	2024	2027	1 307,9	503,5	435,0
Innlandet fengsel, Ilseng avdeling	2025	2027	1 041,9		510,0
<i>Bygg under Kunnskapsdepartementet:</i>					
Blått bygg ved Nord universitet	2022	2025	658,2	560,5	15,5
22. juli-senteret	2022	2025	570,5	422,0	17,7
Griegakademiet	2025	2030	852,6		300,0
Prosjekt i reklamasjonsfase/ avslutningsfase					14,7
Samla forslag post 33					3 640,1

¹ Då prosjekta blei starta opp inngjekk kunstnarisk utsmykking i kostnadsrammene. Kostnadsrammene over er utan midlar til kunstnarisk utsmykking, då det er KORO som disponerer midlane til kunstnarisk utsmykking, jf. kap. 1530, post 36. Kostnadsrammene inneheld forventa prisvekst frå 1.7.2025 til 1.7.2026.

Statsbygg kan fordele midlane på posten mellom dei ulike prosjekta, avhengig av framdrift og likviditetsbehov for det enkelte prosjekt i 2026.

Under programkategori 01.10 er det gitt ei nærare omtale av prosjekt nytt regjeringskvartal.

Det blir foreslått å løyve 3 640,1 mill. kroner.

Post 34 Vidareføring av brukarfinansierte byggeprosjekt, kan overføres

Løyvinga dekker utgifter til vidareføring av brukarfinansierte byggeprosjekt.

I 2024 var 22 prosjekt i byggefase, og åtte av desse blei ferdigstilte. Prosjekta blei ferdigstilte til avtalt tid, med unntak av Bjørgvin fengsel bygg D som blei ferdigstilt i tredje kvartal i staden for i første kvartal i 2024. Fem av prosjekta blei ferdigstilte innanfor eller under styringsramma, og tre av prosjekta blei ferdigstilte over styringsramma. I brukarfinansierte byggeprosjekt forpliktar Statsbygg seg til ei husleige basert på styringsrammene (P50) for prosjekta. Ti prosjekt er venta ferdigstilte i 2025.

Dei største prosjekta i 2026 er campus Hauge-sund ved Høgskulen på Vestlandet, samlokalisering av Digitaliseringsdirektoratet og Statens vegvesen i Leikanger, kontrollstasjon for Tolletaten i Polmak, Statens havarikommisjon, tiltak i frilandsbustad og administrasjon ved Bodø fengsel og kanselli ved ambassaden i London.

Det blir foreslått å løyve 850 mill. kroner.

Post 39 Renter på byggelån, kan overføres

Løyvinga dekker byggelånsrenter, som i tråd med ny økonomimodell for Statsbygg blir aktiverte i balansen på investeringspostane 30–34, og dermed er ei utgift.

Det blir foreslått å løyve 231 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overføres

Løyvinga dekker utstyr på eigedomane Statsbygg forvaltar, inkludert utbetringar, utskiftingar og installering av tekniske anlegg.

Rapport

Løyvinga for 2024 blei brukt til innkjøp som skal aktiverast i balansen og avskrivast. Dette gjeld investeringar i IKT og større utstyr til administrasjonen til Statsbygg og til drift av eigedomane. I tillegg blei det brukt midlar til bygningsmessige utskiftingar og utbetringar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

I 2026 blir det foreslått å bruke 181,8 mill. kroner til innkjøp av utstyr og installering av tekniske anlegg på eigedomar som Statsbygg forvaltar, og 200 mill. kroner til bygningsmessige utskiftingar og utbetringar.

Samla blir det foreslått å løyve 381,8 mill. kroner.

Post 49 Kjøp av eigedomar, kan overføres

Løyvinga dekker kjøp av eigedomar og tomter til bruk i aktuelle byggeprosjekt.

I 2024 blei det mellom anna kjøpt eigedom til Tønsberg tinghus, Bufetat på Raufoss og Longyearbyen (kjøp i marknaden). I 2025 blei Møllergata 23–25 kjøpt til nytt regjeringskvartal.

I 2026 er det mellom anna planlagt å kjøpe tomt til kontrollstasjon på Magnormoen, tomt til ny institusjon for Bufetat på Sunnmøre, trafikkstasjon i Drøbak og fleire tomter i Longyearbyen.

Det blir foreslått å løyve 38 mill. kroner.

Tabell 5.3 Balansen til Statsbygg

	(i 1000 kr)			
	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Overslag 2025	Overslag 2026
Eigedelar:				
<i>Anleggsmiddel</i>				
Driftsmidler, eigedomar	64 373 251	70 984 603	77 076 752	85 798 290
Aksjar, andelar	30	30	30	30
Utlån og obligasjonar	102 584	1 680	1 680	1 680
<i>Sum anleggsmiddel</i>	64 475 865	70 986 313	77 078 461	85 800 000
<i>Omløpsmiddel</i>				
Kortsiktige fordringar	21 080	38 118	29 599	33 858
<i>Sum omløpsmiddel</i>	21 080	38 118	29 599	33 858
<i>Sum eigedelar</i>	64 496 944	71 024 431	77 108 060	85 833 858
Eigenkapital og gjeld:				
<i>Eigenkapital</i>				
Eigenkapital, ekskl. reguleringsfond				
Reguleringsfond	937 052	1 458 791	1 458 791	1 458 791
<i>Sum eigenkapital</i>	937 052	1 458 791	1 458 791	1 458 791
<i>Langsiktig gjeld</i>				
Staten si renteberande gjeld	64 475 865	70 986 313	77 078 461	85 800 000
Anna langsiktig gjeld				
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	64 475 865	70 986 313	77 078 461	85 800 000
<i>Kortsiktig gjeld</i>				
Kortsiktig gjeld	104 835	65 602	85 218	75 410
Mellomverande med statskassa	-1 020 808	-1 486 275	-1 514 410	-1 500 342
<i>Sum kortsiktig gjeld</i>	-915 973	-1 420 673	-1 429 192	-1 424 932
<i>Sum eigenkapital og gjeld</i>	64 496 944	71 024 431	77 108 060	85 833 858

Forvaltningsoverføring av Bankplassen 4 til Forsvarsdepartementet

Bankplassen 4 er eigd av staten og blir i dag forvalta av Statsbygg. Bygningen har stått tom i ein periode. Forsvaret har behov for bygningen til si verksemd. Eigedommen vil bli forvaltningsoverført vederlagsfritt frå Statsbygg til Forsvarsbygg.

Frå 2026 vil ikkje lenger Bankplassen 4 inngå i statens husleieordning, men vil bli forvalta av Forsvarsbygg. Balansen til Statsbygg (kapitalrekneskapet) blir justert i samsvar med bokført verdi på eigedommen. For Statsbygg betyr det at anleggsmidlane blir reduserte og at rentebærande kapital blir redusert tilsvarande. Dette påverkar ikkje driftsresultatet til Statsbygg på kap. 2445, post 24.

Nidaros Pilegrimsgård

Nidaros Pilegrimsgård er ein del av det gamle forsvarsanlegget Marinen i Trondheim sentrum, og er ein del av forsvarsverka som på starten av 1800-tallet blei utvikla for å kunne beskytte Trondheim mot fiendtlege marinefartøy. Bygningane er i dag verna. Då området ikkje lenger hadde militær nytte, blei eigedomen overført frå Forsvarsbygg til Statsbygg i 2005. Det blei bestemt at eigedomen skulle leigast ut til kyrkjelege føremål. Frå 2008 tok stiftelsen Nidaros Pilegrimsgård i bruk lokala til overnatting for pilegrimar.

Stiftelsen har no sagt opp leigeavtala på grunn av økonomiske forhold. Då det ikkje er statleg

behov for eigedomen, er det normalt å starte ein avhendingsprosess. På grunn av vernebestemming har eigedomen låg verdi. Trondheim kommune ønskjer å overta eigedomen vederlagsfritt for fortsett utleige til pilegrimsverksemd. Kommunen har moglegheit til å bruke andre bygg på eigedomen til anna kommunal verksemd. Statsbygg får i oppdrag å forhandle ei avtale med Trondheim kommune om avhending av eigedomen til ein symbolsk sum, med atterhald om Stortingets samtykke. Ei avhending av Nidaros Pilegrimsgård til Trondheim kommune til ein symbolsk sum krev samtykke frå Stortinget, jf. forslag til romartalsvedtak.

Programkategori 01.40 Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk

Utgifter under programkategori 01.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
1540	Digitaliseringsdirektoratet	1 177 478	1 250 150	1 325 998	6,1
1541	IT- og ekompolitikk	480 977	578 477	88 513	-84,7
1542	Internasjonalt samarbeid	464 299	369 308	466 869	26,4
1543	Nasjonal kommunikasjonsmyndighet	485 767	492 538	847 151	72,0
	Sum kategori 01.40	2 608 521	2 690 473	2 728 531	1,4

Inntekter under programkategori 01.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
4540	Digitaliseringsdirektoratet	354 623	352 972	392 457	11,2
4542	Internasjonalt samarbeid	3 495	3 335	3 529	5,8
4543	Nasjonal kommunikasjons- myndighet	583 941	887 434	583 946	-34,2
5579	Sektoravgifter under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet	265 931	295 614	312 377	5,7
	Sum kategori 01.40	1 207 990	1 539 355	1 292 309	-16,0

Innleiing

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har koordineringsansvaret for forvaltningspolitikken, regjeringa sin digitaliseringspolitikk og sektoransvaret for elektronisk kommunikasjon (ekom).

Føremålet med forvaltningspolitikken er å fastsette felles rammer for korleis forvaltninga bør fornye seg, arbeide og vere organisert. Dette skal gi innbyggjarane gode tenester, rettstryggleik, bidra til at avgjerder er fagleg baserte, vareta demokratiske verdiar og fremje effektiv bruk av ressursane. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har ei rolle som pådrivar og tilretteleg-

gar for ei open og samordna forvaltning som har høg tillit i befolkninga. Kvar enkelt sektor, departement og underliggande verksemd har eit sjølvstendig ansvar for å organisere seg og arbeide slik at dei politiske måla blir nådd.

Digitalisering skal bidra til eit berekraftig velferdssamfunn som varetar ein trygg og enkel kvardag for innbyggjarane og frivillig sektor, eit konkurransedyktig næringsliv og ein betre offentlig sektor. Føremålet med digitaliseringspolitikken er å utvikle rammevilkår som understøtter digitaliseringa i sektorane, på tvers av sektorar og samfunnet som heilskap.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har eit samordningsansvar på ei rekke område:

- Å identifisere utfordringar på tvers av sektorar og å initiere, koordinere og følgje opp tverrgående digitaliseringstiltak, irekna utvikling av strategiar og handlingsplanar.
- Samordning av regjeringa sin digitaliseringspolitikk overfor EU og andre internasjonale fora, til dømes når Noreg er gjesteland i G20.
- Samordning av regjeringa sin politikk for kunstig intelligens og forvaltning av tilknytt regelverk.
- Eit særskilt ansvar for å arbeide for ei styrka og meir heilskapleg tilnærming til informasjonsikkerheit i forvaltninga. Digitaliseringa av samfunnet skal skje på ein berekraftig og inkluderande måte, slik at flest mogleg blir inkludert i det digitale samfunnet. Den skal òg bidra til forenkling og effektivisering i både offentleg og privat sektor. Samstundes er det viktig å hindre at digitaliseringa svekker personvern eller forbrukarvern, aukar sårbarheita for digitale angrep eller svekker konkurransen i dei digitale marknadene.

Føremålet med ekompolitikken er å legge til rette for eit likeverdig tilbod av sikre elektroniske kommunikasjonstenester av høg kvalitet og til rimelege prisar over heile landet. Datasenter, høgshastigheits breibandnett og mobilnett med god kapasitet, er viktig for levering av internett og andre elektroniske kommunikasjonstenester til innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar, forvaltning og kritiske samfunnsfunksjonar. Datasentera og mobil- og breibandnetta er følgeleg ein føresetnad for digitalisering og digitale løysingar, og derfor for oppgåveutføring, verdiskaping, innovasjon og samfunnssikkerheit på tvers av alle sektorar. Høg sikkerheit og beredskap i netta og tenestene, er òg ein føresetnad for at potensialet for digitalisering skal kunne utnyttast. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har frå august 2025 overtatt ansvaret for prosjektet for nytt nødnett frå Justis- og beredskapsdepartementet.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har ansvaret for etatsstyringa av Digitaliseringsdirektoratet og Nasjonal kommunikasjonsmyndighet. Staten eig òg 100 pst. av aksjane i Norid AS, som mellom anna forvaltar det norske toppnivådomenet .no. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet forvaltar staten sitt eigarskap i selskapet.

Departementet har vidare ansvaret for den faglege styringa av den sentrale arbeidsgivarfunksjonen i staten, organisering og innkjøpspolitikk,

mellom anna gjennom Statens innkjøps-senter i Direktoratet for forvaltning og økonomistyring. Finansdepartementet har ansvaret for etatsstyringa av Direktoratet for forvaltning og økonomistyring. Den statlege arbeidsgivarpolitikken er nærare omtalt under programkategori 01.60.

Mål for programkategorien

1. Forvaltninga i Noreg er effektiv, open, samordna og har høg tillit i befolkninga
2. Digitaliseringa i samfunnet gir gode vilkår for deltaking, verdiskaping og innovasjon i offentlig og privat sektor
3. Eit likeverdig tilbod av sikre elektroniske kommunikasjonstenester av høg kvalitet og til rimelege prisar over heile landet

Mål 1 Forvaltninga i Noreg er effektiv, open, samordna og har høg tillit i befolkninga

Forvaltninga skal tilby gode og effektive offentlege tenester, vere open og ha høg tillit i befolkninga. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har ansvar for å samordne regjeringa si tillitsreform. Intensjonen med tillitsreforma er at mindre administrasjon og detaljstyring skal gi dei tilsette meir fridom og innbyggjarane betre velferdstenester. I motsetnad til andre reformer skal initiativet til endring kome frå førstelinja som er tettast på brukarane. Offentleg sektor skal vere sterk og samordna. Forvaltninga skal utvikle eigen kompetanse framfor å bruke konsulentar. Utviklinga av offentlig forvaltning skal forankrast i sentrale verdier som demokrati, rettstryggleik, fagleg integritet og effektivitet. Sjå nærare omtale i del I, pkt. 2.2 og omtale av løyvingar og verkemiddel som støtter opp under målet under kap. 1500, 1540, 1541 og 1542.

Digitaliserings- og forvaltningsministeren har ansvaret for å koordinere regjeringa sitt arbeid med berekraftsmåla nasjonalt. Regjeringa la i juni 2025 fram Meld. St. 35 (2024–2025) *Norges arbeid med bærekraftsmålene – Status, utfordringer og veien vidare* (berekraftsmeldinga). Kapittel 3 i meldinga gjennomgår status for dei 17 berekraftsmåla og tilhøyrande delmål. Dette kapittelet erstattar i år rapporteringa som tidlegare har vore lagt ved Prop. 1 S for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Digitaliserings- og forvaltningsministeren leiar Toppleiarforum for berekraftsmåla. Toppleiarforumet fekk anledning til å diskutere og kome med innspel til berekraftsmeldinga undervegs i prosessen. Digitaliserings-

og forvaltningsdepartementet har ansvar for å koordinere Noregs deltaking i det internasjonale samarbeidet Open Government Partnership (OGP). Gjennom dette samarbeidet forpliktar Noreg seg til å arbeide tett saman med sivilsamfunnet for å fremje openheit i offentleg sektor. I fellesskap skal det utarbeidast handlingsplanar som styrkjer arbeidet for ei open forvaltning. Den gjeldande handlingsplanen, *Ei open forvaltning*, blei lagt fram i 2024 og inneheld konkrete tiltak for å styrkje openheitsarbeidet.

Mål 2 Digitaliseringa i samfunnet gir gode vilkår for deltaking, verdiskaping og innovasjon i offentleg og privat sektor

Regjeringa ønskjer ein sterk og effektiv offentleg sektor som gir innbygarane gode tenester, valfridom og sikkerheit. Offentleg sektor skal vere effektiv, og gjennom digitalisering er målet å tilby forbetra offentlege tenester, fremje innovasjon og verdiskaping i næringslivet og sikre ei berekraftig og inkluderande samfunnsutvikling. Digitaliseringspolitikken grip på tvers av samfunnssektorene, og ei viktig oppgåve er samordning av politikken.

Kunstig intelligens skapar moglegheiter og utfordringar for både privat og offentleg sektor. Ved hjelp av kunstig intelligens er det mogleg å forbetre tenester, løysingar og arbeidsprosessar i både offentleg forvaltning og næringslivet. Derfor må teknologien brukast på ein måte som gagnar innbygarane og samfunnet, og utfordringar med teknologien må bli tatt tak i mellom anna gjennom regulering.

Regjeringa følgjer opp den nasjonale digitaliseringsstrategien *Fremtidens digitale Norge* som blei lagt fram hausten 2024. Det er eit mål at Noreg skal bli det mest og best digitaliserte landet i verda. Strategien peikar på nokre viktige føresetnader som må vere på plass for å gjennomføre den digitale omstillinga på ein forsvarleg måte. Det gjeld mellom anna ein forsterka styring og samordning av digitaliseringspolitikken, ein sikker og framtidsretta infrastruktur og styrka sikkerheit og beredskap. Strategien legg òg vekt på verdien av eit godt personvern for alle, digital inkludering og at vi har den nødvendige digitale kompetansen framover.

Digitale fellesløysingar i forvaltninga bidrar til at offentlege tenester er tilgjengelege for innbyggjarar, frivillig sektor og næringslivet. Fellesløysingane er viktige byggeklossar i digitaliseringa av Noreg, og dei sparar samfunnet for millionar av kroner kvart år. Fellesløysingane kan òg vere vik-

tige for å kunne kommunisere med befolkninga i krisetider. Det er derfor viktig at løysingane er sikre og stabile. Digitaliseringsdirektoratet arbeider kontinuerleg med forsvarleg drift, forvaltning og vidareutvikling av fellesløysingane.

Sjå nærare omtale i del I, pkt. 2.1 og omtale av løyvingar og verkemiddel som støtter opp under målet under kap. 1540, 1541 og 1542.

Mål 3 Eit likeverdig tilbod av sikre elektroniske kommunikasjonstenester av høg kvalitet og til rimelege prisar over heile landet

Regjeringa ser store moglegheiter i digitalisering og ny teknologi. Grunnleggande digital infrastruktur, som mobil- og breibandnett og data-senter med høg kvalitet og sikkerheit, er viktig for levering av internett og andre elektroniske kommunikasjonstenester, og er derfor ein føresetnad for digitalisering i alle sektorar og avgjerande for å bygge landet vidare i framtida. Det er viktig at alle kan delta i den digitale utviklinga.

Dei viktigaste linjene i norsk ekompolitikk skal ligge fast. Regjeringa vil vidareføre den marknadsbaserte tilnærminga til utbygging av nett og tenester og prinsippa om forsvarleg sikkerheit, minimumsregulering, teknologinøytralitet og effektiv marknadsregulering. Det er i hovudsak marknadsaktørane som skal finansiere vidare utbygging, og regjeringa vil legge til rette for dette.

Samstundes har utbygginga i Noreg kome så langt at mange av adressene som står igjen å bygge ut til, ligg i område utan kommersielt grunnlag for investeringar. Regjeringa foreslår å bruke midlar på utbygging i slike område òg i 2026.

Når alle blir meir avhengige av nett med høg kvalitet, er òg høg sikkerheit og beredskap avgjerande for sikkerheita for folk og verksemdar i heile landet. Derfor la regjeringa i september 2025 fram ein sikkerheitsplan for elektronisk kommunikasjon. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til telesikkerheit og beredskap betydeleg, til totalt over 400 mill. kroner i 2026.

Sjå nærare omtale i del I, pkt. 2.1 og omtale av løyvingar og verkemiddel som støtter opp under målet under kap. 1541 og 1543.

Berekraftsmåla

Innanfor digitaliseringsområdet bidrar Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet til berekraftsmåla på ei rekke område. Deling og bruk av data gjer det mogleg å skape nye verdiar og meir effek-

tive løysingar (mål 8 om økonomisk vekst). Utbygging av mobil- og breibandnetta i område der det ikkje er kommersielt grunnlag for det, betrar føresetnadene for innovasjon (mål 9 om infrastruktur og innovasjon), reduserer det digitale gapet og skapar meir likeverdige tilbod over heile landet (mål 10 om å redusere ulikskap). God

informasjonssikkerheit og personvern er føresetnader for tillit. eID gjer at alle kan bevise den juridiske identiteten sin, eInnsyn gjer det mogleg å følgje offentleg saksbehandling og sjølvbeteningsløysingar aukar effektiviteten i offentleg sektor (mål 16 om velfungerande institusjonar).

Kap. 1540 Digitaliseringsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 27</i>	152 726	172 923	183 694
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	33 900	14 402	21 320
22	Bruk av nasjonale fellesløysingar	196 898	200 600	224 000
23	Utvikling og forvaltning av nasjonale fellesløysingar, <i>kan overførast</i>	486 198	526 621	531 674
25	Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt, <i>kan overførast</i>	111 978	150 741	152 758
26	Stimulab, <i>kan overførast</i>	8 129	5 342	5 486
27	Tilsyn for universell utforming av ikt, <i>kan nyttast under post 01</i>	19 433	19 860	21 405
28	KI Noreg			10 000
29	Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn, <i>kan overførast</i>	159 296	150 000	166 000
71	IT-tilskot	8 920	9 661	9 661
	Sum kap. 1540	1 177 478	1 250 150	1 325 998

Digitaliseringsdirektoratet skal hjelpe til å løyse dei store utfordringane som samfunnet står framføre, og har som samfunnsoppdrag å bidra til ein effektiv, brukarretta og samordna digitalisering av offentleg sektor. Digitaliseringsdirektoratet er eit ordinært statleg forvaltningsorgan under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Direktoratet skal, i nært samarbeid med andre aktørar både i offentleg og privat sektor, bidra til å realisere regjeringa sine ambisjonar og mål for digitaliseringa av samfunnet. Digitaliseringsdirektoratet har offentleg sektor som si primære målgruppe, og har òg innbyggjarar, frivillig sektor og næringslivet som målgruppe gjennom å legge til rette for tilgang til brukarvenlege digitale løysingar, ansvarleg innovasjon med kunstig intelligens, og deling av data.

Direktoratet skal bidra til samordna digitalisering gjennom å vere eit fagorgan for digitalisering, ansvarleg innovasjon og bruk av kunstig intelligens og heilskapleg informasjonsforvaltning, leverandør av fellesløysingar og tilsyn for universell utforming av ikt. Som fagorgan skal Digitaliseringsdirektoratet vareta den faglege integriteten sin, basert på kunnskap og godt skjønn.

Digitaliseringsdirektoratet er fagdirektorat for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og skal gi råd som fremjar samordna digitalisering. Direktoratet skal støtte departementet i oppfølginga av digitaliseringsstrategien, og gjennomføre relevante tiltak i strategien. Direktoratet skal mellom anna bidra til offentleg sektor sitt arbeid med utvikling av samanhengande tenester og felles økosystem, ansvarleg kunstig intelligens og deling av data.

Digitaliseringsdirektoratet skal, som fagorgan, òg vere ein pådrivar for auka digitalisering og innovasjon og samordna førebyggjande informasjonssikkerheit i forvaltninga. Digitaliseringsdirektoratet er sekretariat for Digitaliseringsrådet og forvaltar òg finansielle verkemiddel som medfinansieringsordninga for digitaliseringsprosjekt som skal bidra til auka digitalisering i forvaltninga, og Stimulab, som skal bidra til auka innovasjon i offentleg sektor.

Som leverandør av fellesløysingar arbeider Digitaliseringsdirektoratet med å drifte, vidareutvikle og utbreie fellesløysingar som Altinn og ID-porten, og å skape nye verdiar og digitale tenester med høg tillit. Oppgåver knytte til rolla som tilsyn for universell utforming av ikt skal utøvast uavhengig av direktoratet sine andre oppgåver.

Digitaliseringsdirektoratet skal støtte opp om målet om at forvaltninga i Noreg er effektiv, open, samordna og har høg tillit i befolkninga. Direktoratet skal òg bidra til målet om at digitaliseringa i samfunnet gir gode vilkår for deltaking, verdiskaping og innovasjon i offentleg og privat sektor.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 27

Løyvinga dekker løn til tilsette, husleige og andre faste driftsutgifter.

Rapport

Digitaliseringsdirektoratet forvaltar digitale fellesløysingar og register som er del av Noreg sin felles digitale infrastruktur. Sikre og robuste fellesløysingar er ein føresetnad for å kunne utvikle gode digitale tenester raskt og kostnadseffektivt. Det er ei vedvarande auke i bruk både målt i transaksjonar og tal på verksemdar som nyttar løysingane.

2024 var prega av omfattande moderniseringsarbeid. Det var høg utviklingstakt på programmet nye Altinn. Tal på verksemdar som har reetablert sine tenester på nye Altinn aukar jamt.

Direktoratet har gjort eit stort arbeid med å modernisere den tekniske infrastrukturen for dei digitale fellesløysingane ID-porten, Kontakt- og reservasjonsregisteret, Maskinporten, eInnsyn, Elma og eFormidling. Direktoratet har bidratt i det felles arbeidet med å etablere nye finansieringsmodellar for fellesløysingane.

Dagens sikkerheitssituasjon, auka bruk og nye bruksområde set fellesløysingane under press. Digitaliseringsdirektoratet har derfor hatt

auka merksemd på å styrkje arbeidet med forsvarleg drift, sikring og forvaltning av fellesløysingane. Arbeidet med å styrkje evna til å førebygge, oppdage og handtere digitale angrep frå trusselaktørar held fram. Dette bidrar til at infrastrukturen som offentleg sektor nyttar i digitaliseringsarbeidet, held eit tillitsgivande og tilstrekkeleg sikkerheitsnivå.

I 2024 bidrog Digitaliseringsdirektoratet i arbeidet med den nasjonale digitaliseringsstrategien, gjennom mellom anna oversikt over tilstand og trendar, og råd om tiltak. Etter lanseringa av strategien har Digitaliseringsdirektoratet bidratt til å gjere strategien kjent i offentleg sektor og har støtta departementet i å planlegge korleis strategien skal følgast opp, mellom anna ved å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag og eit nasjonalt vegkart for nasjonal digital transformasjon på tvers av sektor og forvaltningsnivå. Strategien legg eit godt grunnlag for å styrkje digital samhandling og samordning av offentleg sektor framover.

Informasjonssikkerheit og personvern er ein føresetnad for å bygge tillit til digitaliseringa av samfunnet. I 2024 har direktoratet saman med fleire andre rettleiingsaktørar utarbeida eit felles målbilete for samordna innsats for betre informasjonssikkerheit i forvaltninga, og starta eit arbeid med felles anbefalingar for styringsaktivitetar. Vidare i samarbeidet vil direktoratet og samarbeidspartnarane søkje å løyse fleire av utfordringane forvaltninga har med informasjonssikkerheit gjennom ulike prosjekt.

Digitaliseringsdirektoratet er ein pådrivar for arbeidet med livshendingar og andre samanhengande tenester. Digitaliseringsdirektoratet har ansvaret for livshendinga dødsfall og arv, der fastsetting av forskrift om Digitalt dødsbo (med heimel i arvelova) var ein viktig milepåle for løysinga digitalt dødsbu. Pågåande tiltak er til dømes digital gravferdsmelding og digitalt dødsbu. Første versjon av tenesta digitalt dødsbu blei lansert i juni 2025.

I 2024 leverte Digitaliseringsdirektoratet eit kunnskapsgrunnlag om korleis statlege verksemdar arbeider med og legg til rette for innovasjon. Funna i rapporten peikar på at offentleg sektor har eit uforløyst potensial i å samarbeide på tvers, og med næringslivet.

Digitaliseringsdirektoratet følgjer opp handlingsplanen for eID som blei lagt fram våren 2024. Handlingsplanen konkretiserer tiltaka frå *Nasjonal strategi for eID i offentleg sektor* frå 2023 med tanke på innhald, ansvarleg departement/verksemd, fristar og prioritering av tiltaka. Ein del av tiltaka i handlingsplanen vil bli følgd opp ved

gjennomføringa av eIDAS 2.0, som blei vedteke i EU våren 2024. I 2025 leier Digitaliseringsdirektoratet eit arbeid med å greia ut korleis ein best kan realisere regjeringas mål om at eID på høgt sikkerheitsnivå kan gjerast tilgjengeleg for fleire og korleis ein kan tilby alle ei digital lommebok med eID. Utgreiinga ferdigstillast i 2025 og vil deretter bli følgt opp.

Saman med andre relevante direktorat deltek Digitaliseringsdirektoratet i eit forum for å betre samarbeid om identitetsforvaltning (Koordineringsgruppa for ID-forvaltninga – KoID). Hovudmålet med samarbeidet er å bidra til ei styrka identitetsforvaltning i Noreg slik at innsatsen på området blir meir heilskapleg og koordinert.

Deling og bruk av data er avgjerande for å oppnå samanhengande tenester for brukarane og oppnå verdiar for samfunnet. Arbeidet med digitaliseringsvenleg regelverk og rådgiving om regelverkskompleksitet i digitaliseringsarbeid held fram i 2024.

Digitaliseringsdirektoratet har vidareutvikla rettleiing om ansvarleg utvikling og bruk av kunstig intelligens, i samarbeid med relevante aktørar. Rettleiinga har som føremål å bidra til å heve kompetansen om forsvarleg bruk av kunstig intelligens og der igjennom nå regjeringas mål om auka bruk av kunstig intelligens i offentleg sektor. Direktoratet har òg ei oversikt over KI-prosjekt i offentleg sektor og har etablert ein KI-lab som utforskar bruk av kunstig intelligens i produkt, tenester og fellesløysingar.

Digitaliseringsdirektoratet har vidareutvikla data.norge.no og data.altinn.no. Innføring av KI-dreve søk har bidratt til å gjere data.norge.no meir brukarvenleg og medverka til høgare besøkstal i portalen.

Internasjonalt samarbeid er viktig for å lykkast med digitalisering i Noreg. I 2024 har Digitaliseringsdirektoratet deltatt aktivt i internasjonale program og samarbeidsprosjekt, mellom anna oppfølging av norsk deltaking i EUs ramme-program for digitalisering, DIGITAL.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Digitaliseringsdirektoratet skal styrkje seg som fagorgan. Direktoratet skal mellom anna ha god kunnskap og oversikt over status for digitalisering i offentleg sektor. Direktoratet skal gi råd og løfte relevante problemstillingar til departementet. Direktoratet har ei viktig rolle i oppfølginga av digitaliseringsstrategien, mellom anna oppfølging av tiltak gjennom arbeidet med nasjonalt vegkart. Sentrale tiltak som direktoratet har ansvar for er å

følgje opp den komande utgreiinga av tilbod om digital lommebok med eID på høgt nivå til alle, utvikling av sikre og brukarvennlege digitale fullmaktsløysingar og digital inkludering.

Direktoratet skal sørge for at digitale fellesløysingar blir drifta, forvalta og vidareutvikla på ein berekraftig og forsvarleg måte. Direktoratet skal fortsette arbeidet med å etablere nye finansieringsmodellar, slik at det leggst til rette for overgang til nye finansieringsmodellar frå 1. januar 2027.

Digitaliseringsdirektoratet skal prioritere arbeidet med å etablere KI Noreg som ei eining i direktoratet. KI Noreg skal ha ei sentral rolle som pådrivar og rettleiar, og fungere som den nasjonale arenaen for ansvarleg innovasjon, utvikling og bruk av kunstig intelligens i offentleg og privat sektor.

Digitaliseringsdirektoratet skal innanfor eit formelt samarbeid med Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit og Datatilsynet etablere, utvikle og drifte den regulatoriske KI-sandkassa etter KI-forordninga. Sandkassa vil vere organisatorisk plassert i KI Noreg. Eit viktig føremål med sandkassa er å fremje innovasjon med kunstig intelligens og gi verksemdar moglegheitene til å eksperimentera, utvikle og teste KI-løysingar i trygge og kontrollerte rammer.

Som følgje av tekniske budsjettjusteringar blir det foreslått å auke posten med 4,9 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 1540, post 23.

Samla blir det foreslått å løyve 183,7 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 4540, post 03, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga dekker utgifter til Digitaliseringsdirektoratet sine utviklingsoppgåver og it-prosjekt, og nyutvikling knytt til nasjonale fellesløysingar.

For rapportering sjå omtale under post 01.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Løyvinga blir foreslått auka med 4,8 mill. kroner til å etablere, utvikle og drifte den regulatoriske KI-sandkassa etter KI-forordninga, sjå omtale under post 01.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,6 mill. kroner til å dekke aktivitetar for å oppnå auka digi-

tal kompetanse i befolkninga mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 1541, post 22.

Samla blir det foreslått å løyve 21,3 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 4540, post 03, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 22 Bruk av nasjonale fellesløysingar

Løyvinga dekker utgifter for bruk av elektronisk ID på høgt sikkerheitsnivå skrive ut av private leverandørar, og elektronisk ID med lågare sikkerheitsnivå ved sending av SMS. På vegne av offentlege verksemdar har Digitaliseringsdirektoratet inngått avtale med fleire private leverandørar. Forslaget til løyving er basert på forventa volum for bruk hos verksemdene som brukar ID-porten.

Løyvinga dekker òg utgifter for bruk av Digital postkasse til innbyggjarar der det er inngått avtale med fleire private leverandørar, og kostnader for innlogging til postkassene via ID-porten og kostnader knytte til eSignering. Desse kostnadane blir dei enkelte verksemdene fakturert for, jf. kap. 4540, post 05. Det er usikkerheit knytt til løyvingsanslaget.

Løyvinga skal vere tilpassa faktisk bruk av løyvingane i forvaltninga og gjeldande rammevilkår frå underleverandørar.

For rapportering sjå omtale under post 01.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått å løyve 224 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 4540, post 05, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 23 Utvikling og forvaltning av nasjonale fellesløysingar, kan overførast

Løyvinga dekker utvikling, forvaltning og drift av dei nasjonale fellesløysingane som Digitaliseringsdirektoratet har ansvar for. Løyvinga dekker òg direktoratet sin innsats knytt til sikkerheit i dei digitale fellesløysingane.

Utgifter til utbreiing av eInnsyn, i kommunar og fylkeskommunar, og Maskinporten skulle dekast av dei verksemdene som tar fellesløysingane i bruk. I påvente av framtidige finansieringsmodellar er løysingane delvis sentralfinansierte.

Vidare dekker løyvinga nødvendige tilpassingar som følgje av samarbeid med EU og nordisk-baltisk samarbeid. Løyvinga dekker òg delar av

arbeidet med strategi og samordning av nasjonale fellesløysingar slik at dei blir forvalta og vidareutvikla på ein heilskapleg måte.

Som ein del av oppgåvene med å drifte, forvalte og utvikle løysingane, utfører Digitaliseringsdirektoratet enkelte oppdrag knytte til utvikling av særskild funksjonalitet og tilleggstenester som er etterspurt av kundar og tenesteeigarar. Desse kostnadane blir fakturert vidare. Føring av inntektene skjer på kap. 4540, post 03.

For rapportering sjå omtale under post 01.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Fellesløysingane har ein sentral plass i teneste-produksjonen i offentlig sektor og den digitale samhandlinga med innbyggjarar og næringsliv. Aktiviteten frå profesjonelle trusselaktørar er aukande knytt til digitale løysingar og tenester. Det er viktig at fellesløysingane har tilstrekkeleg kapasitet til å dekke ikkje berre ein normal situasjon, men òg krisesituasjonar.

Våren 2023 blei det etablert eit tverretatleg program (Nye Altinn), under leiing av Digitaliseringsdirektoratet og med dei største tenesteeigarane som brukar Altinn; Brønnøysundregistra, Skatteetaten og Statistisk Sentralbyrå. Programmet skal utvikle Altinn 3 i Digitaliseringsdirektoratet og reetablere tenestene til verksemdene i den nye plattformen. Dette er eit omfattande arbeid med ein stram tidsplan og høg risiko. Programmet skal etter planen avsluttast i desember 2026. Som ein del av arbeidet med ny plattform blir Altinn delt opp i fleire frittståande produkt. Det vil medføre fridom til tenesteeigarane i korleis dei brukar produkta i plattformen til sine behov.

I 2024 fatta Stortinget ei investeringsavgjerd for programmet Nye Altinn med ei kostnadsramme på 1 267 mill. kroner. Med bakgrunn i investeringsavgjerda blir det foreslått å løyve 190,2 mill. kroner til investeringskostnader for Nye Altinn i 2026. Løyvinga blir fordelt med 102 mill. kroner til Digitaliseringsdirektoratet på kap. 1540, post 23, 10,2 mill. kroner til Brønnøysundregistra på kap. 904, post 21, 77,1 mill. kroner til Skatteetaten på kap. 1618, post 22 og 0,9 mill. kroner til Statistisk Sentralbyrå på kap. 1620, post 01. Denne fordelinga vil ved eventuelt behov bli foreslått justert i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2026.

Ein moderne Altinn-plattform og nye tenester vil gi auka nytte, vareta sikkerheit og fleksibilitet på ein betre måte, men òg føre med seg eit auka behov for drift og forvaltning av plattformen og dei tilknytte tenestene. Det blir derfor foreslått å auke

løyvinga med 2,6 mill. kroner til drift og forvaltning i Digitaliseringsdirektoratet i 2026.

Eit sentralt tiltak for å redusere digitalt utanforskap er å sikre at fleire innbyggjarar får tilgang til digitale tenester gjennom ei digital fullmaktsløyving, og å ferdigstille og rulle ut MinID, ein elektronisk ID med lågare sikkerheitsnivå, i skulen. I tillegg til å gi effektiviseringsgevinstar for både det offentlege og innbyggjarar, vil tiltaket òg bidra til å gjere det mogleg å handheve ei aldersgrense på sosiale medium samstundes som ein sikrar tilgang for alle som skal ha det. Det blir foreslått å auke løyvinga med 15 mill. kroner til arbeidet med digital inkludering i 2026.

Som følge av tekniske budsjettjusteringar blir det foreslått å redusere posten med 4,9 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på post 01.

Samla blir det foreslått å løyve 531,7 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 4540, post 03, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 25 Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt, kan overførast

Føremålet med løyvinga er å bidra til gjennomføring av samfunnsøkonomisk lønsame digitaliseringsprosjekt og realisering av gevinstar. Posten blir budsjettert med tilsegnsramme, tilsegnsmakt og løyving. Tilsegnsramma er summen av nye tilsegn som kan gis i budsjettåret og er den relevante størrelsen for å vurdere aktiviteten på ordninga. Løyvinga dekkjer den delen av tilsegner gitt i budsjettåret som ein forventar å utbetale same år og tilsegn frå tidlegare år som ein antar kjem til utbetaling dette budsjettåret. Tilsegnsmakta viser staten sine forpliktingar ved utgangen av året, det vil seie den delen av gitte tilsegn som enno ikkje er utbetalt.

Rapport

Medfinansieringsordninga har sidan oppstarten i 2016 bidratt til 103 tiltak med samla tilsegn på om lag 1,3 mrd. kroner. Verksemdene som tar imot medfinansiering bidrar med tilsvarende beløp i eigenfinansiering. Prosjekta i perioden 2016–2025 melder samla netto gevinstar i offentlig sektor på over 1,3 mrd. kroner per år. Dette fordeler seg på statleg sektor med 422 mill. kroner per år og kommunal sektor med 974 mill. kroner per år.

I 2024 fekk sju prosjekt tilsegn frå medfinansieringsordninga, med ei samla tilsegnsramme på 140,6 mill. kroner. I 2025 har foreløpig sju prosjekt

fått tilsegn om til saman 117,6 mill. kroner i medfinansiering. Det står att 62,5 mill. kroner av tilsegnsramma for 2025, og tildeling vil skje i løpet av hausten.

I gjeldande retningslinjer kan det søkast om medfinansiering til digitaliseringstiltak med ei kostnadsramme på mellom 10 og 100 mill. kroner, og maksimal del for medfinansiering er 50 pst. Ordninga inneber at verksemdar som mottar midlar, skal tilbakebetale 50 pst. av netto verksemdsinterne gevinstar gjennom budsjettreduksjon. Det krevst òg at andre statlege verksemdar som får vesentlege gevinstar, godtar å realisere 50 pst. av netto gevinstane gjennom budsjettreduksjon.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Digitaliseringsdirektoratet skal forvalte medfinansieringsordninga i samsvar med retningslinjene for ordninga.

Tilsegnsramma blir foreslått satt til 113,5 mill. kroner i 2026. Dette er ein reduksjon på 66,6 mill. kroner frå 2025. Det blir foreslått ei tilsegnsmakt på 121,4 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak, og ei løyving på 152,8 mill. kroner.

Post 26 Stimulab, kan overførast

Stimulab er ei stimuleringsordning for design-drevet innovasjon i offentlig sektor som skal stimulere til meir og betre brukarorientert innovasjon i offentlig sektor. Brukarorientert designtenking kan betre samordning og føre til betre relevans og treffsikkerheit av tiltak, og dermed òg meir effektivitet i stat og kommune. Ordninga er retta inn mot å auke innovasjonskompetanse og -kapasitet i offentlege verksemdar, gjennom støtte og fagleg rettleiing til enkeltprosjekt som til dømes ansvarleg innovasjon med kunstig intelligens. Ordninga brukar ei verktøykasse av innovative metodar med design som utgangspunkt. Den eignar seg mellom anna for å løyse komplekse og tverrgåande problemstillingar. Ordninga skal òg spreie kunnskap og erfaringar og utvikle kunnskap om brukarorientert innovasjon i offentlig sektor.

Tilskotsregelverket for Stimulab omfattar mellom anna tildelingskriterium. Prosjektet skal ha tydeleg brukarfokus og innovasjonspotensial, gjennomføringsevne og klar leiarforankring og eigen ressursinnsats, eit tydeleg gevinstpotensial for samfunnet saman med lærings- og overføringsverdi til andre verksemdar. Søkjarar skal bidra med eigenfinansiering. Ordninga rettar seg inn mot tidlegfasen i innovasjonsprosessen, og

prosjekta må vere opne og ikkje ha ei førehands-avgjort løysing.

Inntil 15 pst. av budsjettet kan brukast til å dele erfaringar og fremje kunnskapsutvikling om brukarorientert innovasjon og samordning i forvaltninga, nasjonalt og internasjonalt.

Rapport

Digitaliseringsdirektoratet forvaltar Stimulab i eit samarbeid med DOGA. Sidan opprettinga i 2016 har i alt 54 prosjekt fått tilskot eller tilsegn om tilskot frå Stimulab. Per juni 2025 var 46 prosjekt ferdigstilte. Den samla prosjektporteføljen dekkjer no eit breitt spekter av tema frå ulike offentlege verksemder. For 2025 blei samarbeid mellom fleire verksemder prioritert i søkjekriteria. Departementet har bedt om ei ekstern evaluering av Stimulab med sikte på å gjere forbetringar. Evalueringsrapporten vil bli levert til departementet i oktober 2025. I 2025 tok departementet initiativ til ei prøveordning kalla Stimulab-tech. Målet med ordninga er å fremje innovasjon med kunstig intelligens i offentleg sektor, ved å knyte saman behov i forvaltninga med løysingar frå oppstartsverksemder, «start-ups», i teknologimarknaden. Erfaringane frå prosjektet vil gi departementet verdifull innsikt i korleis samarbeid mellom offentleg og privat sektor kan bidra til nye og meir effektive løysingar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Generelt skal Stimulab prioritere prosjekt som har forventet samfunnsøkonomisk gevinst, òg utover kvart enkelt prosjekt. Som for dei seinaste åra vil prosjekt som krev samarbeid mellom fleire aktørar om problemstillingar som lett «fell mellom fleire stolar», på grunn av sektoransvar, manglande finansiering, samordningsutfordringar eller liknande, bli prioritert. Det kan bli endringar i ordninga som følgjer av evalueringsarbeidet.

Det blir foreslått å løyve 5,5 mill. kroner.

Post 27 Tilsyn for universell utforming av ikt, kan nyttast under post 01

Løyvinga dekkjer drift og forvaltning av tilsyn for universell utforming av ikt.

Rapport

I 2024 lanserte tilsynet for universell utforming av ikt ein sektortilsynsrapport om opplæringssektoren som tar føre seg korleis digitaliseringa påver-

kar elevane sin moglegheit til å delta på like vilkår i skulen. Sektortilsynet omfatta tilsyn, kartleggingar, dialog med bransjen, brukarorganisasjonar og opplæringssektoren, og rettleiingstiltak. Ein rettleiar for universell utforming i utdanninga er publisert på uutilsynet.no. Sektortilsynet med grunnskulen viste at digitale løysingar ikkje er tilgjengelege nok for elevar med dysleksi, lærevanskar, nedsett syn, motorikk eller kognisjon. Dette bryt med retten til utdanning. Som eit ledd i oppfølginga av utdanningssektoren, valde tilsynet å følgje opp to sentrale løysingar i vidaregåande skule i 2024.

Tilsynet har frå 2021 og fram til 2024 arbeidd med å bygge opp eit digitalt datadrivne tilsyn (DDT) som har effektivisert prosessane knytt til kontrollar og tilsyn. Gjennom bruk av automatiserte verktøy og digital støtte kan tilsynet gjennomføre fleire kontrollar og tilpasse seg nye regelverkskrav på ein effektiv måte. Den data-drivne tilsynsmetoden har òg vekt internasjonal merksemd, og fleire europeiske land har vist interesse for metoden.

Hausten 2022 lanserte tilsynet den sentrale løysinga for tilgjengelegheitserklæringar. Dette er ei løysing alle offentlege verksemder er pålagt å bruke. Ved utgangen av 2024 hadde 2 504 verksemder logga inn og publisert 7 530 erklæringar.

I 2024 gjennomførte Rambøll, på oppdrag frå tilsynet, ei kartlegging for å vurdere effekten av kravet om å ha tilgjengelegheitserklæring. Funna viser at tilgjengelegheitserklæringa har vore eit viktig verkemiddel for å betre universell utforming av ikt i offentleg sektor. Tre av fire verksemder opplever at arbeidet har bidratt til auka kompetanse og betre universell utforming av løysingane. Samstundes peikar rapporten på behovet for ytterlegare kompetanse og tydelege rutinar, særleg i mindre kommunar. Tilsynet spelar ei sentral rolle i dette arbeidet gjennom rettleiing og tilsyn, og stadig fleire verksemder tek i bruk tilsynet sine ressursar for å styrkje arbeidet med universell utforming.

Kartlegginga viser òg at over ni av ti statlege og kommunale verksemder kjenner til lovkrava. Og offentleg sektor dreg frå privat sektor. Medan sju av ti statlege verksemder har definerte strategiar for universell utforming, gjeld dette berre fire av ti private verksemder. Det er derfor grunn til å tru at krav om tilgjengelegheitserklæring har hatt ein positiv effekt for offentleg sektor.

Hausten 2024 gjennomførte tilsynet ein pilot på løysinga for forenkla kontroll. 255 nettstader, til saman 117 998 nettsider, blei kontrollerte. Kon-

trollen avdekka over 410 000 brot på krav om tilgjengelegheit.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Tilsynet skal prioritere tilsynsverksemda ved å gjennomføre kontrollar og tilsyn. I tillegg skal dei rettleie aktørar i etterleving av krava i forskrifta.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 830 000 kroner mot ein tilsvarende reduksjon på Kultur- og likestillingsdepartementet sitt kap. 352, post 71 for oppfølging av nye krav i forskrift om universell utforming av ikt-løysingar.

Det blir foreslått å løyve 21,4 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 4540, post 04, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 28 (ny) KI Noreg

Det blir foreslått å opprette ein ny post til å dekke utgifter i samband med etablering og drift av KI Noreg som ei eiga eining i Digitaliseringsdirektoratet.

KI Noreg skal vere den nasjonale arenaen for ansvarleg innovasjon, utvikling og bruk av kunstig intelligens, med mål om styrkje rettleiingsarbeidet og fremje betre utnytting av kunstig intelligens i både offentleg og privat sektor. Eininga skal ha ei sentral pådrivarrolle og eit ansvar for rettleiing knytt til innovasjon med kunstig intelligens, og skal legge til rette for erfarings- og kunnskapsdeling og bidra til å styrkje kompetanse. KI Noreg skal ha utoverretta aktivitet og fungere som eit bindeledd og ein samarbeidspartnar i offentleg sektor og mellom offentleg sektor og næringslivet, forskingsmiljø og akademien.

Regjeringa vil i 2026 legge fram eit forslag til ei ny KI-lov for Stortinget. Lovforslaget gjennomfører EUs forordning om kunstig intelligens i norsk rett. Den regulatoriske KI-sandkassa, som er heimla i forordninga, er eit viktig verkemiddel for auka innovasjon med kunstig intelligens. Digitaliseringsdirektoratet, Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit og Datatilsynet skal saman etablere, utvikle og drifte den regulatoriske sandkassa. Sandkassa skal vere organisatorisk plassert hos KI Noreg.

Det blir foreslått å løyve 10 mill. kroner.

Post 29 Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn, kan overførast

Løyvinga dekker utgifter til drift og driftsrelatert applikasjonsforvaltning knytt til Altinn, utgifter til

private leverandørar for SMS-varsling og driftsmessige endringar som den enkelte tenesteeigar har bestilt.

Utgiftene blir fakturert vidare til tenesteeigarane i samsvar med gjeldande fordelingsnøkkel i samarbeidsavtala mellom tenesteeigarane og Digitaliseringsdirektoratet. Inntektene frå tenesteeigarane blir budsjettert på kap. 4540, post 07.

For rapportering, sjå omtale under post 01.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått å løyve 166 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 4540, post 07, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 71 IT-tilskot

Løyvinga dekker tilskott til Standard Noreg og tiltak for auka digital kompetanse.

Standard Noreg

Føremålet er å støtte Standard Noreg sitt arbeid med IT-standardisering og standardisering av kunstig intelligens, og medverke til kompetanseoverføring mellom Standard Noreg og forvaltninga. Standard Noreg har eigenrett på å fastsette og gi ut Norsk standard, og på denne bakgrunnen blir enkelståande tilskot brukt med Standard Noreg som tilskotsmottakar i staden for tilskotsordning som verkemiddel.

Digitaliseringsdirektoratet vil gjennom tilskotsbrev stille krav og vilkår for bruken av midlane og rapportering. Standard Noreg rapporterer årleg på bruken av tildelte midlar.

Tilskotet skal mellom anna medverke til å fastsette og utbreie bruk av standardar og styrkje norsk deltaking i det internasjonale standardiseringsarbeidet på IT-området. Tilskotet skal òg bidra til å vareta norske interesser i utviklinga av internasjonale standardar for kunstig intelligens. Det blir foreslått 1,7 mill. kroner som tilskot til Standard Noreg.

Hjelpe- og rettleiingstilbod til innbyggjarar med manglande eller låg digital kompetanse

Føremålet med ordninga er å bidra til at alle innbyggjarar skal settast i stand til å bruke digitale verktøy og tenester frå offentlege og private aktørar. Tilskotsordninga blir foreslått med ei ramme på 8 mill. kroner. Ordninga skal bidra til etablering av varige hjelpe- og rettleiingstilbod til inn-

byggarar med manglande eller låg digital kompetanse. Ordninga bygger på strategien *Digital heile livet* og den tilhøyrande handlingsplanen for auka deltaking i eit digitalt samfunn. Digital inkludering er òg eit prioritert område i digitaliseringsstrategien.

Hovudkriteriet for måloppnåing er kor mange innbyggjarar som får opplæring i samsvar med læringsmåla for digital kompetanse i løpet av tilskotsperioden.

Kommunar og frivillige organisasjonar kan søkje om tilskot til opplæringstilbod og/eller rettleiingstilbod. Tilgjengelege midlar vil bli fordelte på grunnlag av mellom anna følgjande kriterium:

- Kvifor det er viktig å gi opplæring til innbyggjarar med særskilde behov for digital kompetanseheving.
- Korleis søkjaren vil utvikle tiltaket, og korleis det skal gi rettleiing og opplæring til innbyggjarane. Korleis opplæringa skal førast vidare og

bli ein varig del av tilbodet etter at prosjektperioden er over.

I 2024 tildelte Digitaliseringsdirektoratet 8 mill. kroner i eingongsstøtte til 17 kommunar som ønskjer å heve den digitale kompetansen til innbyggjarane.

Tilskotsordninga forvaltaast av Digitaliseringsdirektoratet. Ansvaret omfattar òg å følgje opp rapporteringa for bruken av tilskotsmidlane etter dei krava og villkåra som er sett i regelverk og tilskotsbrev. Føremålet er å styrkje koordineringa av innsatsen retta mot digital kompetanseheving som blir gjort i samarbeid med mellom anna KS, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, Seniornett og andre aktørar frå det offentlege, frivillige organisasjonar og næringslivet.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått å løyve 9,7 mill. kroner.

Kap. 4540 Digitaliseringsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
03	Diverse inntekter	37 139	2 372	2 457
04	Tilsyn for universell utforming av ikt	300		
05	Bruk av nasjonale fellesløysingar	159 846	200 600	224 000
07	Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn	157 338	150 000	166 000
	Sum kap. 4540	354 623	352 972	392 457

Post 03 Diverse inntekter

På posten budsjetterast diverse inntekter i Digitaliseringsdirektoratet som ikkje kan netto inntektsførast på utgiftsposten i følge rundskriv R-101 *Statens kontoplan for statsbudsjettet og statsregnskapet*.

Det blir foreslått å løyve 2,5 mill. kroner.

Post 04 Tilsyn for universell utforming av ikt

På posten budsjetterast eventuelle inntekter knytte til tilsyn for universell utforming av ikt. Nivået på inntektene er usikkert. Det blir derfor ikkje foreslått ei løyving.

Post 05 Bruk av nasjonale fellesløysingar

På posten budsjetterast inntekter knytte til betaling frå offentlege verksemder for bruk av elektronisk ID på høgt sikkerheitsnivå som private leverandørar har ferda ut, og elektronisk ID med lågare sikkerheitsnivå og SMS-kostnadar. I tillegg budsjetterast inntekter frå verksemder for bruk av Digital postkasse til innbyggjarar og til å logge inn til postkassene via ID-porten. Løyvinga dekker òg brukskostnadar for eSignering, sjå omtale under kap. 1540, post 22.

Det blir foreslått å løyve 224 mill. kroner.

Post 07 Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn

På posten budsjetterast inntekter knytte til drift og driftsrelatert applikasjonsforvaltning av Altinn og SMS-varslings. I tillegg budsjetterast inntekter knytte til driftsmessige endringar som tenesteeigarane har bestilt. Digitaliseringsdirektoratet fakturerer vidare utgiftene til tenesteeigarane etter gjeldande fordelingsnøkkel i samarbeidsavtala mellom tenesteeigarane og Digitaliseringsdirektoratet ved Altinn, sjå omtale under kap. 1540, post 29.

Det blir foreslått å løyve 166 mill. kroner.

Post 86 Tvangsmulkt

Digitaliseringsdirektoratet forvaltar og fører tilsyn etter forskrift om universell utforming av IKT-løysingar. Direktoratet kan gi påbod om at verksemdar gjennomfører tiltak for å sikre at forskrifta oppfyllest og treffe vedtak om tvangsmulkt etter lov om likestilling og forbod mot diskriminering § 36.

Det er usikkert om tvangsmulkt vil bli pålagt. Det blir derfor ikkje foreslått ei løyving på posten.

Kap. 1541 IT- og ekompolitikk

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
22	Utvikling, gjennomføring og samordning av IT- og ekompolitikken, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	31 659	136 029	26 574
60	Breibandutbygging	399 959	415 632	34 110
61	Førebygging og handtering av digitale hendingar, <i>kan nyttast under post 22</i>	10 000		
70	Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk, <i>kan nyttast under post 22</i>	39 359	26 816	27 829
Sum kap. 1541		480 977	578 477	88 513

Post 22 Utvikling, gjennomføring og samordning av IT- og ekompolitikken, kan overførast, kan nyttast under post 70

Løyvinga på posten brukast til tiltak for å gjennomføre og utvikle IT- og ekompolitikken.

Rapport

Løyvinga blei i 2024 brukt til oppfølging av tverrgåande digitaliseringstiltak og til finansiering av utgreiingar og rapportar for å styrkje kunnskapsgrunnlaget og utforminga av politikk innanfor digitaliserings- og ekompolitikken, mellom anna til arbeidet med oppfølginga av ny digitaliseringsstrategi, mellom anna tiltak for kunstig intelligens.

Vidare blei løyvinga brukt til koordinering av og mobilisering for norsk deltaking i EU-programmet DIGITAL. Løyvinga blei òg brukt til tiltak for auka digital kompetanse i befolkninga, mellom anna til drift og vidareutvikling av gratis lærings-

ressursar for dei som driv opplæring og rettleiing i grunnleggjande digitale ferdigheiter i befolkninga (Digidel-ressursane) hos Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det skal gjennomførast utgreiingar og tiltak som følgjer opp ny nasjonal digitaliseringsstrategi og regjeringa sine politiske prioriteringar. Mellom anna vil Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, i samarbeid med Kunnskapsdepartementet og Kultur- og likestillingsdepartementet, greie ut korleis ein heilskapleg nasjonal infrastruktur for kunstig intelligens kan kome på plass og gi eit tilbod om tilgang til reknekræft og grunnmodellar på norsk og samisk til alle.

Løyvinga skal brukast til å dekke Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sin medlemskontingent til Digital Norway – Toppindustriesenteret. Det blir foreslått 3 mill. kroner til Digital

Norway. Løyvinga skal òg vere med å sikre koordinering av og mobilisering til norsk deltaking i programmet for eit digitalt Europa (DIGITAL) i perioden 2021–2027.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på Kunnskapsdepartementets kap. 285, post 21 for å dekke Forskningsrådet sine verksemdskostnader knytt til koordineringa av DIGITAL.

Regjeringa oppretta i 2023 eit responsmiljø som skal medverke til å gjere kommunane betre rusta til å handtere digitale hendingar og truslar, KommuneCERT, saman med HelseCERT, som er ein del av Norsk helsenett SF. Det blir foreslått å auke løyvinga med 12,5 mill. kroner til å dekke driftskostnadane til KommuneCERT.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 119,9 mill. kroner som var sett av til kostnader for gjennomføring av Internet Governance Forum i Noreg i 2025.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,6 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 1540, post 21 til å dekke aktivitetar for å oppnå auka digital kompetanse i befolkninga.

Samla blir det foreslått å løyve 26,6 mill. kroner.

Post 60 Breibandutbygging

Løyvinga på posten brukast til tilskotsordning for utbygging av breiband.

Mål for ordninga

Regjeringa har som mål at alle husstandar og verksemder i Noreg skal ha tilbod om høghastighets breiband med minst 100 Mbit/s nedlastingshastigheit innan utgangen av 2025 og tilbod om minst 1 gigabit per sekund (1 000 Mbit/s) nedlastingshastigheit og 100 Mbit/s opplastingshastigheit innan utgangen av 2030. Vidare er det eit mål for regjeringa å oppnå betre mobildekning (arealdekning) i dei delane av landet der behovet er størst, mellom anna langs viktige ferdselsårer. Føremålet med ordninga med breibandstønad er å bidra til at alle husstandar og verksemder får eit tilbod om breiband med god kvalitet. Tilskotet skal bidra til utbygging av breiband i geografiske område der det ikkje er kommersielt grunnlag for investeringar. I tillegg kan midlane i ordninga brukast til å auke kapasiteten på breibandet i område der marknaden ikkje leverer tilfredsstillande kapasitet. Vidare kan midlane frå og med 2026 nyttast til utbygging av mobildekning (arealdekning) der det ikkje er kommersielt grunnlag for

investeringar. Ordninga blir forvalta av fylkeskommunane. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit gir rettleiing til fylkeskommunane, mellom anna når det gjeld dekningstilhøve, prosjektinnretning og tekniske og statsstøtterettslege spørsmål.

Kriterium for måloppnåing

Kriteria for måloppnåing er talet på nye breibandsaksessar og betring av mobildekning (arealdekning) der folk ferdast som blir realisert gjennom ordninga.

Tildelingskriterium

Departementet fastset i samråd med Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit ei fordeling av midlane og kriterium for bruk av midlane.

Kriteria kan mellom anna gjelde krav til undersøking av kommersielle planar, krav til hastigheit på breibandet som blir bygd ut eller krav til kvalitet på mobildekninga (arealdekninga) som blir etablert, tidsfristar for gjennomføring av prosjekt og krav til teknologinøytralitet.

Oppfølging og kontroll

Fylka rapporterer til Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit om prosjekta som skal få støtte og deretter om bruken av midlane så snart prosjekta er ferdige. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit gir ein samla rapport årleg til departementet.

Ordninga stiller mellom anna krav om internkontroll i fylkeskommunane og kontroll av informasjon frå tilskotsmottakarar.

Rapport

Sidan 2022 har staten saman med fylker og kommunar nytta over 2 mrd. kroner på breibandutbygging. Dette har saman med finansiering frå tilbydarar gitt investeringar i nye nett på nær 3 mrd. kroner og tilbod om høghastighets breibandnett til rundt 30 000 husstandar.

Retningslinjene for bruk av midlane til breibandstøtte i 2024 var basert på gruppeunntak for offentleg støtte (General Block Exemption Regulation – GBER).

Dekningsundersøkinga hausten 2023 viste at om lag 74 000 husstandar var utan breiband med minst 100 Mbit/s nedlastingshastigheit, medan dekningsundersøkinga i desember 2024 viste at dette talet var redusert til om lag 23 000 husstan-

dar. Dette inneber at om lag 99,1 pst. av husstandane hadde tilbod om 100 Mbit/s nedlastingshastigheit ved utgangen av 2024. Når det gjeld 1 Gbit/s nedlastingshastigheit, hadde om lag 96,2 pst. av husstandane og 94,8 pst. av alle aktive verksemder slikt tilbod ved årsskiftet.

Den gode utviklinga skuldast mellom anna at det er lansert tilbod om 100 Mbit/s fast trådløst breiband basert på høgbandfrekvensar i 4G-nettet. Saman med andre nye tilbod og utbyggingsplanar, gjer dette at det no er ein vesentleg reduksjon i adresser som er aktuelle for utbygging i 2025-ordninga. Samstundes som det er positivt at så få husstandar står att, er tilbakemeldinga frå fylka til Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit at det i 2025 er vanskeleg å finne gode prosjekt for støtta utbygging, fordi dei resterande aktuelle adressene ligg veldig spreidd. Sjølv om mesteparten av den gode dekninga av høghastigheits breibandnett i Noreg kjem frå reine kommersielle investeringar, har den offentlege breibandstøtteordninga vore viktig for å auke dekninga.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Departementet tar sikte på å notisere ei ny støtteordning for breiband frå og med 2026. I denne ordninga kan det bli gitt støtte til prosjekt der òg adresser med opptil 500 Mbit/s kan inkluderas i utbyggingsprosjekt. Notifisering er nødvendig for å kunne nå regjeringa sitt mål om 1 Gbit/s til alle, og vil òg kunne legge til rette for større og meir effektive utbyggingsprosjekt.

Det vil frå 2026 opnast for at fylka kan prioritere å bygge ut mobildekning (arealdekning), til dømes langs vegkorridorar som manglar dekning i dag. Departementet vil legge opp til at eventuelle ubrukte midlar frå 2025 og tidlegare år skal kunne brukast etter ordninga for 2026, det vil seie at dei òg kan brukast til å bygge ut mobildekning.

Dekningsgraden for breiband i Noreg er alle-reie svært god, og over 99 pst. av husstandane har i dag tilbod om breiband med minst 100 Mbit/s hastigheit.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med om lag 370 mill. kroner for å gjere rom for andre budsjettmessige prioriteringar, mellom anna forsterka satsing på sikkerheit og beredskap innanfor elektronisk kommunikasjon i lys av den sikkerheitspolitiske situasjonen.

Det blir foreslått å løyve 34,1 mill. kroner.

Post 61 Førebygging og handtering av digitale hendingar, kan nyttast under post 22

I 2022 blei det løyva 10 mill. kroner til å styrkje kommunane sin kompetanse og kapasitet til å førebygge og handtere digitale hendingar, jf. Prop. 78 S (2021–2022) om auka løyvingar som følgje av krigen i Ukraina og Innst. 270 S (2021–2022). Midlane blei utbetalt til KS i 2024 og brukt til KS sitt rammeverk for trygg digitalisering, utvikling av felles ROS-metodikk, sikrere oppsett av samarbeids- og kontorstøttetenester og utvikling av kompetanseprogram om IKT-sikkerheit. Prosjektet varer ut 2025.

Post 70 Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk, kan nyttast under post 22

Løyvinga på posten dekkjer diverse tilskot og kontingentar innanfor forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk.

Tilskot til Norsk Teknisk Museum

Løyvinga til Norsk Teknisk Museum blei i 2024 brukt til varetaking av kompetanse og forvaltning av samlingane på teleområdet. Løyvinga blei overført til Kultur- og likestillingsdepartementet i 2025.

Tilskot til Seniornett Norge

Det blir foreslått eit driftstilskot på 5 mill. kroner til Seniornett Norge. Seniornett Norge er ein uavhengig, ideell organisasjon som arbeider for å styrkje den digitale kompetansen blant eldre gjennom opplærings- og informasjonstiltak. Digital kompetanse er viktig for å sikre at innbyggjarane kan bruke digitale tenester, nyttiggjere seg informasjon i digitale kanalar og vere aktiv i det digitaliserte samfunnet. Digital kompetanse bidrar òg til å gjere befolkninga meir motstandsdyktig mot digital svindel og desinformasjon. Seniornett er den einaste organisasjonen som arbeider med dette som mål der opplæring og kompetansetiltak blir gjennomført av frivillige som er i same aldersgruppe. Målet med driftstilskotet til Seniornett Norge er å styrkje aktivitetar retta mot målgruppa svake eller ikkje-brukarar av internett over 65 år over heile landet. Foreininga har ca. 9 400 medlemmer, og har 215 lokalforeiningar.

Departementet har stilt krav og vilkår for bruken av midlar og rapportering, og følgjer opp rapporteringa frå Seniornett Norge opp mot desse.

Viktige kriterium for måloppnåinga vil vere talet på lokalforeiningar, geografisk plassering av foreiningane og tilbodet av kurs og rettleiing i foreiningane.

I 2024 fekk Seniornett Norge eit driftstilskot på 3,37 mill. kroner for å styrkje kompetansen til eldre og deltaking på nett. Seniornett Noreg rapporterer på bruk av midlane gjennom årsrapport og revisorgodkjend rekneskap.

Tilskot til Nasjonalt program for leverandørutvikling

Det blir foreslått eit tilskot på 500 000 kroner til Nasjonalt program for leverandørutvikling (LUP).

LUP har som føremål å gi praktisk støtte til kommunar, fylkeskommunar og statlege verksemdar slik at dei kan gjennomføre fleire lønsame innovative innkjøp som sikrar brukartilpassa tenester, effektivisering av offentleg sektor og utvikling av lokalt og nasjonalt leverandørmarknad. I 2024 blei det satt i gang 39 innovative innkjøp. Av desse var det flest prosjekt innan helse og velferd. Til saman involverte desse prosjekta 98 offentlege verksemdar spreidde over heile landet. Målet med å samle fleire offentlege verksemdar i felles innkjøpsprosessar er å sikre berekraftige løysingar som løyser felles utfordringar, reduserer samfunnskostnadane og skaper ein større marknad for leverandørane. Målet er å styrkje arbeidet med offentlege innkjøp som ein drivar for innovasjon i offentleg sektor. LUP er eigd av Forskringsrådet, Innovasjon Noreg, KS og NHO. Det er sistnemnte som tek imot tilskotet og administrerer programmet. Partnerskapet utgjer samla sett ein kompetanse som er unik, og som ikkje let seg erstatte av ei generell tilskotsordning. Det likeverdige samarbeidet mellom stat, kommune og næringsliv har gitt programmet sterk legitimitet. Programmet har bidratt til innovasjonar i næringslivet og bidratt til å modernisere og effektivisere stat og kommune.

Partnerskapen kring LUP er eit viktig premiss for at Noreg har klart å motivere og mobilisere alle aktørane som er viktige for å lykkast med nasjonal utbreiing og effekt av innovative innkjøp. Arbeidet blir omtala av mellom anna KS som ei suksesshistorie som òg andre land ønskjer å lære

av, mellom anna Center for offentlig-privat innovasjon (CO-PI) i Danmark.

Departementet stiller krav og vilkår for bruken av midlane og rapportering, og følgjer opp rapporteringa frå LUP. Det blir vist til nærare omtale av programmet i Prop. 1 S (2025–2026) for Nærings- og fiskeridepartementet.

Open Government Partnership

Det blir budsjettert med 2,5 mill. kroner til medlemskontingent til Open Government Partnership (OGP) og oppfølgingsoppgåver i 2026.

Målet med det internasjonale samarbeidet OGP er å bidra til at offentleg sektor og det sivile samfunnet samarbeider om å skape ei meir open, velfungerande og brukarvenleg forvaltning som har høg tillit i befolkninga. OGP samarbeider med multilaterale organisasjonar som OECD og Verdsbanken.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet er samordnar og pådrivar for Noregs OGP-handlingsplanar. Departementet har etablert eit interessentforum med deltakarar frå forvaltninga og det sivile samfunnet. Forumet skal bidra i arbeidet med å utvikle og implementere handlingsplanane.

Noreg sin femte OGP-handlingsplan gjeld frå 2024 og ut 2027. Handlingsplanen blei laga i samarbeid med det sivile samfunnet og i tråd med samskapingsprinsippa som OGP legg til grunn. Regjeringa og sivilsamfunnet har mellom anna prioritert meir openheit om innkjøp, antikorrupsjonsarbeidet, evaluering av eInnsyn, digital inkludering og openheit rundt straffesaksdokument i denne planen.

Kontingentar til internasjonale organisasjonar

Det blir budsjettert med 19,7 mill. kroner til å dekke kontingentane til Noreg si deltaking i Den internasjonale telekommunikasjonsunion (ITU) og den europeiske post- og teleorganisasjon (CEPT).

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Samla blir det foreslått å løyve 27,8 mill. kroner.

Kap. 1542 Internasjonalt samarbeid

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	304	5 248	5 425
70	Internasjonale program	463 995	344 060	441 444
71	Nasjonal medfinansiering og mobilisering, <i>kan overførast</i>		20 000	20 000
	Sum kap. 1542	464 299	369 308	466 869

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker utgifter til løn og drift for nasjonale ekspertar til Europakommisjonen som del av deltaking i EU-programma. Løyvinga kan òg dekke enkelte kostnader for hospitering av norsk personell i EU. Det blir foreslått å løyve 5,4 mill. kroner.

Post 70 Internasjonale program

Løyvinga dekker EU-program som Noreg tar del i etter EØS-avtala og som er knytte til digitalisering av samfunn, næringsliv og forvaltning. Storleiken på kontingenten blir fastsett av EU i samsvar med EØS-avtala og varierer frå år til år basert på utviklinga av Noreg og EU-medlemslanda sitt BNP, valutautviklinga og framdrift innanfor programma. Utanriksdepartementet betaler samla kontingent mot seinare refusjon frå dei departementa som er ansvarlege for dei enkelte programma. Løyvinga dekker òg kontingent til Noreg sin deltaking i det europeiske nettverks- og informasjonssikkerheitsbyrået ENISA.

Mål for ordninga

Løyvinga støttar opp om målet om at forvaltninga i Noreg er effektiv, open, samordna og har høg tillit i befolkninga og målet om at digitaliseringa i samfunnet gir gode vilkår for deltaking, verdiskaping og innovasjon i offentleg og privat sektor. Det er eit mål at norsk næringsliv og norske fagmiljø nyttiggjer seg den norske deltakinga i EU-program. Då må Noreg delta aktivt, koordinert og målretta. I samband med det strategiske nordisk-baltiske samarbeidet om digitalisering, er det eit viktig mål å støtte opp under det europeiske digitaliserings-samarbeidet og realiseringa av den indre, digitale marknaden. Å bli einige om viktige posisjonar

eller innspel til Europakommisjonen på område som er strategisk viktig for den nordiske regionen, er eit døme på korleis det nordiske samarbeidet konkret kan følgjast opp.

Kriterium for måloppnåing

Programmet for eit digitalt Europa 2021–2027 (DIGITAL) er eit investerings- og kapasitetsbyggingprogram for digital omstilling og bruk av innovative digitale teknologiar i samfunn og næringsliv. Programmet har ei ramme på 8,2 mrd. euro i perioden 2021–2027 og er fordelt på seks hovudområde: Tungrekning og superdatamaskiner, skyteknologi, data og kunstig intelligens, digital sikkerheit, avansert digital kompetanse, bruk av digitale teknologiar og halvleiarar (mikrobrikker).

DIGITAL er eit dynamisk program og erfaringa er at Europakommisjonen gjer justeringar og omprioriteringar undervegs for å oppnå det overordna målet med programmet. Den nasjonale strategien for Noregs deltaking i programmet angir mål, prioriteringar og innsatsområde som skal understøtte at vi får best mogleg utbytte av norsk deltaking. Element som kan utgjere «retur» frå programmet er mellom anna tilgang til finansiering og tilgang til europeiske fellesløysingar og kapasitetar. Infrastruktur som blir utvikla vil kunne bli nytta av både næringsliv, akademisk og offentleg sektor. Norske aktørar får tilgang til faglege nettverk og ekspertise. Programmet gir òg indirekte effektar ved at Noreg er del av eit Europa som bygger kapasitet på strategisk viktige område som digital sikkerheit, tungrekning, sikker kommunikasjon og tilgang på halvleiarar.

Nytta norske verksemdar vil ha av denne kapasiteten, kan vanskeleg målast gjennom tradisjonelle mål som returdel og suksessrate.

Regjeringa har sett i gang ei nasjonal undervegs evaluering av norsk deltaking i DIGITAL-programmet. Evalueringa skal bli ferdig innan utgangen av 2025.

Tildelingskriterium

Noreg betaler ein årleg kontingent til programmet. Programmet har eit eige sett med tildelingskriterium som EU fastset, og søknadar blir sende inn til og behandla av Europakommisjonen.

Oppfølging og kontroll

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har det overordna ansvaret å koordinere oppfølginga av norsk deltaking i DIGITAL.

Digitaliseringsdirektoratet, Innovasjon Noreg, Noregs forskingsråd og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse utgjer koordineringsgruppa for programmet, og har eit fast ansvar for å følgje opp den norske deltakinga i DIGITAL, medrekna ansvaret for å sikre nødvendig nasjonal koordinering og mobilisering. Digitaliseringsdirektoratet leiar koordineringsgruppa og har ansvaret for å samordne arbeidet til dei fire aktørane. Dei fire aktørane rapporterer om arbeidet til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Kunnskapsdepartementet.

Rapport

I 2024 har Digitaliseringsdirektoratet jobba som sekretariat for koordineringsgruppa for DIGITAL-programmet. Gruppa har jobba med å kommunisere moglegheitene som ligg i DIGITAL og med å mobilisere norske aktørar til å delta i programmet. Gruppa har etablert og heldt ved like nettsider med informasjon og har gjennomført digitale informasjonsmøte med føremål om å promotere moglegheiter i DIGITAL for offentlege verksemder, næringsliv og forskingsmiljø i Noreg.

Noreg har to godkjende digitale innovasjonsnav, eit som fokuserer på anvendt kunstig intelligens og eit som retter seg mot hav og kyst. Fleire

norske aktørar har fått gjennomslag for søknadene sine. Noreg har òg arbeidd for å påverke utviklinga av programmet på EU-nivå, og har delteke i ekspertgrupper og sendt innspel til arbeidsprogramma.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Deltaking i DIGITAL kan gi norske verksemder, forskingsmiljø og offentleg sektor tilgang til nødvendige samarbeidspartnarar og ressursar innanfor alle satsingsområda for programmet. Det overordna målet for norsk deltaking er å få mest mogleg igjen for investeringane i programmet i form av auka innovasjons- og konkurransekraft, auka takt på den digitale og grøne omstillinga og evne til å møte auka sårbarheit for digitale truslar. Den nasjonale strategien for deltaking i programmet blei publisert i 2024 og vil bli følgd opp ut programperioden.

Det blir foreslått ei løyving på 437,4 mill. kroner til Noreg si deltaking i DIGITAL og 4 mill. kroner til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sin del av Noregs kontingent for deltaking i ENISA.

Samla blir det foreslått å løyve 441,4 mill. kroner. Løyvingsforslaget er usikkert. Dei endelege kontingentkrava frå Europakommisjonen vil ligge føre hausten 2025.

Post 71 Nasjonal medfinansiering og mobilisering, kan overførast

DIGITAL er eit samfinansieringsprogram. Det betyr at mange av prosjekta delvis blir finansiert av landa sjølv. Det er viktig å sikre at norske aktørar kan delta i prosjekter/konsortier som krev nasjonal medfinansiering.

European Digital Innovation Hubs (EDIH) – digitale innovasjonsnav – er eit sentralt tiltak i DIGITAL. Dei to norske innovasjonsnava kan få årleg støtte frå EU dersom Noreg stiller med tilsvarende nasjonal medfinansiering.

Det blir foreslått å løyve 20 mill. kroner til medfinansiering og oppfølging av desse innovasjonsnava.

Kap. 4542 Internasjonalt samarbeid

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Refusjon frå Utanriksdepartementet	3 495	3 335	3 529
	Sum kap. 4542	3 495	3 335	3 529

Post 01 Refusjon frå Utanriksdepartementet

Enkelte bidrag til internasjonale organisasjonar kan i samsvar med statistikkdirektiva til Development Assistance Committee (OECD/DAC) godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA). Inntektsanslaget for 2026 på 3,5 mill. kroner gjeld

18 pst. av bidraget til Den internasjonale teleunion, jf. kap. 1541, post 70. Ein viser dessutan til omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Utanriksdepartementet kap. 151 Fred, tryggleik og globalt samarbeid, post 74 Pliktige bidrag til FN-organisasjonar mv.

Det blir foreslått å løyve 3,5 mill. kroner

Kap. 1543 Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	264 122	273 781	297 726
22	Nytt nødnett, <i>kan overførast</i>			100 000
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	14 314	17 646	18 264
70	Telesikkerheit og -beredskap, <i>kan overførast</i>	207 331	195 136	421 161
71	Funksjonell internettilgang til alle, <i>kan overførast</i>		5 975	10 000
	Sum kap. 1543	485 767	492 538	847 151

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit er det sentrale, utøvande tilsyns- og kontrollorganet på områda for post, elektronisk kommunikasjon og elektroniske tillitstenester i Noreg. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har òg ei rolle som tilsynsmyndigheit for datasenter.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal bidra til å sikre brukarane i heile landet gode, rimelege og framtidsretta elektroniske kommunikasjonstenester med forsvarleg sikkerheit. Etaten har eit særskilt ansvar knytt til sikkerheit og beredskap i ekomnett, ekomtenester og datasenter. Etaten skal òg legge til rette for at brukarane i heile landet får eit landsdekkande tilbod av postsendingar til overkomeleg pris og god kvalitet.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal legge til rette for berekraftig konkurranse, bidra til effektiv bruk av ressursane i samfunnet og stimulere til næringsutvikling og innovasjon.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit er eit ordinært statleg forvaltningsorgan under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Samferdselsdepartementet har ansvaret for saker på postområdet, jf. Prop. 1 S (2025–2026) for Samferdselsdepartementet.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker løn til tilsette, husleige og andre faste driftsutgifter for Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit. Løyvinga dekker òg Noreg sin kontigent for deltaking i Body of European Regulators for Electronic Communications (BEREC).

Rapport

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har ei stor breidde av aktivitetar innanfor etaten sine mange

fagområde, og gjennomførte ei rekke aktivitetar og prosjekt i 2024.

Krigen i Ukraina og sikkerheitssituasjonen i Europa har prega trussel- og risikobiletet og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit sine prioriteringar av sikkerheitsaktivitetar i 2024. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har gjennom året delt trusselinformasjon med bransjen og gjennom tett dialog med bransjen bidratt med anbefalingar om tiltak for å handtere risikoane. Sikkerheitssituasjonen har vore tema på alle møtearenaar som omhandlar sikkerheit og beredskap i regi av Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har døgnbemanna vaktordningar for monitorering og rapportering av sikkerheitshendingar på fysisk og logisk nivå, og etaten følgjer opp teieplikta og kommunikasjonsvernet i elektronisk kommunikasjon. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit følgde kontinuerleg opp varslingspliktige hendingar, som til dømes utfall i fast- og mobilnett. I 2024 fekk Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit varsel om 153 unike hendingar, mot 130 i 2023. I tillegg til varslingspliktige hendingar, handterte etaten sin EkomCERT 257 cyberhendingar og sende ut 60 varsel.

Vidare styrkja Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit i 2024 det beredskapsmessige samarbeidet mellom ekom- og kraftsektorane for å førebygge og handtere utfall. EkomKraft fagdag blei arrangert for andre gang og ei regional ekomkraft-øving blei gjennomført i Agder og Rogaland.

I 2024 førte Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit tilsyn etter sikkerheitslova med åtte verksemdar. I tillegg blei det ført fleire sikkerheitstilsyn etter ekomlova og lov om elektroniske tillitstenester.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har utarbeida ei løysing for registreringsplikt for data-senter etter ny ekomlov, og denne vil oppdaterast kontinuerleg. Aktørane har fått rettlegging om sikkerheitskrava i ekomlova og sikkerheitslova.

Saman med Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap, Politidirektoratet og mobiloperatørane Telenor, Telia og Lyse Tele, har Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit arbeidd med vidareutvikling av systemet for befolkningsvarslings, Nødvarsel. Løysinga blei nytta fleire gonger i 2024.

For å legge til rette for utbygging av den nyaste mobilteknologien (5G) og utbygging av breiband med høg kapasitet, blei det i 2024 arbeidd med å førebu tildeling av frekvensar i 1500 MHz-bandet og 26 GHz-bandet. I løpet av 2024 gjennomførte Nasjonal kommunika-

sjonsmyndigheit òg ei utgreiing av 2,3 GHz-bandet, der utgreiinga peikar på at bruk av bandet bør tildelast til beredskapsføremål. Utgreiingsrapporten har vore på høyring, og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har arbeidd vidare med å førebu tildeling.

I 2024 blei behovet for framtidige frekvenstil-delingar til mobilkommunikasjon kartlagd, og ein plan for oppstart av tildelingsprosessar fram mot 2030 ble utarbeidd. Tildelingsplanen tek utgangspunkt i eksisterande løyve som går ut i løpet av dei neste åra, og pågåande internasjonalt arbeid med identifisering av frekvensband til mobilkommunikasjon. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit følgjer det internasjonale frekvensarbeidet tett og deltok i 2024 mellom anna i det internasjonale gruppearbeidet som vil vere med å legge grunnlaget for Europas tilnærming til introduksjon av 6G.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har i 2024 og 2025 arbeidd med å forsterke kapasiteten for overvaking av frekvensbruken både på land og på norsk kontinentalsokkel, med spesiell merksemd på globale satellittbaserte system for navigasjon og posisjonering (GNSS). Arbeidet med vidare utvikling for kontinuerleg monitorering med algoritmar for automatisert analyse (deteksjon og klassifisering av forstyrringar og avvik) blei òg starta.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit vedtok ny regulering av mobilmarknadane i april 2024, der Telenor blei utpeikt som tilbydar med sterk marknadsstilling (SMP) og pålagd særskilde forpliktingar om tilgang for andre tilbydarar som ønsker å tilby tenester gjennom Telenor sitt nett.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit sende nye analysar av breibandsmarknadane på høyring i 2025. Mange sentrale tilbydarar av fiberbreiband har stadfesta at dei vil tilby grossisttilgang til rimelege og rettvise vilkår. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har derfor konkludert med at marknaden beveger seg i retning av berekraftig konkurranse på nasjonalt nivå. Etaten har førebels ikkje funne grunnlag for å utpeike tilbydarar med SMP, og har varsla at regulering av Telenor i breibandmarknadane vil bli oppheva. Samstundes har Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit gjort det klart at ein kan definere avgrensa lokale eller regionale marknader og utpeike tilbydarar med SMP i desse marknadene, dersom det finst område der ein aktør er dominerande og ikkje tilbyr grossisttilgang.

Myndigheitene har over tid følgd Telenor si utfasing av koparnettet tett for å vareta konkurranse, leveringspliktige tenester og samfunns-kritiske brukarar, og Nasjonal kommunika-

sjonsmyndigheit har fatta vedtak knytt til kopar-nettet òg i 2024 og 2025.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit publiserte i 2025 ein rettleiar til offentlege aktørar om innplassering av infrastruktur for mobilnett. Føremålet er å sikre effektive og einskaplege prosessar hos offentlege aktørar som mottar søknadar om innplassering, for å bidra til at det offentlege legg til rette for vidare utbygging av mobilnett.

I 2024 etablerte Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit Bransjeforum for inkluderande ekomtenester, som er ein arena for deling av kunnskap og erfaringar om korleis ekomtilbydarar kan vareta sårbare grupper. Gjennom 2024 arbeidde Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit for å etablere felles bransjeprinsipp for inkluderande ekomtenester. I det nasjonale arbeidet med digital inkludering er det viktig å kunne måle utviklinga for å følgje med på om tiltaka har effekt. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit arbeidde i 2024 og 2025 saman med Digitaliseringsdirektoratet for å etablere ein felles indeks som kan gi eit bilete av status og utviklinga i Noreg på området, og som no er etablert.

Saman med partnarar og bransje har Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit bidratt til at netteigarane har stoppa fleire titals millionar av svindelforsøk det siste året. Det nasjonale samarbeidet på området har gitt internasjonal merksemd, og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit leiar no eit globalt samarbeid i kampen mot digital svindel.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit arbeidde i 2024 vidare med å kartlegge kven som skal reknast som tilbydarar av posttenester i Noreg. Dette arbeidet tar tid, ikkje minst fordi Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit og bransjen har ulikt syn på tolkinga av lova med tanke på definisjonen av kven som skal reknast som ein posttilbydar. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit sende i 2023 ut krav om registrering til aktørar dei meiner er å ansjå som posttilbydarar. Alle klaga på vedtaka frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit, og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit sende tidleg i 2024 desse klagene med innstillingar over til Samferdselsdepartementet. I mars 2025 stadfesta Samferdselsdepartementet Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit sine vedtak. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har i 2024 overtatt ansvaret for postnummersystemet, og drifrar dette i samarbeid med Posten Bring og Statens kartverk.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal vidareføre arbeidet med å legge til rette for investeringar og kostnadseffektiv utbygging av breiband med høg kapasitet og auka konkurranse i breibandsmarknadane, og skal følgje opp fylkeskommunane med nødvendig hjelp for å legge til rette for at løyvinga til breibandutbygging skal kome til bruk raskt.

Det er òg viktig at Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har oversikt over sikkerheitsstanden i ekomnetta og vidarefører, foreslår og gjennomfører nødvendige tiltak for å vareta kravet om sikre og robuste nett og tenester, og at etaten bidrar i den operasjonelle oppfølginga av sikkerheitslova. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal gjennomføre *Nasjonal sikkerhetsplan for digital infrastruktur*, og raskt sette i verk tiltak som følgjer opp den auka løyvinga som regjeringa foreslår. Vidare skal etaten etablere eit lokalkontor i Tromsø, som ledd i regjeringa si satsing på sikkerheit og beredskap i nord.

Den nye ekomlova og marknadsreguleringa vil vere bidrag til auka marknadsdynamikk og forbrukarvelferd. Det er ei sentral oppgåve å følgje opp konkurransen i breibandmarknadane og bidra til at sluttbrukarane kan velje mellom breibandleverandørar. Ei anna viktig oppgåve for Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit er å fortsette å legge til rette for utbygging av det tredje mobilnettet, for å styrkje konkurransen i mobilmarknaden og bidra til rimelegare prisar og innovative tenester.

Kunnskap om valmoglegheiter og rettigheter er vesentlege føresetnader for velfungerande konkurranse, og derfor skal Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit ha ei aktiv rolle som rettleiar og tilretteleggjar i sektoren. I tillegg er det ei viktig oppgåve for Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit å vidareføre arbeidet med å fremje digital inkludering.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal vidareføre arbeidet med å vere ein pådrivar for gjennomføring av mål og tiltak frå Meld. St. 28 (2020–2021) *Vår felles digitale grunnmur – Mobil-, bredbånds- og internettjenester og Fremtidens digitale Norge – Nasjonal digitaliseringsstrategi 2024–2030*.

I tillegg skal Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit fortsette å legge til rette for utrulling av 5G-mobilnett, raskt trådløst breiband og tinga sitt internett (IoT) i heile landet, for å bidra til nye og innovative løysingar på tvers av sektorar og

produktivitetsvekst og auka konkurransekraft for norsk næringsliv og industri.

For det norske velferdssamfunnet og ein berekraftig økonomi, er det avgjerande å lykkast med den digitale og grøne omstillinga – òg kalla digital berekraft. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal arbeide vidare med å identifisere og utvikle konkrete tiltak og verkemiddel på dette området.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal i 2026 halde fram med å gi støtte til Samferdselsdepartementet i arbeidet med oppfølginga av postutvalets rapport og dei tilhøyrande lov- og forskriftsendringane. Vidare skal Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit halde fram med arbeidet med sikkerheit og beredskap i postsektoren. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal vidareføre arbeidet med å få betre oversikt over og tilsyn med aktørane i postmarknaden.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal ta del i varetakinga av dei internasjonale forpliktingane som følgjer av Noregs medlemskap i Administrasjonsrådet i Verdenspostunionen og skal delta aktivt i arbeidet med framtidens felleseuropeiske postregelverk.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit får eit nytt ansvar som nasjonal koordinerande marknadstilsynsmyndigheit og nasjonalt kontaktpunkt overfor EU-organ og relevante myndigheiter i andre land etter EUs forordning om kunstig intelligens. Som nasjonalt kontaktpunkt skal Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit representere Noreg i relevante forum, og koordinere og formidle informasjon mellom norske myndigheiter og EU-organ. I rolla som koordinerande tilsynsmyndigheit skal Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit mellom anna bidra til einskapleg forståing og praktisering av KI-regelverket blant nasjonale tilsynsmyndigheiter og hjelpe andre marknadstilsynsmyndigheiter med avklaringar av særleg komplekse tekniske og/eller juridiske problemstillingar. Etaten skal òg gi rettleiing om innretning og gjennomføring av KI-tilsyn og ved behov stille fagkompetanse til rådighet for andre myndigheiter. Vidare skal etaten fordele tilsynsansvar i saker som ikkje naturleg fell inn under eksisterande myndigheiteres ansvarsområde eller der det er uklart kva sektor det gjeld – og ved behov sjølv føre tilsyn i slike saker. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal i tillegg føre tilsyn etter KI-forordninga på eige sektorområde, inkludert for elektroniske kommunikasjonstenester og -produkt. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal innanfor eit formelt samarbeid med Digitaliseringsdirektoratet og Datatilsynet etablere, utvikle

og drifte den regulatoriske KI-sandkassa etter KI-forordninga. Sandkassa vil vere organisatorisk plassert i KI Noreg. Eit viktig føremål med sandkassa er å fremje innovasjon med kunstig intelligens og gi verksemdar moglegheitene til å eksperimentere, utvikle og teste KI-løysingar i trygge og kontrollerte rammer. Dette er samla sett omfattande oppgåver. Det blir foreslått å auke løyvinga med 7,8 mill. kroner til arbeidet.

Vidare får Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit eit nytt ansvar som nasjonal koordinator etter forordninga om digitale tenester (Digital Services Act – DSA). Koordinatoren har overordna ansvar for handheving av DSA i Noreg og skal koordinere saksbehandling og tilsyn med dei andre vedkommande myndigheitene, og koordinere med andre land sine nasjonale koordinatarar og representere Noreg i EU sitt DSA-råd. I tillegg skal det førast sektortilsyn i ekomsektoren. Dette er samla sett omfattande oppgåver. Det blir foreslått å auke løyvinga med 7,5 mill. kroner til arbeidet.

Samla blir det foreslått å løyve 297,7 mill. kroner.

Post 22 (ny) Nytt nødnett, kan overførast

Det blir foreslått å opprette ein ny post for å dekke utgifter i samband med prosjektet for nytt nødnett.

Nødnett er det landsdekkande nettet for nød- og beredskapskommunikasjon i Noreg. Staten har kontrakt om drift av dagens Nødnett til og med 2031. Arbeidet med å utgreie nytt nødnett blei starta i 2019. Den nye løysinga skal berast av dei kommersielle mobilnetta, for å få ei robust løysing som varetar konkurranse i mobilmarknaden.

Det vidare arbeidet med å utgreie nytt nødnett skal baserast på den til ei kvar tid best tilgjengelege og oppdaterte teknologien, med nødvendig sikkerheit, per no 5G-teknologi og skivedeling. Alle dei tre mobilnetta skal nyttast for å få ei robust løysing som varetar konkurranse i mobilmarknaden. Ansvar for prosjektet for nytt nødnett blei derfor i august 2025 flytta frå Justis- og beredskapsdepartementet til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Justis- og beredskapsdepartementet skal, i samråd med mellom andre Helse- og omsorgsdepartementet, ha ansvar for å identifisere, kravstille og forvalte brukarbehov for de ulike brukargruppene av nytt nødnett. Vidare er det nødvendig å bygge opp ei organisering for nytt nødnett i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit.

I 2026 er det nødvendig å gjere enkelte anskaffingar og å starte testing og pilotering knytt til nytt nødnett.

Det blir foreslått å løyve 100 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga skal mellom anna dekke måleutstyr til analyse- og tilsynsverksemd på radiofrekvensområdet, vidareutvikling av Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit sine IT-løysingar og -utstyr og utvikling av analysemodellar som brukast i arbeidet med reguleringa av marknadane.

Rapport

I 2024 har Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit mellom anna brukt midlar på ein større digital transformasjon av verksemda. Vidare har det blitt brukt midlar på diverse utstyr til monitorering av frekvensbruk. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit sitt nettverk av målestasjonar har blitt forvalta, utvikla og automatisert for deteksjon og karakterisering av forstyrringar, datagrunnlag for analyse, planlegging og tildeling av frekvensressursar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal ha tilgang til moderne og oppgradert utstyr som gjer at etaten er godt rusta til å løyse samfunnsoppdraget sitt.

Det blir foreslått å løyve 18,3 mill. kroner.

Post 70 Telesikkerheit og -beredskap, kan overførast

Løyvinga på posten brukast til tiltak for å styrkje beredskapsevna og gjere ekomnetta meir robuste, mellom anna på grunn av meir ekstremvær, eit endra trusselbilete og auka avhengnad av elektronisk kommunikasjon og digitale tenester på tvers av alle sektorar.

Mål for ordninga

Det er eit mål med auka beredskap i krisesituasjonar og ved hendingar. Beredskapsavtaler med utvalde tilbydarar sørgjer for administrative og organisatoriske beredskapstiltak, lagring og vedlikehald av transportabelt beredskapsutstyr og investeringar i ekinfrastruktur og beredskapsmateriell.

Eit anna mål er at utbygging av forsterka ekom i nye kommunar skal bidra til vesentleg forbedra sikkerheit og beredskap for den lokale kriseleinga og befolkninga i tilfelle med langvarige straumbrot.

I tillegg er det eit mål at styrking av transportnetta gjennom fleire alternative føringsvegar og forsterking av viktige punkt i infrastrukturen gir vesentleg auka beredskap i sårbare regionar.

Vidare er det eit mål å sikre forsvarleg drift av systemet for Nødvarsel i tilbydarane sine mobilnett, og av reserveløysing for kommunikasjon mellom Svalbard og fastlandet.

Til sist er det eit mål å kunne bidra til å vareta sikkerheit og beredskap med dei raske endringane i den sikkerheitspolitiske situasjonen. Til dømes er fleire sikringstiltak implementert for ekinfrastrukturen på norsk sokkel.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at det finst avtaler som aukar beredskapen i krisesituasjonar, at det blir etablert forsterka ekom i nye kommunar og at det blir gjennomført tiltak som aukar robustheita i sårbare regionar, eller som aukar robustheita og sikkerheita i andre delar av ekinfrastrukturen der det er nødvendig. Vidare er forsvarleg drift av systema for Nødvarsel over mobilnetta og reserveløysinga for kommunikasjon mellom Svalbard og fastlandet eit kriterium for måloppnåing.

Tildelingskriterium

Tiltaka blir gjennomførte i medhald av ekomlova § 3-1 sjette ledd etter konkrete vurderingar av sårbarheit, og midlar blir tildelte til tiltak som ikkje blir gjennomførte på kommersielt grunnlag, og som ikkje kan påleggast etter ekomlova § 3-1 femte ledd.

Oppfølging og kontroll

Tiltaka blir gjennomførte i medhald av ny ekomlov § 3-1 sjette ledd og går ut over det tilbydarane vil gjere på kommersielt grunnlag og ut over det som kan påleggast utan kostnadsdekning. For å minimere tilskotsbehovet blir tiltaka konkurranseutsette der det er konkurransemessig grunnlag for å gjere det. Konkurranseutsetting blir sikra via kontraktar med tilskotsmottakarar, som gjennomfører konkurranseutsettinga. Desse mekanismane bidrar til effektiv bruk av dei statlege midlane.

Tiltaka blir vurderte i forhold til statsstøtteregolverket, inkludert vurdering av eventuell eigennytte for tilskotsmottakar som i så fall kjem til fråtrekk på tilskot.

For å sikre størst mogleg samfunnsmessig gevinst og synergieffektar, blir dei fleste tiltaka prioritert og administrert i samråd med lokale og nasjonale tilbydarar, Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap og statsforvaltarane.

Innhaldet og krava i både beredskapsavtalene og avtalene om forsterka ekomutbygging blir vurdert kontinuerleg. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit følgjer opp gjennomføring, mottar rapportering undervegs og stiller krav om sluttrapportering for å etterkontrollere alle tiltaka.

Rapport

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit inngjekk beredskapsavtaler med fem ulike tilbydarar i 2024. I tillegg inngjekk Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit ein avtale om drift av anlegg med fortifikatorisk sikring med Telenor.

Ordninga med prioritet i mobilnetta har til no berre fungert for 2G-nett. Hausten 2023 blei det innført ei ny ordning i 4G- og 5G-netta, og staten dekkar i 2024 kostnader som tilbydarane har for denne oppgraderinga.

I program for forsterka ekom blei det i 2024 sett i gong tiltak i sju kommunar i Trøndelag, ein kommune i Innlandet og to kommunar i Buskerud. Tiltaka gir auka beredskap for mobildekninga for befolkninga og lokal kriseleiing, mellom anna ved langvarige straumbrot. Totalt har det blitt løyvd midlar til slik forsterka mobilberedskap for 102 kommunar sidan oppstart i 2014.

Tiltaksavtaler for å styrkje transportnetta og andre sårbare punkt i Troms blei inngått i 2023 og 2024. Tilsvarende tiltak for Nordland blei sette i verk i 2024. Tiltaka vil auke sikkerheita og beredskapen for digital kommunikasjon i regionen og landsdelen. I 2024 leverte Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit ein regional risiko- og sårbarheitsanalyse for Trøndelag. Arbeidet inkluderte synfaringar og aktørmøte med aktuelle ekomtilbydarar og lokale og statlege instansar. Påfølgjande tiltaksarbeid har blitt sett i gang for Trøndelag. Fleire tiltaksavtaler blei signerte i 2024. I 2024 blei ein ny risiko- og sårbarheitsanalyse påbyrja for Innlandet og Buskerud, og analyserapporten blei levert i mars 2025.

Systemet for mobilbasert befolkningsvarsling, Nødvarsel, blei vidareutvikla gjennom 2024.

Tiltak for å styrkje sikkerheita og beredskapen knytt til ekominfrastrukturen på norsk kontinen-

talsokkel blei sett i verk i 2023 og vidareført i 2024. Tiltaka omfattar mellom anna undersøkingar av undersjøisk infrastruktur og nye system for å detektere uønskte hendingar. Samla gir desse tiltaka vesentlege bidrag til auka samfunnssikkerheit og -beredskap.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

I 2026 trappar regjeringa opp farten i arbeidet med sikkerheit og beredskap i digital infrastruktur, for å følgje opp Nasjonal sikkerheitsplan for digital infrastruktur, som blei lagt fram i september 2025.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit tar sikte på å inngå nye beredskapsavtaler med utvalde tilbydarar, mellom anna for gjenoppretting av mobildekning og avtale om vidare drift av fortifikatoriske anlegg med Telenor. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal sette i verk forsterka ekom i nye kommunar i 2026. Det langsiktige målet er å etablere eitt område i alle sårbare kommunar i landet med forsterka mobilkommunikasjon.

Vidare skal det gjennomførast tiltak for å forsterke transportnetta og andre viktige punkt i infrastrukturen i sårbare regionar, basert på risiko- og sårbarheitsanalysar.

Midlar på posten skal i 2026 bidra til drift av systemet for mobilbasert befolkningsvarsling, Nødvarsel.

I tillegg kan det bli aktuelt å gjennomføre andre tiltak på kort varsel i lys av den sikkerheitsspolitiske situasjonen eller som følge av ny kunnskap eller konkrete hendingar, inkludert til dømes, men ikkje avgrensa til, ytterlegare tiltak knytt til infrastruktur på sokkelen.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 200 mill. kroner for å følgje opp *Nasjonal sikkerhetsplan for digital infrastruktur – Elektronisk kommunikasjon i fred, krise og krig*. Midlane skal mellom anna gå til å forsere programmet for forsterka ekom, slik at endå fleire kommunar får forsterka mobildekninga i utvalde område. Vidare skal løyvinga gå til å styrkje mobilnetta ved utvalde tettstader og andre strategisk viktige punkt. I tillegg skal løyvinga gå til å forsere arbeidet med regionvise risiko- og sårbarheitsanalysar med tilhøyrande tiltak, slik at fleire tiltak kan gjennomførast raskare. Løyvinga skal òg gå til å teste nasjonal gjesting og å teste reserveløysingar for gjenoppretting av mobildekning.

Det blir vidare foreslått å auke løyvinga med 19 mill. kroner til styrka reserveløysing for kommunikasjon til Svalbard, noko som gjer kommunikasjon til og frå Svalbard meir robust.

Samla blir det foreslått å løyve 421,2 mill. kroner.

Post 71 Funksjonell internettilgang til alle, kan overførast

Løyvinga på posten brukast til tilskotsordning for funksjonell internettilgang til alle.

Mål for ordninga

Husstandar og små og mellomstore verksemdar som ikkje kan få eit tilbod om funksjonell internettilgang gjennom marknadsbasert utbygging eller gjennom eksisterande offentlege verkemiddel, skal sikrast moglegheit for funksjonell internettilgang gjennom innkjøpsordninga.

Kriterium for måloppnåing

Hovudkriteriet for måloppnåing er talet på husstandar og små og mellomstore verksemdar som får funksjonell internettilgang gjennom ordninga.

Tildelingskriterium

Kriterium for tildeling blir fastsette i forskrift.

Husstandar og heilårlege og sesongbaserte verksemdar med under 100 tilsette som ikkje har eit tilbod om funksjonell internettilgang, kvalifiserer for støtte gjennom ordninga. Funksjonell internettilgang skal forståast som breibandtilgang med

moglegheit til tilkopling til internett som gir minimum 30 Mbit/s nedlastingshastigheit og minimum 5 Mbit/s opplastingshastigheit.

Det skal vere ein eigenandel for støttemottakrarar på 5 000 kroner og eit øvre tak for statleg støtte på 400 000 kroner.

Det vil bli fastsett ei rekke krav til tilbodet som blir etablert, irekna krav til minimumsnivå på datapakkar, krav om abonnementspris på nivå med marknadsprisar og krav til feilretting eller kompensasjon ved nedetid.

Oppfølging og kontroll

Ordninga skal forvaltast av Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit. Etaten vil kontrollere opplysningar i samband med søknadsbehandlinga og kontrollere at krav og forpliktingar som er fastsette i forskrifta blir oppfylte. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit vil rapportere til departementet om bruk av ordninga. Ordninga skal evaluerast jamleg.

Rapport

I 2024 og 2025 har departementet og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit arbeidd vidare med å fastsette forskrifta med tilskotsregler. Det har oppstått ein del praktiske spørsmål knytte til ordninga, inkludert om statsstøtteregelveverk, og forskrifta blei fastsett i september 2025.

Det blir foreslått å løyve 10 mill. kroner.

Kap. 4543 Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Diverse gebyr	294	334	346
70	Inntekter frå gjennomførde frekvensauksjonar	583 647	887 100	583 600
	Sum kap. 4543	583 941	887 434	583 946

Post 01 Diverse gebyr

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit sine utgifter på kap. 1543, postane 01 og 45 blir i hovudsak dekkja av inntekter frå sektoravgifter og gebyr. I tillegg skal inntektene dekke meirverdiavgift som blir belasta sentralt på kap. 1633, post 01.

I sjølvfinansieringsordninga inngår ikkje 10 mill. kroner i refusjon til drift av Radiostøykon-

trollen, 0,9 mill. kroner til å rettleie fylkeskommune i samband med tilskot til breibandutbygging, 100 mill. kroner til prosjektet for nytt nødnett og 7,8 mill. kroner til nye oppgåver etter KI-forordninga, kor det ikkje er heimel til å krevje inn gebyr eller sektoravgifter.

Det blir foreslått å løyve 346 000 kroner i gebyrinntekter. Dette består i hovudsak av gebyr knytt

til løyve for radioamatørar og gebyr for radioutstyr i luftfartøy.

Post 70 Inntekter frå gjennomførde frekvensauksjonar

Posten omfattar inntekter frå gjennomførte frekvensauksjonar.

Frekvensar utgjer ein verdifull og avgrensa naturressurs, som er ein nødvendig innsatsfaktor for å kunne tilby mellom anna mobile elektroniske kommunikasjonstenester og annan samfunnsviktig infrastruktur. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit forvaltar frekvensressursane i Noreg. Ved tildelingar av frekvensar der det er konkurranse

om ressursane, brukar ein som hovudregel auksjon som genererer inntekter for staten.

Auksjonen av frekvensbanda omkring 2,6 og 3,6 GHz til mobilkommunikasjon og 5G blei halde av Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit i september 2021. Det blei opna for at vinnarane i denne auksjonen kunne betale auksjonsprovenyet over tid. Alle vinnarane i auksjonen betaler no over tid, jf. omtale i Prop. 1 LS (2023–2024). Anslått inntekt i 2026 frå auksjonen av dei nemnde frekvensbanda er 583,6 mill. kroner.

Det vil kunne tilkome inntekter frå tildeling av 26 GHz-bandet og frekvensbandet omkring 1 500 MHz i 2026. Det er ikkje mogleg å angi størrelsen på desse inntektene på førehand.

Det blir foreslått å løyve 583,6 mill. kroner.

Kap. 5579 Sektoravgifter under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
70	Sektoravgifter Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit	265 931	295 614	312 377
	Sum kap. 5579	265 931	295 614	312 377

Post 70 Sektoravgifter Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit

Sektoravgiftene og gebyra skal i hovudsak dekke Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit sine utgifter som er budsjettert på kap. 1543, postane 01 og 45, og meirverdiavgift på kap. 1633, post 01.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit administrerer og tildeler 5-sifra nummer direkte til organisasjonar og verksemdar. Inntektene blir ført på kap. 5583 Særskilte avgifter mv. i bruk av frekven-

sar, post 70 Avgift på frekvensar mv. Sektoravgifter for å dekke kostnadane med å administrere ordninga blir inntektsført på kap. 5579, post 70.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 7,5 mill. kroner slik at Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan følgje opp ansvaret som nasjonal koordinator etter DSA, jf. omtale under kap. 1543, post 01.

Samla blir det foreslått å løyve 312,4 mill. kroner.

Programkategori 01.50 Personvern

Utgifter under programkategori 01.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
1550	Datatilsynet	83 146	84 979	91 622	7,8
1551	Personvernemnda	2 669	2 858	4 150	45,2
	Sum kategori 01.50	85 815	87 837	95 772	9,0

Inntekter under programkategori 01.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
4550	Datatilsynet	-82 840			0,0
	Sum kategori 01.50	-82 840			0,0

Innleiing

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har det overordna ansvaret for personvernpolitikken og ansvaret for personopplysningsforskrifta. Departementet har òg det administrative ansvaret for Datatilsynet. Det administrative ansvaret for Personvernemnda ligg i departementet, medan ansvaret for drift av nemndas sekretariat frå 2026 ligg i Statens sivilrettsforvaltning. Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for personopplysningslova. Arbeidet i departementa skal bidra til at det blir tatt omsyn til personvern i utforming av politikk og regelverk. Personvernomsyn og den generelle personvernreguleringa gjeld for alle sektorar. Kvart departement har ansvaret for å vareta personvernregelverket og personvernomsyn i sitt arbeid og i sin sektor.

Personvernarbeidet i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet er nært knytt til departementet sitt arbeid med både forvaltningspolitikk og digitaliseringspolitikk.

Mål for programkategorien

1. Eit godt personvern for alle

Mål 1 Eit godt personvern for alle

Personvern er ein menneskerett. Reglar som skal sikre personvernet finst i både Grunnlova, personopplysningslova og særlovgiving. Reglane skal verne den enkelte mot at personvernet blir krenkt ved behandling av personopplysningar. Samstundes skal reglane verne den personlege integriteten til kvar enkelt. Kjennskap til reglane er viktig, og det er eit mål for regjeringa at innbyggjarane skal få meir kunnskap om personvern. Auka digitalisering og den teknologiske utviklinga kan utfordre viktige personvernomsyn. Samstundes er varetaking av personvernet viktig for å oppretthalde innbyggjarane si tillit til digitale tenester og digitalisering av samfunnet. Derfor må offentleg sektor behandle personopplysningar på ein trygg og god måte. Dessutan ønskjer regjeringa å verne innbyggjarane mot digital overvaking og påverknad, mellom anna ved å stille strengare vilkår for

deling av data frå private verksemdar der slik deling inneber ein trussel mot personvernet. Departementet sitt arbeid skal støtte opp om aktivitetar og tiltak i Datatilsynet i samsvar med dei oppgåvene tilsynet er gitt i personvernregelverket.

Berekraftsmåla

Godt personvern bidrar til å sikre at innbyggjarane har tillit til samfunnet, og er derfor viktig for bere-

kraftsmål 16 om fred, rettferd og velfungerande institusjonar. Eit godt personvern støttar oppunder utviklinga av effektive, ansvarlege og opne institusjonar. Det bidrar òg til å sikre allmenn tilgang til informasjon og til å verne om grunnleggende fridomar i samsvar med nasjonal lovgiving og internasjonale reglar.

Kap. 1550 Datatilsynet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	83 146	84 979	91 622
	Sum kap. 1550	83 146	84 979	91 622

Datatilsynet er eit forvaltningsorgan med både tilsyns- og rettleiingsoppgåver. Datatilsynet fører mellom anna tilsyn etter personopplysningslova og personvernforordninga, pasientjournallova, helseregisterlova, helseforskningslova, politiregisterlova og lov om Schengen informasjonssystem. Verksemda brukar tilsyn, saksbehandling og andre verkemiddel i arbeidet med å kontrollere at regelverket blir følgt og at manglar blir retta. Datatilsynet deltar òg aktivt i personverndebatten. Vidare kjem det stadig nye EU-regelverk på digitalområdet. Dette påverkar òg oppgåvene til Datatilsynet og korleis tilsynet disponerer driftsmidlane.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekkjer utgifter til løn og andre driftsutgifter for Datatilsynet.

Rapport

Personvern er eit tema som gjer seg gjeldande på dei fleste samfunnsområde. Hovudmålet er at alle skal ha eit godt personvern. For å nå dette målet er det viktig at den enkelte kjenner og kan vareta rettane sine, og at norske verksemdar i både offentleg og privat sektor kjenner og etterlev pliktane sine. Rettleiing og informasjonsverksemd er derfor prioriterte oppgåver for Datatilsynet.

Rapporteringsperioden har, som i føregåande år, vore prega av ein svært stor auke i saks-

mengda til Datatilsynet. Det kjem inn fleire klager, fleire avviksmeldingar og fleire innsynsførespurnader enn tidlegare. Totalt registrerte Datatilsynet 4 736 nye saker i 2024, mot 4 204 i 2023. Talet på klagesaker frå enkeltpersonar i 2024 var 902 mot 591 klager året før. Som tidlegare år gjeld mange klager feil behandling av personopplysningar i register. Avvika skyldast ofte feilsending eller feilpublisering av personopplysningar, eller manglande tilgangsstyring i store datasystem. Til sikta angrep, som inkluderer hacking og phishing, har hatt ein auke på heile 39 pst. I tillegg til at saksmengda aukar, blir sakene stadig meir omfattande og krevjande. Saker med høge lovbrotsgebyr har stor effekt, men er ressurskrevjande ettersom dei òg krev saksbehandling og oppfølging etter endeleg vedtak.

Den auka saksmengda har òg ført til eit vedvarande høgt tal på førespurnader om dokumentinnsyn etter offentleglova. I 2024 fekk Datatilsynet 7 547 slike førespurnader, mot 7 443 i 2023. Behandling av innsynsførespurnader legg beslag på store ressursar.

I tillegg til ordinære saker, legg Datatilsynet ressursar i behandling av utvalde høyringssaker med potensielt store konsekvensar for personvernet. Av omsyn til knappe ressursar har Datatilsynet prioritert dei høyringssakene med størst påverknad på innbyggjarane sitt personvern. I 2024 ga Datatilsynet innspel til 54 høyringar om behandling av personopplysningar.

Barn og unge har vore eit prioritert område for Datatilsynet i fleire år. I 2024 har Datatilsynet arbeidd med å gi innspel i høyringssaker som omhandla registrering av personopplysningar om barn i register, og utarbeidde rettleiing om personvernet til barn i nettspel. Eit tilsyn med bruk av verktøy for sporing på nettstader, der to av dei seks utvalde nettsidene er retta mot barn, blei starta opp. Det blei òg førebudd eit omfattande tilsyn med personvernet i skulesektoren. Tilsynet vil omfatte kontroll med varetakinga av personopplysningssikkerheita og personvernet i digitale læringsplattformer, og blir gjennomført i 50 kommunar. Dette arbeidet held fram i 2025.

I tillegg til saksbehandling, driv Datatilsynet ei telefonbasert rettleiingsteneste. I 2024 handterte tenesta 5 690 samtaler. Om lag 40 pst. av dei som kontaktar tenesta er verksemdar, medan 55 pst. er privatpersonar. Resten av samtaleane kjem frå personvernombod. Spørsmåla femner svært breitt og gjeld mellom anna personopplysningar i register, overvaking og sporing, internkontroll og informasjonssikkerheit, personopplysningar på nett og personvern på arbeidsplassen.

Datatilsynet har utført store og viktige tilsyn dei siste åra. I 2024 blei 18 planlagde og hendingsbaserte tilsyn gjennomført, i både privat og offentlig sektor. Av desse var seks skriftlege tilsyn (brevkontroll) og seks stadlege tilsyn. I tillegg blei seks av kontrollane gjennomførte som digitale tilsyn i form av teknisk undersøking av nettstader.

Sidan 2021 har Datatilsynet drifta ei regulatorisk sandkasse for personvernvenleg digitalisering og innovasjon. I sandkasse kan offentlege og private verksemdar få tilpassa og dialogbasert rettleiing slik at dei kan utvikle og ta i bruk kunstig intelligens og annan innovativ teknologi på ein personvernvenleg måte. Dette legg grunnlag for tillit mellom dei som tilbyr KI-baserte tenester og dei som brukar tenestene.

I 2024 blei det publisert sluttrapportar frå tre prosjekt som gjaldt bruk av KI på NTNU, i næringslivet og i justissektoren. Det blir lagt vekt på at prosjekta som blir tatt inn i sandkasse skal vere innovative, samfunnsnyttige og bidra til eit godt personvern. Det er viktig at erfaringar frå

prosjekta kjem flest mogleg til nytte. Ekstern kommunikasjon for å spreie læring frå prosjekta er derfor høgt prioritert. I 2024 har Datatilsynet lagt grunnlaget for å arbeide med sandkasse i ei ny form, slik at dei betre kan nytte interne ressursar og møte dei eksterne behov.

Til liks med dei nasjonale sakene, held òg Datatilsynets internasjonale arbeid fram med å auke i omfang. Datatilsynet er aktive i det europeiske personvernarbeidet og tar mellom anna del i alle dei tolv undergruppene i Det europeiske personvernrådet (EDPB). EDPB behandlar ei rekke store saker om behandling av personopplysningar med konsekvensar i fleire europeiske land. Det norske Datatilsynet tar aktivt del i dette arbeidet, anten som leiande tilsynsmyndigheit med ansvar for saka, eller som ei tilsynsmyndigheit som sakene vedkjem. Gjennom dette arbeidet har Datatilsynet moglegheit til å påverke rettsutviklinga på personvernområdet i Europa.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Datatilsynet har ei særleg uavhengig stilling, jf. personopplysningslova § 20 og personvernforordninga artikkel 52. Som følge av dette står Datatilsynet fritt til å foreta dei faglege prioriteringane under målet om eit godt personvern for alle. Løyvinga på posten skal brukast i tråd med dei faglege prioriteringane tilsynet gjer, men likevel slik at 6 mill. kroner blir brukt til den regulatoriske sandkasse for personvernvenleg innovasjon og digitalisering.

Datatilsynet får nye oppgåver etter forordninga om kunstig intelligens (KI-forordninga). Datatilsynet skal, innanfor eit formelt samarbeid med Digitaliseringsdirektoratet ved KI Noreg og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit, etablere, utvikle og drifte den regulatoriske KI-sandkasse etter KI-forordninga. Sandkasse vil vere organisatorisk plassert i KI Noreg. Eit viktig føremål med sandkasse er å fremje innovasjon med KI og gi verksemdar moglegheitene til å eksperimentere, utvikle og teste KI-løysingar i trygge og kontrollerte rammer. Det blir foreslått å auke løyvinga med 3,9 mill. kroner til arbeidet.

Det blir foreslått å løyve 91,6 mill. kroner.

Kap. 4550 Datatilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
85	Lovbrotsgebyr og tvangsmulkt	-82 840		
	Sum kap. 4550	-82 840		

Post 85 Lovbrotsgebyr og tvangsmulkt

Inntekter som blir ført på denne posten kjem frå gebyr og tvangsmulkt for brot på personopplysningsreglane. Inntektene går inn i statskassa.

Beløpet under rekneskap 2024 skyldast tilbakebetaling av tvangsmulkt som Datatilsynet hadde pålagt Meta for brot på personvernforordninga, jf. Prop. 21 S (2024–2025) *Endringar i statsbudsjettet 2024 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet*.

Kap. 1551 Personvernemnda

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	2 669	2 858	4 150
	Sum kap. 1551	2 669	2 858	4 150

Personvernemnda er klageorgan for vedtak fatta av Datatilsynet. Nemnda er ein del av det nasjonale verkemiddelapparatet for å sikre effektiv handheving av personvernreglane.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke løn til sekretariatet, reise- og møtegodtgjersle og generell drift av nemnda.

Rapport

Personvernemnda har sju medlemmer som alle er oppnemnde for fire år om gongen med moglegheit for ei gjenoppnemning. Dei noverande medlemene er oppnemnde for perioden 2025–2028. Nemnda har god juridisk og teknologisk kompetanse og er godt rusta til å gjere krevjande vurderingar i saker der personvern skal vegast mot andre samfunnsomsyn. I 2024 behandla nemnda totalt 29 saker, mot 24 året før. Fleire av sakene har vore store og komplekse, slik at det har vore nødvendig å behandle dei over fleire møte. Til dømes blei sakene om klage frå Meta på vedtak frå Datatilsynet om tvangsmulkt og Nav-saka

(klage frå Nav på lovbrotsgebyr) begge behandla over tre møte.

Klagesakene som kjem inn til nemnda gjeld alt frå brot på personopplysningssikkerheita og informasjonssikkerheita, til kameraovervaking, behandling av biometriske data og behandling av personopplysningar i arbeidstilhøve. Dette viser at personvern gjer seg gjeldande på dei aller fleste samfunnsområde.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Personvernemnda si einaste oppgåve er å behandle klager over vedtak fatta av Datatilsynet. Nemnda har som mål å skrive gode vedtak som kan gi rettleiing i seinare, liknande saker. Samstundes skal saksbehandlingstida haldast så låg som mogleg. Eit viktig verkemiddel for å halde saksbehandlingstida nede, er eit sekretariat med nødvendige ressursar og kapasitet. Frå 2026 ligg ansvaret for sekretariatsfunksjonen til Personvernemnda i Statens sivilrettsforvaltning, der nemnda kan dra nytte av gode administrative tenester bygd opp for å vareta sekretariatsfunksjonar for andre nemnder, råd og utval.

Som følgje av ei sterkt auka saksmengd dei siste åra, blir løyvinga foreslått auka med 1,2 mill.

kroner for å styrkje saksbehandlingskapasiteten i sekretariatet.

Det blir foreslått å løyve 4,2 mill. kroner.

Programkategori 01.60 Statleg arbeidsgivarpolitikk

Utgifter under programkategori 01.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
1560	Tariffavtalte avsetningar mv.	287 239	276 600	311 000	12,4
1565	Bustadlånordninga i Statens pensjonskasse	32 911 451	7 663 000	7 262 000	-5,2
1566	Yrkesskadeforsikring	97 824	95 000	95 000	0,0
1567	Gruppelivsforsikring	266 663	260 000	260 000	0,0
Sum kategori 01.60		33 563 177	8 294 600	7 928 000	-4,4

Inntekter under programkategori 01.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
4565	Bustadlånordninga i Statens pensjonskasse	14 508 244	15 546 000	17 245 000	10,9
4566	Yrkesskadeforsikring	84 718	89 000	97 000	9,0
4567	Gruppelivsforsikring	143 030	146 000	149 000	2,1
5607	Renter av bustadlånordninga i Statens pensjonskasse	4 078 392	3 944 000	3 663 000	-7,1
Sum kategori 01.60		18 814 384	19 725 000	21 154 000	7,2

Innleiing

Programkategorien omfattar løyvingar knytte til den sentrale arbeidsgivarfunksjonen i staten, bustadlånordninga i Statens pensjonskasse og yrkesskadeforsikring og gruppelivsforsikring i Statens pensjonskasse.

Mål for programkategorien

1. Statlege verksemdar er kompetente arbeidsgivarar med attraktive arbeidsplassar

Mål 1 Statlege verksemdar er kompetente arbeidsgivarar med attraktive arbeidsplassar

Det er eit mål at dei statlege verksemdene skal vere kompetente arbeidsgivarar med attraktive arbeidsplassar som løyser samfunnsoppdraga sine og gir brukarane gode tenester. Arbeidsgivarpolitikken skal bidra til at staten har løns- og arbeidsvilkår som legg til rette for at ein klarer å halde på, rekruttere og utvikle velkvalifiserte leiarar og medarbeidarar.

Verksemdene må ha høg endringskapasitet, møte kompetansebehova for framtida og ha leiarar som er kompetente og tydelege i utøvinga av

arbeidsgivarrolla. Eit godt partssamarbeid, tillitsbasert leing og medråderett for dei tilsette er sentralt for å oppnå gode resultat.

Digitalisering og utvikling av tenester endrar staten sitt kompetansebehov og medarbeidarane sine arbeidsoppgåver. Verksemdene må utnytte moglegheitene for effektivisering, auka produktivitet og kostnadseffektiv drift. Dei må ta initiativ til, og gjennomføre, fornying og omstilling, mellom anna ved digitalisering og oppfølging av tillitsreforma. Det er òg ei viktig målsetting å få til auka mangfald og inkludering.

Tilrettelegging av utviklingstilbod for leiarar, og tilbod om kompetanseutvikling for medarbeidarar, er høgt prioritert i den statlege arbeidsgivarpolitikken. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring har ansvaret for å støtte og rettleie dei statlege verksemdene i utøvinga av arbeidsgivarrolla. Direktoratet drifrar den digitale læringsplattforma, som er ein sentral del av kompetanseutviklingstilbodet i staten. Direktoratet drifrar òg Statens arbeidsgivarportal, som formidlar informasjon, gir høve for verksemdene til å utveksle erfaring og kunnskap og gir tilgang til fagpersonar som kan yte meir skreddarsydd støtte.

Regelverket som gjeld i staten, skal vere tilpassa ei moderne statsforvaltning. Forutan inngå-

ing av hovudtariffavtaler, inngår arbeid med særavtaler og hovudavtala i staten òg som ein sentral del av arbeidet i den sentrale arbeidsgivarfunksjonen i staten. Vidare inngår regelverksutvikling knytt til statstilsettelova, tenestetvistlova og karantenelova, og utvikling av administrative føresegner og personalpolitiske føringar som staten som arbeidsgivar har ansvaret for.

Lønsoppgjera i staten skal gjennomførast i tråd med frontfagmodellen.

Berekraftsmåla

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet er ein pådrivar overfor dei statlege verksemdene for gjennomføring av arbeidsgivarpolitiske føringar og vedtak, til dømes når det gjeld likestilling, ikkje-diskriminering og inkludering. Dette arbeidet er knytt til berekraftsmål 5 om likestilling mellom kjønna og mål 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst.

Fleire berekraftsmål er òg viktige i departementet sitt arbeid opp mot statlege arbeidsgivarar og partane i staten. Det gjeld mellom anna mål 4 om god utdanning, mål 10 om mindre ulikskap, mål 13 om å stoppe klimaendringane og mål 17 om samarbeid for å nå måla.

Kap. 1560 Tariffavtalte avsetningar mv.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	5 088		1 000
70	Kompetanseutvikling mv., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	-1 975		1 000
71	Opplæring og utvikling av tillitsvalde	233 100	233 100	262 000
72	Pensjonskostnadar tenestemannsorganisasjonane	51 026	43 500	47 000
	Sum kap. 1560	287 239	276 600	311 000

Forhandlingar mellom Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og hovudsamanslutningane i staten, som partar i hovudtariffoppgjeret 2024 i det statlege tariffområdet, ligg til grunn for forslag til avsetningar på kap. 1560, post 21 og 70.

Ved hovudtariffoppgjeret for tariffperioden 2024–2026 blei det forhandla fram til saman 37 mill. kroner til medråderett, samarbeid, kom-

petanseutvikling og omstillingsarbeid i staten, jf. hovudtariffavtalene pkt. 5.3 og 5.4.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Posten er i hovudsak brukt til anskaffingar i samband med dei sentrale partane sine satsingar på

forsknings-, utviklings- og utgreiingsoppdrag. Dette er prosjekt der partane har felles interesser, mellom anna knytte til regel- og avtaleverket til staten.

Staten og hovudsamanslutningane i staten avsette totalt 3 mill. kroner til kompetanseutvikling ved lønsoppgjeret i 2024. På grunn av tvistar om hovudtariffoppgjeret i 2024, blei det ikkje løyvd midlar i 2024. I 2025 er det løyvd 2 mill. kroner, jf. Prop. 146 S (2024–2025) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2025* og Innst. 540 S (2024–2025).

For å fullfinansiere partane si avsetning blir det foreslått å løyve 1 mill. kroner.

Post 70 Kompetanseutvikling mv., kan overførast, kan nyttast under post 21

Løyvinga gjeld tilskot til kompetanse- og omstillingsarbeid. Tilskotet skal legge til rette for god praktisering av medraderetten til dei tillitsvalde, utvikle og effektivisere staten, og dessutan fremje eit godt samarbeid mellom leiinga og medarbeidarar, og mellom partane i verksemda.

Staten og hovudsamanslutningane i staten avsette totalt 34 mill. kroner til kompetanseutvikling for tariffperioden 2024–2026 ved lønsoppgjeret i 2024. Avsetninga skal i hovudsak gå til å styrkje kompetanseutvikling i verksemdene og til å gjennomføre regionale samarbeidskonferansar.

På grunn av tvistar om hovudtariffoppgjeret i 2024 blei det ikkje løyvd midlar i 2024. I 2025 er det løyvd 33 mill. kroner, jf. Prop. 146 S (2024–2025) og Innst. 540 S (2024–2025).

For å fullfinansiere partane si avsetning blir det foreslått å løyve 1 mill. kroner.

Post 71 Opplæring og utvikling av tillitsvalde

Løyvinga dekkjer tilskot til opplæringstiltak for tillitsvalde til organisasjonane i staten innanfor mellom anna organisasjons- og tillitsvaldarbeid, miljø- og vernearbeid, sjukefråvær, medraderett, personalpolitiske spørsmål, omstilling, effektivisering og

samfunnsøkonomi med meir. Retningslinjer for opplærings- og utviklingstiltak er fastsett i eiga særavtale mellom staten og hovudsamanslutningane om opplærings- og utviklingsmidlar (OUMidlar). Løyvinga er brukt i samsvar med særavtala.

På grunn av tvistar i samband med hovudtariffoppgjeret i 2024, blei ikkje avsetninga auka i statsbudsjettet for 2024. I 2025 blei avsetninga derfor auka med 14,2 mill. kroner, jf. Prop. 146 S (2024–2025) og Innst. 540 S (2024–2025).

I mellomoppgjeret 2025 blei det einigheit om å auke avsetninga med ytterlegare 14,7 mill. kroner. Auken er basert på talet på årsverk og lønsmasse i statleg tariffområde per 1. oktober 2024, jf. Prop. 150 S (2024–2025) *Endringar i statsbudsjettet 2025 under Finansdepartementet og Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (lønregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet 2025 m.m.)* og Innst. 538 S (2024–2025).

Det blir foreslått å løyve 262 mill. kroner.

Post 72 Pensjonskostnader tenestemannsorganisasjonane

Verksemdar som er medlemmer i Statens pensjonskasse skal betale ein aktuarielt berekna premie (arbeidsgivardel), slik det blir gjort i privat sektor.

Tenestemannsorganisasjonane betaler ikkje arbeidsgivardel for tilsette som har permisjon utan løn frå statleg verksemd for å ha verv eller vere tilsett i ein slik organisasjon. I samsvar med permisjonsavtala betaler organisasjonane berre 2 pst. medlemsinnskot.

For å synleggjere det årlege bidraget staten har til tenestemannsorganisasjonane på pensjonsområdet, blir desse premiekostnadane budsjetterte på denne posten. Posten inkluderer òg arbeidsgivaravgift.

Berekningar gjennomførte av Statens pensjonskasse tilseier at premiekostnadane, inkludert arbeidsgivaravgift, vil utgjere 47 mill. kroner i 2026.

Det blir foreslått å løyve 47 mill. kroner.

Kap. 1565 Bustadlånordninga i Statens pensjonskasse

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	72 644	61 000	60 000
70	Tap/avskrivingar	607	2 000	2 000
90	Utlån, <i>overslagsløyving</i>	32 838 200	7 600 000	7 200 000
	Sum kap. 1565	32 911 451	7 663 000	7 262 000

Under dette kapittelet blir det budsjettert med forventta utbetalingar av nye lån, opptente renter ved årets utgang, forventta tap på utlån og driftsutgifter i samband med administrasjon av bustadlånordninga i Statens pensjonskasse. Løyvingane er usikre og avhengige av utlånsramma, rentenivået i marknaden generelt og differansen mellom renta i bustadlånordninga i Statens pensjonskasse og rentenivået i marknaden.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker kostnadane til Statens pensjonskasse for å administrere bustadlånordninga, jf. post 90. Hovuddelen av kostnadane blir dekt av lånekundane gjennom betaling av ulike former for gebyr, jf. kap. 4565, post 01.

Det blir foreslått å løyve 60 mill. kroner.

Post 70 Tap/avskrivingar

Løyvinga gjeld forventta tap på utlån i bustadlånordninga i Statens pensjonskasse.

Tap på hovudstol blir anslått til 1,5 mill. kroner og opparbeidd rentegjeld blir anslått til 0,5 mill. kroner.

Det blir foreslått å løyve 2 mill. kroner.

Post 90 Utlån, overslagsløyving

Løyvinga dekker forventta brutto utlån til bustadlån i Statens pensjonskasse og berekna opptente, men ikkje betalte renter på låna.

I hovudtariffavtalene i staten kjem det fram at bustadlån kan ytast med inntil 2,3 mill. kroner.

Departementet har fastsett *Instruks for forvaltning av boliglånsordningen i Statens pensjonskasse*. Følgjande medlemmer i Statens pensjonskasse kan få lån:

- Yrkesaktive medlemmar.
- Dersom det ligg føre særskilde grunnar, kan Statens pensjonskasse gi lån til barn, som på grunn av at begge foreldra er døde, må flytte frå tenestebustad.
- Pensjonistar, med unntak av pensjonistar med pensjon basert på oppsette rettar.
- Statsrådar og stortingsrepresentantar.

Lån blir innvilga til kjøp av eigen bustad, til refinansiering av bustadlån eller til å modernisere/pusse opp eigen bustad. Lån blir gitt mot sikkerheit innanfor 80 pst. av marknadsværdien til bustaden. Lån har ei maksimal nedbetalingstid på 30 år, der 5 år kan vere avdragsfrie.

Forventa hovudstol per 31. desember 2026 blir anslått til om lag 69 000 mill. kroner. Uteståande lån per 31. desember 2026 er forventta å utgjere 47 500 lån. Det er lagt til grunn at det blir utbetalt 3 800 nye lån på i gjennomsnitt 1,86 mill. kroner i 2026. Vidare er det gjort vurderingar i samsvar med historiske erfaringstal når det gjeld talet på søknadar, utbetalte lån, talet på innfridda lån og gjennomsnittleg utbetalt/innfridd beløp per lån.

Rapport

I 2024 utbetalte Statens pensjonskasse 17 056 lån, som er om lag 6,4 pst. fleire enn i 2023. Den totale utlånsporteføljen gjekk opp frå 67,6 mrd. kroner til 85,9 mrd. kroner, ein auke på 27,1 pst. frå 2023.

Tabell 5.4 Utviklinga i bustadlånordninga i Statens pensjonskasse

						(i mill. kr)
År	Nye lån	Lån totalt	Total utlåns- portefølje 31.12	Brutto utlån	Avdrag	Kapital- behov
2014	19 538	84 483	97 200	27 300	13 600	13 700
2015	5 827	68 900	75 000	7 800	30 000	-22 200
2016	2 755	56 800	58 300	3 500	20 200	-16 700
2017	3 143	49 800	49 200	4 100	13 100	-9 000
2018	3 742	44 300	42 700	5 300	11 800	-6 500
2019	8 532	44 500	45 700	13 500	10 500	3 000
2020	4 635	38 900	39 400	7 200	13 500	-6 300
2021	4 974	36 600	38 200	8 500	9 700	-1 200
2022	8 187	39 200	45 500	15 300	8 000	7 300
2023	16 027	49 400	67 600	30 900	8 800	22 100
2024	17 056	57 900	85 900	32 800	14 500	18 300

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det er lagt til grunn at det blir utbetalt 73 lån per veke i 2026, som er det same nivået samanlikna med saldert budsjett for 2025. Grunnlaget er basert på forventningar om nedgang i rentebanen i 2026 frå Noregs Bank. I periodar med endring i rentenivå, vil renteendringar i bustadlånordninga i Statens pensjonskasse bli seinare sett i verk enn i marknaden elles. Minkande rentenivå vil av den

grunn isolert sett medføre redusert etterspørsel etter lån i Statens pensjonskasse. Forventa søknadsinngang og talet på utbetalte lån tar utgangspunkt i at Statens pensjonskasse får ein tilsvarende effekt av rentenedgang i 2026 som i perioden 2015 til 2018, der det var periodar med både fallande og stabil styringsrente.

Det blir foreslått å løyve 7 200 mill. kroner. Anslaget inkluderer 137 mill. kroner i berekna opptente renteinntekter ved utgangen av 2026.

Kap. 4565 Bustadlånordninga i Statens pensjonskasse

					(i 1 000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	
01	Gebyrinntekter, lån	66 798	46 000	45 000	
90	Tilbakebetaling av lån	14 441 446	15 500 000	17 200 000	
Sum kap. 4565		14 508 244	15 546 000	17 245 000	

Under dette kapittelet blir det budsjetttert med forventna innbetalingar av løpande og ekstraordinære avdrag, innfriingar av bustadlån og tilbakeføring av opptente renter ved inngangen til året knytte til bustadlånordninga i Statens pensjonskasse. I tillegg blir det budsjetttert med forventna gebyrinntekter frå lånekundane. Løyvingane er usikre og

avhengige av rentenivået i marknaden generelt og differansen mellom renta i bustadlånordninga i Statens pensjonskasse og rentenivået i marknaden.

Post 01 Gebyrinntekter, lån

Posten omfattar innbetaling av gebyr frå låntakarane i bustadlånordninga i Statens pensjonskasse i form av termingebyr, etableringsgebyr, purregebyr og liknande.

Det blir foreslått å løyve 45 mill. kroner.

Post 90 Tilbakebetaling av lån

Posten omfattar ordinære og ekstraordinære avdrag, innfriingar av bustadlån, tilbakeføring av

berekna opptente, men ikkje betalte renteinntekter og tilbakeføring av tap.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Ordinære og ekstraordinære avdrag og innfriingar blir anslått til 17,0 mrd. kroner i 2026. Det er då lagt til grunn 833 innfriingar per måned, som er ei vidareføring frå saldert budsjett for 2025.

I tillegg blir det anslått 184 mill. kroner i tilbakeføring av berekna opptente renter per 1. januar 2026, og 2 mill. kroner i tilbakeføring av tap.

Det blir foreslått å løyve 17 200 mill. kroner.

Kap. 5607 Renter av bustadlånordninga i Statens pensjonskasse

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
80	Renter	4 078 392	3 944 000	3 663 000
	Sum kap. 5607	4 078 392	3 944 000	3 663 000

Post 80 Renter

Løyvinga gjeld renteinntekter, og opptente, ikkje betalte renter knytte til bustadlånordninga i Statens pensjonskasse. Det er i overslaget for 2026

lagt til grunn ein auke i utlånsporteføljen, jf. kap. 1565, post 90 og kap. 4565, post 90. Det er vidare lagt til grunn ei effektiv rente eksklusive gebyr på 5,0 pst. i 2026.

Det blir foreslått å løyve 3 663 mill. kroner.

Kap. 1566 Yrkesskedeforsikring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	97 824	95 000	95 000
	Sum kap. 1566	97 824	95 000	95 000

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyvinga gjeld utgifter til yrkesskadeutbetalingar. Løyvinga skal òg dekke kostnadane til Statens pensjonskasse for å administrere yrkesskadeordninga, jf. kap. 2470 Statens pensjonskasse under Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Alle som arbeider i teneste for arbeidsgivar, er omfatta av lov om yrkesskedeforsikring. Staten som arbeidsgivar er sjølvassurandør, men arbeidstakarar i staten har dei same rettane etter lova som andre arbeidstakarar. Arbeidstakarar som er omfatta av hovudtariffavtalene i staten, er i tillegg

dekte av reglane i § 24 i hovudtariffavtalene om ytingar ved yrkesskadar. Utbetalingar frå desse to regelverka blir samordna, slik at arbeidstakar får erstatning etter det regelverket som gir høgast sum.

Yrkesskadeordninga omfattar personskadar som følgje av arbeidsulykker og sjukdomar som følgje av påverknad frå skadelege stoff eller arbeidsprosessar. Erstatning skal ytast utan omsyn til om nokon har skuld i skaden. Vilkåret er at skaden skjer i arbeid på arbeidsstaden og i arbeidstida. Erstatning blir òg ytt når arbeidstakaren blir skadd ved ulykke på direkte reise mellom

heim og oppdragsstad (utan at arbeidstakaren har vore innom sin faste arbeidsstad), og på tenestereise.

Frå 1. januar 1996 er yrkesskadeforsikringa i staten basert på eit premiesystem. Dette inneber at det blir kravd ein premie av arbeidsgivarar kvart år, som skal dekke kostnadane for dei skadane som blir konstaterte dette året. Det gjeld òg om skaden blir meld og gjort opp fleire år seinare. Når Statens pensjonskasse behandlar saker der skaden blei konstaterert før 1. januar 1996, utbetaler Statens pensjonskasse erstatninga for deretter å krevje summen refundert frå den aktuelle arbeidsgivaren med tillegg av eit administrasjonsgebyr. Skadar konstaterert etter 1. januar 1996 blir dekte av innbetalt premie.

Etter lov om yrkesskadeforsikring er staten som sjølvassurandør ansvarleg for ei rekke andre grupper som er definerte som arbeidstakarar. Dette er grupper som er sysselsette av staten, men som likevel fell utanfor statstilsettelova og hovudtariffavtalene.

I 2024 var det ein nedgang på 4 pst. i innmelde yrkesskadesaker frå året før, medan utbetalingane auka med 9 pst. Ikkje alle innmelde skadesaker resulterer i erstatningsutbetaling.

Anslaget for 2026 er basert på faktiske erstatningsutbetalingar dei seinaste åra. Anslaget inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2024 og 2025.

Det blir foreslått å løyve 95 mill. kroner.

Kap. 4566 Yrkesskadeforsikring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Premieinntekter	84 718	89 000	97 000
	Sum kap. 4566	84 718	89 000	97 000

Post 01 Premieinntekter

Løyvinga dekker innbetaling av yrkesskadeforsikringspremie frå alle arbeidsgivarar som er omfatta av ordninga. Sjå omtale under kap. 1566, post 01.

Det blir foreslått å løyve 97 mill. kroner.

Kap. 1567 Gruppelivsforsikring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	266 663	260 000	260 000
	Sum kap. 1567	266 663	260 000	260 000

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyvinga dekker utbetaling av gruppelivserstatningar og kostnadane til Statens pensjonskasse for å administrere gruppelivsordninga, jf. kap. 2470 Statens pensjonskasse under Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Utbetalte gruppelivserstatningar varierer frå år til år, mellom anna avhengig av kor mange prio-

riterte etterlatne avdøde har. Dette gjer at det er knytt uvisse til budsjetteringa av nivået kvart enkelt år.

I 2024 blei det utbetalt erstatning i 154 saker med til saman om lag 265 mill. kroner, mot 150 saker med til saman 250 mill. kroner i 2023.

Anslaget for 2026 er basert på erfarte erstatningsutbetalingar dei seinaste åra. Anslaget inklu-

derer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2024 og 2025.

Det blir foreslått å løyve 260 mill. kroner.

Kap. 4567 Gruppelivsforsikring

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Premieinntekter	143 030	146 000	149 000
	Sum kap. 4567	143 030	146 000	149 000

Post 01 Premieinntekter

Posten omfattar innbetaling av premie for dei verksemdene som betaler gruppelivspremie

direkte til Statens pensjonskasse. Sjå omtale under kap. 1567, post 01.

Det blir foreslått å løyve 149 mill. kroner.

Del III
Omtale av særlege tema

6 Samfunnssikkerheit og beredskap

Regjeringa arbeider heilskapleg og systematisk med samfunnssikkerheit. Føringsane som er gitt i *Nasjonal sikkerhetsstrategi*, Meld. St. 9 (2024–2025) *Totalberedskapsmeldingen – Forberedt på kriser og krig*, Meld. St. 9 (2022–2023) *Nasjonal kontroll og digital motstandskraft for å ivareta nasjonal sikkerhet – Så åpent som mulig, så sikkert som nødvendig*, Meld. St. 5 (2020–2021) *Samfunnssikkerhet i en usikker verden*, Meld. St. 28 (2020–2021) *Vår felles digitale grunnmur – Mobil-, bredbånds- og internettjenester og Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet*, er utgangspunktet for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sitt arbeid med samfunnssikkerheit. Hovudmålet er:

- Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sitt arbeid med samfunnssikkerheit styrkjer evna til å førebygge og handtere alvorlege hendingar innanfor departementet sitt ansvarsområde.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet prioriterer arbeidet med å halde ved like og utvikle evna til å handtere kriser i eiga verksemd og i sektorane. I tillegg prioriterer departementet

- å identifisere og redusere sårbarheiter, handtere hendingar og sørgje for tilstrekkeleg beredskap
- å lære av øvingar og hendingar, kontinuitetsplanlegging og oppfølging av tilsyn
- å styrkje samordninga internt i departementet, med verksemdar i sektorane og med andre departement
- å vidareutvikle arbeidet med grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF-ar)

Departementet har eit mangfaldig og komplekst sektoransvar. Under gir vi ei nærare omtale av ansvarsområde som har særleg betydning for samfunnssikkerheit, og av mål, prioriteringar og tiltak.

Elektronisk kommunikasjon (ekom)

Elektroniske kommunikasjonsnett, mellom anna mobil- og breibandnett, utgjer saman med data-

senter og elektroniske kommunikasjonstenester ein digital grunnmur for det norske samfunnet. Denne infrastrukturen som ber digitale tenester er i dag avgjerande for det norske samfunnet, og stadig fleire kritiske tenester blir digitalisert. Elektronisk kommunikasjon er definert som ein kritisk samfunnsfunksjon. Det overordna målet for ekomområdet er eit likeverdig tilbod av sikre elektroniske kommunikasjonstenester av høg kvalitet og til rimelege prisar over heile landet.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sette i 2024 ned eit ekspertutval for nasjonal kontroll med kritisk digital kommunikasjonsinfrastruktur (ekomsikkerheitsutvalet), og tok imot rapporten frå dette utvalet i 2025. Vidare lanserte departementet i september 2025 *Nasjonal sikkerhetsplan for digital infrastruktur – elektronisk kommunikasjon i fred, krise og krig*, jf. nærare omtale under. I strategien *Datasenternæringa – ei berekraftig framtidsnæring for det digitale Noreg*, som blei lagt fram i juni 2025, har regjeringa sett som mål at Noreg skal vere attraktivt for dei datasenteretableringane som bidrar til samla verdiskaping, auka sikkerheit og varetaking av norske interesser, at datasenter skal ha forsvarleg sikkerheit i fred, krise og krig, og at Noreg skal ha robuste datasenter som sikrar både nasjonal og regional autonomi for datasentertenester.

I samarbeid med Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit og tilbydarane, arbeider departementet med å identifisere og redusere sårbarheiter, handtere hendingar og sørgje for tilstrekkeleg beredskap. Den nye ekomlova tredde i kraft frå 2025, jf. Prop. 93 LS (2023–2024) *Lov om elektronisk kommunikasjon (ekomloven)* og samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutningar nr. 274/2021, 275/2021, 276/2021 og 277/2021 om innlemmelse i EØS-avtalen av forordningene (EU) 2018/1971, (EU) 2019/2243 og (EU) 2020/1070 og direktiv (EU) 2018/1972 og Innst. 28 L (2024–2025). Ekomlova legg mellom anna til rette for ei ytterlegare styrking av sikkerheita og robustheita i nett og tenester, og regulerer datasenternæringa for første gang. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit følgjer opp sikkerheit og beredskap både

etter ekomlova og sikkerhetslova, mellom anna gjennom tilsyn, pålegg og rettleiing.

Nasjonal sikkerhetsplan for digital infrastruktur legg til rette for ei betydeleg styrking av den digitale infrastrukturen i Noreg for å møte utviklinga og utfordringane vi står overfor. Planen skal støtte opp under regjeringa sine mål og prioriteringar gitt i *Nasjonal sikkerhetsstrategi* og Totalberedskapsmeldinga. Som oppfølging av sikkerhetsplanen, har regjeringa foreslått ein auke på 200 mill. kroner til totalt 421,2 mill. kroner til telesikkerheit og -beredskap, jf. omtale under kap. 1543, post 70, som mellom anna skal gå til:

- Ein kraftig auke av takten på utbygging av forsterka ekom i sårbare kommunar. Mellom anna blir mobilnetta styrkt med tre døgn reservestraum som førebygger mot utfall ved langvarige straumbrot. Styrkinga gjeld for alle tre mobilnetta (Lyse Tele, Telenor og Telia).
- Styrking av reservestraumkapasiteten i mobilnetta i utvalde tettstader og andre strategisk viktige område.
- Raskare styrking av infrastrukturen i sårbare regionar, basert på omfattande, grundige og systematiske risiko- og sårbarheitsanalysar frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit.

Sikkerhetsplanen følgjer òg opp enkelte anbefalingar frå ekom sikkerheitsutvalet.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit er ei utøvande tilsyns- og forvaltningsmyndigheit underlagt Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Vidareføring og vidareutvikling av tilsyn er eit sentralt verkemiddel i samfunnssikkerheitsarbeidet. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit bidrar gjennom det digitale responsmiljøet for ekomsektoren, EkomCERT, til auka samfunnssikkerheit og beredskap. EkomCERT innhentar, samanstillar og analyserer sikkerheitsrelatert informasjon, koordinerer og handterer cyberhendingar og utarbeider situasjonsbilete. Regjeringa har òg bestemt at Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal etablere eit regionkontor for Nord-Noreg i Tromsø, som ledd i regjeringa si satsing på sikkerheit og beredskap i nord.

I 2024 etablerte Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet ein ny kriserigg for ekomsektoren. Kriseriggen skal bidra til førebygging og handtering av hendingar i sektoren. Departementet leiar kriseriggen på strategisk nivå, og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit leiar han på operasjonelt nivå. Som del av kriseriggen har departementet i 2025 halde fram arbeidet med Strategisk sikkerheitsråd for elektronisk kommunikasjon, ein samarbeidsarena for diskusjon og erfarings-

utveksling mellom myndigheiter og tilbydarar på strategisk nivå. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit inviterer utvalde ekomtilbydarar og Nasjonalt tryggingssorgan (NSM), Politiets tryggingsteneste (PST) og Etterretningstenesta til regelmessige møter i Ekomsikkerheitsforum. Her blir det mellom anna utveksla informasjon på eit operativt nivå slik at tilbydarane har eit godt grunnlag for å vareta ansvaret for forsvarleg sikkerheit og beredskap i nett og tenester.

Departementet har identifisert enkelte funksjonar innanfor ekomsektoren som grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF-ar) etter sikkerhetslova, fordi eit heilt eller delvis bortfall av desse funksjonane vil påverke staten si evne til å ta vare på nasjonale tryggingssinteresser. Det er identifisert tre GNF-ar innanfor elektronisk kommunikasjon: Evne til å vareta talekommunikasjonstenester basert på norsk nummerplan, evne til å vareta tekstbaserte meldingstenester basert på norsk nummerplan og evne til å vareta grunnleggjande internett-tilgang. Evna til å halde ved lag elektroniske kommunikasjonstenester omfattar å sikre tilgjengelegheit, integritet og konfidensialitet. I tillegg er det identifisert ein førebels GNF innanfor datasentertjenester: Evne til å vareta data-lagring og prosesseringskapasitet i Noreg. Departementet og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit samarbeider tett om den endelege utforminga og fastsettinga av ein GNF for datasentertjenester som er tilpassa den sikkerheitspolitiske situasjonen, og vil fortløpande vurdere kva for datasenter som støttar opp under GNF-ar og nasjonale tryggingssinteresser, med tilhøyrande underlegging av sikkerhetslova.

Departementet har ved vedtak underlagt ei rekke verksemder sikkerhetslova. For ekomsektoren har departementet utpeikt ei rekke skjermingsverdige objekt og infrastrukturar, og klassifisert desse. Implementering og vidare oppfølging av sikkerhetslova er eit kontinuerleg arbeid, som blir gjort i nært samarbeid mellom tilbydarane som er underlagd lova, departementet og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit. Departementet vurderer jamleg om nye verksemder skal underlegast lova. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit er tilsynsorgan for ekomsektoren etter sikkerhetslova og har inngått ei samarbeidsavtale med Nasjonalt tryggingssorgan.

Satellittbasert kommunikasjon

Satellittbasert navigasjon og kommunikasjon er definert som ein kritisk samfunnsfunksjon. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har

ansvar for kommunikasjonsdelen, medan Nærings- og fiskeridepartementet har ansvar for det som omfattar navigasjon. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet forvaltar regelverk for satellittbaserte kommunikasjonstenester, mellom anna ekomlova, satellittinnmeldingsforskrifta, fribruksforskrifta og dei såkalla jordstasjonsforskriftene. I tillegg deltar departementet i Romutvalet og Romsikkerheitsutvalet nedsett av Nærings- og fiskeridepartementet, som er ansvarleg for norsk rompolitikk og som la fram forslag til ei ny romlov i juni 2025, jf. Prop. 155 L (2024–2025) *Lov om aktiviteter i verdensrommet (romloven)*. Den nye romlova vil gi ei ny og utvida regulering av dette feltet.

Satellittbasert kommunikasjon er identifisert som ein GNF i samsvar med sikkerheitslova. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har på oppdrag frå Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet levert ei innstilling til departementet om korleis denne GNF-en bør følgjast nærare opp. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har identifisert viktigheita av satellittbasert kommunikasjon og konkretisert innhaldet i GNF-en, inkludert kva for aktørar som bør vurderast underlagt lova og aktuelle objekt og infrastrukturar som bør vurderast utpeikt som skjermingsverdige. Departementet vil fatte dei nødvendige vedtaka med heimel i sikkerheitslova overfor verksemdar som har avgjerande betyding for satellittbasert kommunikasjon. Arbeidet må òg sjåast i samanheng med andre romrelaterte GNF-ar.

Satellittområdet er prega av omfattande internasjonal verksemd. Samstundes skjer det endringar på området, med lågbanesatellittar som i aukande grad kan utgjere eit alternativ til og konkurrere med landbasert elektronisk kommunikasjon. Arbeidet med samfunnssikkerheit for satellittbasert kommunikasjon må derfor sjåast i samanheng med arbeidet med elektronisk kommunikasjon.

Digitale fellesløysingar

Digitale fellesløysingar er byggeklossar som brukast i utviklinga av offentlege, digitale tenester. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har etatsstyringsansvar for Digitaliseringsdirektoratet, som forvaltar fleire fellesløysingar, mellom anna ID-porten og Altinn. Det overordna målet for området er at offentlig sektor har sikre, stabile og tilgjengelege digitale fellesløysingar.

Digitaliseringsdirektoratet arbeidar med å redusere risiko og sårbarheit i dei digitale fellesløysingane det har ansvar for. Dei siste åra har

Digitaliseringsdirektoratet gjennomført ein omfattande modernisering av løysingane. Modernisert teknologi bidrar til auka sikkerheit og stabilitet, men det er òg viktig at drift, sikring og forvaltning i direktoratet er rusta for vekst og førebygging av digitale angrep. Dette arbeidet blei styrka i 2025, med ei auka løyving på 40 mill. kroner til Digitaliseringsdirektoratet.

Det er etablert eit eige beredskapsforum for offentlege fellesløysingar for samhandling på tvers av etatane med ansvar for fellesløysingar. Hensikta med forumet er koordinering av beredskapsplanlegging og prosessar knytte til hendingar innanfor dei samfunnskritiske fellesløysingane for offentlig sektor. Koordineringsutvalet varetar behovet for sektorvis responsmiljø (SRM) på minimumsnivå, og verksemdene held samstundes fram med å ha fast kontakt med Nasjonalt cybertryggingssenter i Nasjonalt tryggingssorgan.

Informasjonssikkerheit i forvaltninga

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har eit samordningsansvar for arbeidet med ei styrkt og meir heilskapleg tilnærming til informasjonssikkerheit i forvaltninga. Informasjonsbehandling er viktig for offentlege verksemdar si evne til å utføre oppgåver og yte tenester, og brot på informasjonssikkerheit kan påverka innbyggjarar, næringsliv, samfunnsfunksjonar og nasjonale sikkerheitsinteresser. Digitalisering av forvaltninga gir nye moglegheiter og fremjar effektivitet, men skapar òg nye bindingar og sårbarheiter. Styrkt kompetanse og systematisk arbeid med informasjonssikkerheit er viktig for å motverke dei digitale sårbarheitene. Tydelege anbefalingar og samordna rettleiing der fleire sentrale aktørar samarbeider er prioritert. Nettverk for informasjonssikkerheit (NIFS), som blir forvalta av Digitaliseringsdirektoratet, blir vidareført.

For å styrkje informasjonssikkerheita i kommunane blei det i 2023 oppretta eit responsmiljø som skal medverke til å gjere kommunane betre rusta til å handtere digitale hendingar og truslar, KommuneCERT, saman med HelseCERT, som er ein del av Norsk helsenett SF.

IKT-tenester for departementa

Departementa har ei viktig rolle i den nasjonale handteringa av kriser og uønskte hendingar. Dei er derfor ein del av den kritiske samfunnsfunksjonen, styring og kriseleiing. Departementa si verksemd, handlefridom og avgjerdsdyktigheit er òg peika ut som ein grunnleggjande nasjonal funksjon

etter sikkerhetslova. For å vareta sin funksjon, er departementa avhengige av fleire understøttande funksjoner, mellom anna IKT. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har det overordna ansvaret for departementa sine ugraderte IKT-plattformer og infrastrukturar. Digitaliseringsorganisasjonen til departementa har det operative ansvaret for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av departementa sine ugraderte IKT-plattformer, og for å levere sikre og effektive digitale fellestenester med riktig kvalitet til departementa.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet prioriterer leveranse av digitale fellestenester som IKT og system for saksbehandling og arkivering til departementa. Digitaliseringsorganisasjonen til departementa arbeider kontinuerleg for å forbetre sikkerheita og robustheita i IKT-systema. Gjennom Program for felles IKT-tenester jobbar Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og Digitaliseringsorganisasjonen til departementa med å etablere ei felles funksjonell, sikker, kostnads-effektiv og moderne IKT-løysing for behandling og deling av digital informasjon internt og eksternt.

Statsforvaltarens fellestenester

Statsforvaltarens fellestenester leverer fellestenester som støttar opp om statsforvalteren si verksemd, og skal legge til rette for at statsforvalteren kan utøve samordningsrolla si i kriser.

Den teknologiske utviklinga og trusselbiletet krev stadig meir av Statsforvaltarens fellestenester. Som ansvarleg for å levere stabile tenester og sikre store mengder samfunnskritisk informasjon må Statsforvaltarens fellestenester halde følge med denne utviklinga. Statsforvaltarens fellestenester må ha kompetanse både til å utnytte potensialet i ny teknologi og til å avverje og handtere uønskete hendingar.

Objekt- og infrastruktursikkerheit for departementsbygningane

Departementa treng sikre og funksjonelle arbeidslokale for å vareta sin kritiske samfunns-

funksjon og grunnleggande nasjonale funksjon. Departementsbygningane er derfor skadevurdert, utpekt og klassifisert og meldt inn til Nasjonalt tryggingssorgan som skjermingsverdige objekt etter sikkerhetslova § 7-1.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har det overordna ansvaret for arbeidet med førebyggjande objekt- og infrastruktursikkerheit. Som ein del av dette ansvaret skal departementet forvalte, definere og formidle krav og prinsipp til underliggjande etatar, og sjå til at desse blir overhalde og etterlevd slik at risiko blir handtert på ein effektiv og forsvarleg måte. For objektsikkerheit er dette knytt til felles bygningsmasse, fellesområde og uteområde i regjeringskvartalet og i departementsbygningar utanfor regjeringskvartalet. Forsvarsdepartementet er ansvarleg for eigne lokalar på Akershus festning. For infrastruktursikkerheit omhandlar ansvaret departementa sine IKT-plattformer. Departementet sitt ansvar for objekt- og infrastruktursikkerheit er avgrensa til felles grunnsikring og nødvendig samordning og instruksutvikling for å sikre eit einskapleg og forsvarleg sikkerheitsnivå, jf. *Instruks for arbeidet med forebyggjande objekt- og infrastruktursikkerheit for departementsbygningane*. Departementet legg til grunn ei risikobasert tilnærming når det gjeld vurdering og utforming av sikkerheitstiltaka for felles grunnsikring. Det overordna målet er forsvarleg sikkerheitsnivå for skjermingsverdige objekt og infrastruktur i eller tilhøyrande departementsfellesskapet.

Tryggingss- og serviceorganisasjonen til departementa har det operasjonelle ansvaret for arbeidet med førebyggjande objekt- og infrastruktursikkerheit, og skal operasjonalisere overordna krav og føringar frå gjeldande lovverk og frå Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, med mål om å oppnå eit forsvarleg tryggingssnivå. Etaten skal levere tenester innan vakthald, resepsjon og sikring til departementsfellesskapet i samsvar med gjeldande tildelingsbrev og oppdragsutgreiing. Vidare skal etaten samarbeide med departementet i det førebyggjande sikkerheitsarbeidet retta mot departementsfellesskapet.

7 Omtale av klima- og miljøpolitikk

Regjeringa sin klima- og miljøpolitikk bygger på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å legge miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til at ein kan nå dei nasjonale klima- og miljømåla. For ei oversikt over regjeringas viktigaste klima- og miljøtiltak, sjå del III av Klima- og miljødepartementets fagproposisjon.

Digitalisering for ei grøn omstilling

Digital teknologi og digitale løysingar er nødvendige for å nå klimamåla til regjeringa, og digitalisering er derfor ein viktig del av den grønne omstillinga. Den grønne og digitale omstillinga inneber mellom anna ein overgang til ein meir sirkulær økonomi med lågare ressursforbruk og auka berekraft i alle deler av økonomien.

Digitalisering er eit viktig bidrag til omstillinga til ein meir sirkulær økonomi, med eit meir ressurseffektivt og berekraftig produksjons- og forbruksmønster. Digitalisering og bruk av ny teknologi, mellom anna betre utnytting av data, kan støtte opp under utsleppskutt i alle sektorar for å nå målet om eit klimanøytralt Europa innan 2050. Samstundes er det eit dilemma at IT-utstyr, data-senter og digitale nettverk bidrar til eit høgt energiforbruk, og at produksjon av energi er den største kjelda til utslepp globalt. Digitalisering og kunstig intelligens er energikrevjande, men har òg eit potensial til å spele ei viktig rolle i det grønne skiftet. Regjeringa vil legge vekt på utvikling og bruk av mest mogleg klimavenleg kunstig intelligens, og har mellom anna i strategien *Data-senternæringa – ei berekraftig framtidsnæring for det digitale Noreg* stadfesta nasjonale prinsipp for ei klimavenleg og energieffektiv utvikling av data-senternæringa. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet arbeider med å legge til rette for at Noreg kan oppnå sine klimamål gjennom målretta digitalisering.

Det er behov for kunnskapsbaserte og kostnadseffektive rammeverk for å dokumentere berekraftspotensialet og den faktiske miljøeffekten av digitalisering på nasjonalt nivå. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit publiserte i 2025 ein

analyse av klima- og miljøbelastninga frå digital infrastruktur i drift på norsk jord. Departementet tildelte midlar til analysen, som er ein av dei første i verda i sitt slag. Analysen er todelt og tar for seg situasjonen i 2024 og den forventta utviklinga fram mot 2030 og 2050. Basert på analysen og på oppdrag frå departementet, er Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit òg i ferd med å utvikle ein betaversjon av ein indeks som kartlegg digital berekraft nasjonalt i Noreg. Departementet har tildelt midlar til dette arbeidet i 2025.

Bygge- og eigedomspolitik i statleg sivil sektor

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har ansvaret for bygge- og eigedomspolitikken i statleg sivil sektor. I 2021 blei strategien *Ei berekraftig, kostnadseffektiv og samordna bygg- og eigedomsforvaltning* lagt fram. Strategien inneheld fire ambisjonar om klima, miljø og energi, og den peikar på tiltak som vil bidra til å nå ambisjonane. Departementet held fram med oppfølginga av strategien.

Staten er ein stor eigedomsaktør. Statsbygg er staten sitt sentrale kompetansemiljø i sivil sektor. Dei forvaltar ein stor del av den statlege eigedomsmassen og sørgjer for ei berekraftig og effektiv forvaltning av eigedomane. I byggeprosjekt og leigesaker gir dei råd til oppdragsdepartement og statlege verksemdar med behov for lokale. I byggeprosjekta gir Statsbygg råd om mellom anna lokalisering, energiløysing, miljøambisjon, ombruk av byggematerialar og arealeffektivitet.

Klimagassutsleppa frå Statsbygg sine aktivitetar blei reduserte med 26,6 pst. frå 2020 til 2024. Dette skjedde i ei periode med vesentleg økt aktivitet. Utslepp frå energibruk på all eigedom Statsbygg forvaltar i Noreg og utlandet er redusert med 29 pst. i same periode. I 2024 blei kjøpt energi redusert med 4,1 pst. samstundes som det blei gjennomført ENØK-tiltak for meir enn 60 mill. kroner. Pågåande byggeprosjekt blir planlagde som passivhus eller betre. I desse prosjekta vil om lag 23,6 pst. av levert energi vere frå lokal fornybar energiproduksjon. Alle eigedommar forvalta av Statsbygg blei vurderte for klimarisiko i

2024. Klimarisiko er òg eit tema i byggeprosjekta. Statsbygg starta våren 2024 eit nytt arbeid med

natur, Naturløftet, som skal gi betre kunnskapsgrunnlag og risikovurderingar.

8 Oppfølging av berekraftsmåla i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

2030-agendaen for berekraftig utvikling er vår felles handlingsplan for å løyse dei mest presserande utfordringane verda står ovanfor. Berekraftsmåla blei vedtatt av FNs medlemsland i 2015. Det er til saman 17 mål og 169 delmål. Måla handlar om vekst og velstand, helse og utdanning, miljø og klima, fred, sikkerheit og samarbeid. Alle land har eit ansvar for å oppfylle berekraftsmåla innan 2030. Dei 17 berekraftsmåla er i dag fordelt på 12 departement, som har ansvaret for å koordinere og samordne oppfølginga av eit eller fleire mål. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har ansvaret for koordineringa av det nasjonale arbeidet med berekraftsmåla.

I juni 2025 la regjeringa fram stortingsmeldinga Meld. St. 35 (2024–2025) *Norges arbeid med bærekraftsmålene – Status, utfordringer og veien videre*. Kapittel 3 i meldinga gir ei vurdering av status på dei 17 berekraftsmåla og tilhøyrande delmål, og erstattar rapporteringa som tidlegare har vore lagt ved Prop. 1 S for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Arbeidet med Noregs tredje frivillige rapportering til FN og Noregs arbeid med berekraftsmåla har starta. Rapporten vil bli presentert under FNs høgnivåforum for berekraftig utvikling i juli 2026. Dette kapittelet omtalar innsatsen for å nå berekraftsmåla som er finansiert over budsjettet til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Delmål 5.5) Sikre kvinner fullstendig og reell deltaking og like moglegheiter til leiande stillingar på alle nivå der det blir teke avgjerder, i det politiske, det økonomiske og det offentlege livet

Målet om å oppnå likestilling og sikre kvinnene si deltaking i det politiske, det økonomiske og det offentlege livet, kan sjåast i samanheng med verdar og ansvar i den statlege arbeidsgivarpolitikken. I hovudtariffavtala for 2024–2026 pkt. 5.8 står det at «Partene lokalt skal arbeide aktivt, målrettet og planmessig for å fremme likestilling og mangfold og hindre diskriminering i henhold til likestillings- og diskrimineringslova. De tillitsvalgte skal involveres i arbeidet med arbeidsgivers aktivitets-

og redegjørelsesplikt (ARP), herunder planlegging og oppfølging av likelønnskartleggingen».

I hovudavtala i staten, kapittel 7 *Personalpolitikk i virksomhetene* § 31 nr. 2, er det bestemt at statlege verksemdar skal regulere i tilpassingsavtala korleis dei skal samarbeide med tillitsvalde for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Eit meir formalisert samarbeid mellom partane vil kunne verke positivt inn på likestillingsarbeidet i dei enkelte verksemdene.

Delmål 5.b) Styrkje bruken av mogleggjerande teknologi, særleg informasjons- og kommunikasjonsteknologi, for å styrkje kvinner si stilling i samfunnet

Noreg er eit av landa i verda med høgast del av innbyggjarane som har tilgang til og brukar digital teknologi. Det er små skilnader mellom kjønna i bruken av teknologi, men blant eldre er det noko færre kvinner enn menn som har tilgang på og brukar digitale verktøy og tenester. Blant eldre og personar med ulike former for nedsett funksjonsevne er det mange som ikkje beherskar digitale verktøy, fordi utforming og brukargrensesnitt ofte ikkje er tilpassa brukarane sine ulike forutsetningar. Digitaliseringsdirektoratet har hovudansvaret for å koordinere oppfølginga av regjeringa sin politikk for digital inkludering, og forvaltar mellom anna tilskot til etablering av kommunale opplæringstilbod i digital kompetanse til innbyggjarane.

Delmål 8.2) Auke den økonomiske produktiviteten gjennom diversifisering, teknologisk framgang og innovasjon, mellom anna med vekt på lønsame og arbeidsintensive sektorar

Deling av data er avgjerande for å skape eit meir berekraftig samfunn. Døme på at deling av data skapar ny næring og effektivisering, er mellom anna at verdata blir brukt til å planlegge shippingruter for å redusere energibruk og utslepp og til å planlegge gjødsling og førebygge utslepp frå landbruket. Betre flyt av energidata gjer det mogleg å

redusere forbruk og kostnader innan transport, industri og i hushaldingar.

Digitaliseringsdirektoratet har ei viktig oppgåve i å fremje deling og bruk av data, og gjennom det gjere det mogleg å skape nye verdiar, innovasjon og meir effektive og miljøvenlege løysingar på store samfunnsutfordringar. I samarbeid med andre aktørar utviklar og tilbyr Digitaliseringsdirektoratet kostnadseffektive digitale fellesløysingar til bruk i privat og offentleg sektor.

Delmål 9.1) Utvikle påliteleg, berekraftig og solid infrastruktur av høg kvalitet, inkludert regional og grensekryssande infrastruktur, for å støtte økonomisk utvikling og livskvalitet med vekt på overkomeleg pris og likeverdig tilgang for alle

Mobil- og breibandnetta i Noreg held høg kvalitet og har god sikkerheit, og det har òg vore ei forbetring av tilknyttinga til utlandet gjennom fleire alternative føringsveggar. Kommersielle investeringar er hovudgrunnlaget for utbygging i Noreg, men i nokre område er det nødvendig med statlege bidrag for å sikre utbygginga eller for å styrkje sikkerheita og beredskapen.

Regjeringa foreslår òg i 2026 å bruke tilskotsmidlar til breibandutbygging, jf. omtale under programkategori 01.40. I tillegg foreslår regjeringa i 2026 ein betydeleg auka innsats på telesikkerheit og -beredskap, jf. omtale under programkategori 01.40.

Delmål 9.c) Auke tilgangen til informasjons- og kommunikasjonsteknologi vesentleg og arbeide for at dei minst utvikla landa får allmenn og rimeleg tilgang til internett innan 2020

Dei aller fleste i Noreg har god tilgang til kommunikasjonsteknologi. Tal frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit viser at 99,1 pst. av husstandane hadde tilbod om breiband på minst 100 Mbit/s ved utgangen av 2024. 99,7 pst. av husstandane i landet hadde tilbod om 5G basisdekning ved utgangen av 2024. Sjølv om dekninga for breiband generelt sett er god i Noreg, er det enkelte som har for dårleg dekning. Derfor opprettheld regjeringa eit statleg bidrag til utbygging i område der det manglar kommersielt grunnlag.

Ny teknologi, til dømes satellitt-teknologi, gjer at det er stort potensiale for auka dekning i dei minst utvikla landa. Noreg støttar arbeidet til FN-organet Den internasjonale telekommunikasjonsunion (ITU) og satellittorganisasjonane ITSO og EUTELSAT for universell og rimeleg til-

gang til informasjons- og kommunikasjonsteknologi, gjennom medlemskap i desse organa.

Digitaliseringsdirektoratet bidrar med råd om korleis det nasjonale økosystemet for digital samhandling og tenesteutvikling i forvaltninga kan vidareutviklast, slik at det dekkjer viktige samfunnsbehov og legg til rette for samhandling, tenesteutvikling og innovasjon.

Delmål 10.3) Sikre like moglegheiter og redusere skilnader i levkår, mellom anna ved å avskaffe diskriminerande lover, politikk og praksis og ved å fremje lovgjeving, politikk og tiltak som er eigna til å nå dette målet og delmål 8.5) Innan 2030 oppnå full og produktiv sysselsetting og anstendig arbeid for alle kvinner og menn, inkludert ungdom og personar med nedsett funksjonsevne, og oppnå lik løn for likt arbeid

Rekrutteringsarbeidet i staten skal ha ei brei og inkluderande tilnærming. Fleire tiltak skal bidra til dette. Forskrifta til statstilsettelova pålegg statlege verksemdar å kalle inn minst ein kvalifisert søkjar med nedsett funksjonsevne, og minst ein kvalifisert søkjar med fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring (hol i CV-en) til intervju. Etter forskrifta er det høve, men ikkje plikt, til å tilsette ein søkjar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en, dersom vedkomande er nær like godt kvalifisert som den best kvalifiserte søkjaren (moderat kvotering). Etter forskrifta er det gitt høve til å tilsette personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en, og som har førebels lønstilskot, i inn-til to år utan offentleg utlysing. Staten har eit eige traineeprogram for personar med nedsett funksjonsevne og hol i CV-en.

Auka rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn er òg viktig i eit mangfaldsperspektiv. Det følgjer av forskrifta til statstilsettelova at statlege verksemdar skal innkalle minst éin kvalifisert søkjar som er innvandrar eller som er norskfødd og der begge foreldra er utanlandsfødde til intervju.

I hovudtariffavtala (2024–2026) er det nedfelt at partane i staten vil støtte kompetansetiltak mellom anna innanfor opplæring om aktivitets- og utgreiingsplikta (ARP). Dette vil kunne bidra til at statlege verksemdar får eit auka medvit kring korleis ein skal jobbe med likestilling og på sikt bidra til å sikre like moglegheiter og hindre diskriminering på bakgrunn av kjønn, etnisitet, religion med meir, jf. likestillings- og diskrimineringslova.

I 2024 blei det gitt ei fellesføring om at alle dei statlege verksemdene skal ha ei positiv utvikling i talet på tilsettingar av personar med nedsett funksjonsevne og/eller fråvær frå arbeid, utdanning

eller opplæring i 2024 samanlikna med tidlegare år. I 2024 blei det gjort 331 tilsettingar i målgruppa av totalt 20 020 tilsettingar i statleg tariffområde. Det tilsvarar ei prosentoppgang på 1,7 pst. Fellesføringa er vidareført for 2025. I tillegg har dei sentrale partane i staten sett av 2 mill. kroner til eit prosjekt der ein skal sjå på mangfaldsarbeidet i staten generelt. Prosjektet skal ferdigstillast andre halvår 2026.

Det blir òg vist til svar på oppmodingsvedtak nr. 625 (2023–2024) om å inkludere fleire med funksjonshindre og hol i CV-en i arbeidslivet i staten, sjå del I pkt. 3 og Prop. 146 S (2024–2025) *Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2025*.

Digitaliseringsdirektoratet er ein pådrivar for å skape meir samanhengande tenester, slik at innbyggjarar og næringsliv i heile landet får eit betre tilbod og ei meir einsarta brukaroppleving. Digitaliseringsdirektoratet er òg tilsyn for universell utforming av IKT i både offentleg og privat sektor. Universell utforming gjer det mogleg for alle å delta i samfunnet på like vilkår, og er eit viktig verkemiddel for å redusere digitalt utanforskap. Departementet arbeider for auka digital kompetanse hos utsette grupper i samfunnet for å førebygge digitale ulikheiter.

Delmål 13.3) Styrkje evna enkeltpersonar og institusjonar har til å redusere klimagassutslepp, tilpasse seg til og redusere konsekvensane av klimaendringar og varsle tidleg, og dessutan styrkje utdanninga og bevisstgjeringsa om dette

Partane i staten blei i 2024 einige om å innhente kunnskap om reisevanar, utslepp og faktorar som påverkar val av transportmidlar ved tenestereiser i staten. Ramma for prosjektet er 1,5 mill. kroner, og prosjektet skal ferdigstillast i løpet av 2026.

Delmål 16.5) Betydeleg redusere korrupsjon og bestikkingar i alle former

Noreg har dei siste åra falle noko på korrupsjonsindeksen til Transparency International, men blir framleis rangert blant landa med lågast korrupsjon i verda. Innbyggjarundersøkinga frå 2024 viser at om lag seks av ti innbyggjarar trur det førekjem korrupsjon i ulike former i staten, medan tilsvarande tal for kommunane er fem av ti. Dette er ein auke frå 2021, då fire av ti innbyggjarar meinte det same om både kommunen og staten.

Noreg har sterke, demokratiske institusjonar som spelar ei viktig rolle i å førebygge og ned-

kjempe korrupsjon. Samstundes er det avgjerande å vidareutvikle dette arbeidet gjennom målretta innsats og nye tiltak der det er behov. I handlingsplanen *Ei open forvaltning* har Noreg forplakta seg til å styrkje den strategiske tilnærminga til antikorrupsjonsarbeidet, mellom anna gjennom konkrete tiltak som er omtala i Meld. St. 15 (2023–2024) *Felles verdier – felles ansvar. Styrket innsats for forebygging og bekjempelse av økonomisk kriminalitet*.

Delmål 16.6) Utvikle effektive, ansvarlege og opne institusjonar på alle nivå

Statlege institusjonar i Noreg er ansvarlege, transparente og opne, og dei er underlagt klare maktavgrensingar. Norske domstolar sørgjer for at staten respekterer og sikrar menneskerettane, inkludert prinsippet om likskap for lova og ikkje-diskriminering.

Noreg var i 2010 ein av åtte initiativtakarar til det internasjonale samarbeidet Open Government Partnership (OGP). OGP bygger på prinsippet om at ei open, velfungerande og brukarvenleg forvaltning best blir utvikla gjennom tett samarbeid mellom offentleg forvaltning og sivilsamfunnet. Det viktigaste verkemiddelet i OGP er dei nasjonale handlingsplanane for styrka openheit i forvaltninga. Planane blir utarbeidd i samråd med sivilsamfunnet og reflekterer felles prioriteringar for openheit og ansvar.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet er samordnar og pådrivar for OGP-arbeidet i Noreg. Departementet koordinerer eit interesseforum der representantar frå forvaltninga og sivilsamfunnet møtest jamleg for å drøfte spørsmål knytt til openheit. I 2024 la regjeringa fram sin femte handlingsplan for OGP, som varer frå 2024 til 2027. Planen inneheld forpliktingar innan område som openheit om offentlege innkjøp, antikorrupsjon og digital inkludering. Gjennom OGP bidrar Noreg òg til å fremje openheit globalt. Internasjonal deltaking gir høve til å dele erfaringar frå norsk forvaltning, samstundes som vi lærer av andre land sine løysingar og tilnærmingar. Deltakinga blir sett i samheng med andre internasjonale initiativ, som til dømes OECD sitt arbeid for open og ansvarleg forvaltning.

Noreg følgjer opp tilrådingar frå den internasjonale organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD), som har undersøkt tillit til styresmaktene og tilhøyrande institusjonar i OECD-medlemsland. OECD har òg laga ein eigen landrapport for Noreg (*Drivers of Trust in Public Institutions in Norway*, 2022). Noreg støtter opp

under og finansierer OECD Hub on Information Integrity (tidlegare OECD DIS/MIS Resource Hub) som bidrar til å dele kunnskap om å takle des- og feilinformasjon. Dette initiativet er ein del av oppfølginga av ei ministererklæring med mål om å bygge tillit og å styrkje demokratiet.

Digitale fellesløysingar og deling av data legg til rette for effektivitet og openheit i institusjonar på alle nivå. Digitale fellesløysingar gjer det enklare for offentlege verksemdar å lage brukarvenlege digitale tenester, slik at det blir enklare for innbyggjarar og næringsliv å ta tenestene i bruk.

Opne data handlar om å gi næringsliv, forskarar og sivilsamfunn tilgang til data som offentleg forvaltning har, på ein slik måte at dei lett kan brukast i nye samanhengar. Vidarebruksutvalet leverte si utgreiing NOU 2024: 14 *Med lov skal data deles* i juni 2024. Utgreiinga blir følgd opp i departementet. Digitaliseringsdirektoratet har ansvaret for data.norge.no, som er Noregs offisielle nettstad for offentlege data. Her kan verksemdene registrere datasett som er gjorde tilgjengelege for gjenbruk og vidare bruk, og finne rettleiingsmateriell og informasjon om Norsk lisens for offentlege data.

Innsynsløysinga eInnsyn.no i Digitaliseringsdirektoratet sørgjer for at innbyggjarane får utøvd sin demokratiske rett til openheit og innsyn i offentleg forvaltning. Det er avgjerande for tilliten at institusjonane er velfungerande og opptrer rettferdig. Digitaliseringsdirektoratet arbeider òg for å styrkje informasjonssikkerheita i stat og kommune.

Delmål 17.14 Oppnå ein meir samstemt og heilskapleg politikk for berekraftig utvikling

Politisk forplikting frå regjeringa og engasjement frå sentrale aktørar er på plass for å bidra til ein meir samstemd og heilskapleg politikk for berekraftig utvikling.

Regjeringa la i juni 2025 fram berekraftsmeldinga. Meldinga vektlegg særleg dei delmåla der Noreg har eit forbedringspotensial, ser desse i samheng med sentrale samfunnsutfordringar og beskriv regjeringa sin politikk på desse områda. Meldinga blei skreve i samarbeid med samlege departement, under leiing av Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Arbeidet med Noregs tredje frivillige rapportering har starta og vil bli presentert under FN sitt høgnivåforum for berekraftig utvikling sommaren 2026. Prosessen med å utarbeide rapporten byg-

ger vidare på det etablerte samarbeidet med KS og sivilsamfunnet.

Tilgang til statistikk og data er ei forutsetning for å vurdere framdrifta i arbeidet med berekraftsmåla. Sidan april 2020 har Statistisk sentralbyrå (SSB) publisert statistikk for indikatorar for berekraftsmåla. Per mai 2025 var det publisert om lag 215 nasjonale indikatorar og 103 globale indikatorar. Dette har vore eit viktig grunnlag i regjeringa si vurdering av status i Noregs arbeid med berekraftsmåla i berekraftsmeldinga. Regjeringa vil fortsette arbeidet med å forbedre kunnskapsgrunnlaget om berekraftsmåla, irekna vidareutvikling av SSB sin indikatorportal.

Delmål 17.17) Stimulere til og fremje velfungerande partnerskap i det offentlege, mellom det offentlege og det private og i det sivile samfunn som bygger på partnerskapa sine erfaringar og ressursstrategiar

Å finne berekraftige løysingar på komplekse og samanvevde utfordringar krev samordna innsats på tvers av sektorar, forvaltningsnivå og aktørar. Det er inngått fleire samarbeid for å bidra til betre samordning og felles innsats for å oppfylle 2030-agendaen.

I samband med arbeidet med berekraftsmeldinga sette regjeringa ned Noregs første nasjonale folkepanel. Gjennom folkepanelet ønska regjeringa å invitere innbyggjarane inn i ei nasjonal samtale om korleis vi kan redusere forbruket vårt. Folkepanelet sitt oppdrag, anbefalingar og regjeringa si vurdering av desse er omtala i kapittel 8 i meldinga. Panelet sin rapport er vedlagt meldinga.

Toppleiarforumet for berekraftsmåla etablert i 2022, har vist seg å vere ein eigna arena for å diskutere utfordringar og løysingar knytte til arbeidet med berekraftsmåla. Forumet samlar toppleiarar frå regjeringa, næringslivet, academia, kommunesektoren, frivillig sektor og partane i arbeidslivet. Forumet samlast inntil tre gonger i året og blir leia av digitaliserings- og forvaltningsministeren. I 2024–2025 fekk Toppleiarforumet anledning til å diskutere og kome med innspel til berekraftsmeldinga undervegs i prosessen.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og KS inngjekk ei ny samarbeidsavtale om innovasjon i offentleg sektor og oppfølging av berekraftsmåla. Avtala gjeld ut 2026, og vidarefører samarbeidsavtala frå 2021–2023. Målet med avtala er å bidra til ein nytenkande, innovativ og berekraftig offentleg sektor, som leverer gode tenester, har høg grad av tillit i befolkninga og finn nye løysingar på samfunnsutfordringar.

Regjeringa har saman med KS underteikna ei ny samarbeidsavtale med ideelle aktørar om levering av velferdstenester. Avtala anerkjenner og synleggjer den betydelege rolla ideelle organisasjonar har i å vareta velferdsmessige behov og markerer eit viktig skritt i styrkinga av ideell sektor si rolle i velferdssamfunnet.

For å styrkje arbeidet med berekraftsmåla er det behov for ei heilskapleg og samanhengande tilnærming til dei store samfunnsutfordringane. Strategien for departementsfellesskapet *Gode hver for oss. Best sammen.* er revidert med justerte mål og innsatsar. Det overordna målet for strategien er å legge til rette for at prioriterte samfunnsutfordringar kan løysast. Eit av tre mål i strategien er

samordna utvikling og gjennomføring av politikk. Dei tilsette i departementa skal gi regjeringa relevante og heilskaplege grunnlag for avgjerder, og vidareutvikle arbeidsformene sine for å sikre heilskap og langsiktig perspektiv i styringa av sektorar og samfunn og i budsjettprosessen, for på den måten å bidra til å løyse komplekse samfunnsutfordringar.

Digitaliseringsdirektoratet deltar i Digitalt Samarbeid Offentlig Privat (DSOP) som er eit samarbeid mellom offentlege verksemdar og finansnæringa. Gjennom DSOP samarbeider privat næringsliv og offentlig sektor om å utvikle innovative og kostnadseffektive digitale løysingar for innbyggjarane.

9 Lønsvilkår o.a. til leiarar i heileigde statlege verksemdar

Norid AS

Dagleg leiar tok imot 1 372 377 kroner i fastløn for 2024. Andre ytingar utgjorde 29 199 kroner. Pensjonskostnaden var 192 407 kroner. Leiande tilsette er med i den kollektive pensjonsordninga til

verksmeda på lik linje med andre tilsette. Pensjonsordninga er ei innskotsbasert ordning på inntil 12 G. Det er ikkje avtalt etterlønsordning for dagleg leiar. Norid AS brukar ikkje variabel løn og heller inga form for opsjonsprogram eller bonusutbetalingar.

10 Likestilling

10.1 Likestilling i staten

Likestilling inneber at alle personar skal ha like rettar og moglegheiter i samfunnet, uavhengig av mellom anna kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, alder, etnisitet og religion.

Likestilling i det statlege tariffområdet

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har ansvaret for staten sin sentrale arbeidsgivarfunksjon og er tariffpart i det statlege tariffområdet. Departementet har i kraft av denne rolla eit særleg ansvar for å legge til rette for at den statlege personalpolitikken bidrar til likestilling og hindrar diskriminering, mellom anna når det gjeld rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, forfremming, moglegheiter for utvikling og tilrettelegging for å kombinere arbeid og familieliv. Det å legge til rette for at alle får like moglegheiter i arbeidslivet, er ein viktig føresetnad for likestilling.

Mangfald og inkludering

Regjeringa har høge ambisjonar når det gjeld mangfald og inkludering. Alle som kan og vil jobbe, skal få høve til det. I Hurdalsplattforma er det tydeleg uttrykt at folk med nedsett funksjonsevne og helsemessige utfordringar skal møte eit arbeidsliv som er ope og inkluderande. Innvandrarar skal få bidra med sine ressursar. Kvinner og menn skal ha dei same moglegheitene, og ingen skal bli utsette for trakassering eller vald i arbeidslivet.

Kvar enkelt statleg verksemd har ansvaret for å bidra til auka mangfald og inkludering hos seg sjølv. Samstundes brukar Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, som pådrivar på dette feltet, fleire verkemiddel for å bidra til auka likestilling på tvers av verksemdar og sektorar:

- Eit eige traineeprogram er ein del av staten si satsing for å inkludere personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en og som har høgare utdanning, i arbeidsmarknaden. Programmet skal sørgje for nye ressursar og styrkje mangfald i statlege verksemdar, og forbetre

rekrutteringsarbeidet i verksemdene, slik at eit inkluderings- og mangfaldsperspektiv er integrert i alle rekrutteringsprosessane i staten.

- Statlege verksemdar skal kalle inn minst ein kvalifisert søkjar med nedsett funksjonsevne, og minst ein kvalifisert søkjar med frávær frå arbeid, utdanning eller opplæring (hol i CV-en) til intervju. Dette er det gitt reglar om i forskrifta til statstilsettelova. Etter forskrifta er det òg høve, men ikkje plikt, til å tilsette ein søkjar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en dersom vedkomande er nær like godt kvalifisert som den best kvalifiserte søkjaren (moderat kvotering). Det er òg høve til å tilsette personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en, og som har førebels lønstilskot, i inntil to år utan offentleg utlysing. Dette skal gjere det enklare for statlege verksemdar å ta i bruk kompetansen og arbeidskrafta til personane som er i målgruppa for denne ordninga.
- I 2024 gav regjeringa ei fellesføring i tildelingsbrev til alle statlege verksemdar om at dei skal ha ei positiv utvikling i talet på tilsetningar av personar med nedsett funksjonsevne og/eller frávær frå arbeid, utdanning eller opplæring i 2024, samanlikna med tidlegare. Fellesføringa er vidareført for 2025.
- Rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn er viktig i eit mangfaldsperspektiv. Det følgjer av forskrifta til statstilsettelova at statlege verksemdar skal innkalle minst ein kvalifisert søkjar som er innvandrar eller som er norskfødde og der begge foreldra er utanlandskfødde, til intervju.

Det blir òg vist til svar på oppmodningsvedtak nr. 625 (2023–2024) om å inkludere fleire med funksjonshindre og hol i CV-en i arbeidslivet i staten, sjå del I pkt. 4 og Prop. 146 S (2024–2025) *Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2025*.

I tillegg har dei sentrale partane i staten sett av 2 mill. kroner til eit prosjekt der ein skal sjå på mangfaldsarbeidet i staten generelt, som skal ferdigstillast andre halvår 2026.

Kjønnslikestilling i det statlege tariffområdet

I tråd med likestillings- og diskrimineringslova § 26 a skal det gjerast greie for den faktiske til-

standen når det gjeld likestilling mellom kjønna. I tabell 10.1 er det gjort greie for delen kvinner og menn som er leiarar i staten.

Tabell 10.1 Prosentdelen kvinner og menn i alle leiarstillingar og toppleiarstillingar i statleg sektor 2020–2024

Leiargrupper	Kjønn	2020	2021	2022	2023	2024
Alle leiarar i staten ¹	Kvinner	51 %	51 %	53 %	53 %	53 %
	Menn	49 %	49 %	47 %	47 %	47 %
	Totalt	9 958	10 114	10 340	10 654	10 842
Leiarar som er omfatta av leiarlønssystemet	Kvinner	39 %	39 %	42 %	45 %	44 %
	Menn	61 %	61 %	58 %	55 %	56 %
	Totalt	232	224	224	231	225
Leiarar som er omfatta av hovudtariffavtalene	Kvinner	51 %	52 %	53 %	53 %	53 %
	Menn	49 %	48 %	47 %	47 %	47 %
	Totalt	9 726	9 890	10 116	10 423	10 617
Øvste leiar av verksemd, («toppleiarar i staten»)	Kvinner			42 %	44 %	46 %
	Menn			58 %	56 %	54 %
	Totalt			185	189	184

¹ Prosentdelen kvinner og menn i leiarstillingar inkluderer både leiarar som er omfatta av hovudtariffavtalene i staten (HTA) per 1. oktober og leiarar som er omfatta av statens leiarlønssystem (SLS) per 31. desember. Tala for leiarar som er omfatta av hovudtariffavtalene, baserer seg på yrkeskode / STYRK-kode 1 administrative leiarar.

Kjelde: Statens lønsstatistikk og innrapporterte opplysningar frå departementa per 31. desember.

Tabellen gir ein oversikt over delen kvinner og menn i alle leiarstillingar, inkludert toppleiarstillingar, i staten. Mellom *alle leiarar* var det i 2024 47 pst. menn og 53 pst. kvinner. Dersom vi berre ser på leiarar som er omfatta av *leiarlønssystemet*, var delen kvinner 44 pst. i 2024. Leiarlønssystemet omfattar ei rekke leiarstillingar i staten, slik som departementsrådar og ekspedisjonssjefar i departementa, toppleiarar i større etatar og institusjonar, statsforvaltarar og politimeistrar. Leiarlønssystemet blei etablert i 1991, mellom anna for å kunne rekruttere og halde på dyktige leiarar i staten. Den største gruppa av leiarar på leiarlønssystemet er ekspedisjonssjefane. Ser vi på delen kvinner som er *øvste leiar* i statlege verksemdar, var den på 46 pst. i 2024. Dette er ein auke frå 2023, då

det var 44 pst. kvinner blant toppleiarane i staten. Tala under eitt og over tid viser ei svært positiv utvikling når det gjeld kjønnslikestilling på toppen av statsforvaltninga.

Likeløn

Eit sentralt tema innanfor likestilling er likeløn. Likestillings- og diskrimineringslova § 34 slår fast at kvinner og menn i same verksemd skal ha lik løn for same arbeid eller arbeid av lik verdi. Løna skal fastsettast på same måte, utan omsyn til kjønn. Tabell 10.2 viser gjennomsnittleg månadsforteneste for kvinner og menn, og prosentvis auke i månadsforteneste frå 2019 til 2024.

Tabell 10.2 Tal på årsverk og gjennomsnittleg månadsforteneste for heiltidstilsette 2019–2024

	Tal på årsverk ¹		Pst. endring 2019–2024	Gjennomsnittleg mnd.forteneste ² for heiltidstilsette		Pst. endring 2019–2024
	2019	2024		2019	2024	
Årsverk som er omfatta av hovudtariffavtalene	146 899	156 830	6,76 %	51 007	61 918	21,4 %
Kvinner	73 401	80 506	9,68 %	48 212	58 519	21,4 %
Menn	73 499	76 325	3,84 %	53 717	65 447	21,8 %

¹ Tal på årsverk i 2019 og 2024 er henta frå rapportane frå Statistikk- og berekningsutvalet i samband med revisjon av hovudtariffavtalene i staten.

² Tala for månadsforteneste er for heiltidstilsette, og ikkje per årsverk.

For tilsette i det statlege tariffområdet samla, var kvinner sin del av menn si løn i 2024 på 89,4 pst. (månadsforteneste i alt). Ser vi på fastløn var den på 96,8 pst. når det gjeld kvinner sin del av menn si løn (Statistikk- og berekningsutvalet i samband med revisjon av hovudtariffavtalene i staten 2025)¹. I perioden mellom 2019 og 2024 auka talet på årsverk i staten omfatta av hovudtariffavtalene med 6,76 pst. Talet på årsverk for kvinner auka med 9,68 pst. medan talet på årsverk for menn auka med 3,84 pst. Tabell 10.2 viser at frå 2019 til 2024 var det små forskjellar i den prosentvise auken i månadsforteneste mellom kvinner og menn.

Tala i tabell 10.2, og det at kvinner sin del av menn si løn i 2024 var 89,4 pst. (månadsforteneste i alt), viser at det er kjønsskilnader i løn, men tala i seg sjølve seier ikkje noko om *årsakene* til desse skilnadene. I samband med den forsterka aktivtets- og opplysningsplikta, er offentlege verksemdar pålagde å gjere nærare greie for likeløn anna kvart år, forstått som lik løn for arbeid av lik verdi. Ei slik kartlegging vil på sikt kunne gi større innsikt i kva dei konkrete lønsskilnadene i dei enkelte verksemdar kjem av. 2021 var første gong med likelønsrapportering etter den nye plikta, og

verksemdene er pålagde å rapportere anna kvart år om likeløn i eiga verksemd. Departementet vil følgje med på denne rapporteringa framover.

10.2 Likestilling i verksemdene

Tabell 10.3 gir ei tilstandsrapportering om likestillingssituasjonen i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sine underliggende verksemdar.

Ettersom Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet blei oppretta 1. januar 2024, er det ikkje årsrapportering på likestilling frå departementet for 2023. Desse tala må sjåast i Prop. 1 S (2025–2026) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

I ein del verksemdar har delen som arbeider deltid gått opp for kvinner frå 2023 til 2024, medan det er ikkje store endringar for menn. Talet på mellombelse tilsette har auka noko for kvinner. Både kvinner og menn tar ut foreldrepermisjon og har høve til å tilpassa arbeidstida i småbarnsperioden. Framleis har kvinner noko høgare legemeld sjukefråvær enn menn, og talet har auka noko for både kvinner og menn. For ei nærare omtale av dei underliggende verksemdene blir det vist til årsrapportane deira. Digitaliseringsorganisasjonen til departementa blei oppretta 1. januar 2025. Det finst derfor ikkje årsrapportering på likestilling frå etaten.

¹ Tala er ikkje justert for ulike stillingsnivå mellom kvinner og menn, eller andre ytre faktorar som kan virke inn på lønsnivå (slik som ulike typer verksemdar m.m.).

Tabell 10.3 Tilstandsrapportering i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementets underliggende verksemdar

		Kjønnsbalanse			Kvinner løn i % av menn	Deltid		Mellombels tilsetning		Foreldre- permisjon (fordeling)		Legemeld sjukefråvær	
		M%	K%	Total	(kr/%)	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Digitaliserings- og forvaltnings- departementet	2024	46	54	176	97,1	2,3	2,3	2,8	3,4	33	67	2	4,8
Datatilsynet	2024	41	59	66	93,7	1,5	4,5	1,5	4,5	46	54	2,6	7,8
	2023	39	61	68	94,5	1,5	0	0	1,47	47	53	4,15	2
Digitaliserings- direktoratet	2024	59	41	414	97,5	1,2	1,2	0	0	33	68	4,3	2,5
	2023	55	45	375	96	1,7	3,7	5,1	7,1	29	71	2,3	5,1
Nasjonal kommuni- kasjonsmyndigheit	2024	63	37	167	95	1,9	0	1	1,6	36	64	1,7	10
	2023	65	35	174	100	2	0	2	0	73	27	2,15	3
Statsbygg	2024	64	36	917	112	2,3	4,4	0,7	0,9	41	59	3,7	7,7
	2023	64	36	886	111	2,5	3,7	1,4	0,9	42	58	3	5,4
Statsforvaltaren	2024	29	71	2 228	96	5,4	8,8	4,4	5,5	25	76	4,4	8,2
	2023	28	72	2 564	96,2	5,6	6,6	6,1	4,8	10	90	2,7	5,3
Statsforvaltarens fellestenester	2024	39	61	204	91	1,2	12,1	7,5	6,4	50	50	3,3	6,2
	2023	37	63	202	89	2,7	8,6	8,1	3,1	47	53	2,7	5,9
Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa	2024	57	44	767	105,6	2,1	3,6	8,5	7,5	49	51	4,4	5,7
	2023	58	42	683	107,3	2,3	2,5	6,5	4,2	57	43	3,9	4,9

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2025–2026) om statsbudsjettet for år 2026 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet blir i Prop. 1 S (2025–2026) statsbudsjettet for budsjettåret 2026 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

Kapitla 1–2, 1500–1567, 2445, 4500–4567, 5579, 5607

I Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Det kongelege hus				
1	H.M. Kongen og H.M. Dronninga			
	01 Apanasje	16 234 000		
	50 Det kongelege hoff	277 963 000		294 197 000
2	H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa			
	01 Apanasje	13 513 000		13 513 000
	Sum Det kongelege hus			307 710 000
Administrasjon				
1500	Digitaliserings- og forvaltnings- departementet			
	01 Driftsutgifter	250 149 000		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	46 952 000		
	70 Diverse føremål, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	570 000		
	71 Forskingsmidlar til Noregs forskingsråd, <i>kan overførast</i>	95 300 000		
	72 Grunnløyving forskingsinstitutt	52 088 000		445 059 000
	Sum Administrasjon			445 059 000
Fellestenester for departementa og Statsministerens kontor				
1510	Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa			
	01 Driftsutgifter	774 261 000		
	22 Fellesutgifter	131 988 000		
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	12 333 000		

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	46	Sikringsanlegg og sperresystem, <i>kan overføres</i>	11 040 000	929 622 000
1511		Prosjekt tilknytte nytt regjeringskvartal		
	25	Prosjektstyring, <i>kan overføres</i>	4 767 000	
	30	Ombygging av Ring 1, <i>kan overføres</i>	1 045 000 000	1 049 767 000
1512		Diverse fellestenester		
	01	Driftsutgifter	1 046 776 000	
	23	Husleige for fellesareal m.m.	24 593 000	1 071 369 000
1515		Digitaliseringsorganisasjonen til departementa		
	01	Driftsutgifter	466 729 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	81 799 000	
	22	Større IKT-/digitaliseringsprosjekt, <i>kan overføres</i>	657 747 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	25 020 000	1 231 295 000
		Sum Fellestenester for departementa og Statsministerens kontor		4 282 053 000
		Statsforvaltarane		
1520		Statsforvaltarane		
	01	Driftsutgifter	2 565 444 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	95 759 000	2 661 203 000
		Sum Statsforvaltarane		2 661 203 000
		Statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning		
1530		Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga		
	30	Prosjektering av bygg, <i>kan overføres</i>	60 000 000	
	33	Vidareføring av byggeprosjekt, <i>kan overføres</i>	4 150 000 000	
	36	Kunstnarisk utsmykking, <i>kan overføres</i>	54 613 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	2 122 000 000	6 386 613 000
1531		Eigedomar til kongelege føremål		
	01	Driftsutgifter	43 889 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	45 992 000	89 881 000
1533		Eigedomar utanfor husleigeordninga		
	01	Driftsutgifter	29 507 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	75 500 000	105 007 000
1534		Erstatningslokale for departementa		
	01	Driftsutgifter	154 050 000	154 050 000
		Sum Statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning		6 735 551 000
		Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk		
1540		Digitaliseringsdirektoratet		
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 27</i>	183 694 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	21 320 000	
	22	Bruk av nasjonale fellesløysingar	224 000 000	
	23	Utvikling og forvaltning av nasjonale fellesløysingar, <i>kan overføres</i>	531 674 000	
	25	Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt, <i>kan overføres</i>	152 758 000	
	26	Stimulab, <i>kan overføres</i>	5 486 000	
	27	Tilsyn for universell utforming av ikt, <i>kan nyttast under post 01</i>	21 405 000	
	28	KI Noreg	10 000 000	
	29	Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn, <i>kan overføres</i>	166 000 000	
	71	IT-tilskot	9 661 000	1 325 998 000
1541		IT- og ekompolitikk		
	22	Utvikling, gjennomføring og samordning av IT- og ekompolitikken, <i>kan overføres, kan nyttast under post 70</i>	26 574 000	
	60	Breibandutbygging	34 110 000	
	70	Forvaltningsutvikling, IT- og ekom- politikk, <i>kan nyttast under post 22</i>	27 829 000	88 513 000
1542		Internasjonalt samarbeid		
	01	Driftsutgifter	5 425 000	
	70	Internasjonale program	441 444 000	
	71	Nasjonal medfinansiering og mobilisering, <i>kan overføres</i>	20 000 000	466 869 000
1543		Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit		
	01	Driftsutgifter	297 726 000	
	22	Nytt nødnett, <i>kan overføres</i>	100 000 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	18 264 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	70	Telesikkerheit og -beredskap, <i>kan overførast</i>	421 161 000	
	71	Funksjonell internettilgang til alle, <i>kan overførast</i>	10 000 000	847 151 000
		Sum Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk		2 728 531 000
		Personvern		
1550		Datatilsynet		
	01	Driftsutgifter	91 622 000	91 622 000
1551		Personvernnemnda		
	01	Driftsutgifter	4 150 000	4 150 000
		Sum Personvern		95 772 000
		Statleg arbeidsgivarpolitikk		
1560		Tariffavtalte avsetningar mv.		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast,</i> <i>kan nyttast under post 70</i>	1 000 000	
	70	Kompetanseutvikling mv., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	1 000 000	
	71	Opplæring og utvikling av tillitsvalde	262 000 000	
	72	Pensjonskostnader tenestemanns- organisasjonane	47 000 000	311 000 000
1565		Bustadlånordninga i Statens pensjonskasse		
	01	Driftsutgifter	60 000 000	
	70	Tap/avskrivningar	2 000 000	
	90	Utlån, <i>overslagsløyving</i>	7 200 000 000	7 262 000 000
1566		Yrkesskedeforsikring		
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	95 000 000	95 000 000
1567		Gruppelivsforsikring		
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	260 000 000	260 000 000
		Sum Statleg arbeidsgivarpolitikk		7 928 000 000
		Statens forvaltningsbedrifter		
2445		Statsbygg		
	24	Driftsresultat		
		1 Driftsinntekter	-7 996 000 000	
		2 Driftsutgifter	2 807 358 000	
		3 Avskrivningar	2 281 000 000	
		4 Renter av statens kapital	2 510 000 000	-397 642 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
30	Prosjektering av bygg, <i>kan overføres</i>		302 300 000	
32	Prosjektering og igangsetting av brukarfinansierte byggeprosjekt, <i>kan overføres</i>		277 000 000	
33	Vidareføring av ordinære byggeprosjekt, <i>kan overføres</i>		3 640 059 000	
34	Vidareføring av brukarfinansierte byggeprosjekt, <i>kan overføres</i>		850 000 000	
39	Renter på byggelån, <i>kan overføres</i>		231 000 000	
45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>		381 779 000	
49	Kjøp av eiendomar, <i>kan overføres</i>		38 019 000	5 322 515 000
	Sum Statens forvaltningsbedrifter			5 322 515 000
	Sum departementets utgifter			30 506 394 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet			
4510	Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa		
	02 Diverse inntekter	47 010 000	
	03 Brukarbetalingar	43 137 000	90 147 000
4515	Digitaliseringsorganisasjonen til departementa		
	01 Diverse inntekter	622 000	
	02 Brukarbetalingar	35 844 000	36 466 000
4520	Statsforvaltarane		
	01 Inntekter ved oppdrag	95 759 000	95 759 000
4533	Eigedomar utanfor husleigeordninga		
	02 Diverse inntekter	5 771 000	5 771 000
4540	Digitaliseringsdirektoratet		
	03 Diverse inntekter	2 457 000	
	05 Bruk av nasjonale fellesløysingar	224 000 000	
	07 Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn	166 000 000	392 457 000
4542	Internasjonalt samarbeid		
	01 Refusjon frå Utanriksdepartementet	3 529 000	3 529 000
4543	Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit		
	01 Diverse gebyr	346 000	
	70 Inntekter frå gjennomførde frekvensauksjonar	583 600 000	583 946 000
4565	Bustadlånordninga i Statens pensjonskasse		
	01 Gebyrinntekter, lån	45 000 000	
	90 Tilbakebetaling av lån	17 200 000 000	17 245 000 000
4566	Yrkesskadeforsikring		
	01 Premieinntekter	97 000 000	97 000 000
4567	Gruppelivsforsikring		
	01 Premieinntekter	149 000 000	149 000 000
	Sum Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet		18 699 075 000
Skattar og avgifter			
5579	Sektoravgifter under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet		

Kap.	Post		Kroner	Kroner
	70	Sektoravgifter Nasjonal kommunikasjons- myndigheit	312 377 000	312 377 000
		Sum Skattar og avgifter		312 377 000
		Renter og utbytte mv.		
5607		Renter av bustadlånordninga i Statens pensjonskasse		
	80	Renter	3 663 000 000	3 663 000 000
		Sum Renter og utbytte mv.		3 663 000 000
		Sum departementets inntekter		22 674 452 000

Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykker i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2026 kan:

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1500 post 01	kap. 4500 post 01
kap. 1510 post 01	kap. 4510 postane 02 og 03
kap. 1515 post 01	kap. 4515 postane 01 og 02
kap. 1520 post 01	kap. 4520 post 02
kap. 1520 post 21	kap. 4520 post 01
kap. 1533 post 01	kap. 4533 post 02
kap. 1540 post 01	kap. 4540 post 03
kap. 1540 post 21	kap. 4540 post 03
kap. 1540 post 22	kap. 4540 post 05
kap. 1540 post 23	kap. 4540 post 03
kap. 1540 post 27	kap. 4540 post 04
kap. 1540 post 29	kap. 4540 post 07

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriving, skal òg dekke meirverdiavgift knytt til overskrivinga, og påverkar derfor òg kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift. Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal takast med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

III

Fullmakt til å overskride løyvingar til
investeringstiltak

Stortinget samtykker i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2026 kan:

1. overskride kap. 2445 Statsbygg, postane 30–49, med inntil 250 mill. kroner, mot dekning i reguleringsfondet.
2. overskride kap. 2445 Statsbygg, postane 30–49, med beløp som tilsvaerar netto gevinst frå sal av eigedomar.

IV

Fullmakt til å omdisponere løyvingar til
investeringstiltak

Stortinget samtykker i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2026 kan omdisponere:

1. under kap. 1530 Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga, mellom postane 31 og 33.
2. under kap. 1531 Eigedomar til kongelege føremål, frå post 01 til 45.
3. under kap. 1533 Eigedomar utanfor husleigeordninga, frå post 01 til 45.
4. under kap. 2445 Statsbygg, mellom postane 30, 31, 33, 45 og 49.
5. under kap. 2445 Statsbygg, mellom postane 32 og 34, og post 49 i dei tilfelle det er aktuelt å kjøpe ein eigedom som ledd i gjennomføringa av brukarfinansierte byggeprosjekt.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar ut over gitte løyvingar

V

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar i
investeringsprosjekt

Stortinget samtykker i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2026 kan bestille og pådra staten forpliktingar ut over budsjettåret for byggeprosjekt i reklamasjonsfasen og slutt-oppgjer under kap. 1530 Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga og kap. 2445 Statsbygg, innanfor dei kostnadsrammene som er omtalt i Prop. 1 S (2022–2023) eller i tidlegare proposisjonar til Stortinget. Fullmakta gjeld òg forpliktingar som blir inngått i seinare budsjettår.

VI

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar i
investeringsprosjekt

Stortinget samtykker i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2026 kan starte opp, bestille og forplikte staten ut over budsjettåret for prosjektet nasjonal minnestad etter 22. juli 2011 i regjeringskvartalet innanfor ei kostnadsramme på 75 mill. kroner. Fullmakta gjeld òg forpliktingar som blir inngått i seinare budsjettår. Samla utbetalingar og gjenståande forpliktingar skal til kvar tid bli heldt innanfor den vedtekne kostnadsramma. Kostnadsramma er i prisnivå per 1. juli 2026. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsramma i seinare år.

VII

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar i investeringsprosjekt

Stortinget samtykker i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2026 kan følge opp allereie igangsette byggeprosjekt ved å:

Bestille og forplikte staten ut over budsjettåret i desse prosjekta:	Budsjettkapittel og post	Innanfor tidlegare vedtekne kostnadsrammer på:
Byggetrinn 2, del I av nytt regjeringskvartal	Kap. 2445 post 33	8 609,8 mill. kroner
Innlandet fengsel, Ilseng avdeling	Kap. 2445 post 33	1 041,9 mill. kroner
Griegakademiet	Kap. 2445 post 33	852,6 mill. kroner

Fullmakta gjeld òg forpliktingar som blir inngått i seinare budsjettår. Samla utbetalingar og gjenstående forpliktingar skal til kvar tid bli heldt innanfor den vedtekne kostnadsramma for det enkelte prosjekt. Kostnadsrammene er oppgitt i prisnivå per 1. juli 2026, og er utan kunstnarisk utsmykking. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsramma i seinare år.

- lane det er behov for innanfor gjeldande budsjettår.
- foreta bestillingar og pådra staten forpliktingar ut over budsjettåret, innanfor ei samla ramme på 1 400 mill. kroner for gamle og nye forpliktingar, ved gjennomføring av brukarfinansierte byggeprosjekt under kap. 2445 Statsbygg, post 32 Prosjektering og igangsetting av brukarfinansierte byggeprosjekt og post 34 Vidareføring av brukarfinansierte byggeprosjekt.

VIII

Brukarfinansierte byggeprosjekt

Stortinget samtykker i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2026 kan:

- sette i gang byggeprosjekt under kap. 2445 Statsbygg, post 32 Prosjektering og igangsetting av brukarfinansierte byggeprosjekt, utan at dei er omtalt med kostnadsramme overfor Stortinget, når leietakaren har dei husleiemid-

IX

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykker i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2026 kan gi tilsegn om tilskot ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1500		Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet	
	71	Forskingsmidlar til Noregs forskingsråd	256,6 mill. kroner
1540		Digitaliseringsdirektoratet	
	25	Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt	121,4 mill. kroner

Andre fullmakter

X

Fullmakt til postering mot mellomværet
med statskassa i Statsbygg

Stortinget samtykker i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2026 kan gi Statsbygg fullmakt til å:

1. postere til og frå reguleringsfondet som del av mellomværet med statskassa.
2. føre inn- og utbetalningar som gjeld bruksavhengige driftskostnadar og tilleggsavtaler mot mellomværet med statskassa.
3. føre utlegg som skal viderefakturerast og tilhøyrande innbetalinger mot mellomværet med statskassa.
4. føre innbetalningar frå oppdragsgivar som delfinansierer innbetalningar mot mellomværet med statskassa. Innbetalingane blir nettoført på investeringspostane i takt med når investeringskostnadane blir påkomne.

XI

Diverse fullmakter som gjeld eigedom

Stortinget samtykker i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2026 kan:

1. godkjenne sal, makeskifte eller bortfeste av eigedom som blir forvalta av Statsbygg eller av statlege verksemdar som ikkje har ei eiga salsfullmakt, for inntil 750 mill. kroner.
2. godkjenne kjøp av eigedom finansiert ved salsinntekter, innsparte midlar eller midlar frå reguleringsfondet for inntil 300 mill. kroner totalt, ut over løyvinga på kap. 2445 Statsbygg, post 49.
3. korrigere Statsbyggs balanse i dei tilfella der prosjekterings- og investeringsmidlar ført på kap. 2445 Statsbygg blir overført til andre budsjettkapittel eller prosjekta ikkje blir realisert.
4. godkjenne sal av statens eigedom Victoria Terrasse.

XII

Nidaros Pilegrimsgård

Stortinget samtykker i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2026 kan overdra eigedomen Nidaros Pilegrimsgård med påståande bygg til Trondheim kommune for ein symbolsk sum.

Vedlegg 1

Pågåande byggeprosjekt der Stortinget har godkjend kostnadsrammene

(i mill. kr)

Pågåande byggeprosjekt	Kostnadsramme per 1.7.2026	Oppdragsgivar
<i>Kap. 1530, post 33</i>		
UiO, nytt livsvitskapsbygg	13 611,0	Kunnskapsdepartementet
UiO, Vikingtidsmuseet	4 107,1	Kunnskapsdepartementet
NTNU Campussamlinga	8 257,8	Kunnskapsdepartementet
Norsk havteknologisenter	5 774,9	Nærings- og fiskeridepartementet
<i>Kap. 2445, post 33</i>		
Nytt regjeringskvartal, byggetrinn 1	24 683,2	Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet
Nytt regjeringskvartal, byggetrinn 2, del 1	8 609,8	Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet
Energiløysing for nytt regjeringskvartal	3 316,5	Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet
Oslo fengsel, Ullersmo avdeling	673,9	Justis- og beredskapsdepartementet
Fagskule for brann- og redningspersonell, hyblar	466,4	Justis- og beredskapsdepartementet
Bergen tinghus	1 307,9	Justis- og beredskapsdepartementet
Innlandet fengsel, Ilseng avdeling	1 041,9	Justis- og beredskapsdepartementet
Blått bygg ved Nord universitet	658,2	Kunnskapsdepartementet
22. juli-senteret	570,5	Kunnskapsdepartementet
Griegakademiet	852,6	Kunnskapsdepartementet

Vedlegg 2**Gjeldande romartalsvedtak frå tidlegare år**

Nedanfor følgjer romartalsvedtak for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet som gjeld utan tidsavgrensing eller utover eit budsjettår.

Romartalsvedtak XV i Prop. 1 S (2014–2015) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet:

«Avskrivninger under Statsbygg. Stortinget samtykker i at Kommunal- og moderniseringsdepartementet fra 2015 kan gi Statsbygg fullmakt til å starte avskrivning av et anleggsmiddel fra det tidspunktet dette tas i bruk, og dermed avvike hovedregelen om at forvaltningsbedriftene starter avskrivning av anleggsmidler året etter at de er tatt i bruk, jf. St.prp. nr. 48 (2004–2005) og Innst. S. nr. 187 (2004–2005) Om bevilgningsreglementet.»

Romartalsvedtak IX i Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023:*

«Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2023 kan inngå avtale om gjennomføring av et erfaringsbasert masterprogram i offentlig forvaltning med garanti overfor studietilbyder for dekning av deltakeravgift. Garantien utløses dersom det ikke oppnås tilstrekkelig antall deltakere per studieemne. Samlet garantiramme er på 18 mill. kroner i perioden 2023–2027 og bygges ned etter hvert som masterprogrammet gjennomføres.»

Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa
publikasjoner.dep.no
Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på
www.regjeringen.no

Trykk: Aksell AS – 10/2025

